



Fylkesmannen i Vestfold og Telemark



Årsrapport 2020

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Fylkesmannens beretning	4
1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse	4
1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året	4
1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater	7
1.4 Andre forhold	8
Sted, dato og fylkesmannens signatur	9
2 Introduksjon til embetets hovedtall	10
2.1 Embetet og samfunnsoppdraget	10
2.2 Organisasjon og ledelse	10
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	11
2.4 Andre forhold	14
3 Årets aktiviteter og resultater	15
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	15
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	15
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	16
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	17
Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	18
3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	18
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	18
3.1.1.2 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap	26
3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene	27
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	29
3.1.1.5 Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats på psykisk helse, rus- og voldsfeltet	30
3.1.1.6 Styrket folkehelsearbeid	31
3.1.1.7 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	31
3.1.1.8 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester	32
3.1.1.9 Ingen arter og naturtyper skal utslettes, og utviklingen til truede og nært truede arter og naturtyper skal forbedres	34
3.1.1.10 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner	35
3.1.1.11 Forurensning skal ikke skade helse og miljø	36
3.1.1.12 God økonomiforvaltning i kommunene	37
3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet	39
3.1.1.14 Bærekraftig landbruk	44
3.1.1.15 Andre oppdrag	48
3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	48
3.1.2.1 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv	48
3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	49
3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	50
3.1.2.4 Andre oppdrag	51
3.1.2.5 Tilrettelegge for god CBRNE-beredskap	52
3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	52

3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling	52
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	54
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	57
3.1.3.4 Andre oppdrag	60
3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning som ivaretar rettsikkerhet og rettslikhet	60
3.1.3.6 Vergehaver skal ha høy grad av selvbestemmelse og vergemålene skal være individtilpassede	61
3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket	62
3.1.3.8 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering	75
3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	75
3.1.4.1 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov	76
3.1.5 Gjennomførte evalueringer	78
3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks	78
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	78
3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet	78
3.2.3 Barne- og likestillingsdepartementet	78
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet	78
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet	79
3.2.6 Klima- og miljødepartementet	79
3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet	79
3.2.8 Kunnskapsdepartementet	79
3.2.9 Landbruksdepartementet	79
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	79
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	121
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	122
3.6 Andre forhold	122
4 Styring og kontroll i embetet	123
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging	123
4.1.1 Embetets risikostyring	123
4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak	123
4.1.3 Bemannning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet	123
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	124
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	124
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	124
4.3 Andre forhold	124
5 Vurdering av framtidutsikter	126
5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	126
5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	126
6 Årsregnskap	128

1 Fylkesmannens beretning

1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse

Handteringa av koronaepidemien har i stor grad prega arbeidet til embetet i 2020. Ressursar vart flytta frå dei ordinære oppgåvene våre til arbeid med pandemien. Fylkesmannen skal på regionalt nivå samordna den sivile krisehandteringa. Koronapandemien kravde i tillegg betydeleg fagleg innsats innan smittevern og helse, men òg på oppvekst- og landbruksområdet.

Målloppnåinga, både i det aller meste av den ordinære drifta vår og i handteringa av pandemien, er god. Parallelt med eit omfattande arbeid med pandemien, er sakshandsamingstider reduserte, rettleatingsoppgåver utført, og tilsyn innan fleire fagområde er gjennomførte som planlagt. Omprioritering av ressursar har likevel svekt tilsynsinnsatsen på helse- og omsorgsområdet.

Vi har lagt vekt på å halda dei tildelte budsjetttramme.

Kommunedialogen er sentral i embetets virke. Året då vi skulle halda avstand, blei òg eit år som bringa kommunane og embetet meir saman. I eit nytt fylke bringa pandemien òg kommunane saman, på tvers av gamle fylkesgrenser. Dette skjedde mellom anna gjennom dei vekentlege videomøta embetet hadde med kommunane.

Fra vår side har dei vekentlege møta med kommuneleiinga, og tilsvarande møte med kommuneoverlegane, vore ein arena for å formidle statleg signal. Dei har samtidig vore ein arena der kommunane kunne gi tilbakemeldingar på statleg politikk, og der kommunane har kunna mælda inn problemstillingar som vi har tatt vidare med departement og direktorat. I eit overordna perspektiv har vi veklagt å sikra informasjonsflyten til og frå kommunane og rettleia kommunane, det vil seia aktiv samordning.

Under koronapandemien har vi altså vidareutvikla samspelet og fellesskapet på tvers av forvaltningsnivå, og forsterka grunnlaget for gjensidig tillit. Det har vore ein låg terskel for å ta kontakt, for å ha kontakt og for å hjelpe kvarandre.

Resultata blir utvilsamt betre når stat og kommunar står saman. Etter ein brå start i mars, har dialog, samarbeid og tillit prega koronaarbeidet i Vestfold og Telemark. Det har gitt effekt.

Tidleg i koronautbrotet tok embetet eit strategisk vegval. Vi la vekt på kva vi *kan* gjera, i mindre grad på kva vi *ikkje* kan gjera, gitt våre oppgåver innan tilsyn og kontroll. Det har styrka samhandlinga og tilliten til embetets oppgåve som samordnar og kriseleiing i fylket. I ei krise der grunnleggjande samfunnstjenester står i fare for å bryta saman, er det viktig at vi evner å handla. Vår aktive tilnærming har mellom anna resultert ulike rettleiarar (eg nemner rettleier for smittevern på campingplassar og i gjestehamner i fylket), soneinndeling for råd til pendlarar i bo og arbeidsmarknadsregion Oslo, etablering av regionalt lager for smittevernmatteiell for fylket og tilbod om opplæring av smittesporarar for Vestfold og Telemark.

Det tette samspelet mellom staten og kommunane i koronahandteringa har etter mi meinings vore heilt avgjerande. Eg har dette året sett profesjonelle, nøkterne, saklege og handlekraftige kommunar, som har gjort fornuftige avvegingar mellom avgrensingar og normalitet. Eg har sett kommunar som har vist vilje og evne til å ta ansvar, og som har forstått at dei står sterkare når dei handlar saman. Eg har erfart kommunar som har gitt avveginga mellom fridom for den enkelte og avgrensingar for å stansa smittespreiinga ein lokaldemokratisk forankring, og slik legitimitet i befolkninga.

Eg har òg sett ein stat som forstår at samspelet mellom kommunane og staten er heilt avgjerande når pandemien skal handterast. Erfaringane har gitt oss læring til handtering av framtidige kriser i fylket.

Ei av erfaringane er at embetet i kritiske situasjonar bør ha større myndighet til å fatta raske avgjerder tufta på heilskaplege, regionale vurderingar og avvegingar. Det gjeld til dømes når det ikkje er mogleg å få nasjonale avgjerder eller tiltak i tide, grunna overbelastning, eller når tenester i ein kommune er i ferd med å bryta saman. Då kan omfordeling av ressursar frå ein kommune til ein annan utgjera ein avgjerande skilnad for kritiske samfunnstjenester. Det er òg fleire døme på trond for samordning av kommunale tiltak, særleg der utfordinga ikkje følger kommune- og fylkesgrenser, men til dømes bu- og arbeidsmarknad eller kollektivakse.

Å sørga for sikkerheit til innbyggjarane er ei viktig oppgåve for staten. I den inndeiane fasen var etterspurnaden etter vedtak og rettleiing svært høg. Samstundes var det viktig for oss å trygge kritiske samfunnstjenester, sjølv om det tidvis stod opp i mot kommunanenes ynskje om å verne seg sjølv. Me såg teikn på at samfunnstjenester stod i fare for å bryta saman.

Pandemien har vist oss at fullmakter òg må vera tilgjengeleg regionalt som del av Fylkesmannens samfunnstryggleiksinstruks. Vi har under pandemien vorte bedre om standpunkt, råd og bistand, men har i avgrensa grad hatt fullmakter. Førehandsdefinerte fullmakter til embetet ville gitt moglegheit til å sikra raske avgjerder tufta på heilskaplege, regionale vurderingar og avveiningar. Eg vil understreka at sektorstyret skal og må ligga i botn, men vi må samtidig sikra oss evne til leiring i dei mest utfordrande situasjonane eit samfunn kan oppleve.

1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringar for året

Koronapandemien

Embetet har flytta betydelege ressursar til arbeidet med å handtera koronapandemien. I kriser er heile embetet ein beredskapsorganisasjon. Ein ekstraordinær situasjon har kravd ekstraordinær innsats av dei tilsette, både av dei som har jobba direkte med pandemihandteringa, og av dei som har løyst dei ordinære oppgåvene våre. Vi har lagt stor vekt på at også dei ordinære arbeidsoppgåvene våre skal løysast godt. Slik har vi bidratt til at samfunnet fungerer mest mogleg normalt, også i ei unormal tid. Det reduserer konsekvensane av krisa. Mest mogleg normalitet i ei unormal tid har vore eit motto under pandemien.

Sammfunnssikkerheit og beredskap

Koronautbrotet syna til dels store manglar på regional statleg samhandling, ikkje minst tversektoriell samhandling. I den tidlege fase var det ei stor utfordring å sikra mest mogleg heilskapleg rapportering til dei ulike statlege sektormyndighetene. Ulike direktorat og departement kravde ulik rapportering, noko som slo inn i dei ulike delane av kommunal verksem. Vi rår til at det må skipast betre samordna statleg rapportering regionalt, slik at ikkje einskilde sektorar opptrer autonomt i høve til kommunane. Vi rår også til at det må skipast betre samordna statleg rapportering nasjonalt. Sektoransvaret må liggja i botn, men kommunane opplever fråvær av samordning som særskrivende. Staten ber om rapportering i fleire sektorar, på ulike plattformar og med ulike intervall.

Handteringen av koronaen har også syna at samfunnstryggleik handlar om tversektoriell samordning både i eige embete, mellom kommunar og i regional stat. Nye digitale verktøy er tatt i bruk og har vore avgjeraande for samhandlinga.

Justis og verjemål

Samanstillinga av Fylkesmannen i Telemark og Fylkesmannen i Vestfold førte med seg store restansar på byggesaksfeltet. 1. mars 2019 låg det 192 restansar av klagar på byggesak og klagar på reguleringsplan i SYSAM. I snitt låg sakshandsamingstida på byggesaker på 242 dagar. Gjennom 2019 hadde vi ei vakant stilling og vi hadde fleire nye medarbeidrar under opplæring. Samstundes kom det inn mange saker frå kommunane. Ved inngongen til 2020 hadde vi omrent det same talet på restansar som i mars 2019, men snittet for sakshandsamingstida hadde gått ned til 178 dagar.

I 2020 har vi halde fram arbeidet med å få ned restansane. 1. juni 2020 var vi nede i 93 restansar totalt for byggesaker/reguleringsklager og 126 dagar i snitt i sakshandsamingstid for byggesakene. 1. desember 2020 var talet på restansar for klagar på byggesak/reguleringsplan nede i 83 saker og sakshandsamingstid i byggesakene var i snitt 65 dagar.

I 2020 har vi hatt ei relativt stabil gruppe medarbeidrar på byggesaksfeltet. Vidare har vi sett effekten av gode rutinar for mottakskontroll og sakshandsaming. Vi har også hatt dialog med kommunane når det gjeld oversendingane til oss, slik at vi bruker mindre tid på å henta inn manglande dokument no enn i 2019. Vi har hatt nokre kommunebesøk der vi har gitt rettleiing om dispensasjon, kommunalt sjølvstyre og grunngjeving vedtak. Vi ser at fleire kommunar har vorte betre til å grunngje vedtaka sine eller opplysa saka betre i klageomgangen slik at vi kan oppretthalde kommunane sina vedtak i større grad. Slik situasjonen er no har vi god kontroll på byggesaksfeltet.

På verjemål har vi hatt ei særskilt god utvikling på måloppnåinga for 2020 i høve til 2019. Den klart beste utviklinga gjeld på opprett verjemål, der resultatet ligg på 91 prosent innan 70 dagar. Dette er ein auke på 18 prosentpoeng sidan 2019. Vi har gode rutinar på opprett verjemål, også når det gjeld å rettlei om alternativ til verjemål. Det er antatt at dette kjem av den tidlege innsatsen vår i sakene og rettleiing. Det er vidare grunn til å rekna med at ein del personar ikkje sender inn søknad om verjemål etter at dei har fått munnleg informasjon og rettleiing frå oss. Måten vi jobbar på var også bakgrunnen for at vi vart spurde om å halda foredrag for alle embete om alternativ til verjemål og praksisen vår.

Oppvekst

I eit år med dei utfordringane som pandemien har ført med seg, har vi hatt ekstra hyppig og god kontakt med kommunane på oppvekstområdet. Vi har drive med mykje rettleiing, handsama klager og gjennomførde så godt som alle tilsyn i tråd med oppdraget vi har fått.

Kommunane står overfor ei barnevernreform, og vi har vore tett på dei i reformarbeidet. Både på barnevern-, barnhage- og skuleområdet har vi til oppgåve å vera pådrivarar og formidlarar med tanke på store og viktige kompetanseordningar.

Vi ser at det er særskilt krevjande for kommunane å skulla førebu ei barnevernreform medan dei samstundes skal handtera ein pandemi. På barnevernfeltet er det dessutan fleire bekymringsmeldingar enn før, og tenestene er difor hardt prøvde.

Fra august 2020 skulle kommunane innføra fagformyinga. Vi ser at dette arbeidet har vorte noko hindra av pandemien.

Barn og unge ber konsekvensar av den tiltaksbyrden som er i samband med pandemien. Sjølv om nasjonal myndigkeit har prøvd å skjerma dei, er det grunn til å tro at langtidseffekten av til dømes digital heimeopplæring er negativ. Særleghardt råka er dei frå før utsette barna. I tillegg ser vi at barn som før kunne klara seg relativt godt, no strevar med å klara skulen. Mange går dessutan glipp av viktig sosialt samkvem med jamnaldrande.

Helse og omsorg

Pandemien har hatt positive og negative verknader på måloppnåinga på helse- og omsorgsområdet. Vi har no ein mykje tettare dialog med kommunane enn før, med regelbundne digitale møte med både leiing, administrasjon og kommuneoverleger. Dels grunna pandemien har vi ikkje hatt moglegheit til å gjere tilsyn.

Det er røynda vår at koronahandteringen også synar at det må gjeraast meir for å få heilskaplege løysningar, til dømes samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta; eitt helsevesen og ikkje to helsevesen, kor embetet må sikra kommunanes interesser i helsevesenet.

Under pandemihandteringen vart det klårt at kapasitet til smittesporing fort blei utfordra ved utbrot av smitte i kommunane, samtidig som tilstrekkeleg smittesporing var kritisk viktig for å slå smitten ned. Embetet tok derfor kontakt med Helsedirektoratet og Fylkesmannen i Innlandet for å diskutera moglegheit for å laga eit digitalt smittesporingskurs. Helsedirektoratet laga del ein av kurset, og vi laga i samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge, kommunane og Kompetansebroen del to av kurset. Kursa er nasjonalt tilgjengelege. Dei som har gjennomførde kursa er tilgjengelege som ein gripbar ressurs for kommunane i fylket. Kurset vil bli komplettert og forbetra i tida som kjem.

Dei siste åra har talet på innsynskrav vore sterkt aukande på helse- og omsorgsområdet, frå 682 i 2019 til 1158 i 2020. Auka har halde fram i 2021. I

januar i år var det åleine 266 innsynskrav. Vi bruker no om lag 1,5 til 2 årsverk til innsynskrav på dette fagområdet. Det er viktig at media følgjer med på sakhandsaminga vår, og når det gjeld pasientane sine rettigheter og sikkerheit for pasientane, og ikkje minst under pandemien. Vi nyttar likevel no rundt 5 prosent av stillingsressursen i avdelinga på å handtere innsynskrav.

Arealplanlegging

Vi legg framleis stor vekt på tidleg, tydelege og føreseieleg medverknad i planprosessane. Vi har tidlegare avdekt ulik praktisering av dispensasjonar, særleg i strandsona, og har i 2020 jobba med å formidla forventningane til kommunane gjennom ein ny rettleiar for handsaming av dispensasjonar, med påfølgande webinar.

Handtering av strandsonesaker i særleg Kragerø og Bamble kommunar er krevjande og tek mykje ressursar. Vi har i 2020 hatt fleire dialogmøte med administrasjonen og planutvalet i Kragerø. Sivilombodsmannen har hatt ein gjennomgang av dispensasjonar i strandsona i Kragerø og to andre kommunar. Kragerø kommune fatta om lag 600 dispensasjonsvedtak i strandsona i perioden 2016-2019. Tre av fire vart innvilga. Fleirtalet av dei innvilga dispensasjonane var mangelfulle, og Sivilombodsmannen seier at det er grunn til å tvila på om kommunen har gjort den vurderinga som lova krev.

Fylkesmannen har i 2020 samordna motsegner frå Fylkesmannen sine fagavdelingar, NVE, Bane NOR og Statens vegvesen i 28 plansaker. Sakene omfatta totalt 59 motsegn og 7 av desse vart avskjera av omsyn til lokalt sjølvstyre. Vi meiner at samordninga medverkar til betra grunngjeving av motsegnerne og erfarer at motsegnerne i hovudsak lèt seg løysa gjennom dialog.

Miljø og klima

Den største utfordinga for det biologiske mangfaldet er tap av leveområde som følge av stort arealpress i mange kommunar. I fleire av kommunane våre aukar folketallet, og særleg langs kysten. Samtidig er det store ønske om hyttebygging i fleire av fjellkommunane. Planlegging og utbygging av veg og jernbane går føre seg for fullt. Dette skaper potensielle konflikter.

Vi er uroa for utviklinga for naturmangfaldet som følge av eit stadig tap av areal. Dette gjeld mellom anna villreinens leveområde. Kommunane har til no i lita grad fastset langsigktige utbyggingsgrenser i overordna plan. Revisjon av regional plan for Hardangervidda ligg til avgjerd i departementet, etter at Fylkesmennene samla fann det naudsynt å gi ei vesentleg innvending til planen. Villrein er ein nasjonal ansvarsart, men utsett for ei bit-for-bit forverring, ved tap av leveområde og påfølgande sjukdom.

Vi har over fleire år hatt godt tilfang av areal til frivillig vern av skog. Vi er godt nøgd med at det vart vedteke åtte nye skogreservat i Vestfold og Telemark i 2020, og at fem skogreservat er utvida. Totalt utgjer desse områda til saman 34 227 dekar nytt verneareal.

Samstundes er det viktig at vi klarar å taka vara på alle dei areala som allereie er verna. I samband med pandemien har vi sett ein auka ferdsel i verneområda. Det er positivt, men krev òg meir ressursar til tilrettelegging slik at bruken ikkje går ut over verneomsyna.

Vi har god framdrift i arbeidet med opprydding i forureina grunn og sjøbotn ved prioriterte skipsverft. Oppryddingsprosjekt i Horten Indre havn og i Sandefjordsfjorden er gjort ferdige. Dei fyste resultata frå overvaking i Sandefjordsfjorden synar at tiltaka har god effekt. Miljøtilstanden i Grenlandsfjorden er dårlig, og det er store utfordringar med miljøgifter. Med eit ønske om industriell utvikling i området for eksisterande og nye bedrifter og vil dette vera ei betydeleg utfordring.

Vi har hatt stor merksemrd om klimaarbeidet i fylket i år. Klimasamlinga som vart arrangert i samarbeid med Miljødirektoratet vart svært vellukka. I tillegg er det etablerte eit nytt klima- og energinetverk med sekretariat hos fylkeskommunen. Her deltek både kommunar, næringsliv, organisasjonar og utdanningsinstitusjonar i eit forpliktande samarbeid om utsleppsreduksjonar.

Landbruk

Vestfold og Telemark har ein firedel av landets grønsakproduksjon. Òg kvart fjerde eple blir produsert her. Slik produksjon er arbeidsintensiv og krev arbeidskraft med realkompetanse. Då landet stengde ned i mars, fekk vi ein heilt ny situasjon for grøtnæringer. Vi nyttar vår samordningsrolle og nettverket vårt og gav signal innover til departement og direktorat. Funksjonen som lyttestop i fylket og medarbeidaran med høg kompetanse på grøntsektoren var avgjerande for å ta ein slik aktiv rolle. Landbruket gjorde ein formidabel jobb, og store delar av produksjonen vart halden oppe. Året 2020 viste til fulle kor avhengige vi er av utanlandsk arbeidskraft, og kor sårbarer vi er i denne produksjonen.

Ved hjelp og støtte frå tilretteleggingsmidlar har vi no lykkast med å kunna tilby norsk frukt i butikk både i desember, januar og februar. Målsetjinga med forprosjekten "Norske eple i utvida sesong" er å auka konsumet av kortreist, norsk kvalitetsfrukt i konkurransen med importert frukt. Prosjektet er svært viktig for produksjon og forbruk i norsk grøntproduksjon framover.

Vi er prosjektpartner i Digifood, digital marknadsinnovasjon for mat. Prosjektet er eigd av Universitetet i Sørøst-Norge saman med fleire partnarar. Digifood forskar på sterke og svake sider ved ulike digitale matnettverk. Eit av måla er å gje småskalaprodusentar marknadstilgang framover. Embetet vårt var medverkande til å få prosjektet finansiert. Prosjektet kan bli svært viktig for mange av våre matvareprodusentar.

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark har i mange år samarbeidde med Fylkesmannen i Oslo og Viken om å arrangera ein felles to-dagars kompetansesamling for den kommunale landbruksforvaltninga. Arrangementet samlar vanlegvis omlag 140 deltakarar. På grunn av pandemien i 2020 la vi om og arrangerte ein digital møteserie som foregjekk over åtte dagar i november månad. Vi lykkast med 160 påmelde. Forarbeidet til samlingane var omfattande, men kostnadsreduksjonen samla sett stor.

Kommuneøkonomi

Driftsbalansane i dei nyleg vedtekne økonomiplanane for 2021-2024 er svake. Mange kommunar planlegg negative eller svært svake driftsbalansar i

kommande økonomiplanperiode. Det synest klart at dette er ei spesielt krevjande tid for kommuneøkonomien.

Samtidig har fleire kommunar set i gang betydelege omstillingssprosjekt. Koronasituasjonen i 2020 har likevel gjort at omstillingssarbeidet i kommunane har vorte forseinka. Sjølv om pandemien på kort sikt ikkje synest å ha hatt særlig negative konsekvensar for økonomien isolert sett i dei fleste av kommunane i fylket, har det truleg svekt utviklingsarbeidet monaleg. Konsekvensane av dette vil vere meir langsiktige. Det gir grunn til å frykta at flere kommunar hamnar på Robek-lista i løpet av få år.

Vi forstår at pandemisituasjonen er krevjande for departementet å handtera. Vi vil likevel understreka viktigheita av at oppdraga vi får er tydelege. Slik vi opplevde desse oppdraga i 2020, la dei opp til ulike tolkingar både frå embeta og kommunane. Det ført til at fordelinga av skjønnsmidlar mellom embeta og dermed mellom kommunane i mindre grad speglar dei faktiske økonomiske konsekvensane i kommunane.

Kommunedialogen

Året starta med folkevaltopplæring i Tinn, Holmestrand, Færder, Kviteseid og Siljan. Då pandemien stengde landet forsvann etterspørseren etter folkevaltopplæring.

Under koronaperioden er samhandlinga med kommunane likevel på mange måtar revitalisert. Det er etablert nye arenaer for samhandling. Med kommunaleiinga har det vore vektentlege, timelange videomøte. Deltakinga har vore stabilt høg. Desse møta har vore vellykka. Suksessfaktorar har vore aktualiteten på møta, moglegheta for kommunane for å ta opp problemstillingar, moglegheta for å møta fagpersonar og leiarar i embetet, den korte varigheten på møta, fast mønster, dei låge kostnadene ved å delta, og viljen og evna hos embetet til raskt å avklara spørsmål som blir reiste i møtet. Innanfor fleire fagområde er det etablert Teams-grupper med deltaking frå fagnivået i kommunane. Det har vore god kontakt med regionråda. Samspelet og fellesskapet på tvers av forvaltningsnivåa er styrkte under pandemien.

Verdien av fysiske møte skal likevel ikkje undervurderast. Behovet for folkevaltopplæring er heller ikkje mindre enn før koronaen.

Kommunedialogen etter koronaen skal skje på både digitale og fysiske arenaer. Vi ser for oss månadlege videomøte på med ordførar, rådmenn og aktuelle fagpersonar, tre til fire fysiske temamøte i året med same målgruppe, kommunenesamtalar med leiinga i den enkelte kommunen kvart fjerde år, tilbod om folkevaltopplæring om ulike tema og oppfølging av regionråda i Telemark, både som politisk organ og som tenestefelleskap. I tillegg kjem utstrekkt kontakt og dialog på fagnivået.

Kommunikasjon

Kommunikasjonsarbeidet i 2020 dreidde seg i hovudsak om koronasituasjonen. Embetet har éin kommunikasjonsressurs. Denne har stort sett jobba med informasjon og mediesaker knytt til pandemien. Embetet har brukt nettsida, Facebook og pressmeldingar som viktige verkemiddel for å kommunisera i koronakrisa. Kvar veke har embetet produsert informasjonssaker.

Embetet starta også opp med månadlege møte med alle dei kommunikasjonsansvarlege i kommunane. Dette er ein arena for deling og erfaringsutveksling mellom kommunane. I desse møta har mellom anna Helsedirektoratet og FHI deltatt for å dela kommunikasjonsstrategien sin, og for å informera kommunane om forventningane til kommunikasjonen knytt til koronapandemien.

Plan for krisekommunikasjon vart oppdatert i 2020.

Vi laga presseprogram og hadde presseservice i samband med to besøk frå Kongehuset.

Samarbeid mellom stat og næringsliv

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark har gjennom mange år hatt gode erfaringar med samarbeid mellom statsetatar, næringsliv, kommunar og fylkeskommune. Stat-næringslivssamarbeidet vart etablert i år 2000 med mål om at statlege etatar skulle yta gode og samordna tenester. Aktivitetar og prosjekt i samarbeidet har heile tida vore arenabygging og kompetanseoverføring med mål om konkrete resultat, i tillegg til forenkling og betre tenester i offentleg sektor.

«Medbyggerne» er eit konkret døme på samarbeid mellom statlege etatar, kommunar, fylkeskommune og næringslivet. Formålet med «Medbyggerne» er å få fleire til handla kvitt, for å sikra ein stabil og trygg arbeidsmarknad, sikra skattegrunnlaget, betre dei handverksmessige tenestene og hindra skadelege arbeidstilhøve. Siktemålet har vore å bli eit føregangsfolkje for satsinga til regjeringa mot arbeidslivskriminalitet i bygge- og anleggsbransjen. Deltakarar i samarbeidet er Fylkesmannen, fylkeskommunen, kommunane, Skatteetaten, Arbeidstilsynet, politiet, NHO, Virke, LO og 500 bedrifter i fylket innan bygge- og anleggsbransjen.

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark har sidan 2015 hatt prosjektansvaret for samarbeidet. I strategidokumentet til regjeringa mot arbeidslivskriminalitet er «Medbyggerne» nemnd som døme til etterfølging. I 2018 vart det laga eit krafttakdokument med mål om å gjera «Medbyggerne» til ein nasjonal pilot. Prosjektadministrasjonen blir i 2021 overført frå embetet til skatteetaten, med mål om nasjonal lansering av heile eller deler av samarbeidet etter kvart. Vi erfarer at fleire fylke ønsker å etablira tilsvarende samarbeidet i eige fylke.

1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater

Interne tilhøve

I mars vart mange av arbeidsplassane flytta frå kontoret og til den einskilde sin heim. I løpet av få dagar fungerte sakshandsaminga tilnærma som før. Interne og eksterne møte, kurs, konferansar og rettleiing vart gjort digitale. Før sommaren var erfaringane at restansar vart bygd ned og sakshandsamingstida vart kortare. Dette kan ha fleire årsaker: Lågare sjukefravær gav større produksjonskapasitet, færre tilsyn, færre synfaringar og

færre eksterne fysiske møte gav meir tid til sakshandsaming. Mindre forstyrningar gav grunnlag for meir konsentrert og effektiv jobbing. Etter sommaren var det framleis høgare produksjon på enkelte fagområde, medan det på andre område vart meir normalisert.

I desember flytta embetet inn i nye lokale i Tønsberg og Skien. Før flytting vart det gjort eit stort planleggings- og ryddearbeid. Dette var ressurskrevjande.

Vi har hatt ein reduksjon på ca. 4500 journalpostar, eller 4,5 prosent, samanlikna med 2019. Det har vore ein reduksjon av både inngåande og utgående saker på fleire saksområde. Det er uklart kva årsaka er.

Sammfunnssikkerheit og beredskap

I 2020 vart veildningsaktivitetar sterkt reduserte grunna korona. Samstundes har vi gjennom møteaktivitet og skriftleg korrespondanse sikra at nasjonal politikk er kjend og etterlevd, til dømes i arealplanar, klimatilpassing og samfunnssikkerheit generelt.

Oppvekst

Under pandemien har vi prioritert å gjennomføra dei planlagde tilsyna. Dette betyr at terskelen for å opna hendingsbaserte tilsyn har vore høgare enn tidlegare år. Vi har ikkje desto mindre drive med mykje rettleiing, behandla klager og gjennomførd så godt som alle tilsyn i tråd med oppdragene vi har fått.

Helse og omsorg

Pandemien har gjort det naudsynt å flytta legar, jurist og helsesjukepleiar til jobbing med pandemien. Avdelinga har nytta om lag 10 prosent av personellet til dette. Dei attverande i avdelinga med same kompetanse har måtte endra arbeidsområde og arbeidsoppgåver for å handsama dei lovfesta oppgåvene. Ved å følgja rettleiinga til Helsetilsynet har vi laga prioriteringar som har gjort at vi har løyst dei viktigaste oppgåvene, men ikkje hatt moglegheit til å gjøre tilsyn. Vi har prioritert å løysa klagesaker tvang og makt og klagesaker på tilsynsområdet.

Leve heile livet-reforma er om lag seks månader forseinka ut frå opphavelig framdriftsplan på grunn av pandemien. Det inneber at ein del av planarbeida til kommunane er utsette. Som ein konsekvens av dette har fleire kommunar ikkje tatt stilling til reformlysingane. Det regionale støtteapparatet opplever stor tilslutning til reformarbeidet, og dei største kommunane i fylket har kome langt i å planleggje og setja i verk konkrete tiltak. Digitale løysingar har bidratt til å halda arbeidet i gang, og det har vore nokre få gjennomførte fysiske samlingar. Av andre konkrete aktivitetar, kan vi nemne at utedmiljø ved sjukeheim, aldersvennleg nærmiljø og sentrumsnære turvegar/universell utforming, har vore tema på ulike seminar/webinar.

Miljø og klima

Pandemien gjer at det har vore vanskeleg å ha nok tilsyn på forureiningsfeltet, og vi er ikkje nøgd med det. Vi har vidare ikkje kontrollert årsrapportar for driftene. Årsaka til avvik var ressurssituasjonen i gruppa, som var krevjande, og skifte av fagsjef. Vi skriv meir om dette under rapportering under avvik. Dette arbeidet vil bli prioritert i 2021.

Landbruk

Grunna koronaen har vi ikkje hatt fysiske møte med kommunar eller bønder dette året. Sjølv med aktiv bruk av ulike digitale media har mobiliseringsarbeidet vorte langt mindre enn vanleg. Men vi erfarer at digitale møte gjer at vi kan nå langt fleire på same tid, og at vi brukar mindre ressursar på reiser. Baksida er at vi misser mykje av dialogen og tilbakemelding frå dei som deltek i møta.

Kommunedialogen

Då pandemien stengde landa, vart det slutt på folkevaltopplæringa. På området til kommunalretten var dialogen med kommunane i 2020 i stor grad om forhold som var relaterte til pandemien og det mellombelte lovverket som vart vedtatt.

Kommuneøkonomi

Koronasituasjonen har lagt føringar på rettleiingsarbeidet i 2020. Det har mellom anna samanheng med at ein vesentleg del av kapasiteten vår på området har vore knytt til å følgja opp situasjonen i kommunane, med fordeling av skjønnsmidlar, innhenting av informasjon frå kommunane og rapporteringar til departementet.

Samarbeid mellom stat og næringsliv

I 2020 har pandemien avgrensa planlagde fysiske aktivitetar i samarbeidsprosjektet mellom stat og næringsliv. Videomøte har vore gjennomførte jamleg gjennom heile året, slik at kreativiteten og samhaldet har vorte godt tatt vare på.

1.4 Andre forhold

Kommuneforsøket med fullfinansiert barnevern i Færder kommune

Færder kommune var, saman med Alta og Røyken, i perioden 2016-2019, med i kommuneforsøket der kommunane skulle overta det fulle finansieringsansvaret for barnevernet. Røyken avslutta forsøket i 2019, medan Færder og Alta vart vidareførte til iverksettinga av barnevernsreforma i 2022. Færder kommune har fått dekt utgiftene gjennom auka rammetilskot.

Gjennom forsøket har Færder bygd opp eit barnevern i tråd med intensjonane til forsøket. Evalueringssrapportane viser at forsøket har vore vellykka, og barna har fått eit betre tilbod. Mange kommunar ser til Færder og vurderer kommunen som ein føregangskommune på barnevernsområdet.

Færder har gjennom forsøket etablert tiltak i det nære miljøet til barnet. På den måten kan barna halda oppe barnehage, skulegang, kontakt med familie, venner og fritid.

Færder kommune har frå 2016 bygd opp ei ny teneste med internkontroll tilpassa drift av forsøksoppgåver, fagleg kompetanse i eigen kommune og eit system der foreldre og barn er med på å forma tilboda.

Slik Færder vurderer situasjonen, vil kommunen ikkje klara å halda oppe tilboden utan framleis statlege overføringer. Ei nedbygging vil gi barna og familiene eit svekt tilbod. Tiltak nær barna, som nettverkskontaktane, fosterheimtenesta og beredskapsheimane, kan stå i fare for å måtta avviklast. Det same gjeld fleire av stillingane på hjelpe tiltaksområdet. Konsekvensar for barna er svekt fleksibilitet og skreddarsaum i tiltak, fleire brot i relasjoner fordi tilboda vil vera lengre unna, lengre ventetid på fosterheim og redusert medverknad der barna og foreldre ikkje får delta i val av institusjon. Færder vil ikkje få utnytta ressursane på den måten dei får i dag, til det beste for barna.

Det ligg i naturen til eit forsøk at det kan bli avvikla. Likevel: Det å tilbakestille eit så langvarig, vellykka forsøksprosjekt har klåre negative konsekvensar. Det vil utvilsamt svekke kommunenes motivasjon for å gå inn i nye forsøksprosjekt. I denne saka er det i tillegg dei svakaste som vert ramma.

Vurderinga mi er at Færder bør få halda fram som ein «fyrtårn kommune», og ved det leia an i den utviklinga som er tenkt på sikt. Dette inneber i så fall at dei også må få rammeoverføringer tilsvarende dagens ordning.

Forsidebilde: Eiketre ved Borrehaugene i Horten kommune. Foto: Daniel Korslund, lærling i embetet

Sted, dato og fylkesmannens signatur

Tønsberg, 25. februar 2021

Per Arne Olsen (sign.)

2 Introduksjon til embetets hovedtall

2.1 Embetet og samfunnsoppdraget

Vi er representanten til Kongen og regjeringa i fylket og skal arbeida for at vedtak mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa kan bli følgt opp.

Vi skal bidra til å samordna, forenkle og effektivisera den statlege verksemda.

Vi skal halda regjeringa og sentraladministrasjonen orienterte om viktige spørsmål.

Vi er sektorstyremakt med forvaltningsoppgåver for ei rekke departement og direktorat.

Vi er klagestyremakt og tilsynsstyremakt, og skal sikra rettssikkerheit for innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar.


Vi skal verka til «gavn og beste» for fylket, ta initiativ som finst påkravt og framme forslag til løysingar

Embetet har løpende kontakt med andre embete på alle nivå i organisasjonen, og utvekslar erfaringar og idear med andre fylke. Dette skjer dels i samband med formelle arenaer som styringsdialogen og fylkesmannsmøta, og i arbeidsutvalet for fylkesmennene. Det er også mykje kontakt gjennom ulike faglege nettverk og samlingar, og spontant mellom medarbeidrar ved behov.

Vi er administrativt lagd under Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

[Fylkesmannsinstruksen](#) har meir om oppgåvene til embetet.

2.2 Organisasjon og ledelse



Embetet i Vestfold og Telemark er lokalisert med kontorstader i Tønsberg og Skien og blir leia av fylkesmann Per Arne Olsen og assisterande fylkesmann Bernt Lasse Berggreen. Embetet er organisert i fem fagavdelinger, administrasjonseining, beredskapsstab og ein samordningsstab. Administrasjonseininga utfører oppgåver for alle avdelingane.

Oppvekstavdelinga

Avdelinga skal bidra til rettssikkerheit innanfor områda barnehage, barnevær og skule form av klagesaksbehandling og tilsyn. I tillegg blir det ført tilsyn etter introduksjonslova, og avdelinga har også tilsyn med krisesentera og familievernkontora. Avdelinga har store samfunnsoppdrag og rettleiing knytt til statlege satsingar. Avdelinga blir leia av direktør Kari Evensen.

Helse- og omsorgsavdelinga

Avdelinga behandlar saker etter helse- og sosiallovgivinga. Det omfattar mellom anna å ta vare på innbyggjarane rettsikkerheit på helseområdet og gi råd og rettleiing til pasientar, pårørende og helsepersonell. Avdelinga gjennomfører tilsyn med helsepersonell og helseteneste og behandlar klagar etter lov om pasientrettar og enkeltklager på helsepersonell eller helsetenester. Avdelinga følgjer opp hendingar som gir mistanke om svikt i pasientsikkerheita. Helse- og sosialavdelinga har oppgåver med lokal iverksetting av statleg politikk som gjeld rus, psykisk helse, omsorgstenester og sosiale tenester i NAV. I tillegg avgjer avdelinga saker om dispensasjon på grunn av helseforhold etter forarkortforskrifta. Avdelinga vart leia av fylkeslege Jan-Arne

Hunnestad.

Justis- og verjemålsavdelinga

Avdelinga arbeider i hovudsak med juridiske spørsmål. Avdelinga behandler klager på kommunevedtak innan fagområde som plan- og bygningsrett, forvalningsrett, verjemål, alkohollova, (skjenkebevillinger og opningstider), offentleglova etc. Avdelinga har også ansvar for å behandle søknader om fri rettshjelp, separasjon og skilsmissé, oskespreiing og tilskot til trussamfunn. I tillegg rettleier avdelinga personar og kommunar i offentlegrettslege spørsmål. Avdelinga blir leia av direktør Per Arne Andreassen.

Miljøavdelinga

Avdelinga skal ta vare på det biologiske mangfaldet, sikra berekraftig arealbruk, handtera forureiningssaker, bidra til ei god vassforvaltning og vera ein pådrivar i klimaarbeidet. Ansvar for forvaltning av verneområde i Vestfold og Telemark er også ei viktig oppgåve. Avdelinga har også som oppgåver å forvalta ulike tilskotsordningar, frivillig skogvern, utvalde naturtypar, prioriterte artar, tiltak mot framande artar, og dessutan forvaltning av villrein, rovdyr og anadrom fisk. Miljøavdelinga gir fra seg utseigner i saker etter plan- og bygningslova, og er involvert i store samferdsels- og infrastrukturprosjekt, som jernbane og veg. Avdelinga behandler søknader som førsteinstans frå bedrifter og kommunar om løye etter forureiningslova og tilhøyrande forskrifter, og dessutan førar tilsyn etter same regelverk. Miljøavdelinga har også ansvar for å skaffa og kvalitetssikre data for vasskvaliteten i området og gi ein oppdatert miljøstatus for dei ulike vassområda. Avdelinga blir leia av direktør Elisabet Rui.

Landbruksavdelinga

Avdelinga skal bidra til å gjennomføra den nasjonale landbruks- og matpolitikken i fylket. Oppgåvene omfattar både saksbehandling og utviklingsarbeid innan jordbruk, skogbruk og bygdeutvikling. Avdelinga er eit kompetansesenter for kommunane og bidrar til at kommunane held oppe god forvaltningspraksis. I tillegg er avdelinga ein pådrivar for nærings- og bygdeutvikling, leiar arbeidet med regional næringsstrategi, og har eit ansvar for å ta vare på omsynet til jordvern og kulturlandskap i arealforvaltninga. Avdelinga fører kontroll med tilskotsforvaltninga i landbruket. Avdelinga blir leia av direktør Helge Nymoen

Samordningsstaben

Samordningsstaben har oppgåver på tvers av fagavdelingane, mellom anna knytt til kommunal styring og fornying, kommuneøkonomi, kommunestruktur og kommuneinndeling, kommunikasjon, samarbeid med næringslivet, oppgåver for Slottet og statsborgarseremoniar. Samordningsstaben gir bistand til fylkesmannen. Samordningsstaben blir leie av Fred-Ivar Syrstad.

Beredskapsstaben

Beredskapstaben er delegert ansvar for å følge opp Fylkesmannens samfunnsikkerhetsinstruks og oppgåvene med samfunnstryggleik og beredskap i fylket. Staben er plassert direkte under embetsledelsen og består av seks medarbeidrarar. For å handtera koronautbrotet har embetet skipa ein utvida beredskapsorganisasjon (covid-19 grupper) med deltaking frå fagavdelingane. Covid-19-gruppen under leiing av fylkesberedskapssjef har gjennom 2020 utgjort mellom 10 og 12 årsverk. Beredskapsstaben blir leia av fylkesberedskapssjef Jan Helge Kaiser.

Administrativ eining

Administrativ eining bidrar til å administrera den daglege drifta av embetet, herunder budsjett og rekneskapsansvar. Eininga engasjerer seg i kortsiktig og langsiktig planlegging og legg til rette for at verksemda skal nå sine fastsetja mål. God organisering, effektive støtte- og kvalitetssystem understøttar dette arbeidde.

Administrativ eining omfattar økonomi, personal, servicetenester. Administrativ eining blir leia av administrasjonssjef Jan Erik Glad

2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Den mangla finansieringa på kapittel 0525.01 blir henta inn som administrativ kostnadsdekning frå oppdragsgivarane våre (departement/direktorat). I 2020 har 100 prosent av kostnadsdekninga vorte ført som reduksjon av driftsutgifter. Det hadde gitt eit meir riktig kostnadsbilde dersom 60 prosent av kostnadsdekninga hadde vorte ført som lønnskostnader og 40 prosent som driftsutgifter.

Finansieringa frå oppdragsgivarane våre varierer frå år til år. Den administrative kostnadsdekninga vil derfor variera og avsetningen er avhengig av kor godt oppdraaga er finansierte. Tidlegare føringar frå FAD på korleis vi skal gjera utrekning av administrativ kostnadsdekning på fremmedkapittel er i praksis vanskeleg å gjennomføra og må gjera på skjønn. Det å ha ei finansieringsform der store delar av tildelinga ligg utanfor ordinær tildeling er ein krevjande, uoversiktlege og lite formålstenleg finansieringsform for embeta.

Kap 0525 post 01 driftsutgifter

Vi har totalt hatt ein auke av driftsutgifter i 2020 samanlikna med 2019. Ein del lønnsutgifter som tidlegare har vore belasta på prosjekt er no flytta frå fremmedkapittel til eige kapittel. Vi vart belasta med dobbel husleie i desember 2020 ifm flytting til nye kontorlokale. Vi har også hatt merkostnader knytt til flytting av kontorlokale både i Skien og i Tønsberg i desember 2020. Ein stor del av meirutgiftene knytt til flyttinga vil forfalla i 2021. Meirutgiftene har vi delvis fått kompensert frå KMD. Vi har også hatt eit god del utgifter knytt til ordningsarbeid av tidlegare papirarkiv i Skien. Vi hadde og ein vasslekkesje i fjernarkivet i Skien i samband med styrregn. Delar av eit helsearkiv vart skadd. Det vart sett inn store ressursar for å redra dei delane av arkivet som vart utsett for vatn. Dessverre var det ikkje mogleg å berga alt arkivmateriale.

Tilsette og årsverk

Vi jobbar med å få tilpassa drifta til ny budsjettfordelingsmodell. Vi har derfor redusert med 14 stillingar og 16,2 årsverk. Turnover er redusert frå 13,7 % til 7,8% og vi reknar med at det vil stabilisera seg der. I 2020 slutta det 31 personar hos oss. Dette har vore eit stabilt tall dei tre siste åra.

Vi har mange kvalifiserte søkerar til kunngjorde stillingar på alle fagområde og har ingen problem med rekruttering.

Lønna til kvinner samanlikna med lønna til menn er auka med 0.9 % til 88,9 %. Kvinnedelen i embetet er på 70,7%.

Vi vil frå 2021 overfør 2 årsverk frå administrativ eining til justis- og verjemålsavdelinga.

Sjukefråvær

Vi har hatt ein nedgang i sjukefråværet på 1 prosentpoeng samanlikna med 2019. Sjukefråværet var i 2020 på 4,1 prosent og er lågt samanlikna med landsgjennomsnittet. Vi registrerte eit unormalt lågt sjukefråværet 1. halvdel at 2020. Dette kjem truleg av auka bruk av hjemmekontor i samband med Covid-19 handteringa. Sjukefråværet normaliserte seg etter sommarferien.

Husleie og driftsutgifter

Dei totale driftsutgiftene er reduserte med ca 6,8 mill, samanlikna med 2019. For 2020 utgjer husleie 10,78 % av driftsutgiftene. Husleie blir ført på konto 6300 og administrativ kostnadsdekning blir ført på kontor 6301. Dersom ein berre les forbruket på post 63 vil ein oppleve eit negativt forbruk på husleie.

Lønnssandelen av totale driftsutgiftene utgjer no 82,86 %. Vi har tidlegare hatt ein god del lønnsutgifter på prosjekt som har vore belasta ulike oppdragsgivarar. Vi har i den grad det er mogleg prøvd å samla lønnsutgiftene våre på eige budsjettkapittel for å få ei betre oversikt over lønnskostnadene våre ifm ny budsjettfinansieringsmodell. Vi simulerer lønnsutgiftene i lønnssystemet og les desse inn i budsjettmodulen i Unit 4 ERP. Dette gir oss særskilt godt styringsverktøy ift lønnskostnader gjennom året.

Journalpostar

Vi har hatt ein reduksjon på ca 4500 journalpostar samanlikna med 2019. Det har vore ein reduksjon av både inngående og utgående saker på fleire saksområde. Det er noko uklart kva dette kjem av, men delar av forklaringa kan vera at det totalt er færre saker som følgje av Covid-19.

Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (tusen kr)	2 625.0
Budsjettavvik (%)	1.9 %

Driftsutgifter og lønn

Driftsutgifter	137 219.0
Lønn 052501	136 924.0
Lønnssandel av driftsutgifter	99.8 %

Lønnskostnader av driftsutgifter må korrigeras for administrativ kostnadsdekning for å få eit riktig kostnadsbilde. Lønn utgjer 82,86 % av driftsutgiftene.

Husleie

Husleie (tusen kr)	17 817.0
Husleie (% av driftsutgifter)	13.0 %

Husleie i prosent av driftsutgifter må korrigeras for administrativ kostnadsdekning for å få riktig kostnadsbilde. Husleie i prosent av driftsutgifter blir då 10,78 %

Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i vergemåls-ePhorte
Antall journalposter	100 524	56 072	44 452

Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2020
052501	139 660
052521	16 356
Post 01 (unntatt 052501)	36 390
Post 20-29 (unntatt 052521)	100 972
Post 30-39	7 501
Post 40-49	0
Post 60-69	137 759
Post 70-79	34 588
Post 80-89	4 352

Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	1 959.6
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	4.1 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	143.3
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	1.0 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	1 816.3
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	5.5 %
Antall legemeldte sykedager for menn	21.0
Prosent legemeldte sykedager for menn	0.1 %
Avtalte arbeidsdager for menn	14 380.0
Antall legemeldte sykedager for kvinner	1 469.7
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	4.4 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	33 230.5
Antall egenmeldte sykedager for menn	122.3
Prosent egenmeldte sykedager for menn	0.9 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	346.6
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	1.0 %

Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Årslønn kvinner	Årslønn menn	Andel kvinnens lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	145.0	70.7 %	60.0	29.3 %	606 705.0	679 231.0	89.3 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	3.0	30.0 %	7.0	70.0 %	862 456.0	1 049 598.0	82.2 %
Kategori 2: Seksjonssjef/Ass dir	6.0	46.2 %	7.0	53.8 %	822 559.0	824 269.0	99.8 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	79.0	69.9 %	34.0	30.1 %	628 560.0	627 660.0	100.1 %
Kategori 4: Saksbehandler 2	33.0	76.7 %	10.0	23.3 %	571 831.0	572 405.0	99.9 %
Kategori 5: Kontorstillinger	24.0	96.0 %	1.0	4.0 %	496 783.0	532 800.0	93.2 %
Kategori 6: Fagarb. stillinger							
Kategori 7: Lærlinger	0.0	0.0 %	1.0	100.0 %	0.0	102 150.0	0.0 %

Årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2020
Totalt antall årsverk	191.9
Totalt antall årsverk for kvinner	138.1
Totalt antall årsverk for menn	53.8
Totalt antall årsverk for faste stillinger	184.9
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger	7.0
Sum andel administrasjon	7.3 %
Økonomi	4.1
Lønn	1.0
Personal	2.0
Resepsjon/sentralbord	4.0
Andre administrative oppgaver (spesifiser i kommentarfeltet)	3.0
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Statens Park (drift) 1 årsverk, 1 årsverk lærling, 1årsverk adm.sjef

Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2020
Turnover i prosent	7.8 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	206.0
Totalt antall ansatte som sluttet (eksludert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	16.0
Totalt antall ansatte som sluttet	31.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering	7.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	24.0

HR

Betegnelse på rapporteringskrav	2020
Sum antall ansatte	205
Antall kvinner	145
Antall menn	60
Sum antall deltidsansatte	16
Antall deltid kvinner	10
Antall deltid menn	6
Sum antall midlertidige ansatte	7
Antall kvinner, midlertidig	5
Antall menn, midlertidig	2
Sum antall ansatte med personalansvar	7
Antall kvinner, personalansvar	2
Antall menn, personalansvar	5
Sum antall ansatte	205
Antall ansatte under 20 år	1
Antall ansatte 20 - 29 år	5
Antall ansatte 30 - 39 år	35
Antall ansatte 40 - 49 år	41
Antall ansatte 50 - 59 år	73
Antall ansatte over 60 år	50
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon kvinner	23
Dagsverk foreldrepermisjon kvinner	338
Antall kvinner i foreldrepermisjon	3
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon menn	12
Dagsverk foreldrepermisjon menn	124
Antall menn i foreldrepermisjon	2

2.4 Andre forhold**Ansvarsfordeling og samarbeid med FMFA**

Fylkesmennenes fellesadministrasjon (FMFA) skal levera gode administrative tenester som understøttar samfunnsoppdraget til fylkesmannsembeta. FMFA er delegert ansvar for styrings-, drifts- og utviklingsoppgåver innan dei administrative områda til embeta. Det inneber at embeta skal følgje dei instruksane som blir gitte av FMFA på dette området. Innanfor områda IKT, dokumentforvaltning og informasjonssikkerheit med unntak av informasjonssikkerheit i løpende drift i fylkesmannsembeta, får FMFA delegert ansvar for alle oppgåver.

På innkjøpsområdet har FMFA ansvar for å inngå rammeavtalar og gjennomføra innkjøp som er felles for alle embeta, vera kompetansesenter for embeta, hjelpe til med praktisk med gjennomføring av innkjøp over terskelverdi og koordinera avrop på rammeavtalar overfor DFØ. Embeta er pålagt å rådføra seg med FMFA ved innkjøp over terskelverdi, men det er det enkelte embetet som er avtalepart.

Innanfor økonomi- og personal-/HR-området har FMFA hatt ansvar for informasjon og rettleiing, rådgiving, kvalitetssikring, standardisering av prosessar, utarbeiding av malar og verktøy og utarbeiding av retningslinjer.

FMFA er underlagt KMD. KMD har svaret for etatsstyringsmøter og formell styringsdialog med FMFA. FMFA skal ha ein formålstenleg og god dialog med fylkesmannsembeta.

For å sikra grensesnittet mellom FMFA og det enkelte embetet er det utvikla ulike tenesteavtaler. Opgåva gitt embetet i samfunnstryggleksinstruksen gir embetet eit ansvar som medfører behov for å integrera FMFAs tilsette i arbeidet med å halda oppe oppgåva med eigenberedskap.

3 Årets aktiviteter og resultater

3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

Styringssignal til kommunane

Vi har også i 2020 brukt det årlege forventningsbrevet til å formidla sentrale styringssignal til kommunane i Vestfold og Telemark. Tilbakemeldingane har vore gode.

Vi har gjennom heile pandemien hatt vektentlege videomøte med kommuneleiinga. Møta har i første rekke hatt koronarelaterte tema på dagsordenen, men har også vorte nytta som arena for å formidla andre styringssignal til kommunane. Kontakten med kommuneleiinga har vore hyppig og tett i 2020. Vi har på videomøte med ordførarar, kommunedirektørar og økonomisjefar presentert statsbudsjett og kommuneproposisjon.

Samfunnstryggleik

I 2020 vart veiledningsaktivitetar sterkt redusert grunna korona. Samstundes har vi gjennom møteaktivitet og skriftlig korrespondanse sikra at nasjonal politikk er kjend og etterlevd, til dømes i arealplanutviklinga, klimatilpasning og samfunnstryggleiken generelt.

Erfaringane frå koronautbrotet syner at det i aukande grad må dokumenterast at kommunar som vil regulera større hytteområder i aukande grad må vurdera eigen beredska på til dømes kommunale helsetenester og brannberedskap gjennom ROS. I mindre grad ut frå innbyggjartal. Departementet må og vurdere om det er trond til å vurdera om lovverket har fanga opp den demografiske endringa dei seinare 15-20 år.

Helse, omsorg og sosial

Pandemien har hatt positive og negative verknader på måloppnåinga. På den positive sida har vi no ein mykje tettare dialog med kommunane enn før, med regelbundne digitale møter med både leiing, administrasjon og kommuneoverlegar. Vi ser at det kan gjere rådgjeving og kommunikasjon av oppdrag lettare også i tida etter pandemien. Vi har og blitt tvungne til å gjøre endringer i korleis vi løyser utviklingsoppavene våre og ser at vi kan løyse flere oppdrag meir effektivt i framtida med hjelp av digitale løysinger, men ikkje alle. På den negative sida vil vi nemne dialogen med utøvarane av tenestene som vi ikkje har hatt noko særleg av i 2020, fordi vi ikkje har hatt fysiske konferansar eller vore ute på meir enn nokre få systemrevisjonar. Vidare har avdelinga satt av omlag 10% av personellet til jobbing med pandemien, hovudsakeleg legeressursar, nok som og har prega dei andre oppdraga våre negativt.

Barn og unge

Vi har hatt tett og god dialog med alle kommunane våre gjennom heile 2020. Sjøl om dei fleste møtene har vore digitale, har hyppigheita bidratt i positiv retning. Samstundes har vi og vore opptekne av utviklingsoppgavene. Kommunane står overfor ei barnevernreform, og vi har vore tett på dei ifb med reformarbeidet. Både på barnevern-, barnhage- og skoleområdet har vi til oppgave å være pådriver og formidlarar med tanke på store og viktige kompetanseordningar. Dette har vi prioritert.

Arealplanlegging

Vi har ein løypande dialog med kommunane, mellom anna gjennom møter, digitale samlingar planforum og plannettverk, der vi legg vekt på formidling av nasjonale og regionale interesser.

Vi har mellom anna lage ein ny rettleiar for handsaming av dispensasjonar. Handtering av strandsonesaker i særleg Kragerø og Bamble kommunar er krevjande og tek mykje ressurser. Vi syner til Sivilombudsmannens rapport, som mellom annan omhandlar Kragerø. Vi har hatt fleire dialogmøter med administrasjonen og planutvalet i Kragerø.

Plankvaliteten har dei seinare åra gjennomgåande betra seg, men framleis legg kommunane i varierande grad til grunn særlovverk, statlege planretningslinjer og andre føringar. Det er ei klår samanheng mellom størrelse på kommunane og kompetansen deira, sjølv om einskilde små kommunar og har god kunnskap.

Natur og miljø

Kommunane har etter vår oppfatning gode rutinar for å nytte tilgjengeleg kunnskap om naturmangfald i arealforvaltinga, men mange områder er ikkje godt nok kartlagt. Den største utfordinga for det biologiske mangfaldet er tap av leveområde som følge av stort arealpress i mange kommunar. Det blei vedteke 8 nye skogreservat i Vestfold og Telemark i 2020, og 5 skogreservat er utvida. Totalt utgjer desse områda til saman 34 227 dekar nyt vertueareal. På grunn av ressurssituasjonen har vi ikkje fått godkjent nye forvaltningsplanar for verneområde i Vestfold og Telemark i 2020. Vi har heller ikkje fått utført så mange tiltak mot framande artar som vi hadde håpa på, mellom anna på grunn av manglande kapasitet hos kommunane som følgje av koronasituasjonen.

Gjennom arbeidet vårt bidrar vi til å redusera utslepp av helse- og miljøskadeflege stoff. Vi stiller endå strengare krav til utslepp av miljøgifter i løvye etter forureningslova no enn tidlegare. Vi har også god framdrift i arbeidet med opprydding i forreina grunn og sjøbotn ved prioriterte skipsverft.

Oppryddingsprosjekt i Horten Indre Havn og i Sandefjordsfjorden er ferdigstilte. Dei fyste resultata frå overvakning i Sandefjordsfjorden syner at tiltaka har god effekt. Oppfølging av arbeidet med forreina sjøbotn i aktuelle tiltaksplanområde og ved prioriterte verft, inkludert oppfølging av overvakning i etterkant av gjennomførde tiltak, vil framleis vera eit prioritert område.

Klima og berekraft

Forventningane til klimaarbeidet blir formidla til kommunane først og fremst gjennom planarbeidet. SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing og Klimaprofil for fylket blir brukt aktivt i vår medverknad. I tillegg var alle kommunane invitert til ein to-dagars klimasamling som vart arrangert i samarbeid med Miljødirektoratet, der dei mellom anna fekk sjå mange gode eksempel på klimaarbeid, både i arealplanar og verksemder.

Når det gjeld berekraftsmål er vi enno i ein tidleg fase i samband med implementering. Kommunane er i ulik grad merksame på berekraftsmål og synest det er vanskeleg å tolke og vekte dei samla måla. Vi starta arbeidet med berekraftsmål knytta til oppdraga våre internt i 2020, og vil fylge på med meir komande år, og ut mot kommunane i handsaming av plansaker.

Fylkesmannen har informert kommunal landbruksforvaltning om gjeldande nasjonale mål, strategiar og prioritert satsinger gjennom fagsamlinger og møteaktivitet. Vi rakk å samlast til ei to-dagars samling for kommunane og våre medarbeidrarar i forkant av nedstenging av landet på grunn av Covid-19. Ei rekke fagsamlinger på dei fleste fagfelta er halde på teams dette året. I tillegg har vi vidareført KOLA-Viken i samarbeid med Oslo/Viken fylke med stor deltaking og svært god gjennomføring. Digitalt nyhetsbrev går ut til kommunal sektor ein gong i veka. Informasjon og deltaking i møte med politisk nivå, utval og råd har vorte minimal i 2020

Fylkesmannen har informert kommunal landbruksforvaltning om gjeldande nasjonale mål, strategiar og prioritert satsinger gjennom fagsamlinger og møteaktivitet. Vi rakk å samlast til ei to-dagars samling for kommunane og våre medarbeidrarar i forkant av nedstenging av landet på grunn av Covid-19. Ei rekke fagsamlinger på dei fleste fagfelta er halde på teams dette året. I tillegg har vi vidareført KOLA-Viken i samarbeid med Oslo/Viken fylke med stor deltaking og svært god gjennomføring. Digitalt nyhetsbrev går ut til kommunal sektor ein gong i veka. Informasjon og deltaking i møte med politisk nivå, utval og råd har vorte minimal i 2020.

Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

Helse, omsorg og sosial

Handteringen av korona har hatt mange positive effektar med overføringsverdi til andre delar av samordning og heilsakleg løysing. Til dømes har vi hatt møter i fylkesberedskapsrådet annakvar veke, handtert andre hendingar og samhandla godt med andre sektorer. Det er embetets røynsle at koronahandteringen også syner at det må gjerast meir for å få heilsaklege løysningar, til dømes samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og primærhelsetenesta. Eit helsevesen og ikkje to helsevesen, kor embetet må sikra kommunanenes interesser i helsevesenet.

Opprettinnga av eit regionalt velferdsråd for Vestfold og Telemark og Agder bidrar til samanheng mellom sosial boligpolitikk og nasjonale satsningar og sikrar eit betre samarbeid mellom kommune og statlege etatar.

Regionalt velferdsråd vil gjennom å samordne regionale aktørar i møte med kommunane arbeide for å løyse kommunane sine samansatte velferdsutfordringar.

Etablert samarbeid med NAV fylke er ført vidare gjennom Samordningsforum.

Gjennom arbeidet med Leve heile livet-reforma har det regionale støtteapparatet med fylkesmannen, KS og Utviklingsenter for sykehjem og hjemmetjenester i fylket, etablert samarbeid med fylkeskommunen på både plan-, folkehelse- og tannhelseområdet, der målet har vore å sikra god heilsak og felles innsats for å nå måla i reforma.

Barn og unge

Dei siste åra har vi i samband med 0-24 oppdraget hatt ei viktig samordningsrolle. I samband med pandemien, har nesten alle møter blitt digitalisert. Det har på mange måter gjort det enklare å finne møtetid, og vi har et nært samarbeid med andre aktørar, som til dømes KoRus, RVTS, og BUP Øst og Sør.

Vi har og i oppgave å sjå til at tilsyn er samordna. Det kommer i større grad til å skje via nasjonal tilsynskalender, men både internt og eksternt er vi oppmerksomme på andre sine tilsyn og tar omsyn til det så langt det er mogeleg.

Samfunnstryggleik

Koronautbrotet syna til dels store manglar på regional statlig samhandling, ikkje minst tverrsektoriell samhandling. I den tidlege fase var det ei stor utfordring å sikra mest mogleg heilsakleg rapportering til de ulike statelige sektormyndighetene. Ulike direktorate og departement krevde ulik rapportering, nok som slo inn i dei ulike delane av kommunal verksemrd. Vi rår til at det må skipas betre samordna statleg rapportering og samordning regionalt, slik at ikkje einskilde sektorer opptrer autonomt i høve til kommunane.

Tilsvarende viste koronautbrotat at me ikkje har gode rutiner for å sikra at beredskapsinformasjon når ut til private verksemder. Dømer på dette er private tilbydarar av helsetenester, tannlegar, transportverksemder, inkludert flyplass, opplæring mm. Det er fleire dømer på at sektormyndigkeit ikkje har rutinar som sikrar at private tenester ikkje mottar beredskapsinformasjon. Fylkesmannen og kommunar må dekkja opp for manglande myndigheitsinformasjon.

Samordning av kommuneretta tilsyn og kommunal eigenkontroll

Det tok noko tid før den nasjonale tilsynskalenderen var heilt på plass, mellom anna for innlegging av kontrollaktivitetane til kommunane, opplasting av tilsynsrapportar med meir. Det vart løyst ved å køyre eit parallelt løp med bruk av ein Excel-kalender for samordning av tilsyn og kontrollar og dialog med kommunane på "gammelmanns" med e-postar og telefonar for å stadfeste aktiviteten. Trass desse tekniske problema og pandemien som råka oss i

mars så har med klart å gjennomføre dei aktivitetane me la opp til for det regionale tilsynsforumet, og planlagt tilsyns- og kontrollverksemd er i all hovudsak gjennomført, sjølv om noko av aktivitetene blei flytt til seinare på året enn me opphaveleg hadde planlagt. Teams er nytta med godt utbytte for fildeling og møteverksemd i det regionale tilsynsforumet.

Som innspel med omsyn til utfordringar for ei vellukka samordning av statlege tilsyn og den kommunale eigenkontrollen har me to moment: - eigenkontrollen vert planlagt for ein fireårsperiode (valperiode), medan den statlege tilsynsaktiviteten i stor grad byggjer på det som kjem av oppdrag frå år til år. Ein lengre tidshorisont burde vere mogleg, i alle fall for brorparten av tilsyna.

- få, om ingen av dei statlege etatane er klare til å kunne leggje fram tilsynsplanar som grunnlag for samordning innan fristen det er lagt opp til. Dei (vi) manglar avklarte oppdrag frå sentralt hald.

Areal

Vi har samarbeid med andre regionale statsetatar i planhandsaminga, først og fremst gjennom samordning av motsegn, men også gjennom at vi tar direkte kontakt for vurdering av enkeltsaker der det er behov. Fylkesmannen har samordna statlege motsegn i 28 plansaker i 2020. 7 av desse blei fremma av NVE, Bane NOR og Statens vegvesen. Ingen av desse blei avskjera.

Klima

Vi medverkar aktivt i eit nytt klima- og energinettverk som er etablert i Vestfold og Telemark, der fylkeskommunen har sekretariatet. Det er satt ambisiøse mål for både den regionale og dei kommunale klima- og energiplanane.

Landbruk

For landbrukssektoren er samordning med Mattilsynet, Innovasjon Norge, fylkeskommunen og fylkesmannen (no statsforvalteren) i Oslo/Viken og Innlandet sentrale samarbeidspartar. Kontakt og samarbeid med fylkeskommunen har vore spesielt viktig dette året etter endringar og ansvarsfordeling i det regionale partnerskapet. Det er også grunn til å vektlegge vesentle hyppigare og tettare samarbeid mot våre nabofylke. Denne samhandlinga er viktig for å normere forvaltninga.

Innad i embetet er miljøvern, beredskap og justis/vergemål og helseavdelinga som er dei viktigaste samarbeidspartane. Året 2020 har framskaffa nye samarbeidsmønster innad i embetet i ein heilt anna grad enn før. Samarbeidet med Mattilsynet (bransjestandard m.m.) og NAV (arbeidskraftformidling) har også vore viktig. Omlegging og presisering av regelverk for avslag av produksjonstilskot i samband med dyrevelferdssaker har skapt utfordringar og trøng for endring i vår samhandling med Mattilsynet. I næringspolitikken har eit tett og godt samarbeid med Innovasjon Norge Vestfold og Telemark og fylkeskommunen ført til fortsatt stor tillit frå næringsorganisasjonane.

Rovvilstituasjonen i Vestfold og Telemark har ikkje vore spesielt krevande dette året.

Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

Helse, omsorg og sosial

I 2020 har avdelinga hatt store belastningar på personalressurssida, dels har pandemien gjort det naudsynt å flytte legar, juristar og helsesjukepleiar til jobbing med pandemien og dels har dei attverande i avdelinga med same kompetanse vorte tvungne til å endra arbeidsområder og -oppgåver for å handsame dei lovfesta oppgåvene. Som vi skreiv i fjar har vi rekruttert mykje ny arbeidskraft som endå ikkje kan handsama alle oppgåver eller manglar kompetanse på viktige områder. Det at våre mest erfarte ansatte har vore opptekne med å løyse dei viktigste oppgåvene har og hindra dei frå å læra opp dei nye. Ved å følgje rettleiinga til Helsetilsynet har vi laga prioriteringar som har gjort at vi har løyst dei viktigste oppgåvene, men ikkje hatt moglighet, dels grunna mangel på ressursar og dels grunna pandemi, til å gjere tilsyn. Vi har prioritert å løyse klagesaker, tvang og makt og klagesaker på tilsynsområdet.

Barn og unge

Vi vurderar at vi har god måloppnåing i samband rettstryggleiken. Vi har drive med mykje rettleiing, behandla klager og gjennomført så godt som alle tilsyn i tråd med oppdraga vi har fått.

Med tanke på einskapleg praksis har vi hatt eit utstrakt samarbeid i vår region på alle fagområda våre.

Plan og miljø

Vi har tatt i bruk nye digitale plattformer, og det gjer det enklare å ha god kontakt med dei andre embeta. Vi har hatt ei rekke med møter der kalibrering av saker har vore tema, mellom anna knytta til vegsaker og noko på forureiningsfeltet. Vi har og laga ei ny rettleiing for å sikre lik handsaming av dispensasjoner etter plan- og bygningslova, og starta arbeid med betre rutiner for handsaming av klagesaker på naturområdet.

Landbruk

Handtering av særlovane i landbruket er eit område som krev merksemnd framover. Kommunane er førsteinnstans på det aller meste her, og vi observerer til dels store ulikskapar innad i kommunar, mellom kommunar og tildels hjå oss. Særleg gjeld dette jordlov og konsesjonslov. Desse sakene har oftast eit stort politisk engasjement. Respekten for det kommunale sjølvstyre skal vera stor, og dermed kan ulikskapen for enkelpersonar bli stor.

Forvaltning av produksjonstilskot, regionale miljøtilskot og husdyrkonsesjonslova er viktige område. Særleg husdyrkonsesjonslova og samarbeidsformer er krevande.

Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk**Barn og unge**

Barn og unge ber konsekvensar av den tiltaksbyrden som er i samband med pandemien. Sjøl om nasjonal mynde har prøvd å skjerme dei, er langtidseffekten av til dømes digital heimeopplæring særslig negativ. Særleg hardt råka er dei fra før utsette barna. I tillegg ser vi at barn som før kunne klare seg relativt godt, nå strevar med å klare skolen. Mange går dessutan glipp av viktig sosialt samkvem med jamnaldrande.

Frå august 2020 skulle kommunane innføre fagformyinga. Vi ser at dette arbeidet har blitt noko hindra av pandemien.

Vi ser og at det er særslig krevande for kommunane å skulle førebu ei barnevernreform medan dei samstundes skal handtere ein pandemi. På barnevernfeltet er det dessutan fleire bekymringsmeldingar enn før, og tenestene er difor hardt prøvde.

3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket**3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk**

Vår dialog med kommunane for å fremje ei bærekraftig, trygg og framtidsretta samfunnsutvikling og arealbruk skjer i hovudsak gjennom vår skriftlege tilbakemelding til kommunale og regionale planar, både i varsel- og høringsfasen. Vi formidlar her kunnskap om nasjonale og viktige regionale interesser ut frå dei nasjonale og regionale forventningane til kommunal og regional planlegging. Dette bidreg til ivaretaking og samordning av dei nasjonale interessane i den kommunale planlegginga.

I 2020 fremma Fylkesmannen sine fagavdelingar motsegn til 23 planer. Det blei totalt fremma 44 motsegn til desse planane. Tema det blei fremma motsegn på: Naturmangfald, jordvern, vassforvaltning, samfunnssikkerheit, landskap og friluftsliv, villrein, strandsone, støy, og avløp.

Arealplanlegginga og høyringar etter Pbl (samt Energiloven) dannar hovudramma for våre vurderingar. Dei nasjonale forventingane til kommunal og regional planlegging tydeleggjer den samla vektina.

FNs bærekraftmål skal vere del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Vi set forventingar til dette i høyringar av både planstrategiar og kommuneplanar, men opplever at kommunane har ulik innsats og fokus på dette arbeidet. Nokre kommunar tek måla godt inn i arbeidet og gir dei innhald, medan andre nemner dei teoretisk og etter andre tek dei ikkje inn. Vi ser at embetet kan arbeide meir målretta med dette og vere ei støtte for kommunane. I det kan ein få ennå meir vekt på den samla arealbruken og konsekvensane i eit heilsakapleg lys. Trass i dette meiner vi mange kommuneplanar har ei bærekraftig tilnærming, dei bygg på nasjonale føringer og vil kunne svare opp FNs bærekraftmål i dette dersom ein endrar arbeidsmetode.

Erfaringa frå korona med hytteforbod, innreiseforbod og lokale karantenepåbod syner at kommunar som skal regulera større hytteområder i aukande grad må vurdere konsekvensar for helsetenester og branntenester. Statsforvaltaren vektlegg dette i planbehandling etter plan og bygningsloven når omsyn til samfunnstryggleik skal vurderast. Statsforvaltaren vil og oppmoda departementet om å vurdera om lovheimel i tilstrekkeleg grad heng saman med samfunnsutviklinga. Beregning av beredskap ut frå innbyggjartal kan gje eit feil grunnlag for kommunar med lågt innbyggjartal og høg antall hyttegjester.

Nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunene har god kunnskap om nasjonale og viktige regionale interesser

Dei nasjonale måla som går fram av dei nasjonale forventningane, FNs bærekraftmål og andre nasjonale føringer, er formidla kommunane gjennom vår skriftlege tilbakemelding til kommunale planar, både i varsel- og høringsfasen. Dette sikrar ivaretaking og samordning i vår tilbakemelding, inkludert samordning av evt. motsegner, og at kommunane får samla og avveid tilbakemelding av dei nasjonale interessene. Vi deltek regelmessig i regionalt planforum når det er tema og planar som vedkjem våre fagområde.

Situasjonen med pandemi har ført til at ei rekke møtepunkt har blitt flytta over til digitale plattformer, og vi har etter kvart fått god røynsle med møte via Teams. Det er likevel ei anna møteform, på godt og vondt.

Vi har i 2020 utarbeidd ein revidert dispensasjonsrettleiar for kommunane i Vestfold og Telemark. Denne har vore formidla til kommunane i eit eget webinar, i tillegg til at den har vore tatt opp i møte med enkeltkommunar.

Vi har hatt ei rekke møte med enkeltkommunar etter behov og på førespurnad, med administrasjon og med planutvala. Fylkeskommunen har hausten 2020 dratt i gang ein webinarserie "Plan og utvikling" med månadlege samlingar knytt til aktuelle tema, der vi og deltar med innleiingar. Vi deltar i arealgruppe Bystrategi Grenland, for å følgje opp arbeidet med byvekst- og byutviklingsavtale i Grenland og sikre ivaretaking av krav til arealutviklinga i området. Vi følgjer og opp bypasskje Tønsberg og bygdepakkene Midt-Telemark.

I 2020 har vi hatt særleg fokus på strandsonen langs sjø gjennom dispensasjonsretteliaren som vi har utarbeida, men også i oppfølging av kommunale planar. Vi har også hatt fokus på hyttebygging i nærliken av villreinens leveområde. I fylket er det flere store samferdselsprosjekt som krever tett medverknad, noko vi har følgd opp. Vidare har vi hatt fokus på at samfunnstryggleik skal være ivaretatt i planlegginga, både gjennom vurdering av ROS-analysar ut fra både metodikk og innhald, men også gjennom fokus på effektane av klimaendringar og endra framskrivingar. Hausten 2020 ble det arrangert ein 2-dagers konferanse i samarbeid med Miljødirektoratet med klima som tema.

Jordvernmålet 2020, som set maksimalgrense for omdisponering av dyrka mark, blir følgd opp i planbehandlinga. Dei nasjonale måla knytt til jordvern er formidla gjennom nyhetsmeldingar til kommunane/heimeside, i kommunale samlingar og seminar. I tillegg kjem høyringar og prosessar med kommunar i det daglege inn her. I 2020 vart det mellom anna teke inn i KolaViken med temaet "Jordvern i praksis", jordvernsamling i regi av Vestfold bondelag, og i dispensasjonretteliaren fra Fylkesmannen i Vestfold og Telemark.

Det er stor skilnad på kommunane i Vestfold og Telemark. Dei store bykommunane langs kysten har gjennomgåande store fagmiljø og god kompetanse om planlegging. Her opplever vi at kommunane kjenner godt til dei nasjonale føringerne. Når det kjem til politiske vedtak vil kommunane likevel ha ønske om arealbruk som kjem i strid med nasjonale føringer. Ein del mindre kommunar, der fagmiljøet er mindre og tilgangen på kompetanse svakare, har i liten til middels grad tilstrekkeleg kompetanse til å følge opp dei nasjonale føringerne i si planlegging. Men her er det store skilnader mellom dei ulike kommunane, og det er vanskeleg å gje ei einstydig tilbakemelding.

Gjennom utarbeiding av dispensasjonsretteliaren har vi fått forma fokus på regelverket rundt dispensasjonar. Vi opplever at retteliaren generelt har ført til at vi har fått betre grunnlag for å løse tekniske spørsmål til uttale, sjølv om det framleis er rom for forbetring her. Vi ser og at eit par kystkommunar i tidlegare Telemark har kommuneplanar som ikkje er tydelege nok når det gjeld byggjegrenser langs sjø, noko vi er i dialog om vidare.

Plangruppa har hatt stor utsikt i løpet av 2020, og vi har jobba mykje med opplæring og effektivisering av planhandsaminga. Gruppa har i løpet av 2020 utarbeida detaljerte sjekklistar for handsaming av planstrategiar, kommuneplanens samfunnssdel og kommuneplanens arealdel. Vi har vidare utarbeida utkast til standardtekst i tidleg planfase. Til slutt har vi hatt ei rekke interne opplæringssamlingar for dei tilsette, både for opplæring av nye og for å sikre likehandsaming av kommunane. Arbeidet med opplæring og vidare utvikling av sjekklistar og standardtekster vil bli følgd opp og vidareutvikla framover.

Vi har samarbeid med andre regionale statsetatar i planhandsaminga, først og fremst gjennom samordning av motsegn, men også gjennom at vi tar direkte kontakt for vurdering av enkeltsaker der det er behov. Det er særleg NVE vi har oftast kontakt med, men også Kystverket og Mattilsynet. Fylkeskommunen har i 2020 vore gjennom ei større omstilling, men vi er no i ferd med å få tettare kontakt med fylkeskommunen, både gjennom formelle møtepunkt og avtalar, men også gjennom direkte kontakt sakshandsamarane imellom.

Ivaretakelse og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser (fra kapittel 3.1.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Nasjonale og viktige regionale interesser er ivaretatt i kommunale og regionale planer.

Ei oppelling viser at vi i 2020 har gitt fråsegn til i alt 150 reguleringsforslag og 22 kommune(del)planar, i tillegg til 162 reguleringsvarsel. Likevel blei det berre fremma 23 motsegn i løpet av 2020. Det indikerer at vi i stor grad når fram i vår dialog med kommunane, slik at den aller største delen av dei kommunale planane ikkje er i så stor motstrid mot nasjonale og viktige regionale føringer at det er naudsynt å fremje motsegn. Vi vil derfor seie at kommunane i tilstrekkeleg grad tar omsyn til og i middels til betydeleg grad følgjer opp nasjonale og viktige regionale interesser i si planlegging. Vi vil også seie at kommunane i betydeleg grad synleggjer dette i planprogram, dvs. i tidleg planfase. Av dei 162 reguleringsvarsel vi uttalte oss til, varslar vi om nasjonale interesser til 16 planvarsel, dvs. ca. 10 %.

Igjen må vi seie at det kan vere ulikskap mellom administrasjon og politisk nivå i oppfølginga av nasjonale og viktige regionale interesser, der det på politisk hald leggjast sterkare vekt på det kommunale sjølvstyret og lokale interesser. Dialogen med kommunane skjer i hovudsak med administrasjonen, mens direkte dialog med politisk nivå som regel først skjer der det er motstrid mellom nasjonale og lokale interesser. Vi har likevel hatt ein del møte med politisk utval for dialog om tema, t.d. strandsone, noko som har vore nytta for begge parter.

Vi opplever at vi har god dialog med kommunane om dei nasjonale og viktige regionale interessene som må ivaretakast i den kommunale planlegginga, og at det derved blir følgd opp i dei konkrete planane. Det at vi finst der og er ei høringsinstans med høve til å fremje motsegn er i seg sjølv disiplinerande i forhold til kva kommunane vil fremje i sine planer. Men også at vi har god dialog og får forståing for felles mål om ei berekraftig langsigktig utvikling er med på å sikre at dei nasjonale og viktige regionale interessene blir følgd opp.

Både vi og dei øvrige samarbeidspartnerane våre på regionalt nivå har likevel forbetningspotensiale, både når det gjeld å utvikle møtepunkt mellom regionalt nivå og kommunane for dialog og formidling, og når det gjeld å avsetje ønskja ressursar til dette arbeidet.

Vi har peika på ulikheiter mellom det administrative og politiske nivået ovanfor. I eit meir utvida omgrep knytt til FN-s berekraftmål kor dette bygg opp under den langsigktige samfunnsutviklinga og ressursgrunnlaget vårt meiner vi det er forbetningspotensial. Her kan og Fylkesmannen ta ei større rolle i si rettleiing mot kommunane, og plangruppa hjå Fylkesmannen bør vere eit utgangspunkt for slikt arbeid.

Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.2.2 i TB)**Rapportere på**

God innsigelsespraksis

Fylkesmannen sine fagavdelinger skal med heimel i plan- og bygningsloven § 3-2 sjå til at kommunen si planlegging ikkje er i strid med nasjonale og vesentlege regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse og barn og unge sine interesser. Så lenge planen ikkje er i strid med nasjonale eller vesentlege regionale interesser, vil ikkje Fylkesmannen ved fagavdelingane ha motsegn til planen.

Når Fylkesmannen vurderer om vi skal ha motsegn i plansaker brukar vi dei ulike rundskriva/brev som klargjer kva som er nasjonale eller vesentlege regional interesse på dei ulike fagfelta, mellom anna rundskriv T-2/2016 Nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet – klargjering av miljøforvaltning si motsegnpraksis og brev 1. oktober 2018 frå tidlegare landbruks- og matminister Hoksrud som angir nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern i plansaker. I vurderinga vektlegg vi og omsynet til lokaldemokratiet som det er gitt klare føringer på at skal vektleggas sterke framover.

Før vi fremjer motsegn tar vi kontakt med kommunen og ber om dialogmøte, for å sjå om saka kan løysast utan å bruke motsegn. Kommunane set pris på det.

Vidare vil vi peike på at ordninga med samordning av statlege motsegn har resultert i at færre motsegn blir fremma. Dei motsegna som blir fremmast, held ein kvalitet som gjer at avskjering bere unntakvis har vore nødvendig.

I 2020 fremma Fylkesmannen sine fagavdelinger motsegn til 23 planar, herunder 7 kommune(del)planar. Det blei totalt fremma 44 motsegn til desse planane. Tema det blei fremma motsegn på: Naturmangfold, jordvern, vassforvaltning, samfunnssikkerheit, landskap og friluftsliv, villrein, strandsone, støy, og avløp.

Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.2.3 i TB)**Rapportere på**

Statlige innsigelser er samordnet

Fylkesmannen som myndighet for samordning skal sjå til at alle statlege motsegner er tydeleg forankra i lov, forskrift eller retningslinje. Dette ansvaret ligg til fylkesmannen sjølv. Fylkesmannen skal gjera ei samla vurdering av alle motsegnene og ta stilling til kva for motsegn som skal fremjast. Det er den enkelte fagetaten som har mynde til å fremja motsegna, men fylkesmannen har mynde til å avskjera ho. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev 22. desember 2017 gjeve føringer på kva punkt fylkesmannen kan avskjera mosegn etter.

Fylkesmannen har samordna statlege motsegn i 28 plansaker i 2020. Det blei totalt fremma 59 motsegn til desse planene. 7 av motsegnene blei avskjera. 51 av dei 59 motsegnene blei fremma av Fylkesmannen sine fagavdelinger. Dei resterande motsegnene blei fremma av NVE, Bane NOR og Statens vegvesen. Dei 7 motsegnene som blei avskjera blei fremma av Fylkesmannen sine fagavdelinger.

Oppfølging av samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunene har på bakgrunn av helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse, et kunnskapsgrunnlag for å utarbeide mål for arbeidet med samfunnssikkerhet. Kommunen ser til at denne kunnskapen følges opp i alle planer etter plan- og bygningsloven, for eksempel oppfølging av helhetlig ROS i plansystemet.

I vår dialog med kommunane har vi stort fokus på at og samfunnstryggleik skal vere varetatt i planlegginga. I fråsegn til forslag til planstrategiar og til kommuneplanens samfunnsdel ser vi til at kommunane følgjer opp og utarbeider/reviderer sin overordna ROS-analyse.

Ved utarbeiding av kommuneplanens arealdel og reguleringsplanar vurderer vi alle ROS-analyser, både ut frå metodikk og innhald. Dette er gjennomgåande, frå varselfasen ed planprogram, i utarbeidingsfasen dersom vi blir invitert inn i planarbeidet, og til høringsfasen.

Beredskapsstaben ser til at kommunal beredskapsplikt er ivaretatt i kommunane, og er òg tungt inne i vurderinga av planar etter PBL.

Vi har interne rutinar som sikrar at beredskapsstaben er trekt inn i arbeidet med planar etter PBL, og uttaler seg til særleg ROS-analysen i slike planar. Vidare har vi særleg fokus på effektane av klimaendringar og endra framskriving av klimaendringar, samt tiltak som må følgjast opp i dei konkrete planane, som overvasshandtering og at det blir tatt omsyn til flaum og skred.

Ivaretakelse av samfunnssikkerhet i plansaker (fra kapittel 3.1.1.3.2 i TB)

Rapportere på

I hvilken grad ivaretar kommunen samfunnssikkerhetshensyn i alle planer:

1. Alle planprogram beskriver hvordan samfunnssikkerhet skal ivaretas.
2. Det stilles kvalitetskrav til ROS-analyser og kvalitetssikres i etterhånd, når disse gjennomføres av eksterne.
3. Avdekket risiko og sårbarhet, inkludert klimaendringer, følges opp i planer.
4. Tiltak fra overordnet plan følges opp på lavere plannivå

Vi har stort fokus på samfunnstryggleik i vår oppfølging av kommunale planar. For planar der det krevst planprogram, ser vi til at det er sett krav om ROS-analyse i planlegginga. Vi minner og rutinemessig om kravet om ROS-analyse i våre fråsegn til varsel om oppstart av planar.

Ved offentleg ettersyn av planar etter PBL, blir ROS-analyse av planen alltid gått gjennom og gitt tilbakemelding om. Det gjeld både innhold, metodikk, samt oppfølging i planen av avbøtande tiltak som ROS-analysen har avdekt. Vi legg vekt på omsynet til klima og korleis klimaendringar vil påverke risiko- og sårbarheit, til dømes gjennom auka sannsynlighet for naturhendingar som flaum, skred, overvatn og erosjon.

Vårt inntrykk er at kommunane ser at arbeidet med samfunnstryggleik er viktig, og det blir dermed følgd godt opp i planlegginga. I nokre tilfelle har vi likevel sett at særleg private planleggjarar ikkje alltid har god nok kompetanse på krav til metodikk for ROS-analysar, noko vi gjev tilbakemelding om.

Når reguleringsplaner er på offentleg ettersyn går vi alltid gjennom og ser til at planen er i samsvar med overordna plan og følgjer opp føringar som ligg i overordna plan.

Drikkevannsforsyning (fra kapittel 3.1.1.1.3.3 i TB)**Rapportere på**

Kommunene ivaretar og fremmer drikkevannshensyn i de regionale vannforvaltningsplanene.

Embetet vurderer drikkevassomsyn i planbehandling. Det er vår vurdering at kommunane også tek omsynet i betydelig grad. Samstundes er det vår vurdering at kommunane i ulik grad har beredskap for naudvassforsyning og at dei kommunale ledningsnett er sårbare. I 2020 vart det ikkje gjennomført særskilte veileddningsaktivitetar om vassberedskap.

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 3.1.1.1.3.4 i TB)**Rapportere på**

Kommuner med storulykkevirksomheter etablerer hensynssoner med tilhørende bestemmelser rundt virksomhetene når planer revideres/rulleres.

Kommunar med storulykkesbedrifter har i betydeleg grad etablert omsynssoner rundt slike verksemder, for å sikre omsynet til samfunnstryggleik.

Vi har dette med som tema i oppfølginga av alle planar som omfatter storulykkesbedrifter, særleg fokus på dette har vi ved rulleringa av kommuneplanens arealdel.

I dette arbeidet har vi kontakt med DSB, etter behov.

Planleggingen skjer i tråd med rundskriv T-2/16 mm (fra kapittel 3.1.1.1.4.1 i TB)**Rapportere på**

Tilstrekkelig ivaretakelse av nasjonale og vesentlige regionale interesser i tråd med rundskriv T-2/16, Statlige planretningslinjer og andre nasjonale føringar (herunder nye nasjonale forventninger til kommunal og regional planlegging) på klima- og miljøområdet

Oppfølginga av nasjonale og viktige regionale føringar blir i middels til betydeleg grad følgd opp av kommunane i si planlegging. Vi viser her til nærmere omtale av dette i rapporten punkt 3.1.1.1.2.1 "Ivaretakelse og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser".

I handsaminga av planar etter PBL har vi stor merksemd på å formidle nasjonale og viktige regionale interesser, både som dei går fram etter dei nasjonale forventningane, men også slik dei er formulerte i statlege planretningslinjer og andre nasjonale føringar. Dersom vi ser at nasjonale interesser ikke blir følgd opp i planar, brukar vi rundskriv T-2/16 aktivt for å vurdere planen i forhold til innslagspunktet for motsegn. Dette blir formidla i vår dialog med kommunane rundt den einskilde planen.

Vår planbehandling og dialog med kommunane tar utgangspunkt i dei nasjonale føringane, som nemnd ovanfor. Vi har ikkje hatt like stor merksemd på rundskriv T-2/16 i dialogen med kommunane, det er først når det eventuelt blir vurdert om det skal fremjast motsegn. Her har vi eit forbetringspotensiale i å formidle også dette rundskrivet. I den grad vi bruker det, opplever vi likevel at rundskrivet generelt er kjent i kommunane.

Boligsosiale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.5.1 i TB)**Rapportere på**

100 %

Rådgjevar i helse- og omsorgsavdelinga er med i embetet si plangruppe. Imidlertid har vi liten kapasitet til å prioritere å lese planar og kommentere. I 2020 har planstrategiar blitt prioritert, samt enkelte kommuneplanar og kommunedelplanar. Bustadsosiale hensyn er eit av fleire fokusområde. Der det er relevant gir vi innspill om bustadsosiale hensyn i kommentar på planar. I Regionalt velferdsråd for Agder og Vestfold og Telemark kor embetet er med er det ei eiga arbeidsgruppe som skal ivareta bustadsosiale hensyn plan.

Rekruttering og kompetanseplanlegging på helse- og omsorgsområdet (fra kapittel 3.1.1.1.6.1 i TB)**Rapportere på**

Planlegging skjer i tråd med Lov om folkehelsearbeid §6, Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenestene (FOR-2016-10-28-1250), og bærekraftsmål i § 1.1 i Plan- og bygningsloven.

Nær alle kommunar har demografisk utvikling med stadig fleire eldre innbyggjarar som ein utfordring. Vi har i liten grad direkte kommentert planleggjøring av rekruttering og kompetanse innan helse- og omsorgstenester, men vi har streka under at kommunen må ha fokus på eldrerreforma Leve heile Livet i all overordna planleggjøring.

Velferdsteknologi har vore eit satsingsområde i fleire år, der alle kommunar i fylket er med i utviklingsprosjekt og faglige nettverk.

Rekruttering og kompetanseplanlegging

Det er stor merksemeld på rekruttering og kompetanseplanlegging i kommunane. Vi ser ved gjennomgang av innsende planar, at dei fleste av kommunane har temaet på dagsorden i dei overordna planane sine, på bakgrunn av auka kompetansebehov som følgje av nye og komplekse oppgåver og endring i tenestene som blir ytte i kommunane.

Grada av utfordringar knytt til rekruttering og kompetansebehov varierer for kommunane, og er mest tydeleg i kommunar med lågt innbyggjartal og mindre sentral plassering. På bakgrunn av bekymring for kompetansesituasjonen i kommunane i midtre og vestre del av tidlegare Telemark, gjennomførte vi vinteren/våren 2020 dialogmøte med kommunane i samarbeid med Universitetet i Sørøst Norge (USN) og Senter for omsorgsforskning. Formålet var å kartlegga behovet til kommunane for kompetanse/studietilbod, og korleis desse behova kan bli møtt. USN har laga ein rapport frå kartlegginga, «Rett kompetanse - til rett tid – på rett stad», som mellom anna konkluderer med at det er heilt avgjerande at desentraliserte, skreddarsydde og fleksible utdanningsmoglegheiter er tilgjengeleg i tidlegare Telemark.

I samband med behandlinga av søknader til Kompetanse- og innovasjonstilskotet våren 2020, vart det innhenta kompetanseplanar som viser stor variasjon i kor konkrete og utfyllande behova og tiltaka er beskrivne. Kommunane sine planar vil bli fulgt opp gjennom rapportering og nye søknader i 2021. Vi viser elles til eiga rapportering for Kompetanse- og innovasjonstilskotet som skal sendast inn til Helsedirektoratet 1. mai 2021.

I møte med nettverka for leiarar av helsestasjons-, skulehelse- og jordmortenestene i Vestfold og Telemark, har vi gjeve informasjon om Kompetanseløftet 2020 og om Helsedirektoratet sin tilskotsordning for styrking og utvikling av helsestasjons- og skulehelsetenesta. Vi har òg i andre møter med kommunar, der dei har gjeve uttrykk for mangel på kompetanse og ressursar, gjeve rettleiing om tilskotsordninga.

Talet på stillinger har auka i dei fleste kommunane dei siste åra på grunn av tilskotsordninga, men det er vanskeleg å rekruttera den aktuelle kompetansen som til dømes helsejukepleiarar, men også fysioterapeutar, psykologar og jordmødrer. Dette har vore utfordrande i alle kommunane, men vanskelegast i dei minste kommunane der det i mange tilfelle er deltidsstillingar. Helsejukepleiarane fekk i samband med koronapandemien oppgåver med å organisera og ta del i smittesporingsarbeidet. Belastninga var størst i perioden fram til sommaren. Kommunane har for det meste heldt opp normal drift og ytt tenester til barn og unge, men har hatt noko reduserte gruppeaktivitetar av omsyn til smittevern. Dei har blitt litt forseinka med legeundersøkingar av 2- og 4-åringar.

Einskilde distriktskommunar har store rekrutteringsvanskår av sjukepleiarar, noko som blir særst utfordrande for drift av sjukeheimar og heimesjukepleia. Det gjer det vanskeleg å styrke kompetansen i smittevernarbeidet generelt og i pandemisituasjonen spesielt.

Rekruttering av legar

Distriktskommunar har langvarige og aukande rekrutteringsvanskår av fastlegar, dette er særleg uttalt i dei små kommunane i Telemark, men vanskane aukar no også i bykommunar som Skien. Einskilde kommunar har rekruttert legar i Nordsjøturnus, mens nokre kommunar har ubesette stillinger som dei ikkje får søkerar til tross fleire utlysingar på rad. Legar som ikkje har gjennomført LIS1 teneste blir engasjert, noko som still store krav til rettleiing av erfarne legar som allereie er ei mangelvare i kommunen. Ein robust fastlegeteneste er ein viktig premiss for drifta av den kommunale helsetenesta.

Det blei hausten 2020 oppretta ALIS-kontor i Kristiansand som skal hjelpe kommunane med å rekruttera fastlegar og lage gode utdanningsløp for LIS3. ALIS-kontoret deltok på eit kommuneoverlegemøte i fylket, og embetet vil følgje opp kontakten. Interkommunalt samarbeid for å lage gode utdanningsløp for LIS3 kan betre rekruttering av fastlegar og styrke helsetenesta på sikt.

Kommunane med rekrutteringsvanskår av fastlegar ser LIS1 som ein ressurs, men det ville auke kommunane sin motivasjon for å utdanne LIS1 om deira utgifter til utdanninga i større grad blir dekkja i overføringane frå staten. Betre samarbeid mellom sjukehus og kommunar om utdanning av LIS1 bør bli tema i Helsefellesskapet slik at kommunane sitt behov for LIS1 blir vektlagt.

Nokre kommunar er særleg sårbar på helsefagleg leiing då svært mange oppgåver gjerne heng på ein einskild kommuneoverlege. Desse legane har ofte ein liten stillingsprosent, og dette utgjer ein særleg utfordring under pandemien der kapasitet og kontinuitet blir sterkt utfordra. Handteringa av covid-19 visar at kommuneoverlegen er heilt sentral for ei vellykka handtering, og det er behov for ordningar som sikrar kontinuitet ved fråvær.

Tilgang på samfunnsmedisinsk kompetanse for kommunal kriseleiing har vore eit tema i fleire år, også ved akutte hendingar. Kommunane har vorte utfordra av embetet om korleis sårbarheta knytt til kommuneoverlegeressursen kan reduserast, og behovet for styrking av funksjonen har vore tatt opp i fleire møte med kommunane. Dei er blitt bede om å utarbeide kontinuitetsplanar for kommuneoverlegefunksjonen. Vi har kartlagt ressursar knytt til kommuneoverlegefunksjonen og tilgjengeleghet i kommunane i fylket og vidareformidla status til Helsedirektoratet, som sette i verk ein nasjonal kartlegging som tydeleg viser sårbarheta og tydeleggjer behovet for styrking av ressursen nasjonalt.

Vi har innhenta og vurdert smittevermplana, pandemiplana frå alle kommunane knytt til pandemien.

Under pandemihandteringa ble det klårt at kapasitet til smittesporing fort ble utfordra ved utbrot av smitte i kommunane, samtidig som tilstrekkeleg smittesporing var kritisk viktig for å slå smitten ned. Embetet tok derfor kontakt med Helsedirektoratet og Fylkesmannen i Innlandet for å diskutera moglegheita for å lage eit digitalt smittesporingskurs. Helsedirektoratet laga del ein av kurset med tilhørande kurstest, og vi laga i samarbeid med Universitetet Sørøst-Norge, kommunane og Kompetansebroen del to av kurset. Kursa er nasjonalt tilgjengelege på Kompetansebroen. Vi har informert helsefagstudentar og pensjonistar om kurset. Vi gjorde dei som har gjennomført kurset tilgjengelig som ein gripbar ressurs i ei teamsgruppe for kommunane i fylket. Kurset vil bli komplettert og forbedra i tida som kjem.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Planleggingen skjer i tråd med SPR for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

Vi opplever at føringane i Statlege planretningsliner for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging generelt er godt kjent i kommunane. Det er særleg gjennom dei regionale planane RPBA (Vestfold), ATP-Telemark og ATP-Grenland at krava til arealutnytting blir konkretisert for kommunane, gjennom fortetting og transformasjon og fokus på utbygging rundt kollektivknutepunkt. Vi opplever at særleg dei større kommunane med by-/tettstadssenter i betydeleg grad følger opp føringane i dei regionale planane. I mindre distriktskommunar er det mindre forståing for behovet for høg arealutnyttning og fortetting, og det er ofte større ønske om spreidd utbygging, då det blir opplevd at dei har plass nok. Vi vil seie at føringane her blir ivaretatt i liten til middels grad.

I vår dialog med kommunane om føringane i SPR-BATP framhever vi konsekvensar av høg arealutnyttning særleg ved at det blir lagt til rette for økt gange, sykkel og kollektivbruk, slik at behov for biltransport blir mindre, og med det reduksjon i klimagassutslipp. Fokus på tett arealbruk i by og tettsteder vil og føre til at dei langsiktige utbyggingsgrensene mellom byar og tettstader og omkringliggende areal blir følgd opp, med den positive verknaden det kan få for redusert press på utbygging av dyrka og dyrkbar mark.

Føringane om høg arealutnyttling rundt knutepunkt, byar og tettstader kan likevel ha innebygde målkonflikt med både dyrka/ dyrkbar mark og område med store naturverdiar som ligg innanfor dei langsiktige utbyggingsgrensene som er trekt opp i regionale planar. Det er derfor viktig å vareta slike område i planlegginga, og få forståing for dette.

Vidare følger vi opp arbeid med byvekst- og byutviklingsavtaler i Grenland, for å sikre varetaking av krav om høg arealutvikling i avtalen, samt i bypakke Tønsberg og bygdepakke Midt-Telemark.

På landbruksfeltet er SPR-BATP (2014) og dei regionale planane ATP Telemark, ATP Grenland og RPBA Vestfold viktige føringar for arealbruken med grad av utnytting og utbyggingslinjer. Dette blir lagt til grunn i høyringar etter PBL i kommunane. Kommunane legg dette svært ofte til grunn, men ikkje alle og er derfor sett til middels grad på ivaretaking av nasjonale føringar.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.2 i TB)

Rapportere på

Massehåndtering avklares i regionale og kommunale planer

Vi har i handsaming av reguleringsplanar rutine for kontakt mellom faggruppe plan og faggruppe forureining i miljøavdelinga, m.a. om forsvarleg massehandtering i planar. Vi har hatt fleire reguleringsplanar til handsaming, med føremål å etablere massedeponi for ikkje-forureina jord og stein, og veileda kommunar når det gjeld kravet om forsvarleg massehandtering i planar. Vi har bedt fylkeskommunen om å ta saka opp i planstrategien.

Strandsone og vassdragsforvaltning (fra kapittel 3.1.1.1.8.1 i TB)

Rapportere på

Planlegging i strandsonen langs sjø og vassdrag skjer i tråd med PBL § 1-8, SPR for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, RPR for verna vassdrag og regionale planer.

Vi opplever eit stort trykk og mange saker, særleg dispensasjonssaker i strandsonen, der samanslåinga til eitt embete har ført til ei reell innstramming av praksis for Telemarksommunane. Det har ført til at vi juni 2020 gav ut ein dispensasjonsretteliar der det er eit eige punkt som omtalar strandsonen både langs sjø og vassdrag. Rettleiaren blei presentert i eit digitalt dagsseminar for kommunane.

I to av kommunane i tidlegare Telemark har det vist seg at dei har arealdel til kommuneplanen som ikkje godt nok har vurdert strandsonen langs sjø og i nødvendig grad sett eigne byggegrenser der det kunne vore naturleg. Det har ført til at det blir mange dispensasjonssaker i strandsonen i desse to kommunane, noko som er krevjande både for kommunane og oss. Det er no sett i gang eit arbeid for å få revidert arealdelen på dette punktet. Vi har håp om at dispensasjonsretteliaren på sikt vil føre til at det blir betre begrunna dispensasjonssaker til førehandsuttale, noko som vil vere effektiviserande både for kommunane og oss.

Vi syner til rapport fra Sivilombudsmannen om dispensasjonshandsaming strandsona i tre kommunar, mellom anna Kragerø. Kragerø kommune ga om lag 600 dispensasjonsvedtak i strandsona frå 2016 til 2019. Tre av fire dispensasjoner var innvilga. Fleirtallet av innvilga dispensasjoner var mangelfulle, og Sivilombudsmannen seier at det er grunn til å tvile på om kommunene har gjort vurderinga som loven krev.

Pr. i dag har vi ein kystsoneplan berre for Vestfold-delen av fylket vårt, mens det ikkje er regional plan for Telemarksdelen. Vestfold og Telemark fylkeskommune har i regional planstrategi vedtatt at dei ønskjer å utarbeide felles kystsoneplan for heile det samanslåtte fylket, og vi ønskjer å bidra i dette arbeidet framover.

I saker som kan ha konsekvensar for miljøtilstanden i vassforekomstar legg vi til grunn vannforskriften og den regionale vassforvaltningsplanen.

Bærekraftig forvaltning fjell og utmark (fra kapittel 3.1.1.8.2 i TB)**Rapportere på**

Planlegging i fjell og utmark skjer i tråd med Nasjonale forventninger og regionale planer

Vi har stor merksemd på formidling av nasjonal politikk i vår handsaming av kommunale planar etter PBL. Vi opplever likevel generelt at føringane er noko vage når det gjeld ivaretaking av fjell og utmark, sjølv om det er nemnd i dei nasjonale føringane til kommunal og regional planlegging. Vi er derfor svært positiv til at departementet har tatt opp til vurdering å utarbeide statlege planretningsliner for fjellområda.

Dei regionale planane Regional plan for bærekraftig arealbruk (RPBA) (Vestfold), Samordna areal og transport i Telemark (ATP-Telemark), og Samordna areal og transport i Grenland (ATP-Grenland) har sett langsiktige grenser for by- og tettstadområda. For kommunane utanfor Grenland i gamle Telemark må denne grensa likevel settast i kommuneplanens arealdel, og det er i hovudsak grense for langsiktig by- og tettstadområde.

Regionale planar for villreinområda har langsiktige grenser for område som er viktige for villreinens leveområde, og blir følgd opp i kommuneplanens arealdel i dei ulike kommunane, med einskilde unntak. Bit-for-bit utbygging i villreinområda er ein stor trussel for villreinen. Det er ikke sett langsiktige grenser generelt for fjell- og utmarksområde verken i regionale eller kommunale planar.

Vi opplever generelt stort trykk og ønskje om hyttebygging i både utmarks- og fjellområda, særleg opp mot grensene for villreinens leveområde. For fleire av kommunane er hyttebygging og turisme ei stor næring og viktig for kommunen. Ei langsiktig styring og grenser for framtidig utbygging vil vere ei utfordring framover. Lokalisering av store hytteområde, tettheit av hyttebygging og kanalisering av ferdsel vil vere viktig framover, ikkje berre for villreinen, men også for omsynet til allment friluftsliv, klimagassutslepp og beitebruk.

Landbruket legg fjell og utmark til grunn i sine vurderingar kring utmarksressursar. Det er da særleg i høve til beiteareal og samla areal under gardens ressursar. Føringane for utmark er ikkje like tydelege som for jordvern, og det er naudsynt å leggje ei breiare vurdering til grunn. Her kjem FN-s berekraftsmål inn, saman med regionale Villreinplanar eller andre regionale planar. Vi saknar her tydelegare føringar slik at landbruket lettare kan følgje opp desse områda i arealforvaltinga og etter pbl. Mykje av dette arealet er under press for hyttebygging, og fylket har mange fjellkommunar kor dette er aktuelt.

Landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.9.1 i TB)**Rapportere på**

Kommuner og fylkeskommuner har kunnskap om landbrukets arealbehov, og ivaretar landbrukets interesser og behov i planprosesser og arealforvaltning.

Vi ser at kommunane har høg medvet kring jordbruksareal i plansamanhang, dvs den dyrkta marka. Noko mindre for den dyrkbare marka, kulturlandskap og

minst fokus på skog og utmark. Dette heng saman med dei nasjonale føringane og kor dei har sine tydelegaste forventingar. Vi ser at dette blir meir aktualisert gjennom FN sine berekraftmål og fokuset på tap av natur og areal i ein heilskapleg samanheng rør ved fleire av desse målområda. For kommunane under eitt er det da ein middels grad av ivaretaking.

Vi meiner mellom anna at dette heng saman med kor vi har dei tydelegaste nasjonale føringane. For jordvernet er dei tydelege, med jordvernmål, jordvernstrategi, retningslinjer og brev frå minister, mellom anna. Samstundes kan Fylkesmannen arbeide med dette på tvers av fagområde i eige embete. Plangruppa er eit naturlig møtepunkt, og vi har temaet oppe i ulike samanhengar og knytt til høyringar.

Dei nasjonale måla er formidla gjennom nyhetsmeldingar til kommunane/heimeside, i kommunale samlingar og seminar. I tillegg kjem høyringar og prosesser her. I 2020 vart det mellom anna teke inn i KolaViken med temaet "Jordvern i praksis", jordvernsamling i regi av Vestfold bondelag, dispensasjonsrettleiar frå Fylkesmannen Vestfold og Telemark. Ei samhandling med Fylkeskommunen om desse tema er og viktig, her er det jamnleg kontakt og utveksling.

Landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.1.9.2 i TB)

Rapportere på

Omdisponering er i tråd med Stortingets jordvernmål 2020.

På landbruksfeltet opplever vi at administrasjonen i kommunane kjenner godt til dei nasjonale føringane. Forutan FNs berekraftmål som nemd ovanfor. Det er meir på politikkfeltet at dette kan bryte i vedtak og røysting. På jordvernfeltet ser vi at dyrka mark får merksemd, medan den dyrkbare marka kan verte gløymt. Våre innspill legg alltid vekt på begge deler som eit utgangspunkt. Så mellom teori og handling kan ein oppleve at det skjer noko på vegen.

Vi opplever at vurderingar kring kulturlandskap og bosettingsomsyn er tilbakevendande i dialogen med kommunane. Dette har vi fokus på, både med rettleiing og vi vurderingar av saker etter pbl eller jordlova. Vi ser høve for å rette fokuset på dette temaet og bør ta eit vidare ansvar for å samle kommunen om temaet. Her ser vi og skinadar regionalt og mellom gamle fylkesgrenser. Det kan og henge saman med ulik forståing av omgrepet kulturlandskap i kommunane, men og mellom dei regionale partane.

Omdisponeringstala er i tabellen slått saman for fylket og syner ein ujamn reduksjon for perioden 2010-2019. Jordvernmålet om 4000 daa for Noreg er omsett til Vestfold og Telemark, og utrekna på andel av nasjonalt mål og dyrka mark i fylka. Dei gamle fylka har hatt eit mål om under 160 daa for Vestfold og 80 daa i Telemark årelag etter jordvernmålet kom i 2015. Ein samanslått tabell som nedanfor er difor noko upresis for desse måltala. Fylkesmannen har følgt opp med Jordvettreglar, Matjordplan og nasjonale jordvernsamlingar for å nemne noko. I perioden etter 2016 har fylka hatt rin tendens til lågare omdisponeringstal og vi meiner det har samanheng med denne innsatsen og auka fokus. I 2019 omdisponerte fylka Vestfold 112 daa og Telemark 113 daa. Ein oppgong for Telemark skuldast vedtak av reguleringsplan i tråd med føremål i gjeldande kommuneplan. Vi veit og at tala for Vestfold skuldast mellom anna samferdsel.

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
213.0	277.0	421.0	540.0	173.0	231.0	224.0	173.0	332.0	225.0

Aktiv bruk av KU-forskriften § 10 (fra kapittel 3.1.1.1.11.1 i TB)

Rapportere på

Aktiv bruk av KU-forskriften § 10 med tilhørende veileder i kommunene

KU-forskrifta §10 med tilhøyrande rettleiar blir formidla i den konkrete tilbakemeldinga frå Fylkesmannen i den einskilde planen, der det er behov for det. Vi har i nokre tilfelle erfart at det ikkje er gjort undersøkingar og utgreiing av naturmangfold etter anerkjent metodikk. Dette inneber at vi skjerper inn vår tilbakemelding til planprogram på høyring på dette området. Dette gjeld særleg kommuneplanens arealdel der det ikkje finst godt nok kunnskapsgrunnlag, men og i nokre reguleringsplanar

Generelt meiner vi likevel at KU-forskrifta med rettleiarar er godt kjent i kommunen, og blir aktivt vurdert. Dei fleste kommunane gjer gode vurderingar av om tiltak og reguleringsplanar fører til krav om konsekvensutgreiing, og om kriteria i § 10 slår inn.

Systematisk folkehelsearbeid etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.12.1 i TB)

Rapportere på

Planlegging skjer i tråd med Folkehelseloven § 5-7, og § 3-1 f) samt kap. 10 og 11 i Plan- og bygningsloven. Kommunene har fått formidlet revidert veiledning ([Helsedirektoratets nettsider](#)) til et systematisk folkehelsearbeid.

Alle kommunane er med i faglege nettverk for folkehelsearbeid under leiing av fylkeskommunen. I planstrategiar og overordna kommuneplanar 2020 har

dei fleste kommunar eit tydeleg folkehelseperspektiv. Manglande sosial jamstelling er eit av dei tema som ofte kjem fram som ei utfordring.

Helse- og omsorgsavdelinga kommenterer kommunane sitt folkehelseperspektiv i planarbeid. Embetet er med i fylkeskommunen sitt folkehelsenettverk med kommunane.

3.1.1.2 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap

Statsforvaltaren har leia og gjennomført øvingar, tilsyn og rettleiing med og for kommunane i tråd med dei oppgåva som er gitt i TD/VØI og instruks. Me har i tillegg brukt store ressursar på å understøtte kommunane sitt arbeide med koronapandemien (samfunnssikkerheit og beredskap), einskildvis og som gruppe. I 2020 vart det ikkje gjennomførd øvelsar med kommunane, men tilsyn vart gjennomført som planlagt.

Vi ser behov for å søka eining om samarbeid for å etablera beredskap for særlege beredkapskapasitetar for brann og redning. Det er fleire hendingar som krever kapasitet til særkild innsats og som vert for kostbart for ein einskild kommune å finansiera åleine. Til dømes kan urban sok og redning (USAR), redningsdykking, skogbrann, CBRN-beredskap, industriulykker, RITS, leiarstøtte med fleire gje grunnlag for eit samarbeid innan brannalarmregionen. I botn må det vera faglig og politisk vilje til samarbeid. Statlege incentiver vil og styrke slike prosessar. I 2021 vil me ta eit initiativ mot kommunanen med mål om auka regionalt samarbeid om brann og redning.

Tilsyn med kommunal beredskapsplikt (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gjennomføre tilsyn med kommunal beredskapsplikt. Kommuner for tilsyn velges ut på bakgrunn av en vurdering av risiko og vesentlighet. For å tilfredsstille nasjonale smitteråd kan Fylkesmannen vurdere alternativer til fysisk tilsyn, for eksempel via elektroniske plattformer. Fylkesmannen vurderer om helseberedskap skal inngå i tilsynet, ref. 3.1.1.2.1.2. Fylkesmannen forventes å gjennomføre tilsyn i 2020 så langt det lar seg gjøre, og tilpasser tilsynsaktiviteten slik at kommunene kan prioritere ressurser til å håndtere Covid-19.

Vi har gjennomført 6 tilsyn med den kommunale beredskapsplikta i 2020. Tilsyna vart utsette frå mai-september til oktober-desember av omsyn til kommunane si handtering av koronapandemien. Tilsynsaktiviteten er i samsvar med tilsynsplanen me har lagt for 2019-2022, der alle kommunane skal få minst eitt tilsyn. Rekkefølgjen på tilsyna og små justeringar i gjennomføringa byggjer på ei risikovurdering og vår vurdering av stoda i den einskilde kommunen. Om funna frå tilsynet tilseier det vert oppfølgjande tilsyn og/eller andre tiltak vurderte.

Alle beredskapstilsyn dei siste åra, 2020 inkludert, har vore felles tilsyn med helseberedskapen. Det byggjer på ei vurdering av at helseberedskapen er mangefull i kommunane, noko tilsynsfonna våre stadfester.

Fyrste tilsynet i haust vart gjennomført som ein hybrid med nokre fysiske intervju og nokre intervju på Teams. For dei 5 andre tilsyna vart alt gjennomført på Teams.

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt.				
Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Totalt antall kommuner i embete	Antall kommuner gjennomført tilsyn
25.00 %	1.09	26.09 %	23.00	6.00

Felles tilsyn med beredskap i kommunene (fra kapittel 3.1.1.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen avgjør om det skal gjennomføres tilsyn med helseberedskap i kommunene basert på kunnskap om risiko og sårbarhet. Tilsyn med helseberedskap i kommunene skal gjennomføres som felles tilsyn med kommunal beredskapsplikt etter sivilbeskyttelsesloven, jf. [Veileder for felles tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap](#) fra DSB og Statens helsetilsyn.

Vi har gjennomført tilsyn med kommunane Nome, Fyresdal, Nissedal, Midt-Telemark, Holmestrand og Tokke. Tilsyna har vore gjennomført som samordna tilsyn mellom beredskap og helse.

Veiledning om samfunnssikkerhet og beredskap i kommunene (fra kapittel 3.1.1.2.2.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal styrke veiledningen i kommunene i arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap, herunder helseberedskap.

Embetet har i 2020 hatt omfattande rettleiing av kommunane sin kriseberedskap og handtering av pandemien. Koronapandemien har forda sterkt fokus på rettleiing av kommunane sine beredskapsplanar, smittevernplanar, pandemiplanar, og kontinuitetsplanar. Det ble i februar gjennomført fagseminar med kommunane (Norsjøseminaret) der kommunal helseberedskap og pandemi var tema. Gjennom faste og hyppige møtearenaer med kommuneoverlegane og kommunal beredskapsleieing har embetet bidratt til å styrke kommunane sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap. Det har òg blitt gjort eit vesentleg arbeid med å hjelpe kommunane å videreforsidla og tolke/forstå aktuell informasjon frå departement, direktorat og FHI. Det

har vore gjennomført regelmessige møter med sykehusleiringane i fylket for å samordne beredskapen. Det har vore eit tett samarbeid mellom Beredskapsstaben og helse- og omsorgsavdelinga i embetet under pandemihåndteringen, men med bidrag frå heile embetet. Eigne prosjekt har blitt gjennomført; regional kriseløsing for koronapandemien i Vestfold og Telemark, i tillegg ar det blitt laga eit smittesporingskurs i samarbeid med kommunane, Helsedirektoratet og FHI. Det har vore gjennomført samordna tilsyn innen helseberedskap og samfunnssikkerheit i seks av fylket sine kommunar.

Egenberedskap (fra kapittel 3.1.1.2.2.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i 2020 bidra til at kommunene arbeider for styrket egenberedskap hos innbyggerne gjennom lokale tiltak og oppfølging av *Egenberedskapskampanjen* fra DSB.

i 2020 vart det grunna Korona ikkje koyrd særlege kompetansetiltak for eigenberedskapskampanjen. Den er omtala i FylkesROS frå januar 2020. Den vert igjen nytta som grunnlag for kommunanes analysar.

Øvelse for kommunens kriseorganisasjon (fra kapittel 3.1.1.2.3.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i løpet av 2019- 2022 gjennomføre øvelse for alle kommuners kriseorganisasjon.

Vi har dette året gjennomført dei planlagde månadlege nødnettøvingane med kommunane. Kvartalsvis varslingsøving med alle kommunane og 6 planlagte kommuneøvingar er nedprioriterte sidan me har stått oppe i ei hending som i seg sjølv har medført omfattande trenin av dei kommunale kriseorganisasjonane.

Gjennomførte øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene

År	Totalt antall kommuner i embetet	Antall gjennomførte øvelser for kommunens kriseorganisasjon	Overordnet øvingsmål
2019	23	6	6
2020	23	0	6

3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene

Dei fleste kommunane har utarbeida utkast til planstrategi, der det blir gjort vurdering av behovet for utarbeide og rullere planane sine, herunder òg vurdering av om det er behov for å rullere kommuneplanens samfunns- og arealdel.

Kommunar som har vore gjennom samanslåingsprosess har brukt dette som utgangspunkt for utarbeiding av nye kommuneplanar, både samfunns- og arealdel. Også fleire av dei andre større kommunane har eit aktivt forhold til sine kommuneplanar og rullerer dei jamleg. Vi ser likevel at det er ein del, særleg blant dei mindre kommunane (målt i folketal) som og har mindre plankompetanse, som har relativt gamle kommuneplanar og som slit med å få fornya planane sine. Eit velfungerande plansystem er derfor like mykje eit kompetansespørsmål i den einskilde kommune.

Vi viser her og til rapportering på pkt. 3.1.1.1.1 'Nasjonale og regionale hensyn'.

Alt i alt meiner vi likevel at kommunane følgjer opp plan- og bygningsloven og forventningar ifht. prosess og sakshandsaming.

Dialog med kommunene om (fasene i) plansystemet (fra kapittel 3.1.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner og fylkeskommuner har vedtatt en communal planstrategi i 2020

I løpet av 2020 har embetet gitt fråsegn til planstrategiar for 17 av fylkets 23 kommunar. I tillegg har vi gitt fråsegn til regional planstrategi. Det er altså 6 kommunar som innan fristen enno ikkje har utarbeidd utkast til planstrategi og sendt oss til uttale.

Når vi har fått tilsendt forslag til planstrategiar, har arbeidet med desse vore høgt prioritert. Heile embetet og alle fagavdelingane samt staben har vore involvert i utarbeiding av tilbakemelding til kommunane, for å få best mogleg og heilskapleg tilbakemelding.

Vi opplever at kommunane har stor bevisstheit om kravet om å utarbeide planstrategi, sjølv om ikkje alle kommunane er heilt i mål med dette arbeidet enno. Etter nyttår har vi uttalt oss til ytterlegare to planstrategiar, slik at det no gjenstår fire kommunar.

Vi har eit forbetringspotensial i å vere sterkare pådrivar i arbeidet med planstrategiar i kommunane.

Fylkeskommunen har utarbeidd og vedtatt sin regionale planstrategi, der vi har gitt innspel. Fylkeskommunen har òg i sitt arbeid med planstrategien hatt dialog med kommunane, og på den måten sett fokus på planstrategiar som verktøy.

Klager over reguleringsplan (fra kapittel 3.1.1.3.2.1 i TB)**Rapportere på**

God og rask klagesaksbehandling

På grunn av store restansar i 2019 har vi gjennom 2020 hatt fokus på å få ned sakshandsamingstida generelt for klagar på saker etter plan- og bygningslova. I snitt hadde vi i 2019 ei sakshandsamingstid på 112 dagar i klager på reguleringsplanar. 24 av 50 saker vart handsama innan fristen, og i dei andre sakene vart fristen overskriden med 81 dagar.

I 2020 har vi forbetra desse resultata. Av 43 saker vart 23 saker handsama innan fristen. I saker der fristen vart overskriden, hadde talet på dagar gått ned til 59. Ved utløpet av 2020 hadde vi berre 5 klagar på reguleringsplanar som ikkje var ferdig handsama.

At sakshandsamingstida er gått ned har si orsak i fleire forhald. Vi har fått rutinar som fungerer og vi har hatt ei relativt stabil ressursituasjon med tanke på medarbeidarar. Vi har prioritert sakshandsaming før andre oppgåver.

Vi kan bli betre til å prioritere klager på reguleringsplanar endå høgare i 2021, slik at målet om handsaming av alle desse sakane innan 12 veker kan bli nådd.

Nokre kommunar eit forbetringspotensiale når det gjeld oversendingane til oss og når det gjeld vurdering av klagegrunnar.

Juridisk veiledning og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunale planer har juridisk gyldige bestemmelser og plankart

I embetet er det plangruppa som koordinerer arbeidet med fråsegn til planar, både i varsels- og i høyringsfasen. For overordna planar, som kommuneplanens arealdel og større områdeplanar, blir juridisk avdeling trekt inn og gjer ei vurdering av dei juridiske føresegnene og plankart, og kvalitetssikrar desse. Når det gjeld dei andre reguleringsplanane er det plangruppa som varetak dette.

Generelt meiner vi at dei kommunale planane i middels grad har god juridisk kvalitet, men her er det igjen skilnad mellom dei ulike kommunane. Større kommunar med eit stort kompetansemiljø har i betydeleg grad planar med god juridisk kvalitet, mens kvaliteten på planane i nokre av dei mindre kommunane kan vere av meir varierande kvalitet.

På grunn av kapasitet har vi ikkje hatt moglegheit til å gå inn med juridisk kompetanse i alle planar som vi har fått tilsendt på offentleg ettersyn.

Fylkeskommunen har planfagleg rettleatingsrolle overfor kommunane, og rettleiar om mange spørsmål knytt til prosess og utarbeiding av planar, og om spørsmål relatert til føresegner og plankart.

Juridisk veiledning og kvalitetsikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.2 i TB)**Rapportere på**

Konsekvensutredningsforskriften følges opp

KU-forskriften med rettleiarar er generelt godt kjent i kommunane. Oppfølging av utgreiingskrava blir i middels grad følgd opp i planlegginga. Vi skiller her mellom utgreiinger som blir gjort i samband med utarbeiding av kommuneplanens arealdel og for reguleringsplanar der det er krav om konsekvensutgreiing.

Konsekvensutgreiing av kommuneplanens arealdel skal ta utgangspunkt i eksisterande kunnskap, og gjere ei utgreiing av både kvart enkeltområde, men også av planen som heilheit. Der eksisterande kunnskap om enkeltområde ikkje finst er det ein del kommunar som ikkje ønskjer å foreta nærmare utgreiinger på kommuneplannivå men vil utsette dette til reguleringsplannivå. Dette meiner vi er uheldig, og gjev lite føreseielegheit for om eit område i neste omgang kan byggjast ut. Det er særleg kommunar med store areal og lite press dette gjeld. Vidare er kvaliteten på konsekvensutgreiingar av planen som heilheit noko varierande.

Når det gjeld utgreiinger av reguleringsplanar, som i stor grad blir utarbeidd av private planleggjarar, har vi i nokre tilfelle sett at konsulentfirma ikkje har hatt kunnskap god nok om krav til metode. Det har gjort at vi no skjerpar inn vår tilbakemelding til planprogram på høyring på dette området.

Vurdering av opphevelse eller revisjon av planer (fra kapittel 3.1.1.3.4.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunene skal ha blitt informert og veiledd om at de skal vurdere opphevelse eller revisjon av gamle planer, basert på ny og relevant kunnskap om samfunnssikkerhet.

I vår tilbakemelding til kommunale planstrategiar blir det gitt vurdering og tilbakemelding om behovet for revisjon av heilskapleg ROS. Vidare blir det gitt tilbakemelding på behovet for rulling av kommuneplanens areal- og samfunnsdel, og ut frå vår kjennskap til den enkelte kommune om planar er oppdaterte ut frå omsynet til klimaendringar.

3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven

Planlagde større fysiske arrangement måtte avlysts på grunn av pandemien. Vi har som ei erstatning gjennomført kompetansetiltak for mindre grupper i ulike former tilpassa behova i NAV-kontora. Dei fleste kompetansetiltaka har vorte gjennomførte digitalt, i hovudsak for enkeltkontor, men også for fleire kontor saman. Nokre fysiske møte har vorte gjennomførte, til dømes opplæring om Kvalifiseringsprogrammet og fagdag for kommunar med utviklingstilskot.

Vi har fått god erfaring med digitale opplæringsaktivitetar for mindre grupper. Opplæringa har vore måiretta og tilpassa det enkelte NAV-kontor. Spesielt Kvalifiseringsprogrammet har vorte systematisk følgt opp.

Det er vurderinga vår at opplæringstiltaka i 2020 har bidratt til auka kunnskap om sosialtenestelova. Mål blir sett som oppnådd.

Alle NAV-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle NAV-kontor i fylket har fått tilbud om opplæring i sosialtjenesteloven og forskrifter med særlig vekt på individuelle vurderinger knyttet til de sosiale tjenestene.

Opplæringsaktivitetane i 2020 vart prega av pandemien. Fleire planlagde aktivitetar med fysiske møte vart avlyste eller utsette, blant anna fagdag om sosialtenestelova med vekt på sakshandsaming og individuelle vurderinger.

Nokre digitale opplæringer har vore tilbodne alle NAV-kontora samstundes, mellom anna webinar om økonomisk rådgjeving (kurs om kvardagsøkonomi). Alle NAV-kontora har vore invitert og deltatt på Fylkesmannen i Oslo og Viken sin info- og spørjetime for økonomiske rådgjevarar. Vi har tilbode opplæring om råd og rettleiing etter sosialtenestelova § 17 på NAV fylke sitt «Fagdrypp». Vi har også deltatt med opplæring på "Ny i NAV" saman med NAV fylke.

Vi har arrangert fagdag knytt til tilskotsforvaltninga med inviterte kommunar som har presentert prosjekta sine.

Alle NAV-kontora har fått tilbod om opplæring i Kvalifiseringsprogrammet. Opplæringa har vore tilpassa kvart kontor og er beskrive i eige rapporteringspunkt.

Vi ser at det er eit stort behov for opplæring i sakshandsaming. Dette har vore tema i fleire opplæringer for enkeltkontor i 2020. Individuelle vurderinger er ein naturleg del av alle opplæringsaktivitetar.

Erfaringa vår er at NAV-kontora får god nytte av opplæringer som er halde for eitt eller ei lita mengde NAV-kontor. Dialogen blir betre og døma blir konkrete og tilpassa kontora, noko som enklare bidrar til læring og betring av praksis i tenesta. Vi har derfor i 2020 hatt fleire opplæringer for enkeltkontor. Opplæring blir tilbode NAV-kontor som vi meiner har behov for det, og til NAV-kontor som sjølv har oppdaga eit behov.

Opplæringstiltak for NAV

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	17	17

NAV kontor med lav kunnskap tilbys opplæring (fra kapittel 3.1.2.1.1.2 i TB)

Rapportere på

NAV-kontor som vurderes å ha lav kunnskap om sosialtjenesteloven og hvordan den skal praktiseres, eller forvaltningsloven og saksbehandlingsreglene i sosialtjenesteloven, har fått tilbud om særskilt opplæring.

Vi blir kjente med NAV-kontor sitt behov for auka kunnskap om sosialtenestelova gjennom direkte førespurnader frå kontora, gjennom behandling av klagesaker, tilsyn og informasjon frå publikum. Vi registrerer informasjon om NAV-kontora fordelt etter kommune. På den måten får vi ei god oversikt over behov for opplæring.

Vi har tilbode tilpassa opplæring om Kvalifiseringsprogrammet til alle NAV-kontora. Vi har ikkje hatt kapasitet til å tilby generell opplæring i sosialtenestelova tilpassa alle NAV-kontora. Vi har prioritert å gi slik opplæring til NAV-kontor som sjølv har meldt frå om behov for auka kunnskap, og til kontor som vi ser har behov for det. Vi har også prioritert å delta på nettverkssamlingar der representantar frå fleire NAV-kontor har deltatt.

Til liks med i 2019, har vi i 2020 følgt opp eitt NAV-kontor særskilt med opplæring. Opplæringa har vore gjennomført digitalt om fleire ulike tema i sosialtenestelova og forvaltningslova, etter NAV-kontoret sitt ønske og behov. Dette er eit kontor som ofte tar kontakt med oss per telefon eller e-post og ber om opplæring og råd og rettleiing.

Vi har også gjennomført tilpassa opplæring for andre NAV-kontor, etter førespurnad fra kontora eller etter tilbod fra oss der vi har sett et behov. Med tilpassa opplæring meiner vi opplæring for eitt kontor eller eit fåtal av kontor. Opplæringa har på grunn av pandemisituasjonen i hovudsak vært gjennomført digitalt.

Vi har opprettet kanalar på Teams der NAV-kontora kan senda oss spørsmål om ulike tema i sosialtenestelova og forvaltningslova som blir ønskt avklart eller rettleia. Svara våre blir lagt ut på Teams, tilgjengeleg for alle kontora. Vi nyttar også desse kanalane til å informera om tema vi ser behov for å gi opplæring i. Mellom anna har vi laga eit skriv om korleis vedtak og klage om refusjon i økonomisk sosialhjelp skal praktiserast. På dette området er det få NAV-kontor som praktiserer gjeldande lovreglar riktig.

Opplæring i kvalifiseringsprogrammet har vorte tilrettelagt ut frå kva grunnkompetanse dei tilsette har om programmet. Nærare om arbeidet vårt med opplæring i kvalifiseringsprogrammet er beskrive i eit eige rapporteringspunkt.

Oppfølging av kommuner (fra kapittel 3.1.2.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen har systematisk fulgt opp kommuner der det gjennom tilsyn, klagesaksbehandling og veiledning er avdekket særlege utfordringer ved praktisering av sosialtjenesteloven.

Gjennom året har vi skrive ned forhold som vi mellom anna ser ved behandling av klagesaker frå NAV-kontora. Vi ser at fleire NAV-kontor har dei same utfordringane, og har derfor valt tema for felles opplæringsaktivitetar på bakgrunn av dette.

Kanalar på Teams blir nytta til å gi rettleiing i riktig praktisering av sosialtenestelova, ved å svare på førespurnader frå NAV-kontorene og ved å gjøre tilgjengeleg aktuelle dokument og lenkar.

Ved deltaking på nettverkssamlingar har vi meldt inn tema på bakgrunn av forhold vi ser gjennom klagesaksbehandlinga vår og forhold vi blir kjent med gjennom førespurnader til oss.

Enkelte NAV-kontor har sjølv meldt om utfordringar og behov for auka kompetanse. Vi har på bakgrunn av slike førespurnader hatt opplæring basert på dialog ved enkelte NAV-kontor. Vi har følgt opp éin kommune som følgje av forhold avdekte under tilsyn i 2018. På bakgrunn av funna i tilsynet har vi tilbode opplæring. Vi har hatt eit godt samarbeid med NAV-kontoret og valt tema for opplæring på bakgrunn av vurderingane våre og melde behov frå NAV-kontoret. Vi har invitert eit anna NAV-kontor, såkalla søsterkontor, til å delta i denne opplæringa.

Vi har også tilbode opplæring til eit NAV-kontor etter forhold sett i tilsynsaktivitet (undersøking om tilgjenge) i 2020. Opplæringa er avtalt gjennomført i januar 2021.

Opplæring og veiledning som følge av covid-19 (fra kapittel 3.1.2.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Alle NAV-kontor har fått tilbud om opplæring eller veiledning i bruk av midlertidig forskrift om unntak fra sosialtjenesteloven og midlertidig veileder for behandling av saker om økonomisk stønad under koronapandemien

Vi har informert NAV-kontora om rettleiaren for forenkla sakhandsaming, og vi har lagt ut informasjon om han på Teams.

Vi har ikkje tilbode kurs i rettleiaren, men vi har sendt ut lenke til informasjonsvideoen som Fylkesmannen i Trøndelag har laga om rettleiaren. Vi har også informert om at vi er tilgjengeleg for rettleiing og svar på spørsmål om rettleiaren.

Det har ikkje vore nokon auke i talet på sosialhjelppsjøkjarar i Vestfold og Telemark under pandemien. Tenestene har derfor i litra grad hatt behov for å nytta rettleiaren for forenkla sakhandsaming.

Opplæring og veiledning som følge av covid-19 (fra kapittel 3.1.2.1.3.2 i TB)

Rapportere på

Alle NAV-kontor har fått tilbud om veiledning eller opplæring knyttet til nye utfordringer som oppstår som følge av Covid-19. Utfordringene vil potensielt variere mellom regioner, og kan eksempelvis omfatte fortolkning av sosialtjenesteloven opp mot nye brukergrupper.

Vi har informert alle NAV-kontora om at dei kan ta kontakt med oss for å få svar på spørsmål og få rettleiing knytt til pandemisituasjonen, og vi har opprettet kanalar på Teams.

Vi har tilbode informasjon om råd og rettleiing etter sosialtenestelova § 17 til alle NAV-tilsette uavhengig av arbeidsområdet deira, gjennom NAV fylke sitt «Fagdrypp». Vi har også gjennomført webinar om kvardagsøkonomi (med Armand Vestad), slik at tilsette mellom anna skulle få hjelpe til å kunne identifisera nye brukarar med behov for rådgjeving. Vi har elles løpende svart på førespurnader frå NAV-kontora.

3.1.1.5 Forbedret, forsterket, tverrsektorell og samordnet innsats på psykisk helse, rus- og voldsfeltet

Det er etablert to regionale forum i regionen (Agder, Vestfold og Telemark). Regionalt samarbeidsforum rus og psykisk helse og Regionalt samarbeidsforum 0-24. Medlemmer er KS, Fylkesmannen, RVTS, RBUP, KoRus Sør, helseføretak og NAPHA. Samla skal foruma ivareta målet om forbetra, forsterka, tverrsektoriell og samordna innsats på psykisk helse, rus- og valdsfeltet.

Som følge av pandemi og ressursituasjonen ved embetet har det vore avgrensa aktivitet knytt til arbeidet på psykisk helse, rus- og valdsfeltet.

Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats på psykisk helse, ru (fra kapittel 3.1.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

100%

Tal frå IS 24/8 2020 viser at 12 av 23 kommunar i Vestfold og Telemark nyttar Brukerplan. Det utgjør 52%. Det har ikkje vore nokon vesentlege endringar av talet på kommunar som nyttar Brukerplan det siste året.

Det er særleg dei mindre kommunane i Telemark som ikkje nyttar Brukerplan. I samarbeid med Korus Sør har vi over fleire år jobba for å få fleire kommunar til å nyttja Brukerplan og det blir gitt løpende tilbod om opplæring.

Kommunane som nyttar brukarplan har ståande tilbod frå Korus Sør og NAPHA om analyse av data.

3.1.1.6 Styrket folkehelsearbeid

Embetet er med i folkehelsenettverket som nye Vestfold og Telemark fylkeskommune organiserar. Dei tidligare to fylkeskommunane hadde kvar sin folkehelseplan, som nå samordnast til eitt handlingsprogram. Alle kommunane, mange friviljuge organisasjoner og ulike offentlege verksemder, arbeider saman i ulike tiltak.

I kommunale planar som er på høyring har vi fokus på om folkehelseperspektivet er tydeleg. Her er vår røynsle at dei fleste kommunar viser til folkehelseloven og har mål om å fremje god folkehelse for befolkninga.

Dei fleste kommunar har ein folkehelseoversikt, som også er ein referanse og eit kunnskapsgrunnlag for planstrategien. Vi har kommentert for nokre få kommunar at forskrifter om oversikt over helsetilstanden forventar meir enn det som står i folkehelseprofilen frå Folkehelseinstituttet.

Folkehelseperspektivet er og med i andre satsingar som embetet har, til dømes på tema aldersvennleg stadsutvikling innan Leve heile livet.

Andel kommuner som har etablert et systematisk og langsiktig folkehelsearbeid (fra kapittel 3.1.3.2.1.1 i TB)

Rapportere på

100%

Alle kommunar har etablert eit folkehelsearbeid, men det er ulike variantar av systematikk og perspektiv på tid i organiseringa. Kommunane har tilbod om tverrsektorielle partnerskapsavtalar med fylkeskommunen, der folkehelsearbeid inngår. Alle kommunar er med i folkehelsenettverket til fylkeskommunen. Det er stor variasjon i kommunanes etablering, kontinuitet og informasjon i folkehelsearbeidet.

Systematisk og langsiktig folkehelsearbeid

Resultatmål	Resultat	Andel kommuner
100 %	0 %	100 %

Det er lagt inn 100%, men som vist til over er det stor variasjon i omfang og innhald.

3.1.1.7 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene

Alle kommunane i Vestfold og Telemark arbeider i samsvar med målsetjingane om auka tilgjengeleight, kapasitet og styrkte kvalitet i helse- og omsorgssektoren. Vi ser ved gjennomgang av innsende planar for kommunane at dei fleste har temaet på dagsorden i dei overordna planane sine. Med eit år prega av pandemi, har likevel mykje av ressursane i kommunane gått til å handtera situasjonen, løysa nye utfordringar og samtidig halda oppe nødvendig drift. Mykje informasjon og opplæring har naturleg retta seg mot smittevern. Arbeidet med kvalitetsutvikling og betring på andre område har måtte bli nedprioriterert.

I samband med at pandemien kom i mars, vart det tatt direkte kontakt med fleire utdanningsinstitusjonar og med Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjeneste (USHT) i Vestfold og Telemark om å retta søknader om tilskot mot smittevern og covid-19. Dette resulterte mellom anna i at Fagskolen Vestfold og Telemark fekk tilskot til å utvikla eit kompetanseprogram for helsefagarbeidarar i palliasjon inkludert behandling av pasientar med covid-19. I tillegg sette USHT Vestfold og Telemark i gang med opplæring i lindrande behandling og palliasjon overfor kommunar. Noko av opplæringa vart utvikla som digital kompetanseheving.

Universitetet i Sørøst-Norge fekk tilskot til utvikling av fleire kurs retta mot smittevern og covid-19. USHT Vestfold og Telemark (Telemark) fekk tilskot frå kompetanse- og innovasjonstilskotet til å etablira ei forbetningsutdanning for kommunane i område Telemark. Fleire kommunar såkte òg om ulike

kompetansestiltak knytt til covid-19 og smittevern. Dei fleste fekk tilskot frå kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot.

Prosjektet «Riktigere bruk av psykofarmaka i Telemark» fekk innovasjonstilskot i 2019 og vart vidareført i 2020. Målgruppa er fastlegar i Telemark, og Notodden kommune er vertskommune. Mål for prosjektet er å bidra til betre psykisk helse i befolkninga og auke Telemarklegane sin kunnskap om bruk av psykofarmaka og opioider. Målet omfattar òg bevisstgjering av fordeler og ulemper ved bruken, at behandling med vanedannande legemiddel og antipsykotika i Telemark i så stor grad som mogleg er i tråd med nasjonale retningslinjer, redusere det samla talet brukarar av psykofarmaka og opioider i Telemark – ned mot gjennomsnittet i Noreg eller lågare.

Ein ny desentralisert og fleksibel sjukepleiarutdanning startar opp ved Universitetet i Sørøst-Norge (USN) i 2022. Studiane skal gå over fire år og er i nærliken av der studentane faktisk bur og arbeider. Plassering av utdanningsstad var eit tema som særleg kommunane i midtre og øvre del av område Telemark spelte inn i dialogmøte embetet hadde saman med USN og Senter for omsorgsforskning våren 2020. Innspele frå møtene er samle i ein rapport. Sjå meir om diologmøtene og rapporten under punktet "Rekruttering og kompetanseplanlegging på helse- og omsorgsområdet (fra kapittel 3.1.1.6.1 i TB)".

Grada av utfordringar knytt til rekruttering og kompetansebebehov varierer for kommunane, men er mest tydeleg i kommunar med lågt innbyggjartal og mindre sentral plassering. Rekruttering av fastlegar er ei særskilt utfordring. Distriktskommunar har langvarige og aukande rekrutteringsvanskår av fastlegar. Dette er særleg uttalt i dei små kommunane i Telemark, men vi ser også ei auke i bykommunar. Meir om dette er skrive under punktet "Rekruttering og kompetanseplanlegging på helse- og omsorgsområdet (fra kapittel 3.1.1.6.1 i TB)".

Bistand til kommunene for å møte demografiutfordringene innen helse- og omsorgso (fra kapittel 3.1.3.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene gjennomfører en langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tjenestene.

Planlegging for utfordringane i framtida er ein del av samfunnspolitikkena i alle kommunar. Både gjennom Leve heile livet-reforma og ved tilskotsforvaltning er ein langsiktig og strategisk tilnærming til utfordringsbiletet til kommunen sentralt, mellom anna på grunn av endringar i demografi, tenestebehov og tilgang på arbeidskraft i helse- og omsorgssektoren. Ved bruk av ressursportalen.no har kommunane fått tilgang til eit innhaldsrikt kunnskapsgrunnlag som utgangspunkt for eiga planlegging.

I dialogmøter i regi av det regionale støtteapparatet for Leve heile livet-reforma, har det vorte presentert eit utfordringsbilete for kvar kommune. Kommunane har i all hovudsak deltatt med brei kompetanse på tvers av sektorar, og kartlagt og vurdert ulike tiltak som reforma presenterer. Mange kommunar er opptatt av å styrka samarbeidet med frivillig sektor, lag og organisasjonar, næringsliv, for å nytta ressursar som finst utanfor det kommunale tenesteapparatet.

Vår vurderinga er at dei aller fleste kommunane har god oversikt over eigne utfordringar knytt til demografiutfordringane, og har starta eit strategisk arbeid med å planleggja tiltak. Vi hjelper kommunane mellom anna gjennom Leve heile livet-arbeidet, der kommunen får tilbod om støtte i form av mellom anna dialogmøte, digital prosessplanlegging og nettverkssamlinger.

3.1.1.8 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester

Økosystema i regionen har vore utsett for menneskeleg påverkan gjennom lang tid. Den største utfordringa for det biologiske mangfaldet er tap av leveområder. I Vestfold og Telemark er det eit veldig arealpress langs kystsona. Dette fører til fragmentering og tap av leveområder for enkelte artar. Ein langsiktig og berekraftig planlegging av arealbruken i fylket vil vera avgjeraende for å unngå framtidig tap av biologisk mangfald.

Om lag 77 % av vassførekomstane i fylket har god eller svært god økologisk tilstand, og vassregionen jobbar godt med rullering av vassforvaltningsplan med tiltaksprogram. Kystvann skil seg ut, med store areal i moderat tilstand. Påverknader og tiltak er mellom anna skildra i "Forslag til helhetlig plan for Oslofjorden" og oppfølging av denne vil bli viktig framover. For terrestre økosystem mangler slik oversikt. Gjennom NiN-kartlegging vil ein etter kvart få oppdatert kunnskap om dette, men det er langt fram; til no er berre mindre areal kartlagt etter den nye metoden.

Kvalitetsnorm for villrein viser at forholda på Hardangervidda ikkje er tilfredstillende. Låge kalvevekter, problem med utnytting av areal og press på randområde står sentralt. Problem med fotråte, og sist med CWD-funn gjer dette til ein kritisk situasjon.

Kommuner og sektorene er i stand til å ivareta økosystemene i arealforvaltningen (fra kapittel 3.1.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene og sektorene bruker kartleggingsdata til å ivareta økosystemene i arealforvaltningen

Måloppnåing: god

Kommunane har etter vår oppfatning gode rutiner for å nytte tilgjengeleg kunnskap om naturmangfald ved planlegging etter plan- og bygningslova. Både naturtypedata og artsregisteringar (Artskart) nyttast i dei fleste høve. Kommunane nyttar denne kunnskapen også ved eigedomsforvaltning, i alle fall til ein viss grad. Vi reknar med at det framleis er noko forbetringspotensial på dette punktet.

I innspele til tidleg planfase minner Fylkesmannen rutinemessig om at tilgjengelege kartleggingsdata bør leggjast til grunn i planprosessen. I saker der det

er tydelege manglar i tilgjengeleg kunnskap (t.d. truga eller utvalte naturtypar i planområdet som ikkje går fram av Naturbase) peiker vi òg på at det kan vere aktuelt å supplere med nye undersøkingar, i fall planen legg opp til omdisponering av slike.

Når det gjeld vegleiing for kommunane om naturtypekartlegging kan vi ikkje sjå at vi har eit klårt oppdrag knytt til slik vegleiing t.d. i VØI eller tildelingsbrev, dvs utanom den generelle vegleiingsplikta. For å kunne gje gode råd meiner vi at vi treng tydelegare vegleiingsmateriell frå Miljødirektoratet. Dette gjeld særskilt nå som NiN fasast inn som ny metode. Einskilde kommunar har bede særskilt om betre vegleiing kring dette. Ei konkret problemstilling vi meiner bør løftast fram er dei høva der det tydeleg er varierande kvalitet eller manglar også i nyare kartlegging (NiN-data) samstundes som der finst kvalitativt gode "eldre" naturtypedata (DN13) på same areal, og tydelege råd om korleis dei ulike datasetta kan nyttast saman i slike høve t.d. i arealplanlegging.

Alle restaureringstiltak som har fått tildelt midler skal være igangsatt (fra kapittel 3.1.4.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle restaureringstiltak som har fått tildelt midler i 2020, skal være igangsatt i løpet av året

Utført - alle tiltak vi har fått tildelt midlar til i 2020 er sett i gang.

Antall igangsatte restaureringstiltak i myr og våtmark

Antall innvilgede restaureringstiltak	Antall innvilgede restaureringstiltak igangsatt	Resultat
4	4	0

Forbedret tilstand i vannforekomstene (fra kapittel 3.1.4.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Forbedret tilstand i vannforekomstene

Kunnskapsgrunnlaget i vassforvaltninga i fylket er rimeleg godt oppdatert. Vi føljer opp at data kjem inn i Vannmiljø frå ein stor portefølje med overvaking og målestasjonar, både i eigen regi og i samarbeid med vassområda, Fagrådet for Ytre Oslofjord, industri og andre. Samstundes har vi oppdatert tilstand og påverknader i alle vassførekomstar i Vann-nett. Status er at om lag 77 % av vassførekomstane har god eller svært god økologisk tilstand. Kystvann skil seg ut, med store areal i moderat tilstand. Når det gjeld kjemisk tilstand er det framleis betydelege kunnskapshol og manglante data i over 90% av vassførekomstane.

I samband med rullering av vassforvaltningsplanane har vi god dialog med vassområdekoordinatorar og vassregionmyndigheita. Vi har gitt bidrag til dei ulike plandokumenta, og oppdatert tiltak innanfor Fylkesmannens sektoransvar.

Vår innsats gjennom forvalningsarbeid og innspel til arealplanlegging har medverka til at tilstanden i vassførekomstar ikkje har blitt vesentleg forverra, og i nokon tilfelle forbetra. Men samstundes ser vi ei negativ utvikling grunna eutrofiering i nokre vassdrag og effektar av klimaendringar. Det er difor utfordrande å gje ei heilskapleg vurdering av om tilstanden til vassførekomstane i fylket er forbetra, men vi vurderer at måloppnåelsen samla sett er middels.

Hindre negativ påvirkning av fremmede organismer på naturmangfoldet (fra kapittel 3.1.4.1.4.1 i TB)

Rapportere på

God innsats for å hindre negativ påvirkning av fremmede organismer på naturmangfoldet

Vi har hatt ein middels måloppnåing på tiltak mot framande artar i fylket i 2020. Vi hadde fleire prosjekt som kunne ha vorte utført, men pga. manglante kapasitet hos kommunane som følgje av koronasituasjonen og endringar i bemandingssituasjonen på avdelinga her hos oss så har vi ikkje fått utført så mange prosjekt som vi hadde håpa på.

Problemet med framande artar er stort og krevjande og vi kunne brukt mykje ressursar på dette arbeidet. Sidan vi har avgrensa med kapasitet til å setje i gang mange prosjekt sjølv ønsker vi å samarbeide med kommunane og prioriterer å rettleie desse. Dette gjer vi mellom anna gjennom å utarbeide handlingsplanar og halde kompetancesamlingar.

I 2020 har vi gjort følgjande tiltak mot framande organismar i fylket:

Tiltak mot framande landslevende plantar:

Delar av summen har vorte lyst ut slik at kommunane har kunne søke om støtte til tiltak. Totalt var det 8 kommunar som fekk tilskot i år og som er godt i gang med kartlegging og tiltak mot framande artar, i første rekke på kommunal grunn. Nokon av kommunane fekk ikkje utført så mykje som dei ønskte på prosjekta pga. koronasituasjonen, som gjorde at vi vart sitjande med midlar til overs mot slutten av året. Vi brukte nokon av desse til andre prosjekt som ikkje var meldt inn – mellom anna eit prosjekt på kjempebjørnekjeks i gamle Vestfold, prøvetaking av tre med mistanke om Phytophthora i Færder kommune og støtte til eit foredrag på framande artar i Bø og Sauherad hagelag.

Vi har vidareført eit fleirårig prosjekt mot rynkerose i prioriterte område utanfor verneområda (Jomfruland, Stråholmen og Langesundsområdet) og byrjar å

sjå gode resultat frå dette arbeidet. Vi har og sett i gang med tiltak mot ein førekost med parkslirekne på Ørsnes som forårsaka spreiing inn i verneområdet på Presterødkilen.

Informasjons- og opplæringstiltak mot framande artar:

Den årlege kompetansesamlinga på framande artar for kommunane vart i år gjennomført som eit webinar, noko som fungerte godt. Det var ca. 50 deltakarar på samlinga. Handlingsplanen mot framande skadelege artar i fylket var ute på høyring sommaren 2020 og er no vedtatt.

Tiltak mot stillehavsoesters.

Det vart sommaren 2020 vidareført ein frivillig plukkedugnad og over 30 tonn østers vart tatt opp, hovudsakleg frå badestrender. Prosjektet er eit samarbeid mellom Vestfold og Telemark fylkeskommune, Fylkesmannen i Vestfold og Telemark og friluftsråda (i Oslofjorden og Grenland). Samarbeidet med Fylkeskommunen og friluftsråda har fungert godt og Østersdugnaden skal vidareføra i 2021 - vi skal då rette innsatsen mot verneområda og område med høge naturverdiar. I gamle Telemark vart den årlege overvakinga av stillehavsoesters gjennomført.

Tiltak mot utanlandske treslag.

Vi fekk middel til tiltak mot utanlandske treslag utanfor verneområda som skulle kombinerast med eit tiltak mot framande treslag inne i verneområdet på Bjerøy (Færder nasjonalpark). Dessverre vart dette prosjektet ikkje gjennomført etter planen pga. usemje med grunneigar. Vi prøvde vidare å bruka pengane på eit liknande prosjekt ved Adalstjern naturreservat der det skal fjernast framande treslag inne i verneområdet, men dette vart òg stoppa pga. grunneigar som ikkje ønsket å hogge.

Tiltak mot framande fiskeslag, samt signalkreps

Vi fekk tildelt middel til å kartlegga framande fiskeslag ved bruk av miljø-DNA gjennom eit samarbeidsprosjekt med Fylkeskommunen. Prosjektet er i gang, prøvetakinga starta i 2020 og vil halda fram i 2021. Prøveanalysen starta i desember 2020. Vi fekk òg middel til tiltak mot mort i Notodden, men dette vart tatt av 2019 budsjettet og vi har derfor ikkje fått brukt desse pengane i år.

3.1.1.9 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nær truede arter og naturtyper skal forbedres

Fleire faktorar påverkar framleis truga artar og naturtypar i fylket i negativ retning. Dette gjeld både omdisponering av leveområde, attgroing, endra arealbruk (t.d. skogbruk) og framande artar.

Det er ei utfordring at dei som forvaltar areala i mange høve ikkje har god nok kunnskap om kva truga artar og naturtypar som finst i eit område. Dette gjeld alle typer areal og forvaltning, både privat (t.d. ved skogbruksdrift), offentleg slik som kommunal (plan- og byggesakshandsaming) og hjå Fylkesmannen/Statsforvaltaren (forvaltning av verneområde). Jamvel om det stadig kjem ny kunnskap inn i tilgjengelege databasar er det mange høve der ein heilt manglar relevant kunnskap. Særskilt er det mangel på kunnskap om truga artar. Dei negative faktorane påverkar både kjente og ukjente forekomstar av truga natur. For det store fleirtalet av truga arter og dei fleste truga naturtypar er det etter vår oppfatning lite som tyder på at utviklinga er forbetra.

I løpet av 2020 er det særskilt nokre større samferdselsprosjekt som har ein kjent, vesentleg negativ påverknad på truga artar og naturtypar i vårt fylke. Døme på dette er utbetring av E134 mellom Elgsjø i Notodden kommune og Sagrenda i Kongsberg kommune. Gjennom planprosessen så langt er det fastsett at ny trasé for firefelts veg vil her gå gjennom areal med gammal, brannpåverka låglandsfuruskog som er levestad m.a. for ein tidlegare antatt utdøydd billeart. Også ny firefelts E18 gjennom Porsgrunn kommune vil gjennom nye endringar av planframleggget få større negativ påverknad på m.a. kalklineskog. I både desse høva vil det vere aktuelt å nytte økologisk kompensasjon som verkemiddel, anten direkte hjemla i naturmangfaldlova (for utvalte naturtypar) eller gjennom friviljig ordning. Desse tiltaka vil likevel fullt ut kompensere for tap av levestader for truga artar.

Vi har i løpet av året òg sett at det gjennomførast skogbrukstiltak innanfor areal med høgast naturverdi (t.d. A-verdi etter DN13).

Samla sett meiner vi at måloppnåinga på dette delmålet ikkje kan karakteriserast som "god".

Minst 1 slåttemyrlodalitet i skjøtsel (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Minst 1 slåttemyrlodalitet i skjøtsel

Ingen slåttemyrar skjøttast i Vestfold og Telemark pr 31.12.2020.

For nokre år sida vart det sett i gang skjøtsel og restaurering av ei slåttemyr i Bamble kommune. Dette arbeidet har blitt lagt på is på grunn av høge kostnader og krevjande arbeid med oppfylging av innleidt entreprenør/tilskottsmottakar. Det har ikkje vore mogleg å involvere grunneigar i dette arbeidet. Vi trur at motivasjonen for oppfylging av slåttemyrar frå grunneigars side ikkje er like stor som for t.d. slåtteenger som ofte ligg nær gardstunet og som har eit rikare arts mangfald.

Arbeid med slåttemyr vil bli tema i regional skjøtselsgruppe når denne blir sett i aktivitet.

Inntil vidare meiner vi at skjøtsel av slåttemyr kan prioritast innom verneområde, særleg om det er artsrike myrar kor det er praktisk gjennomførbart med slått t.d. ved bestilling av oppdrag frå SNO. Per i dag er kunnskapen om utbreiing av slåttemyr svært mangefull, men fleire stadnamn (slik som t.d.

"Bøslåtta", "Slåttebekk" etc) og historiske kjelder tyder på at det er svært mange tidlegare slåttemyrar i alle fall i i fleire av dei tidlegare Telemarks-kommunane. Ved framtidig innmelding av verneområde for basiskartlegging vil vi legge vekt på dette. Vi meiner at slik kunnskap bør innhentast først, slik at ein har eit minimum av grunnlag for prioritering når det gjeld skjøtsel.

3.1.1.10 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner

Det blei vedteke 8 nye skogreservat i Vestfold og Telemark i 2020, og 5 skogreservat er utvida. Totalt utgjer desse områda tilsaman 34 227 dekar nytt verneareal.

Regionen Vestfold og Telemark har med det 372 verneområde. I mange av verneområda er aktiv skjøtsel nødvendig for å ta vare på verneverdiene. Dette er eit ressurskrevande arbeid som må følgjast opp årleg.

Jomfruland nasjonalpark

Nasjonalparken som vart oppretta i 2016, er nå over fasa med etablering av planverk, og ei rekke informasjonstiltak er på plass.

Fra 2020 har parken vore i ordinær drift. Det vart danna eit nytt styre tidleg på året der tre av fem faste styremedlemmer sitt fra forrige periode. Det samme gjeld varamedlemmene. Styret er prega av kontinuitet, er aktive og har god kunnskap. To av fem styremedlemmer representerer lokalsamfunnene på øyene, gjennom et forsøk i tre nasjonalkar sidan 2017. Forsøket er evaluera av Nordlandsforskning og Jomfruland nasjonalpark kjem godt ut i evalueringa. Forvaltningsplan for nasjonalkar legg opp til skjøtselsplanar for seks utvalgte område. Planar for fem av områda er ferdig. Hovedfokus i 2020 har vore å gjera tiltak prioritert i forvaltningsplanen, innafor tilgjengelege midlar. Det er brukt 1,3 millioner kroner i 2020 til tiltak med midler frå Miljødirektoratet. I tillegg er to større tiltak (omlegging av høg- og lågspent strøm frå luftstrek til jordkabler og nytt besøksanlegg med tårn på Øytangen) på til saman ca. tre millioner kroner starta i 2020, og skal vere ferdige i 2021. Dei tiltaka er finansiera som eit spleislag mellom fleire aktørar. I tillegg til meir ordinær skjøtsel som beiting, slått og rydding, har uttak av nordiske treslag på Jomfruland vore av betydeleg omfang, noe som blir vidareført i 2021 og antakeleg og i 2022. I andre halvår 2020 vart det starta eit felles arbeid med sikte på etablering av eit besøksenter for nasjonalkarpen. Utredningsarbeidet og arbeid med søknad om autorisasjon er finansiera av Miljødirektoratet, Vestfold og Telemark fylkeskommune og Kragerø kommune. Planen er realitetshandsaming av igangsetting av hovedprosjekt høsten 2021.

Færder nasjonalpark

Styret hadde 4 styremøter i 2020, og opplæring i september saman med Jomfruland og Raaet nasjonalkar. Styret har handsama 17 saker.

Nasjonalparken er prosjekteier saman med Ytre Hvaler nasjonalpark for to store forskningsprosjekter i Oslofjorden: Krafttak for kysttorsken og Frisk Oslofjord. Sluttrapport for Krafttak for kysttorsken er ferdigstilt og vart levert til fiskeriministeren.

Færder nasjonalpark arbeider tett med Besøksenter Færder nasjonalpark, og forvaltar og dagleg leder deltar på respektive styremøter som observatør. Færder nasjonalpark arbeider saman med Besøksenteret om telling basera på mobilteknologi, og talla syner at det er mange besøk.

Besøksstrategi for Færder nasjonalpark vart ferdigstilt og godkjent i 2019, og det jobbas aktivt med tiltaka. Det største prosjektet i 2020 har vore å utvikle eit ubemannet informasjonspunkt på Østre Bolærne. Det er utarbeida ein skiltplan for Verdens Ende saman med Færder kommune.

Det vart utført eit større hogstprosjekt på Nordre Årøy, med uttak av planta gran. Store, gamle eiketrær vart fristilt. Arbeidet følgjes opp med rydding i 2021.

Statens Naturoppsyn har eit prosjektet med fjerning av mink fra dei ytre øyene, og å fjerne rynkerose frå utvalgte lokasjoner. Skjærgårdstjenesten Færder enhet har vore aktive med rydding av marin forsøpling. Fleire frivillige organisasjoner har og bidrige sterkt til skjøtsel gjennom ulike dugnadsprosjekt, mellom anna på Mellom Bolærne, Store Færder og Moutmarka.

Færder nasjonalpark har og hatt tett kontakt med Utvalgte Kulturlandskap i jordbruksdepartementet (UKL). Fleire prosjekter knytt til kulturlandskapet har vore gjennomført.

Tilråding av vern av skog (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Vern av skog tilrådd i et omfang som bidrar til at skogvernbudsjettet for 2020 utnyttes fullt ut.

Det blei vedteke 8 nye skogreservat i Vestfold og Telemark i 2020, og 5 skogreservat er utvida. Totalt utgjer desse områda tilsaman 34 227 dekar nytt verneareal. Naturreservata fører til ein større dekning av skogtyper som mangler i skogvernet og bidreg til å ta vaka vare på eit representativt utval av norsk natur.

Det er meld oppstart på 24 nye område i 2020, der 14 av desse er sendt på høyring og fem område er tilrådt Miljødirektoratet.

Det er gjennomført naturfaglege undersøkingar i nærmare 30 område i 2020 og det har kome inn mange nye tilbod.

Verneområder har godkjente forvaltningsplaner (fra kapittel 3.1.4.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Andel av verneområder med behov for forvaltningsplan, og som har forvaltningsplan, skal være høyere enn i 2019

Ingen nye forvaltningsplanar for verneområde i Vestfold og Telemark blei endeleg godkjent i 2020.

Avvik frå målet om fleire godkjente forvaltningsplanar i 2020 skyldast ressurs-situasjonen på miljøavdelinga, då ressursar måtte flyttast til andre saksområde på grunn av vakansar.

Verneområder med forvaltningsplan

Antall verneområder med forvaltningsplan i 2019	Antall verneområder med forvaltningsplan i 2020	Differanse
37	37	0

I tillegg 6 skjøtselsplaner

3.1.1.11 Forurensning skal ikke skade helse og miljø

Gjennom arbeid med tilsyn og løyve kan vi bidra til at utsleppa av helse- og miljøskadelige stoff blir reduserte. Vi har først og fremst fokus på helse- og miljøskadelige stoff i arbeidet, men arbeid med nærmiljøproblem som mellom anna støy og luktplager utgjer òg ein stor del av arbeidet vårt. Det stillast strengare krav til utslepp av prioriterte stoff i løyve etter forureiningslova enn tidligare.

I 2020 prioriterte vi saksbehandling av løyve for å behandla søknader som har vorte liggande lenge og som tiltakshaver venta på. Vi har gitt 46 løyve og 2 avslag etter forureiningslova i 2020. 17 av sakene var løyve til mudre-, dumpe- eller utfyllingstiltak, 14 var løyve til avfallsanlegg, 10 løyve innan landbasert industri, 3 løyve til kommunale avløpsanlegg og 2 løyve innan akvakultur.

Arbeidet med tilsyn vart nedprioritert til fordel for behandling av løyve. Behandling av løyve gir òg større moglegheit for å få nok inttjening av gebyr. I 2020 gjennomførte vi 18 kontrollar, av dei 12 frekvensbaserte inspeksjonar, 1 oppfølging av tips og 5 knytt til den landsomfattande tilsynsaksjonen «brannar i avfallsanlegg», der vi gjennomførte kontrollen i samarbeid med det lokale brannvesenet. Ein av kontrollane ført til at vi meldt verksemda for brot på forureiningsregelverket. Det var på førehand varsla at talet på tilsyn ville bli redusert grunna prioritering av konsesjonsbehandling. Grunna covid-19 vart talet på tilsyn ytterlegare redusert.

Grunna begrensa ressursar vart ikkje verksemdenes eigenkontrollrapporter for 2019 gjennomgått og kvalitetssikra.

Vi gir rettleiing til bedrifter og til kommunane om forureiningsregelverket og om sikker handtering av farlege stoff og farleg avfall både ved tilsyn og konsesjonsbehandling.

Data frå fagsystemet for avfallsplanar i hamner viser at det i fylket er 74 nærings- og industrihamner, 3 fiskerihamner, 8 trafikkhamner og 470 småbåthamner. Av totalen på 555 har 384 krav om godkjent avfallsplan. 69 hamner har ikkje godkjent avfallsplan, av desse er 66 småbåthamner som vi vurderer at bør inkluderast i eksisterande felles avfallsplanar i kommunen. 3 avfallsplanar vart re-godkjent i 2020.

I fylket er det registrert 584 lokalitetar med forureina grunn. Av desse er vi forureiningsstyremakt for 278 lokalitetar, og 162 med behov for tiltak. Sakene varierer i kompleksitet og omfang. I 2020 har vi framleis behandlinga av Jernverkstomta på Notodden og Bukta, Stavern. Vi har òg gitt innspel til planprosessar knytte til temaet forureina grunn og gamle kommunale deponi.

Vi har ferdigstilt og avslutta oppfølging ved seks tidlegare skipsverftlokalitetar med forureina grunn. Ytterlegare seks lokalitetar er i prosess (Horten verft, Knardalstrand, Stilnestangen Kragerø, Smietangen Langesund, Mågerø og Kaldnes). Den økonomiske fordelen (bustadutvikling eller anna) ved opprydding på landssida gjør at det generelt er lite klagar på desse påleggja. Ved alle dei 12 prioriterte lokalitetane er sjøbotnen og forureina. Sandefjord og Horten er rydda på løyve frå oss. Sandefjord er i overvakningsfasen, og tiltaka ser ut til å ha god effekt. I Horten vart oppryddinga ferdig i 2020. Vi har òg pålagt ytterlegare fire tiltaksplanar mot forureining i sjø. Alle er klagar på og ligg no til avgjerd i Miljødirektoratet.

Vi har løpende dialog med kommunane både ifrm enkelsaker, ved tilsyn og knytt til generell rettleiing på områder der kommunen er forureiningsstyremakt.

Oversikt over antall tettbebyggelser og deres størrelse (fra kapittel 3.1.4.4.1.1 i TB)**Rapportere på**

Alle embeter har oversikt over antall tettbebyggelser og deres størrelse i egen region omfattet av kap. 14 i forureningsforskriften og tettbebyggelser som grenser mot virkeområdet i kap. 14

- Det er 20 tettbygde område i fylket som er omfatta av kap. 14, alle innan følsomt område.
- Eit tettbygd område er endra frå å vere omfatta av kap. 13 til å vera omfatta av kap 14.
- BOF(pe) er avklart for alle som har løyve (20). Vi jobbar med revisjon av løyve, det inneber òg oppdaterte tal for det tettbygde område sin storleik i BOF(pe).
- Enkelte hytteområde er under utvikling og vil samla utgjera eit tettbebygd område omfatta av kap. 14. Vi er i dialog med kommunane, men har ikkje full oversikt over antall tettbygdde områder som grensar mot virkeområde i kap. 14.

Arbeidet med å revidere de aktuelle tillatelsene er igangsatt (fra kapittel 3.1.4.4.1.2 i TB)**Rapportere på**

Arbeidet med å revidere de aktuelle tillatelsene er igangsatt

Arbeidet med å revidere løyva er godt i gang. Tre løyve er gitt i 2020 (ein revisjon, eit anlegg som har gått frå å vere omfatta av kap.13 til å vere omfatta av kap. 14, og eit anlegg som vert oppgradert og vil gå frå eit kap 13-anlegg til eit kapittel 14-anlegg i løpet av 2-4 år). Vi har dialog med fleire kommunar om revidering av løyve og ytterligare fire løyve skal ferdigstilla første kvartal i 2021.

Kommuners registrering i Grunnforurensning (fra kapittel 3.1.4.4.2.1 i TB)**Rapportere på**

Alle kommuner registerer, oppdaterer og vedlikeholder egne lokaliteter i Grunnforurensning

For å anslå aktiviteten til kommunane har vi henta ut og vurdert kor mange endringar kommunal forureiningsstyresmakt har gjort i Grunnforurensning dei siste åra. Vi har ikkje tilgang til andre relevante verktøy som kan samanlikna bruken til kommunane, til dømes om kommunen har brukar i eller ikkje, når ein lokalitet første gong vart registrert o.l. For nokre få år sidan var bruken til kommunane av fagsystemet i Vestfold og Telemark svært liten, dette kom mellom anna fram av kommunetilsynet på fagområdet, men òg av få registrerte lokalitetar i fagsystemet (11 i 2018), og i berre eit fåtal av kommunane. No finst 99 registrerte lokalitetar med kommunal styresmakt, fordelt på 12 kommunar. Dette indikerer at omlag halvparten av kommunane har tatt systemet i bruk. Vi har bede kommunane om å ta i bruk fagsystemet to gonger per år dei to siste åra. I tillegg har alle kommunar fått tilbod om kurs i både 2019 og 2020. Etter vurderinga vår har oppfølginga gitt eit positivt resultat. Vi vil halda fram med å følgja opp kommunane

3.1.1.12 God økonomiforvaltning i kommunene**Den økonomiske situasjonen i kommunane**

Embetet har som ambisjon å bidra til å førebygge økonomisk ubalanse, heller enn å måtte reparere i etterkant.

Ingen kommunar i fylket drog meg seg rekneskapsmessig meirforbruk inn i 2020. Netto driftsresultat var noko betre i 2019 enn i 2018, men likevel monaleg svakare enn dei to føregåande åra. Som i 2018 avla seks kommunar rekneskapen med negativt netto driftsresultat.

Driftsbalansane i dei nyleg vedtekte økonomiplanane for 2021-2024 er òg svake. Mange kommunar planlegg negative eller svært svake driftsbalansar i kommande økonomiplanperiode, det vil seia at dei et av dei økonomiske reservane sine. Nokre kommunar har negative driftsbalansar kvart år i økonomiplanperioden. Dette er ikkje berekraftig. Det synest klart at dette er ei spesielt krevjande tid for kommuneøkonomien.

Samtidig har fleire kommunar sett i gang betydelege omstillingssprosjekt. Desse må gi resultat for å oppnå berekraftige driftsbalansar igjen. I økonomiplanane til fleire kommunar gir desse prosjekta seg utslag i betre driftsbalansar fram mot 2024.

Koronasituasjonen i 2020 har likevel gjort at omstillingssarbeidet i kommunane har vorte forseinka. Sjølv om pandemien på kort sikt ikkje synest å ha hatt særleg negative konsekvensar for økonomien isolert sett i dei fleste av kommunane i fylket i 2020, har det truleg svekt utviklingsarbeidet monaleg. Konsekvensane av dette vil vere meir langsiktige.

Ovanståande gir grunn til å frykte at fleire kommunar i fylket hamnar på Robek-lista i løpet av få år.

Generell rettleiing om kommuneøkonomi

Ein av dei sentrale oppgåvene våre er å formidle kunnskap om budsjett- og rekneskapsavgjerdene i lov og forskrift. Dette er ei oppgåve som til vanleg blir løyst løpende – i stor grad ved å svare på førespurnader frå kommunane.

Koronasituasjonen har lagt føringar på rettleiingsarbeidet i 2020. Det har mellom anna samanheng med at ein vesentleg del av kapasiteten på området i embedet har vore knytt til å følgje opp situasjonen i kommunane, med fordeling av skjønnsmidlar, herunder innhenting av informasjon frå kommunane og rapporteringar til departementet. I tillegg har det ikkje vore tilrådeleg å gjennomføre fysiske samlingar sidan mars. Det innebar at ein planlagt fagsamling med økonomisjefane i fylket i april vart avlyst.

Det har likevel vore betydeleg oppfølging av kommunane knytt til ny kommunelov og ikkje minst ny budsjett- og rekneskapsforskrift. Vi arrangerte fagsamling med dette som tema hausten 2019.

Vi har i 2020 ikkje på same måte som i 2019 driven rettleiing ved å halde innlegg ved fysisk oppmøte i kommunestyremøte o.l. på bakgrunn av analysar av dei aktuelle kommunane. Men på bakgrunn av ei bekymring over svake driftsresultat i nåverande økonomiplanar, i tillegg til dei kjende demografiframskrivningane, senda vi i juni 2020 ut eit brev til kommunane, der vi bad dem vurdere «behovet for omstilling, og moglege tilhøyrande tiltak» nøye ved kommande økonomiplanprosessar. Vi bad òg kommunane vurdere om «strukturendringar på kommunenivå kan gi eit betre grunnlag for styring og utvikling av tenesteproduksjonen og trygging av den økonomiske handleevna over tid..» Vi understreka at ansvaret for den langsiktige økonomiforvaltninga til kommunen, slik at ein legg til rette for finansieringa av ein stabil og føreseieleg tenesteproduksjon på lang sikt, ligg hos kommunestyret, og bad i tråd med det at kommunestyra vart orienterte om innhaldet i brevet.

Vi tek sikte på at vi igjen kan drive nærmare rettleiing som tidlegare når smittevernomsyn tillåt det.

Informasjon om kommuneopposisjon og statsbudsjett

Vi arrangerer alltid orienteringsmøte knytt til framlegginga av kommuneopposisjonen og statsbudsjettet. I 2020 var både desse gjennomført som digitale møte, i samband med dei vekentlege koronamøta med kommunene. Økonomiansvarlege frå kommunane deltok også på desse møta. I tillegg kunne kommunane delta på KS' digitale møte om kommuneopposisjonen og statsbudsjettet.

Vi tek sikte på å halde fysiske samlingar igjen, med deltaking frå KMD, når smittevernomsyn tillåt det.

Utover informasjonen på desse møta, har vi god kontakt med økonomiansvarlege i kommunane på telefon og epost i etterkant av framlegginga.

Antallet kommuner i ROBEK (fra kapittel 3.1.5.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Antallet kommuner i ROBEK ved utgangen av 2020 skal ikke overstige antallet ved utgangen av 2019.

Det er målet vårt at ingen kommunar i Vestfold og Telemark skal vere registrert i Robek-registeret. Og sidan våren 2019 har vi ikkje hatt kommunar i fylket som er i registeret. Det var heller ingen kommunar i Vestfold og Telemark som hadde opparbeidd seg rekneskapsmessig meirforbruk ved utgangen av 2019. Men prognosane tyder på at minst ein kommune vil ha meirforbruk i balansen ved utgangen av 2020.

Det er grunn til å frykta at fleire kommunar i fylket kan hamne på Robek-lista i løpet av få år.

Når det gjeld rettleiing og rådgiving retta mot kommunar med svak driftsøkonomi, viser vi til omtala ovanfor.

Med omsyn til Robek-kriteriene vil vi påpeke følgjande:

I vedtak om økonomiplan 2020-2023 vedtok Drangedal kommunestyre å bruke betydeleg meir disposisjonsfond enn det kommunen hadde spart opp. Dei hadde likevel ikkje ført inn ubalanse/meirforbruk i bevilningsoversikten. I realiteten var økonomiplanen ikkje i balanse, men formelt sett var den det. Vi fekk avklart med departementet at vedtaket ikkje kvalifiserte til Robek-innmelding.

I vedtak om økonomiplan 2021-2024 vedtok Kviteseid kommunestyre ei uspesifisert innsparing. Uten denne innsparingen var økonomiplanen i ubalanse. Kommunen hadde likevel nok midler på disposisjonsfond til å dekke opp for den uspesifiserte innsparingen, og kunne såleis oppnådd ein økonomiplan i balanse ved å trekke ut den uspesifiserte innsparingen og legge inn auka bruk av ubundne fond. I realiteten var økonomien såleis i balanse, men formelt sett i ubalanse. Dette medfører at kriteriet for innmelding i Robek er oppfylt.

Vi skulle gjerne sett at Robek-kriteriene i større grad var knyttet til realitetene i kommunenes økonomiske situasjon heller enn formalitetene. Vi opplever at eksemplene over går ut over Robek-instituttets «troverdighet».

Antall kommuner i ROBEK

Resultat	Antall kommuner i ROBEK ved utgangen av 2019	Antall kommuner i ROBEK ved utgangen av 2020
0	0	0

Antall feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2019. (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Antall feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2019.

Den kommunale kompetansen knytt til Kostra – utfylling av skjema og innsending av data – er i hovudtrekk god i dei fleste kommunane, sjølv om det framleis finst feil og manglar.

Eigedomsforvaltning har vore fokusområde sidan 2016, og vi har hatt tett dialog med fleire av kommunane for å rette opp i feilrapporteringar. Dette arbeidet har bidratt til færre feil i rapporteringa på dette området.

I januar 2020 gjorde vi en jobb for å identifisere vesentlege feil og manglar på nøkkeltal, spesielt med tanke på oppdraget på byggfunksjonsnivå. I oppfølginga av kommunane om desse feila ble ikkje dei nyleg samanslegne kommunane prioritert. Vår erfaring er at slike kommunar har meir enn nok å handtere i ein slik fase.

Etter utbrodet av koronaviruset i mars ble med Kostra-rapporteringa i kommunane nedprioritert. Dette gjekk ut over oppfølginga etter den førebelse publiseringa, og særleg oppdraget på byggfunksjonsnivå. Nokre av feilane her i 2020 skuldast manglande innrapportering. Det er såleis eit openbart potensial for å forbetre desse tala i 2021.

Kvalitet i KOSTRA-data

Område	Resultat	Antall feil i 2019	Antall feil i 2020
Feil på eiendomsforvaltning på aggregert nivå - utgifter til renhold (art 075) og forvaltning (funksjon 121)	-2	5	3
Feil på byggfunksjonsnivå for utgifter til renhold og energi	1	23	24

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene (fra kapittel 3.1.5.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene.

Eit fleirtal av kommunane bruker Kostra-tal, òg annen statistikk, i ein eller annan form i sine styringsdokument. Omfanget av bruken varierer mykje. Mange kommunar bruker Kostra som ein del av ein situasjonsanalyse med omsyn til utgifter og tenestenivå, og samanliknar gjerne med tilhøyrande Kostra-gruppe, nabokommunar eller andre kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. I tillegg legg mange kommunar fram framskrivingar av folketal og demografi, som eit grunnlag for å vurdere endring i behova for tenestene.

I tillegg til utgifter og tenestenivå, bruker enkelte kommunar Kostra-statistikk for å samanlikna med Kostra-gruppa for nøkkeltal i rekneskapet som utviklinga i netto driftsresultat og disposisjonsfond.

Ovannemnde viser at Kostra og annan statistikk legg føringar for den økonomiske planlegginga i mange kommunar. Det gjeld likevel ikkje alle. Her er det etter vår vurdering ei samanheng mellom kapasitet og kompetanse i kommunane, og bruk av Kostra, og dermed og mellom sistnemnde og kommunestorleik. Det er likevel ikkje ein-til-ein-samanheng.

For å legga til rette for at kommunane i større grad skulle bruke Kostra i styringsdokumenta sine, planla vi ein fagdag i april i 2020. På grunn av koronasiusjonen vart denne avlyst. Vi vurderte å gjennomføre samlinga på hausten i fjor, men vi meiner våren er eit meir formålstenleg tidspunkt på året å stimulere til betringar i dei økonomiske styringsdokumenta. På den bakgrunn, og som følgje av koronasiusjonen, utsette vi ei slik samling for økonomiansvarlege og -rådgivarar i kommunane digitalt våren 2021.

Det er derfor ikkje mogleg å vurdere effekten av dette tiltaket no.

Generelt bruker embedet Kostra-data i styringsdialogen med kommunane. Som regel bruker vi Kostra saman med annan fagstatistikk. Det er erfaringa vår at ein aktiv bruk av slike data aukar grada av legitimitet i styringsdialogen. Vi oppmodar elles kommunen særleg til bruk av tilgjengelege Kostra-data i styringsdokumenta sine og ulike analysar internett.

Som nemnd bruker dei fleste kommunane Kostra i ein eller anna form i styringsdokumenta. Desse tala medverkar til eit betre avgjerdsgrunnlag for dei folkevalde. Det er likevel ikkje gitt at kommunestyra i deira vedtak følger dei prioriteringane som statistikken trekker i retninga av.

Overordna er inntrykket likevel at dei som bruker Kostra best òg er dei som har den beste økonomistyringa. Det betyr likevel ikkje at dei nødvendigvis har dei beste økonomiske resultata, fordi inntektsnivået til kommunane varierer. Særleg gjer variasjonen mellom dei små kommunane store utslag i så måte. Behovet for gode styringsdokument for å oppnå ein berekraftig økonomi, varierer derfor monaleg.

3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet

Grunna korona har vi ikkje hatt fysiske møte med kommuner eller bønder dette året. Sjølv med aktiv bruk av ulike digital media har mobiliseringsarbeidet vorte langt mindre enn vanleg. Men vi erfarer at digitale møte gjer at vi kan nå langt fleire på same tid, og at vi brukar mindre ressursar på reiser. Bakside er at vi misser mykje av dialogen og tilbakemelding frå dei som deltek i møta.

Arbeidssituasjonen i forbindelse med covid-19

Vestfold og Telemark har 25 prosent av landets grønsakproduksjon, og hvert fjerde eple blir produsert her. Slik produksjon er intensiv og krev spesialisert arbeidskraft og mange kompetente tilsette delar av sesongen. Me har medarbeidarar med kjennskap til grønt sektoren der marknaden er særsviktig. Då landet stengde i mars fekk me stor pågang av grønsaks- og bær bønder som ikkje fekk inn arbeidskraft. Me har brukt mykje tid på å informere og påpeike ymse problem bønder sto oppe i denne sesongen. Vi nyttå vår samordningsrolle og nettverket vårt i grøtnæringa og gav signal innover til dei aktuelle departement og direktorat. Statsforvalteren har ein funksjon som lyttepost i fylket og skal melde vidare til sentrale styresmakter der det er behov for dette. Vi har framleis høg kompetanse på grøntsektoren, noko som blir kravd for å ta ei slik aktiv rolle. Det var langt i frå ei optimal løsing for sesongen 2020, men landbruket gjorde ein formidabel jobb og det har ikkje komme opp smittetilfeller av covid-19 i samband med sesongen. Me var aktive i utarbeiding av smittevernveiledaen for produksjon av frukt, bær, grønsaker og potet i samråd med Mattilsynet.

Besök av HKH Kronprins Håkon september 2020

Besøket var ein del av Kronprinsens reiserute med formål å få erfaringar frå ulike næringar i Koronaåret 2020. Statsforvalterens rolle var å invitere med produsentar som kunne visa ulike grønsakproduksjoner og korleis dei handtarte utanlandsk arbeidskraft. Kronprinsen møtte Bjerhnæs og Hoel på pakkeriet på Borgeskogen, Per-Erik Rosnes (Rosnes gardsdrift) og Edvart Freberg ved areala sine ved Akersvannet og deltok i samtalar med mellom anna tema avrenning frå landbruket saman med Leiar i Vestfold Bondelag, familien Freberg, Karine Huseby og Statsforvalteren i Vestfold og Telemark. Slottet kunne mælda tilbake etter besøket at dette hadde vore svært interessant og godt tilrettelagt.

Matgledekorpset Vestfold og Telemark

I oppdragsbrevet for 2020 var det gitt føringar for at vi skulle ha førstegangsbesøk hos minst 8 institusjonar. Det vart sendt ut invitasjon til alle kommunane i Vestfold og Telemark.

Men så slo Covid 19 inn for fullt. Det resulterte i at institusjonar vart stengde for besøkande og kommuneleiingar vart veldig belasta. Likevel fekk vi positivt

svar frå to kommunar. Som eit alternativ til fysiske besøk har vi jobba med å laga film som kan brukast i webinar. Temar i filmen er baserte på tema vi skulle ha på førstegangsbesøket: Samarbeid mellom leieing, kjøkken og personalet på institusjonen. Tips og oppskrifter for å bruka restematen og enkle oppskrifter til mellommåltid som kan lagast på avdelingskjøkken (ønske om mindre matsvinn) Innspel knytt til ernæring og tannhelse (spesielt fokus på alternativ til bruken av saft). Tips til måltidssituasjonen. Arbeidet med Matgeldekorps Vestfold og Telemark forset i 2021.

Kompetansesamlingar med kommunane

Me delte opp det nye fylket og gjennomførte tre digitale komunesamlingar i samarbeid med Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg. Tema for samlingane var næringsutvikling i det nye fylket. Presentasjon av RNP Handlingsprogram 2020, mobiliseringsarbeid, grøntrapporten *Grøntsektoren mot 2035*, fjellandbruksatsinga og føringer for dei regionale midlane hos Fylkeskommunen og Innovasjon Noreg. Me ser at dialogen med kommunane er viktig og på temaet næringsutvikling og verdiskaping. Det er fleire kommunar i vår region som no tek kontakt og tenker verdiskapingsprosjekt av ymse karakter.

Verdiskapingsprosjekt i kommunane

Me ønske å være aktive i dialogen mot kommunane, dei er førsteinstans når det gjeld næringsutvikling og godkjenner saker over IBU ordninga til Innovasjon Noreg. Det er stor skilnad på kor stor aktiviteten er i dei forskjellige landbrukskontora. Larvik kommune er ein av kommunane som har dei siste åra rigga prosjekt med fokus på næringsutvikling.

Medarbeidarar i embetet har jobba saman med Larvik kommune og innovasjonsmiljøet Colab og Gründernettverket i ein lengre periode.

Landbrukskontoret tok initiativ til ei satsing på innovasjon og verdiskaping i landbruket. Utviklinga går mot færre bruk og fleire som leier bort jord òg i Larvik. Det vart invitert til eit stormøte i februar 2019, der alle med landbrukseigedom vart invitert. 170 deltakrar møtte opp, og 100 spørreskjemaer vart levert inn. Resultatet frå spørreskjemaene var mellom anna ønske om nettverk, mentor, kreative prosessar/kurs og omdømmebygging. Dei regionale tilretteleggingsmidlene til Fylkeskommune har gitt støtte til vidare arbeid i Larvik kommune, "Fokus på økt verdiskapning og innovasjon i landbruket i Larvik". Det er viktig for prosjektet å ha ein god dialog med dei lokale bondelaga og resten av næringa. Det er sett opp ei ressursgruppe av produsentar i Larvik. Det er også danna ei nettverksgruppe i Gründernettverket, Åkerkvinnene, og det er tankar om å få landbruket aktivt med i reiselivet med mellom anna lokal mat, blomster og gardsbutikkarer.

Landbrukskontoret i Midt-Telemark og Nome har i etterkant av eit mobiliseringmøte *Garden som ressurs* våren 2019, fått løvd UT-midler for vidare prosjekt «*Garden som ressurs- eit program for kompetanseheving og erfaringsutveksling*». Kurserien skulle vore gjennomført haust-vinter og vår 2019/2020. Delar av det har vorte gjennomført, men pga covid-19 vorte fleire kursdager utset. Det har vorte tatt vel i mot og det blir etterspurta i desse dagane om når dei kan starta opp igjen.

Prosjekt norske eple i utvida sesong

Me har medarbeidarar som er aktive i fruktmiljøet i vår region. Det har vore bevilga Regionale Tilretteleggingsmidlar til forprosjektet Norske eple i utvida sesong. Det er Telefrukt produsentlag SA som er prosjekteigar i samarbeid med Telefrukt AS og Coop Norge SA, Nome og Midt-Telemark Landbrukskontor og norske fruktpakkerier.

Målsettinga med forprosjektet "Norske eple i utvida sesong" er å åpne for sal av norske eple i desember, januar og februar og påvirke forbrukarane til å øke konsumet av kortreist, norsk kvalitetsfrukt. I samarbeid med COOP Norge SA, skal Telefrukt AS som representant for Norske fruktpakkerier, holde av 300 tonn eple til det norske folk i ein periode der det tradisjonelt berre blir omsatt importert frukt i butikkane. Epla skal lagrast under ULO-forhold for å sikre sprø, aromatiske og saftige frukter. COOP skal vere ein spydspiss for å utvide salssesongen for norskproduserte eple.

Urbant landbruk

Arbeidet med ein nasjonal strategi for urbant landbruk held fram i regi av LMD i 2020. Det nasjonale nettverket for urbant landbruk hjå Fylkesmennene har gitt råd under vegs. Fylkesmannen i Vestfold og Telemark og Oslo og Viken har vore pådrivar for prosessen.

I tett samband med ein hagebrukskonsulent, laga me i 2020 ein rettleiar i urbant landbruk. Rettleiaaren er meint som hjelp der kommunar og andre offentlege styresmaktar treng hjelp til korleis dei skal starta opp med eit slikt arbeid.

https://www.statsforvalteren.no/contentassets/d0f278aaaf1449afba4c04aebb3a2c2e/veileder-urbant-landbruk_tb_publisering.pdf

Rettleiaaren er og inspirera av eit etterutdanningskurs i regi av NMBU me fekk delta på: Urbant landbruk – ei verktøykasse for landbruk i byen. Me levera ei oppgåve frå dette kurset i 2020:

https://www.statsforvalteren.no/contentassets/8a8caec0785f4b54a5d2828f34320e51/fraordtiljordtilkongensbord_slottsparken.pdf

Erfaringa frå etterutdanning og rettleiar vart meld inn i samband med LMD sitt arbeid med Strategi for urbant landbruk i 2020.

Marknadshage

Det er danna eit nettverk av ressurspersonar frå landbruksavdelingane i heile landet som samarbeider om ymse åtgjerder. Trøndelag, Vestland og Oslo og Viken deltek i eit europeisk prosjekt kalla «Stadsbruk», som er eit inkubatorprogram for marknadshagedyrkarar. Prosjektet er støtta av svenske Vinnova. Me tek del i dette arbeidet frå sidelinja for å ta i bruk metodar og erfaringar i eige region. Aktivitetar som grønsakkurs i fjellområda vert støtta av fjellandbruksmidlar. Sjå eigen og felles rapport frå Trøndelag.

Skolehage

Over heile verda satsast det igjen på skulehagar som læringsarena kring klima, berekraft, samanhengar og livsmeistring. Dette gjeld alt i frå barnehagar til universitet. Det same skjer i Noreg. Fagfornyinga i skulen, med nye lærarplanar frå hausten 2020, har bidraga til stor etterspurnad i frå skulane. Skulehagen definerast som ein viktig del av det urbane landbruket og representerer ein unik moglegheit for å styrke nye generasjonar si kunnskap om matproduksjon og samanhengar. Me deltek aktivt i den nasjonale dialogen for å relansera skulehagen over heile landet.

Digifood

Digital marknadsinnovasjon for mat. Vi er prosjektpartner i Digifood, som eigast av Universitetet i Sørøst Noreg, Handelshøgskulen, Institutt for økonomi, historie og samfunnsvitskap. Digifood skal søkje å finne styrker og svakheiter ved ymse digitale alternative matnettverk, som også gjeld REKO, og finne kunnskap om kva som gjer dei til berekraftige matverdisystem. Målet er å gje småskalaprodusentar tilgang til ein marknad før sine produkt.

Eit nytt prosjekt knytt til Digifood er »Tuddal markedshage». Prosjektet starta i august 2020 og avslutta desember 2020. Prosjekta eigast av Tuddal Høyfjellshotel med Nutheim Gjestgiveri som partner. FOU partner vart Universitetet i Sørøst Noreg. Me i landbruk har vorti prosjektleiar. I innleidande fase blei det henta informasjon og etablert nettverk av ymse samarbeidspartnarar. Prosjektet har som mål å etablere seg med kunnskapspartnarar til eit framtidig innovasjonsprosjekt. Det er eit mål å verte meir sjølvforsynte og sirkulære. Aktivitetane i dette prosjektet har i all hovudsak vore å tilegne oss nye kontaktar, lære meir om forhold knytt til landbruk, kretsløp, matopplevelingar og opplevingsdesign. Prosjektet vert støtta av Norges Forskningsråd.

Skogskaderovervaking

Vi har laga eit prosjekt saman med NIBIO og Norsk Romsenter for tidleg å kunna varsle skadar på skogen til skogeigarane/skogsamvirke. Satellittovervakainga vert sjekka mot befaringer i skogen. Prosjektet er meit å flytte kunnsapen frå ein forskar PC og ut til dei som dagleg arbeider med hogstoppdrag.

Økt produksjon i skogen

På Fritzøe Skoger sin eigedom har me bruka taksering av skogen med enkeltrelaser i 2009, 2014 og 2020. Målingane syner at skogen tidvis veks mykje meir enn tidlegare. I 2021 vil me få veta korleis skogen har reagera på tørksumaren i 2018, samstundes får me veta korleis alle treslag reagerar på lengre veksttid, meir Co2 i lufta, meir nedbør og meir nitrogennedfall. Resultata vil være klare i 2021.

Formidlingsprosjekt

Sammenhengen mellom matproduksjon, klima, og forvaltning av landsareal er eit komplisert og omfattande tema. I 2020 jobba me (i oppdrag av Telemark landbrukselskap) med å utvikla presentasjonsmateriell til generell bruk. Dette for å formidla til forbrukarar kva berekraftig matproduksjon er. Formidlingsmateriell blir ferdigstilte og publiserte i 2021.

Statsrådbesøk i Ramnes med tema biogass og miljøvenlig jordbruksdrift

I september vitja statsråd Olaug Bollestad fylket vårt og Greve Biogass AS og gardbrukar Bjørn Victor Folkvord m. familie i Ramnes. Landbruksministeren fikk ei god orientering om verksemda på Greve Biogass der dei komposterar matavfall og husdyrgjødsel. Produkta blir biogass og biorest. Gardbrukaren Folkvord, saman med fleire andre bønder i området, tek i mot biosten. Biosten brukast på jordene som eit stabilisera og nært luktfrí gjødselstoff. Bonden nyttar også høvet til å påpeike at biosten i dag inneheld for mykje plastbiter som blir spreidd på jordene, og at det er viktig at kommunar og Greve Biogass jobber med å fjerne denne plasten for å sikre eit enda meir miljøvenleg produkt.

Statsrådbesøk til Fruktbygda i Telemark

Nokre dagar etter statsrådens besøk med tema biogass og miljøvenlig jordbruksdrift besøkte hun på nytt fylket, denne gangen Fruktbygda. Ein innholdsrik dag med besøk hos Telefrukt AS, fruktprodusent Jarl Olav Rustveit, Lindheim Ølkompani og Sagaplant As. Landbruk-og matministeren delte òg ut to Spesialitetsmerker til Epleblomsten sin eple/bringebærjuice og Bakstelaugen Kling.

Under besøket vart ho informert om prosjekt og investeringar hos Telefrukt AS som skal gi moglegheiter for norske eple i butikk utover vinteren. Hos Rustveit plukka ho eple frå moderne høsteplatform. Ingeborg Lindheim fortalte engasjert om videreforedlingen av frukta til eplemost, cider og frukt-øl, og at eksport er ein viktig salskanal. Siste besøket var Sagaplant AS med tema plantehelse og bevaring av norske plantegener.

Verdiskaping (fra kapittel 3.1.6.1.1 i TB)

Rapportere på

Regional innsats innen landbruksbasert næringsutvikling er innrettet slik at nasjonale mål og føringer i RNP nås.

I 2020 tok fylkeskommunen over forvaltninga av dei regionale tilretteleggingsmidlene i landbruket, som eit av tiltaka i regionreforma. Desse midla har vore eit av dei viktigaste verktøya for Fylkesmannen til å stimulera til aktivitetar og prosjekt i tråd med den Regionale næringsplanen, RNP 2019-2022. I dette overgangsåret har vi vore på tilbodssida og gitt fylkeskommunen nødvendig støtte i forvaltning av midlane. Dette har primært vore kjennskap til prosjekt som er i gang, og kunnskap om tidlegare prosjekt. Det gode samarbeidet har gitt ein god overgang av forvaltninga.

Fylkesmannen deltar aktivt i regionalt partnarskap landbruk, og det er vore gjennomført 3 møte i partnarskapet i 2020. Regionalt partnarskap legg føringar for bruken av regionale tilretteleggingsmidler, RT, regionale kompetanse og rekruteringsmidler, RK, og Regionale føringar for Innovasjon Norge sine IBU-midler. Det blir òg utarbeidd eit årleg handlingsprogram i regi av ei arbeidsgruppe, som består av Fylkesmann, fylkeskommunen og Innovasjon Norge.

RNP Handlingsprogram 2020

Overordna er det viktig at verkemidla bidrar til optimalisering/fornyng og verdiskaping, framfor vekst. Viktig å tenka heile verdikjeda i arbeidet med dei prioriterte tiltaksområda.

Det lokale ressursgrunnlaget må vera tilstrekkeleg for prosjekta.

- Vestfold og Telemark skal minimum no dei nasjonale klimamåla som er fremforhandlet mellom næringa og regjeringa.
- Grønt og pota/frukt og bær, der det er rom i marknaden. Inkludert mat med lokal identitet.
- Tilrettelegging for utnytting av beite- og utmarksressursar. Inkludert mat med lokal identitet.
- Utvikling av kornproduksjon. Matkorn versus protein til kraftfør. Inkludert mat med lokalidentitet.
- Utnytting av alle ressursane til garden, mellom dei reiseliv. «Garden som ressurs»
- Skogen som ressurs og del av klimaløysinga. «Tenk tre».
- Kunnskapsbygging og omdømme (matfestivalar, urbant landbruk, open gard ol.)

Fylkesmannen disponerer middel til Fjellandbruket og har i 2020 brukt desse midla til prosjekt som samanfell med satsinga vår på Fjellandbruket i RNP, sjå eiga rapportering frå fjellandbruket

Fleire av dei prosjekta som kjem til Innovasjon Norge og fylkeskommunen er eit resultat av mobilisering hjå oss. Ein må også sjå samband mellom produksjon og ei levande jord og her har vi hatt ei proaktiv rolle som nettverksbyggar og samordningsetat. Me nyttar nettverk som reiskap for å sette produsentar i samband med viktige ressursar og kompetansemiljø.

Fjell-Telemark deltok i 2020 på Internationale Grüne Woche. Arbeidet syner at netverk mellom lokalmatprodusentar, kokkemiljø, serveringsstader og reiseliv gjer auka verdiskaping. Telemark har stolte tradisjonar og dyktige lokalmatprodusentar. Det er mykje lærdom i å syne seg fram på slik måte som under IGW.

Landbruksavdelinga har delteke på innspillskonferansar om ny reiselivsstrategi i Noreg og det er starta opp arbeid med å samle Vestfold og Telemark til ein reiselivsregion, men med ulike destinasjonar. Landbruk, fjellandbruk, kulturlandskap, produksjon, distribusjon og servering av lokalmat er våre arbeidsområde som nyttas inn i eit slikt arbeid.

Grøn parallel - ein satsing på direkte sal mellom småkalsprodusentar og utvalde serveringsstader. Dette vart gjort i samband med ei arbeidstrening bedrift.

Mattorget Gjennestad. Oppfølging av eigaren for å skaffe namn på lokalmatprodusentar i Vestfold og Telemark, og naboregionar.

Me har i 2020 hatt eit godt samarbeid med Økouka. Erfaringa frå 2020 er at dei nå er meir merksame på produsentar, nye marknadskanalar og at dei må ha ein viktig plass i Økouka. Me har i tett samarbeid med Økouka fått fleire satsingar i gang og mykje oppmerksemd knytt til jordhelse og kretslaup.

Me har ein proaktiv rolle mot veksthusnæringa regionalt og nasjonalt. Det er ein næring, då spesielt blomsterveksthusa som ikkje synast godt i forvaltingsarbeide, men bidreg sterkt til verdiskapinga i landbruket. Veksthus fell utanfor ordningar som SMIL. I lag med Norsk Gartnerforbund gjer vi no ein undersøking kor mange veksthus fortrinnsvis blomsterveksthus om ikkje har arealer som er berettiga produksjonstilskudd. Dette er avgjeraande for å få til gode løysingar på problematikken avrenning frå veksthus.

Tilfredsstillende forygelse etter all hogst innen tre år etter hogst. (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Kommunenes arbeid med tilfredsstillende forygelse innen tre år etter hogst er fulgt opp.

Om lag 80% tilfredsstillande forynging, jf. resultatkartlegging.

Resultatkartlegging: 100% gjennomført. Tett oppfølging frå oss. Vi har gjennomført ei kartlegging hos fylkeskommunen.

Tiltak forygelseskontroll:

- 17. april: Brev til kommunane med direktoratet sitt brev og prosesskildring. Vi gav frist for utsending av eigenmeldingsskjemaet 1. mai og for registrering av svar i ØKS/ev. purring av skogeigarar 1. juni. Melding om at kommunane må arbeide vidare med eldre saker

- same informasjonen blei sendt kommunane i felles informasjon (e-post) til den kommunal landbruksforvaltninga i fylket. Informasjonen ligg også på www.fylkesmannen.no/Vestfold og Telemark

- mai/juni: Individuelle e-postar til dei einiske skogbruksansvarlege i kommunane med ros, ev. påminning om utsending/registrering av svar på eigenmeldingsskjema etter status i ØKS

- 22. september: E-post med oppmøding til kommunane som hadde kontrollfelt igjen om å kontrollere i felt snarast, jf. ØKS

- 23. september minna kommunane om arbeidet og fristen i eigen bok på skogfagsamling

- vi gjennomførte ein foryngingskontroll i felt hos fylkeskommunen

Hovedresultat: 100% av sakene er gjort noko med. 72% av sakene er ferdighandsama/avslutta. Dei resterande er under oppfølging. 5 av 17 kommunar har avslutta alle saker.

Utfordringar med å sikre tilstrekkeleg forynging:

1. For mange skogeigarar har for liten kompetanse. Skogen betyr lite økonomisk for mange

2. For svakt regelverk. Eksempel:

a) lautreslag ikkje definert i § 8 i berekraftforskrifta. "Alle" kan påstå at dei satsar på naturleg forynging. Informasjon om treslag til næringsformål må vere kommunisert, lett tilgjengeleg og forståeleg for skogeigarane

b) ingen konsekvensar for skogeigarar som ikkje svarar på eigenmeldinga i foryngelsekontrollen

3. For liten kapasitet til oppfølging i nokre kommunar. Tidkrevjande for kommunane når skogeigarar ikkje svarar/følger opp med tiltak. Ikkje auka personellressursar ved auka oppgåver, t.d. koronatilskudd

4. Utfordrande for ein einsleg tilsett i kommunen å "dra" foryngingssaker som er upopulære og tidkrevjande. Eksempel på grov personhetsing. Kva er "premien"?

Forslag til forbetringspunkt foryngingskontroll:

1. Betre maler og informasjon om t.d. pålegg om planting frå overordna nivå. Kva når feltet er attgrodd? Kva når skogfond=0 kr? Eksempel på gjennomførte saker på samlingar

2. Utsending av eigenmelding via Digipost (ev. Altinn). I samsvar med anna offentleg kommunikasjon. Usikker på om det vil auke svarprosenten

Tilskuddsordningene i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Kommunene er fulgt opp med henblikk på effektiv bruk av tilskuddsordningene i skogbruket. 100%.

Vi gjennomførte ei kompetansesamling med alle kommunane tidleg på året der vi ga fagleg påfyll og med føremål å handsama skogeigarane likt. Temaet var tilskotshandsaming og fordeling av NMSK-midlar til kommunane. Seinare på året vart det nausynt å halde faglege møter på Teams.

Vi har gjennomført eit fagleg arrangement i Østlandskogbrukets regi der tilsette hjå FM i Oslo og Viken, Agder og Vestfold og Telemark fekk skogfagleg påfyll noko som bidreg til effektiv bruk av verkemidlane.

Dei nye Koronatilskota som kom i 2020 vart medverkande til mange Teamsmøte med kommunane for å lykkast med ei god handsaming av ordningane. Desse ordningane vart godt mottekne hjå næringa.

Vi har fått utdanna tre godkjende vegplanleggjarar i fylket til hjelp for kommunane si handsaming av tilskot til skogsvegbygging. Dette er svært godt motteke hjå kommunane. Samleige kommunar har laga "retningsliner for søknadar om tilskot til bygging og ombygging av skogsvegar". Det er fortsatt stor etterspurnad etter tilskot til denne ordninga.

Tiltak og virkemiddelbruk for bedre skogsveinett

Skogsbiiveier - type tiltak	Veilengde (km)	Tilskudd (kr)	Skogfond (kr)
Nybygging	10.8	3 997 100.0	4 074 300.0
Ombygging	33.7	9 016 700.0	16 880 500.0
Vedlikehold	1 050.0	0.0	11 961 700.0

Lengde tilskott nyanlegg og ombygging skogsvegar er henta ut frå vegrapport nr. 06 for ferdigmeldte vegar i 2020. Bruk av skogfond med skattefordel til skogsvegar er henta ut i frå skogfondsrapport nr. 63 i ØKS og trekt i frå utbetalta tilskott som også registrerast som inn- og utgåande skogfond i ØKS. Statistikk i frå ØKS syner ikkje skogfond fordelt på nyanlegg og ombygging, dette er derfor utrekna forholdsmessig ut i frå investeringa i nye og ombygde skogsvegar, jf. vegrapport 03. i ØKS. Lengda av vegvedlikehald gjeld vegvedlikehald med bruk av skogfond og er estimert ut i frå ein gjennomsnittleg anslege vegvedlikehaldskostnad på kr 20 pr. meter.

Verdiskaping i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen har gjennom kunnskapsoverføring til kommunene bidratt til en effektiv og god forvaltning av tilskudd til skogsveier og drift med taubane o.a.

Vi hadde alle kommunane inne til kompetansehevande kurs i tilskotshandsaminga av skogsvegar og taubane o.a. tidleg på året. Kurset vart arrangert saman med folk frå Landbruksdirektoratet. Føremålet med kurset var opplæring av kommunane i tilskotshandsaming og grunnlaget for å kunna godkjenne byggeplanar for skogsvegane.

I samband med tildeling av teskotsmidlar til kommunane på vegsektoren, vart det naudsynt hjå oss å prioritera dei beste prosjekta ut frå lite midlar til vegbygging i 2020. (Pengar vart flytt til Koronatiltak)

3.1.1.14 Bærekraftig landbruk

Fylkesmannen bidrar til at landbruket utviklar seg i ei retning som er i trå med FNs berekraftsmål. I verktøykassa vår har vi det Regionale bygdeutviklingsprogram (RBU), (beståande av regionalt næringsprogram (RNP), regionalt miljøprogram (RMP), og regionalt skog- og klimaprogram (RSK)), andre tilskotsordningar, regelverket, årlege satsingsområde, og vi bidrar med kunnskapen vår på ulike arenaer. Ved å vera bindeledd mellom næringa, forskings- og undervisningsmiljøet, offentlege aktørar, og forbrukarar kan vi sjå heilskapen og samanhengar i systemet. Med denne kunnskapen har vi moglegheita til å adressera utfordringar og problemstillingar i landbruket, og vi kan setja i verk tiltak som kan bringa oss nærmare måloppnåelse.

Bruk av dei regionale klima- og miljøprogrammidla

Vi har støtta prosjekt som bidrar til redusert klimagassutslepp og auka karbonbinding, jordhelse, redusert forureining, klimatilpasning og naturmangfald. Klimarelaterete prosjekt, og prosjekt som bidra til godt ressursbruk har vorte prioriterte, i trå med nasjonale retningslinjer, og behovet vi ser i fylket vårt. Vi legg vekt på at eksisterande eller ny kunnskap raskt når ut til næringsutøvarar.

Jordhelse og oppbygging av organisk materiale

Fylkesmannen jobbar aktivt med 'Nasjonalt program for jordhelse'. Verdien av god jordhelse er bra for produksjonsevna, for klima, og for biologisk mangfald og får meir merksemd. Vi har fokus på tiltak som fremmar god jordhelse, som fangvekstar, drenering, og unngå jordpakking. Dette var òg eit tema på ein workshop vi organiserte for kommunane under 'klimasamlinga for kommunane' i fylket vårt den 15-16 oktober.

Berekraftig arealbruk

Kva vi produserer kvar, og korleis vi gjer det har alt å gjera med rett produksjon på rett stad (både jordbruk og skogbruk). Formåla for bruk av areala kan konkurrera med kvarandre, liksom berekraftsmåla kan konkurrera med kvarandre. Fylkesmannen speler ei viktig rolle i avveiing av dei ulike formåla og berekraftsmåla for å kunna gjera gode avgjerder. Prosjektet 'areal ute av drift' er eit konkret døme korleis vi jobbar med dette tema.

Andre prosjekt

I 2020 har vi bidratt som sekretariat til landbruksdirektoratets sitt arbeidsgruppa 'Auka bruk av husdyrgjødsel i biogassproduksjon', som starta i 2019. I tillegg har vi deltatt i eit utgreiingsprosjekt i regi av Telemarkforskning som definerer status og betringsmøglegheiter av det norske matproduksjonssystemet, og ser på verkemiddelbruk for å støtta ei berekraftig utvikling av det norske jordbruket og matindustri.

Økt planting med tilskudd (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Klimadelen i regionalt- skog- og klimaprogram er kjent og fulgt opp av kommunene.

I 2020 vart det gjeve tilskot til tettare planting for drygt 150 000 planter i Vestfold og Telemark. Det er ein auke på 17,4 % frå året før. Talet på utsette planter totalt gjekk ned med ca. 4 % i same periode, på grunn av liten tilgang på planter i 2020, etter utfordringar med ugras i planteskulane i 2019. Det vart gjeve tilskot til suppleringsplanting for vel 50 000 planter i 2020. Offentlege og private skogaktørar i vårt fylke framhevar at tilskot til suppleringsplanting er eit vel så viktig klimatiltak som tilskot til tettare planting. Å fylge opp og syte for høg nok tettleik på allereie tilplanta areal er vesentleg for å auke CO₂-bindinga i skog. Det er ynskjeleg med vidareføring av tilskot til suppleringsplanting og helst med høgare tilskottssats enn 20 %

I 2020 vart det gjødsla med tilskot på drygt 1 000 dekar skog i vårt fylke. I 2019 vart ordninga ikkje brukt. Gjødsling er mest aktuelt på lågare bonitetar nord og vest i fylket, og det er her ordninga i størst grad vert nytta. Deler av fylket ligg i områder med direkte avrenning til Oslofjorden/Skagerrak, kor det ikkje har vore opning for å gjødsle i 2020. Det er heller ikkje stor interesse for å gjødsle i desse områda, då det er omstridt om miljømessige ulemper eller klimamessige fordeler ved gjødsling skal vege tyngst.

Rgionalt miljøprogram (RMP) (fra kapittel 3.1.6.2.2.1 i TB)

Rapportere på

Innholdet i RMP er kjent for landbrukets organisasjoner, kommuner og aktuelle søker.

RMP-tilskot

Vi har informert om RMP-tilskotet slik vi har gjort tidlegare år. På ei eiga nettside for RMP-tilskot vart det før våronna lagt ut oversikt over RMP-tilskot med lenke til faktaark for kvart tilskot. Informasjon om dette vart sendt elektronisk til alle gardbrukarane i Vestfold og Telemark. I august vart det sendt ut

rettleiingshefte elektronisk i bladbar form til alle gardbrukarane med informasjon om RMP-tiltaka.

Media, flagla og landbruksrådgjevinga har fanga opp informasjonen vår om tilskot til soner for pollinerande insekt. Det har ført til stor interesse og omfang for denne tilskotsordninga og kanskje nokre nye søkerar som elles ikkje ville ha søkt. Informasjon fra oss og landbruksrådgjevinga om miljøeffekten av fangvekstar og direktesåing har gitt gledeleg auke av omfanget av desse tiltaka, men neppe fleire søkerar.

Begrensa RMP-ramme og forventning om å ta inn nye tiltak fører til at satsane blir ståande stille eller blir reduserte. Det er klart demotiverande for søkerane og avgrensar oppslutninga av tilskotsordninga. Låge tilskotssatsar er det største hinderet for å få nye søkerar og avgrensar omfanget av tiltaka i søknadene.

SMIL-tilskot

Vi har eiga nettside om SMIL-tilskot som blir halden oppdatert, og er til hjerp for kommunane og søkerane. Vi har også hatt kompetansesamlingar for kommunane og flagla med SMIL som tema. På starten av året informerte vi om dei sentrale føringane og rammene for SMIL i 2020. Kommunane vart også gitt frist for å oppdatera sine kommunale retningslinjer for SMIL for 2020-2022 saman med flagla.

På hausten hadde vi kompetansesamling om SMIL med informasjon om status mtp SMIL-midlar i kommunane, om prosessen med omfordeling av midlar mellom kommunar og fristar for kommunane mot avslutning av året.

Det har vore svært stor aktivitet i kommunane i 2020, og vesentleg fleire søknadar er behandla enn i 2019:

2019: Tilsagn 11,5 mill kr - 194 søknadar innvilga

2020: Tilsagn 12,5 mill kr - 244 søknadar innvilga

Dette tyder på at gardbrukarane kjerner til ordninga, og får god rettleiing frå kommunane.

RMP-Regionale miljøutfordringer (fra kapittel 3.1.6.2.3.1 i TB)

Rapportere på

Tiltak i RMP er innrettet mot de regionale miljøutfordringene.

RMP-tilskot

Avrenning av jord og næringsstoff til vassdraga er ei stor miljøutfordring i Vestfold og nedre delar av Telemark med store areal open åker og erosjonsutsatte areal under marin grense. Mange vassdrag i jordbruksområda har ikkje god nok miljøtilstand. Denne utfordringa er det lagt stor vekt på i både RMP-tilskot og SMIL. Jordbruksareal under marin grense er vald ut som prioritert område for vassmiljøtiltak, og er gitt høgast tilskotssatsar i RMP. I RMP-menyen vår har vi med alle dei viktigste tiltaka mot avrenning til vatn. Rettleiing siste året frå landbruksforvaltning og landbruksrådgjeving om miljøeffekta av fangvekstar og direktesåing har gitt gledeleg stor auke av omfanget av desse tilskotsordningane i år, utan auke i satsane.

Arealet av den viktigaste ordninga for å redusera avrenning "ingen jordarbeid om hausten" har gått ned. Det kjem delvis av at det vart sådd mykje haustkorn hausten 2020, men også låge tilskotssatsar som ikkje har auka dei siste 15 åra og gått ned dei to siste åra. RMP-tildelinga til fylket aukar lite og det er forventning om at nye miljøtiltak skal takast inn i RMP-ordningen. Det er på langt nær kostnadsdekning med dagens satsar for ingen jordarbeid om hausten og eit dårleg signal frå styresmaktene når vi set ned tilskotssatsane. Utan betydeleg auke av fylkets RMP-tildeling i 2021, vil tilskotssatsane måttast ytterlegare ned i neste søknadsomgang. Dei nye erosjonsrisikokartane viser auka erosjonsrisiko i Vestfold og Telemark, medan karta viser lågare erosjonsrisiko i dei andre fylka.

Frivillige miljøavtalar vart innførte som pilot i ny RMP 2019 for eit svært belasta nedbørfelt. Oppslutninga har vore større i 2020 enn året før.

Miljøvennleg spreiing av husdyrgjødsel er veklagt, og har fått eit betydeleg omfang som aukar for kvart år sjølv om satsane ikkje blir endra. Særleg har spreiing av biorest frå Greve Biogass bidratt til dette. Størstedelen av desse areaala blir spreidde med tilførselslonge (ikkje tankvogn).

I øvre delar av Telemark er det utfordringar knytt til at jordbruksareal og setervollar går ut av drift og gror igjen. Tilskot til drift av bratt areal er viktig, og er derfor tilgodesett med ein relativt høg tilskotssats. Det same er drift av seter. Dei mest verdifulle jordbrukslandskapa er definerte og prioritert med tilskot.

Tilskot til drift av beiteleg stimulerer til bruk av utmarksressursane i dei øvre delane av fylket. Beiting og skjøtsel av utmarksareal langs kysten er også veklagt i miljøprogrammet. Langs kysten er det biologiske mangfaldet stort, det finst to nasjonalparkar, to utvalde kulturlandskap og mange andre naturvernområde.

Soner for pollinerande insekt vart tatt inn i RMP i 2019, og fekk stor tilslutting allereie første året ned ca. 70 km sona. I 2020 auka dette til ca. 250 km sjølv om førebels sats var betydeleg lågare.

SMIL-tilskot

I det regionale miljøprogrammet vårt er utfordringane knytta til avrenning til vatn og vassdrag fyldig beskrive og veklagt. Ved tildeling av midlar til kommunane vart det gitt føringar om at tilskot til investeringar knytt til tiltak mot avrenning skulle prioriteras.

Kommunane har innvilga 244 søknadar om SMIL, og gitt tilsagn på totalt 12,5 mill kr. 73 % av midlane er tildela til tiltak mot avrenning til vatn og vassdrag.

Utbetring av hydrotekniske anlegg er tiltaket med klart størst omfang. Deretter kjem erosjonssikring i langs vassdrag. Desse tiltaka har ein viktig effekt i å redusera erosjon av jord og næringssalt frå areala og langs vassdraga. Dette er viktige tiltak for å redusera belastninga frå jordbruket til vassførekostane. Dei konkrete tiltaka som er mest nytta er oppgradering av rørgater og kummar på areala og sikring av elv- og bekkekanter.

Dei resterande midla (27 %) er i hovudsak tildela tiltak i kulturlandskapet og til verneverdige bygningar. Rydding og gjerdning av gammal kulturmark er det mest nytta tiltaket innan kulturlandskap. Attgroing er ein trussel. Følgd av beiting har dette tiltaket god effekt.

Det er ein stor utfordring å nå måla for miljøtilstand i vatn og vassdrag i vårt fylke innan fristane som vassforskrifta sett. Klimaendringane gjev eit auka behov for tiltak mot avrenning og erosjon. Vi er bekymra for effekten av den tronde SMIL-ramma Vestfold og Telemark er tildela for 2021. Tilsagna gitt av kommunane i 2019 var 11,5 mill kr og i 2020 var det 12,5 mill kr. For 2021 er vi tildela berre 8 mill kr. Saman med rest frå 2020 har vi berre 8,7 mill kr disponibelt for 2021. Kommunane har allereie redusera sine tilskotssatsar til omlag 50 % til avrenningstiltak. Det er ei grense for kor mykje av kostnadane gardbrukarane er i stand til å dekka frå eigen lomme. Antall føretak som kan få SMIL-tilskudd vil difor gå ned i 2021.

Dei neste åra vil den store trangen for SMIL-midlar og RMP-midlar vara ved. I utkastet til Regional vannforvaltningsplan for Vestfold og Telemark for 2022-2027 er jordbruket peka på som den største påvirkaren i Nedre Telemark og i Vestfold. Det regionale tilaksprogrammet rommar derfor forslag til vesentleg auka omfang av miljøtiltak i jordbruket. Vi veit at tiltaka som er foreslått har god miljøeffekt, og treng auka ramme med midlar for å kunne setja planane ut i livet.

Tilskot til drenering

Både av omsyn til miljø; redusert utvasking, avrenning, erosjon og klimagassutslipp, og for å sikre produksjonsgrunnlaget for matproduksjon og plantedyrkarane inntektsgrunnlag, er det ynskjeleg at det vert grøfta meir i jordbruket.

I Vestfold og Telemark var pågangen av søkjurar om tilskot til drenering av jordbruksjord monaleg større i 2020 enn året før. I 2020 vart det løvd 9 423 130 kr, fordelt på 149 søknadar. Til grunn for søknadane ligg eit totalareal på 5 131 daa som svarar til ein auke på 33 %. 4 244 daa skulle grøftast systematisk, ein auke på 23 %.

Av dei 149 søkerane eigde 102 sjølv arealet som skulle drenerast. 47 søknadar gjaldt drenering på leigd areal. Ingen av søknadane gjaldt prosjekt som vil kunne auke erosjonsfara, eit vil kunne føre til auka flomfare, seks av prosjekta vedrører naturverninteresser og kulturminnestyresmakta har uttala seg i sju av sakene.

Statsforvaltaren opplevde at det fanst nok midlar i potten for tilskot til drenering av jordbruksjord. Det var tilgangen på gode søknadar som avgrensa kor mykje som vart løvd.

Vannforvaltningsplaner (fra kapittel 3.1.6.2.3.2 i TB)

Rapportere på

Miljøvirkemidlene er innrettet i henhold til vannforvaltningsplanene. I tråd med nasjonale føringer om vannforvaltning skal mer forpliktende krav tas i bruk ved behov for sterkt innsats.

Regionalt miljøprogram for Vestfold og Telemark 2019-2022 har stor merksemrd rundt tiltak mot avrenning til vatn. Både RMP-tilskot og SMIL er innretta mot at ordningane skal stimulera til auka omfang av tiltak som kan betre vassmiljøet. Utfordringane er størst i jordbruksområda i Nedre delar av Telemark og i Vestfold. Mange av vassførekostane har stor grad av jordbrukspråverknad og moderat, därleg eller svært därleg økologisk tilstand.

Landbruksavdelinga har lagt ned eit omfattande arbeid i 2020 med å koordinera innspel frå sektor jordbruk til ny "Regional vannforvaltningsplan / tiltaksprogram for Vestfold og Telemark for 2022-2027". Kommunene, vassområda, faglaga, landbruksrådgivinga og miljøavdelinga har vore involvera i arbeidet. Eit viktig kunnskapsgrunnlag har vore nye utrekningar av avrenninga frå jordbruket i fylket vårt frå NIBO (Agricat P). Føringane til jordbruket i vassarbeidet frå departementa er også lagt til grunn.

Dei aktuelle vassområda er dela inn i tiltaksområde som følgjer nedbørfeltgrensene. Det er laga tiltakspakkar for jordbruket tilpassa lokale utfordringar for 32 tiltaksområde i 8 vassområde. Tiltakspakkane inneheld omfanget av dei pågåande tiltaka, pluss ein vesentleg auke i gjennomføringa av tiltak.

Samanlikning av Agricat-utrekningane vi har, med 10 års mellomrom, viser at utviklinga i omfanget av miljøtiltak i jordbruket har gått i positiv retning. Dette har skjedd som ein følge av auka merksemrd rundt vassmiljø og tilskot til frivillige miljøtiltak. I nedbørfelta til innsjøane med dei største miljøutfordringane er til dømes delen areal med "ingen jordarbeiding om høsten" nå på over 60 %.

Klimaendringane gjer desverre at effekten av alle tiltaka ikkje er så synlege i den målte miljøtilstanden i vatn og vassdrag. Difor inneheld dei nye tiltakspakkane vesenleg auka omfang av tiltak med god effekt, og som det er eit potensial for å heva opp. Tiltakspakkane er sett saman slik at dei skal balansera produksjonsomsyn og miljøomsyn.

I arbeidde med gjennomføring av pågåande tiltak som erosjonssikring i langs vassdrag møte vi i aukande grad interessekonfliktar mellom omsyn til vasskvalitet, naturmangfold, vassdragstiltak og matproduksjon.

Fram til no har ikkje heimlar som gir mogelegheiter for innføring av strengare miljøkrav vert nytta. Mykje er oppnådd gjennom frivillige tiltak støttet av tilskot. Utfordringane framover er imidlertid så store at sektor landbruk har spela inn til vannforvaltningsplanen at vi vil starta ein prosess med å vurdera innføring av regionale miljøkrav i visse område i planperioden 2022-2027.

Dette skal greast ut i 2022:

1. I kva område i Vestfold og Telemark vil det vera behov for regionale miljøkrav?

Eit område kan t.d. vera nedslagsfeltet til ein innsjø eller eit vassdrag med store vassmiljøutfordringar. Det kan eventuelt veljast ut fleire område baserte på jordbrukspråverknad og miljøtilstand i vatnet.

2. Kva tiltak skal dei regionale miljøkrava innehalda?

Dette må tilpassast utfordringane i dei aktuelle områda. Aktuelle tiltak kan vera pålegg om grasdekka buffersoner langs vassdrag, grasdekka vassvegar inne på jordene, ein viss del ingen jordarbeid om høsten eller fangvekstar mm.

3. Kva er kostnadene knytte til innføring av regionale miljøkrav?

Pålagde tiltak i eit område vil støttast av dei same tilskotsordningane som blir gitte til frivillige tiltak i dag. Vestfold og Telemark fylke får ei viss ramme med midlar frå Jordbruksoppgjøret kvart år. Omfanget av tiltak vil auka, og den økonomiske ramma for RMP og SMIL må òg aukast.

I utgreiingane vil kommunane, vassområda, faglaga, landbruksrådgivinga og SF miljøavdelinga bli involvera.

Utvalgte kulturlandskap (fra kapittel 3.1.6.2.3.3 i TB)

Rapportere på

Ha god oversikt over forvaltning av områdene som har status som Utvalgte kulturlandskap i jordbruket, samt bidra til direktoratenes forslag til plan for videre arbeid med Utvalgte kulturlandskap i jordbruket fra 2020 til og med 2025.

I samband med arbeidet med nye områder 2020-25 gjennomgikk vi korleis målsettingane med ordninga blir ivaretakne for dei ulike områda og fylket. For landbruk, miljø og kulturminne er det tilfredstilande og mykje gode resultat, men både biologiske verdiar og beiteaktivitet er område ein følgjer spesielt med på, og som heng saman.

Kulturlandskapsverdiane er styrka etter dei vart utvalde område - er ei generell tilbakemelding frå undersøkinga. Ordninga styrkar grunnlaget for å oppretthalde gardsdrift og landbruksnæring, særleg på øyane i Færder og på Jomfruland og Stråholmen.

Kommunane sin administrative kvardag har noko ulik samansetting i fylket. Alle kommunane melder om ressursproblem og tid som kritisk faktor. Med forvaltingsansvar frå 2020 har kommunane møtt mange nye oppgåver og det har vore tett dialog med fylkesmannen underveis. Møter og aktivitet har vore løyst som elektroniske møte, noko felt for einskilde deltakarar og elles færre fysiske møtepunkt. Mykje aktivitet og stor vilje, tross alt.

Hjartdal og Svartdal:

Administrasjonen i Seljord og Hjartdal kommune samarbeider om det daglege. Styringsgruppa er samansett av faglag, lokallag og politisk nivå, og er viktig støtte for administrasjonen. Område vart utvald då ein visste at forvaltnigna skulle flyttast til kommunane, og ein del tilrettelegging vart gjort med tanke på at dette kom frå 2020. Område har hatt fokus på grunnlagsarbeid med rapportar over bygningsmiljø og insektsstudie, i tillegg mykje søknadshandsaming og oppfølging av formidling, skilt og informasjon. Stor aktivitet.

Jomfruland og Stråholmen

Kragerø kommune har samarbeidd med Drangedal kommune om landbruksforvaltninga. Dei har delt arbeidet om UKL mellom seg, kor Drangedal har utbetalingar i Agros og Kragerø har vedtak og oppfølging. Arbeidsutvalet er samansett av lokale ildsjelar og bønder, dei legg planar for tiltak og arrangement. Kommunane har løst oppgåva godt, teke godt ansvar og er tydelege i området. Designkonkurranse over lokale produkt er ei satsing i området.

Færder

Færder kommune har behandla innkomne søknadar om tilskot og har god kjennskap til Agros. Saksbehandlaren har òg god kunnskap om UKL-området, etter å ha vore med i UKL-arbeidet i mange år. Grunna knappe ressursar og delvis òg Covid19, har heile UKL-nettverket ikkje vore samla i 2020. Forvaltingsgruppa for Færder UKL med repr. frå fylkeskommune, FM miljøavdeling, Færder nasjonalpark og landbruksavdelinga har hatt elektroniske møte. Samarbeidet er godt.

Felles

Med ny forvaltingsmodell har Fylkesmannen organisert ei fagressursgruppe med representantar frå miljø, kulturminne og landbruk. Denne gruppa møter kommunane i 2-3 fellesmøter gjennom året, og er elles i jamnleg kontakt med kommunane etter høve. Kommunen er fyrste linje for områda nå, men regional forvalting trekka inn i styrings- og arbeidsmøter i områda i vekslande grad. Denne modellen fungerer på ei god måte og må få gå seg til vidare. Fylkesmannen har stort sett delteke i områda via elektroniske møte.

Tilskudd til tiltak i beiteområder (fra kapittel 3.1.6.2.3.4 i TB)

Rapportere på

Formålet med Tilskudd til tiltak i beiteområder er kjent og fulgt opp av kommunene på en god måte.

Kommunane tok over forvaltinga av tilskot til tiltak i beiteområde i 2020. Kommunane har forvalta ordninga på ein god måte.

Vestfold fylke har ikkje hatt ordninga på mange år, men fekk mogelegheita til å søkje etter at fylka vart slegne saman til Vestfold og Telemark. Ein av dei "nye" kommunane som kunne søkje fekk midlar dette året.

Det er stort behov for beitetiltak, men lite pengar. Tildelt pott (kr. 500.000), utgjer om lag 20 % av innmeldt behov. Det blir derfor ein vanskeleg prioritering både for oss og for kommunane. Det var kun 9 av 23 kommunar som fekk midlar frå potten i 2020. Me løyvde omlag 600.000 i 2020 (potten + inndregne midlar).

Det kom inn ei klage. Den vart ikkje tatt til følge da avslaget var heimla i kommunen sine retningslinjer.

Det er ynskjeleg at minst 30 % av midla gjeng til elektronisk overvaking. I Vestfold og Telemark er det mange som ynskje elektronisk gjerding og overvaking, særleg i høve til Nofence. For fylket gjekk 58 % av tildelinga til elektronisk overvaking.

3.1.1.15 Andre oppdrag

Tilskott til landbruksvikarverksemda

Det er to avløysarlag i fylket vårt. I søknadsskjemaet og rapporten for landbruksvikarverksemda 2020 vart det ikkje funne avvik i høve til tidlegare års inntekter og kostnader hjå nokon av laga.

Det eine laget har beredskap i 17 av fylkets kommunar (Telemark), medan det andre laget har beredskap i dei resterande 8 kommunane (Vestfold).

Eit av laga har medlemmer som bur i kommunar knytt til andre fylker. Covid 19 har ikkje påverka landbruksvikarverksemda i nokon av laga. Eit av laga har som føremål å ikkje tjene pengar på landbruksvikarverksemda og har såleis ein lågare dagsats enn det som er gjeldande for ordninga.

Produksjonssvikt i planteproduksjonen

I 2020-sesongen vart det registrert 67 søknadar om erstatning for klimaårsaka produksjonssvikt i planteproduksjonen. 59 av desse gjaldt skader i frukt- og berkulturar. Klimaproblema omfatta frostskadar på skot, frostskadar i blomen og dårlig fruktutvikling årsaka av låg temperatur, haglskadar og vindskadar.

I 2020 vart det innført ein ordning der frukt- ber- potet og grønsakdyrkarar som mangla haustemannskapar grunna Covid 19-restriksjonar, kunne søke om erstatning for produksjonssvikt. Fem søknadar om slik støtte vart sende inn frå dyrkarar i Vestfold og Telemark.

Autorisasjon Handtering og bruk av plantevemidlar/Tilleggskurs for Gnagemidlar

Ingen av kursarangørane i Vestfold og Telemark har hatt tilbod om digitale autorisasjonskurs/tilleggskurs i gnagemidlar i 2020. Det blir tilbod om dette i 2021.

3.1.2 Statlig virksamhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

3.1.2.1 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv

Opprettinga av eit regionalt velferdsråd for Vestfold og Telemark medverkar til samanheng mellom sosialbustadpolitikk og nasjonale satsningar og sikrar eit betre samarbeid mellom kommunane og statlege etatar.

Regionalt velferdsråd Agder og Vestfold og Telemark blir leia av ei styringsgruppe som består av dei to fylkesmennene, direktør i Husbanken Sør, fylkesdirektør NAV Vestfold og Telemark, Regiondirektør Bufetat Sør, Avdelingsdirektør helse og sosialavdelingen (Fylkeslegen) fylkesmannen i Agder, ordføraren i Arendal og rådmannen i Tønsberg.

Det er oppretta eit arbeidsutval som følgjer opp og koordinerer 4 arbeidsgrupper. Dei som er med i arbeidsutvalet er assisterande direktør i helse- og omsorgsavdelinga, Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, seniorrådgjevar i helse- og sosialavdelinga i Agder og fagdirektør i Husbanken Sør.

Dei 4 arbeidsgruppene er:

- 1) Utsette barnefamiliar
- 2) Rus og psykiatri
- 3) Bustadsosiale omsyn i plan
- 4) Bustadsosialkonferanse

Arbeidsgruppene set i verk og koordinerer nasjonale tiltak, oppgåver og virkemidlar internt og eksternt på dei prioriterte områda.

Regionalt velferdsråd vil gjennom å samordne regionale aktørar i møte med kommunane arbeide for å bidra til å løyse kommunane sine sammensette velferdsutfordringar i integrering, folkehelse, helse - og omsorgstjenester, barn - og unges levekår, universell utforming, sosiale tjenester og boligsosiale forhold.

Helhetlig samarbeid mellom stat og kommune (fra kapittel 3.2.1.1.1 i TB)**Rapportere på**

Helhetlig samarbeid mellom stat og kommune om de to tiltakene i Bolig for velferd.

Dei to tiltaka er å legge til rette for at vanskeligstilte familiar bur i egnet bustad, og å etablere arbeidsprosessar om heilhetleg tilbod av bustadar og bu- og oppfølgingstenestar for personar med rusmiddelavhengigkeit og psykiske lidinger som manglar eller risikrar å miste bustaden sin.

Det er i 2020 etablert Velferdsråd for Vestfold og Telemark og Agder. og kor det er sett ned fire arbeidsgrupper. Rådet forsterker betydning av samarbeidet mellom Husbanken og Fylkesmannen, samtidig som kommunene som ansvarlig planmyndighet og viktig premissgiver er representert. Rådet skal i tillegg til planprosesser ha fokus på brukere med psykisk helse og rus, som kanskje den mest utfordrende gruppen å bosette, og barn og unges levekår.

3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

I all hovudsak så er måla nådd. Tilsyns- og kontrollverksemda er godt samordna regionalt gjennom tilsynsforum. Når det gjeld målretting av tilsyn - med omsyn til tilsynsobjekt og tilsynstema - så er det nok i hovudsak på val av objekt at ein har ein regional fridom, mykje av tilsynsaktiviteten er knytt til klare rammer som kjem saman med tilsynsoppdraget. Fokuset på læring og forbetring som eit sentralt mål for tilsynsverksemda er styrka, men me kan jobbe endå betre med dette.

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor. (fra kapittel 3.2.1.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor.

Arbeidet med samordning av statlige tilsyn er organisert med ein regional tilsynskoordinator med vara som deltek i nasjonalt nettverk, ei intern tilsynsgruppe med medlemmer frå alle fagområde hos Statsforvaltaren som driv med kommuneretta tilsyn, og eit regionalt tilsynsforum med aktuelle statsetatar og kontrollutvalsesekretariat.

Tilsyna er samordna i det regionale tilsynsforumet, gjennom møte i starten av året - då med omsyn til tid, omfang, tema og omfang/kostnad knytta til eventuelle pålegg.

For rapporteringsåret vurderast ikkje tilsynsomfanget å ha vore for stort, korkje samla sett eller for einskildkommunar. Kommunane har bede om og fått flytta tilsyn frå Arkivverket noko i tid. Utover det har dei ikkje teke opp særskilte utfordringar med omsyn til omfang av tilsyn eller manglande samordning i tid.

Dialogen med dei andre tilsynsmyndighetene er god, men det er jo forskjell i omfang og frekvens av dialogen utanom fastsette møte i regionalt tilsynsforum, noko som er naturleg ut frå ulike tilsynsoppdrag, ulikt tilsynsomfang og ulike målgrupper innad i kommunane.

For dette året har me i tilsynsforum berre gått inn på dei einskilde kommunane nokså overflatisk, me har ikkje kome så langt dette året at me har kome i gang med å djupdukke i einskildkommunar.

Tilsyn mot kommunen innrettes slik at fylkesmannens ressurser benyttes effektivt (fra kapittel 3.2.1.2.2.1 i TB)**Rapportere på**

Tilsyn mot kommunen innrettes slik at fylkesmannens ressurser benyttes effektivt.

Me har hatt fullt oversyn over forvaltningsrevisjonar og vore budde på å ta omsyn til desse der det har vore relevant. For rapporteringsåret har utsetjing eller avlysing av tilsyn av di tilsynstemaet nett har vore tema i ein forvaltningsrevisjon, ikkje vore aktuelt.

Som omtalt tidlegare, sidan tilsynskalenderen ikkje var fullt operativ frå starten, så vart mykje av tilsynsdialogen med kommunane, inkludert koordinering i tid, gjennomført i ein-til-ein-kontakt på telefon eller e-post. Utsetjingar på grunn av pandemien som kom i mars er handtert på same måten.

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen. (fra kapittel 3.2.1.2.3.1 i TB)

Rapportere på

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen.

Her vert det stikkordsmessig:

- vere godt budde, mellom anna for verkeleg å kunne fokusere på å lytte til det som vert sagt
- vise forståing for utfordingane dei har og kunnskap om kommunen
- sterkt fokus gjennom tilsynet på felles formål om læring og utvikling, ikkje at nokon skal "takast med buksa nede"
- legge opp til brei deltaking i kommunen sine førebuingar til tilsynet, mykje av læringsutbyttet i tilsynet ligg der
- legge til rette for brei deltaking på opnings- og sluttmøte
- ulik tilsynsform og innhald i tilsynsdag ut frå status i kommunen
- tilpassa intervju i innhald og lengde ut frå nivåa på intervjudeltakarane,
- tillate bisittarar for uerfarne og usikre intervjuobjekt
- generelt tillate bisittar(ar)på intervju, for læring
- deling av gode døme på oppgåveløysing frå andre kommunar som inspirasjon/rettleiring for å kome i gang med utbetring av manglar
- tilby særskilt oppfølging/bistand der ein som er det kan bli naudsynt
- vere budde på å gå frå intervju til rettleiring/opplæring der ein ser at intervjuobjektet manglar kunnskap om temaet

3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

Kommunane er informert om klimaomsyn gjennom nyheitsbrev og samlinger for kommunane med tema klima. I oktober 2020 arrangerte vi i samarbeid med Miljødirektoratet og Fylkeskommunen ei 2-dagars samling for kommunane med klima- og utsleppsreduksjonar som tema, noko som var svært vellukka.

I planarbeidet brukar vi Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing og tilhøyrande rettleiarar frå MDIR, samt "Klimaprofil" for Vestfold og Telemark og "Klimahjelparen" frå DSB aktivt i vår tilbakemelding til kommunane.

Landbruksavdelinga bidreg med kunnskapen sin i ulike klimarelaterte jord- og skogbruksprosjekt, og har ansvaret for dei regionale Klima- og Miljøprogrammidla for jordbruket. I tillegg forvaltar landbruksavdelinga ulike tilskotsordningar som stimulerer klimavenleige tiltak. Beredskapsstaben bidreg med kunnskap om klimatilpassing i planarbeidet, og korleis klimaendringar vil påverke risiko og sårbarheit og naturfarar som flom, skred, overvatn og erosjon.

Fylkeskommunen har etablert eit nytt klimanettverk for det nye fylket- "Vestfold og Telemark Klima- og energinettverk" der vi er medlem og deltar aktivt med innspel til tema. Medlemskapet inneber ei forpliktning til klimaarbeidet og grøne moglegheiter toppleiringa, systematisk arbeid med klima-miljøstyring, og dessutan utarbeidingsa av ein årleg klimarekneskap og seinare klimabudsjett.

Vi deltar også aktivt i klimanettverket med dei andre embata, og har mykje dialog med enkelte om m.a. a. utarbeidning av sjekklistar for klimatilpasning og utsleppsreduksjonar, og arbeid med klimarekneskap og budsjett

Internt har vi i 2020 utvida klimagruppa vår med representantar frå kvar avdeling som møtast minst fire gonger per år. Klimagruppa har utarbeidd og vedtatt eit mandat for arbeidet i ledegruppa. Klimagruppa lagar - og rapporterer årleg på ein handlingsplan som inneber aktivitetar som kjem i tillegg til VØI/Tildelingsbrevet. Vi er Miljøfyrtaum-sertifisert, og nytt bygg i Tønsberg er BREEAM-sertifisert, noko som set svært høge krav til berekraft og miljøstyring innanfor leiing, helse- og innemiljø, energi, transport, vatn, materiale, avfall, arealbruk/økologi og forureining. For å redusera eigne utslepp ytterlegare har vi også i 2020 fått på plass ei løysing med utelukkande el-basert bildelingstenester til bruk i tenestereiser.

Kommunale klima- og energiplaner har ambisiøse mål (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner har en gjeldende klima- og energiplan med ambisiøse mål som bidrar til å redusere klimagassutslipp

Alle kommunane har utarbeidd klima- og energiplanar, og dei er tildels svært ambisiøse. I tilbakemelding til dei kommunale planstrategiane ser vi òg til at kommunane vurderer behovet for revidering av kommunale klima- og energiplanar. I den samanheng viser vi til føringane i SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. Vidare er og dei regionale klimaplanane for Vestfold og Telemark føringar for dei kommunale klima- og energiplanane.

Ved revidering av dei kommunale klima- og energiplanane følger kommunane opp dei sentrale føringane og måla knytt til reduksjon i klimagassutslepp. Utfordringa er å følgje opp måla i neste omgang. Fleire kommunar har oppretta eigne stillingar for å jobbe med klimaspørsmål, noko som lover godt for dette arbeidet framover.

I Grenlandsområdet er det stort fokus på reduksjon av klimagassutslepp frå transportsektoren som del av bypakke-arbeidet. Dette blir òg lagt til grunn ved revisjon av kommuneplanens arealdel, som kommunane Skien og Bamble er i startfasen med, mens Porsgrunn vil revidere sin arealdel i slutten av valperioden. Vestfold og Telemark fylkeskommune har vedtatt å revidere ATP-Grenland, som grunnlag for utarbeiding og oppfølging av framtidig byutviklingsavtale.

Vestfold og Telemark fylkeskommune har sekretariatsansvaret for klima- og energiforum, og har her ei pådrivarrolle.

Kommunane utarbeider tiltaksstrategiar for bruk av NMSK-midler som stimulerer klimapositive tiltak i skogen (t.d. ungskogpleie). Tiltaksstrategiar blir godkjente av Fylkesmannen.

Fylkesmannen er ikkje kjent med overordna planar frå kommunane som vurderer tiltak mot avskoging.

Kommunene har tatt i bruk ny veileding til klimatilpasning (fra kapittel 3.2.1.3.1.2 i TB)

Rapportere på

Kommunene har tatt i bruk ny veileding til klimatilpasning i statlig planretningslinje (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning i kommunene, herunder i utforming av planstrategier etter plan- og bygningsloven.

Ny rettleiing til SPR for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing og dei to tilhøyrande rettleiarane frå Miljødirektoratet blir brukt aktivt i planhandsaminga vår og i tilbakemeldingen til kommunane på både planstrategiar og planar etter PBL.

Vi bistår kommunane med vurderinger av effekter og konsekvenser av klimaendringene, og brukar mellom anna "Klimaprofilane" for fylket, og rettleiarene "Klimahjelperen" frå DSB aktivt i våre innspel.

Omsynet til samfunnstryggleik er systematisk og gjennomgående tatt med i våre innspel og tilbakemeldinger til kommunane til planstrategiane siste året. Det blir her vist til oppdaterte klimaframskrivingar som grunnlag for tiltak og ved utarbeiding og revisjon av planar. Vi vurderer vidare ROS-analysar som blir utarbeida til planarbeidet, både når det gjeld innhald og metode.

Vi opplever at kommunane har stort medvit om desse spørsmåla og at det blir tatt alvorleg ved utarbeiding av nye planar.

3.1.2.4 Andre oppdrag

Oppdrag 3.1.2.4.1

Læringsnettverk

Det er etablert fem læringsnettverk i Vestfold og Telemark. Alle nettverk har utviklingsprosjekt som skal stimulere til teneste- og tiltaksutvikling i kommunane. I tillegg har og tre av nettverka utviklingsprosjekt som skal styrke oppfølgjinga og rettleiinga til kommunane av kommunale fosterheimar. Prosjekta består mellom anna av å utvikle felles rutinar og retningslinjer på tvers av kommunar, opplæring i implementeringskunnskap, utvikling av evalueringsteknikk, etablere og utvikle eigne rettleiingstilbod, kompetansehevande tiltak for tilsette, familierådsarbeid, ettervernarsarbeid og etablering av ressursteam på tvers av kommunar.

Eitt av nettverka som består av 11 kommunar og 4 interkommunale barnevernenestar, deltar og i forprosjekt for utprøving av grunnmodell for hjelpe tiltak i regi av Bufdir. Arbeidet starta juni 2020.

Vi har arrangert ein felles samarbeidsdag for nettverka i 2020, der også aktuelle kompetansemiljø har bidratt. Det er innhenta skriftleg evaluering og rapportering frå nettverka for 2020. På grunn av koronapandemien har alle nettverka mått å utsetja aktivitetar i 2020 i samband med prosjekta sine.

Tenestestøtteprogrammet

Dei små og sårbare kommunane i Vestfold og Telemark har gjennomført tenestestøtteprogrammet. Alle gir gode tilbakemeldingar på nytteverdien av deltakinga.

I 2020 er det Holmestrand og Horten som har fått tilbod om og takka ja til deltaking i tenestestøtteprogrammet. Korona-pandemien har gjort at tidspunkta for oppstart vart utsett, og ein hadde førebuande møte og leiarmøte med kommunane seinast på året. Sjølv om det no er lagt til rette for at ein kan gjennomføra programmet digitalt, er det ikkje tvil om at dette utgjer ei stor utfordring for barnevernstenestene. Tenestene rapporterer om ei sliten personalgruppe grunna den spesielle tida vi er inne i, og leiarane er tydelege på at det ikkje er forsvarleg å gjennomføre programmet med den tidssløyfen som no er laga. Dei har i eige brev til rettleier og Bufdir bedt om utsett oppstart for fellessamlingane, slik at programmet kan gjennomførast ved fysisk nærvær, noko vi støttar dei i.

Førerels melding frå Bufdir er at to nye kommunar vil få tilbod om å delta i 2021, medan resten av kommunane i fylket vårt vil få tilbod i 2024.

Statsforvaltaren opplever programmet som viktig i arbeidet med implementering av felles praksis i den enkelte tenesta, og kan forhåpentlegvis bidra til ei større forståing/likskap i undersøkings- og tiltaksarbeidet i barnevernstenestene over heile landet.

Rettleiingsteam

Vi har ei barnevernsteneste som deltar i rettleiingsteam. På grunn av koronapandemien har oppstarten komme i gang noko seinare enn planlagt, men barnevernstenesta rapporterer at dei no er i gang. Barnevernstenesta er tydeleg på at rettleiingsteam er eit viktig og riktig tiltak for dei.

Dialogmøte

Statsforvaltaren har gjennomført dialogmøte med kommunane i samband med Bufdir sin kartlegging knytt opp mot barnevernsreforma.

Vi planlegg dialogmøte med kommunane som eit ledd i oppfølginga av barnevernsreforma første kvartal i 2021.

Oppdrag 3.2.1.4.2

Barn- og unge gruppa har arbeidd med å gjera kommunane og fylkeskommunen kjent med dei voldsforebyggende verktøy "Eg Veit" og "SNAKKA" representert ved helse- og omsorgsavdelinga og oppvekstavdelinga, herunder barneværn, barnehage, skule og NAV.

3.1.2.5 Tilrettelegge for god CBRNE-beredskap

I vår FylkesROS frå januar 2020 er CBRN omtala. Me har og styrka CBRNE beredskapen ved at prosjektmidlar frå DSA er nytta til å utvikla atomberedskapen i IUA-regi. Planlagde aktivitetar som fagdag for innsatspersonell vart kansellert grunna korona.

Vurdere etterlevelse av CBRNE (fra kapittel 3.2.1.5.1.1 i TB)

Rapportere på

Sørge for at CBRNE er vurdert i etterlevelse av relevante krav i [Fylkesmannens samfunnssikkerhetsinstruks](#)

Samarbeid med IUA er vår satsing slik at me kan utvikla heilskapleg CBRNE beredskap. Samstundes har koronaepidemien styrka CBRN-beredskapen i fylket. Kommunanes smittevernerberedskap er til dømes sentralt i beredskap for terror med biologiske agens.

Ivareta rollen som regionalt samordningsrolle innen CBRNE-beredskap (fra kapittel 3.2.1.5.1.2 i TB)

Rapportere på

Ivareta rollen som regionalt samordningsledd i tråd med Fylkesmannens samfunnssikkerhetsinstruks innen CBRNE-beredskap, ref.[kgl.res. 23. august 2013 - Atomberedskap sentral og regional organisering](#) og [mandat for beredskapsutvalget mot biologiske hendelser, 23.mars 2019](#).

FylkesROS inneholder fleire tema om CBRNE. Midlar frå DSA er nytta til å styrka den regionale atomulykkesberedskap. Tildeling av midlar for flauvern i 2020 vart ruta til materiell og kompetanse i IUA. Dette styrkar og CBRN-beredskapen, særleg rensekapasitet.

CBRNE-beredskap i fylkesberedskapsrådet (fra kapittel 3.2.1.5.1.3 i TB)

Rapportere på

Benytte fylkesberedskapsrådet aktivt for å sikre god faglig rådgivning regionalt og lokalt, i tråd med [Nasjonal strategi for CBRNE-beredskap](#).

I 2020 hadde me møter i FBR kvar 14. dag, kommunane kvar veke frå starten av mars. ABU er integrert i fylkesberedskapsrådet. Arbeidet med å styrke smittevernerberedskapen har effekt også for CBRNE-beredskapen, særleg "B"-delen. Kommunanens samfunnmedisinske kompetanse og akuttmedisinsk beredskap er ein sentral del av CBRNE-beredskapen.

3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling

Oppvekst:

Vi vurderar at i eit år med dei utfordringane som pandemien har ført med seg, har vi på mange måter hatt ekstra hyppig og god kontakt med kommunane på alle saksområda våre. I disse møtene har vi ofte veileda på lovverket.

Vi har i 2020 gjennomført så godt som alle pålagte tilsyn. Vi vurderar dermed at vi har hatt god måloppnåing.

Miljø:

Covid-19 gjør at det har vore vanskeleg å gjøre nok tilsyn på forureiningsfeltet, og vi er ikkje nøgd med det. Vi har vidare ikkje kontrollert årsrapportar for bedriftane, noko vi i ettermiddag ser at vi skulle ha gjort. Årsaka til avvik var ressurssituasjonen i gruppa, som var krevjande, og skifte av fagsjef.

Minimum 2 tilsyn per år. (fra kapittel 3.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Minimum 2 tilsyn per år.

Vi har ført stedlig tilsyn med Horten og Nome kommune. Tilsynstema var individuell plan for deltakarar i introduksjonsprogrammet etter introduksjonslova § 6 og § 19 første ledd.

Begge tilsyna vart gjennomførte som følgje av ei risikovurdering.

Tilsyna viste at begge kommunar braut introduksjonslova.

Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 60 %	40 %	351	139

Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	- 82 %	18 %	11	2

Vi hadde eit etterslep av restansar frå 2019 over i 2020 som førte til at vi ikkje overholdt 6-ukersfristen i alle saker der det var gitt utsett iverksetting. Dei sakene vart likevel vurderte konkret når det gjaldt prioritering.

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 14 %	86 %	7	6

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.3.2 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	1	1

IED: Avfalls-BREF (fra kapittel 3.3.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Alle aktuelle virksomheter som er omfattet av avfalls-BREF, har fått varsel og pålegg om endring av tillatelse.

Alle avfallsanlegga i fylket er pålagd å vurdera om dei er omfatta av BAT. Vi har starta med å vurdera verksemdenes eigenvurdering på pålegetget om BAT-vurdering. To verksemder har fått oppdaterte løyve i tråd med relevante BAT-krav, herunder BAT-AEL, i samband med endringssøknader.

Virksomheter omfattet i avfalls-BREF

Antall virksomheter omfattet i avfalls-BREF	Antall virksomheter som har fått varsel og pålegg om endring av tillatelser	Differanse
20	2	- 18

To verksemder har, i samband med endringssøknader, fått oppdaterte løyve i samsvar med relevante BAT-krav.

Forurensningstilsyn: God kompetanse (fra kapittel 3.3.1.1.5.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen har god kompetanse og tilfredsstillende aktivitet på forurensningstilsyn

Vi vurderer oppnåing av målet i 2020 som middels. Ein føresetnad for å lykkast på dette området er å halda oss fagleg oppdatert og ha gode kunnskapar om regelverket til kvar tid. Vi deltar derfor på alle fagsamlinger som miljødirektoratet held. Vi deltar også på andre relevante fagsamlinger og i relevante nasjonale tilsynsaksjonar. Det er etablert eit eige landsdekkande tilsynsnettverk for fylkesmennene der vi er aktivt deltagande i. Vi deltar også i regionalt samarbeid med HMS-etatene.

Omfanget av tilsyn i 2020 vart vesentleg mindre enn planlagt grunna Covid-19. Vi har fleire år hatt problem med å gjennomføre det forventa talet på tilsyn og klare forventa frekvens for tilsyn med dei enkelte verksemndene. Digitale tilsyn synsast ressurskrevande å gjennomføra både i forhold til storleik, og manglande digital kompetanse og løysingar for dei fleste verksemndene vi fører tilsyn med. Det er og ei utfordring at vi ikkje har nok personell med høg kompetanse og erfaring innan tilsynsfaget. To medarbeidarar skulle vore på tilsynskurs som vart avlyst i 2020.

Vi tilset i 2021 ein ny medarbeidar som primært skal jobba med tilsyn.

2-4 medarbeidarar vil og delta på tilsynskurs om det avholdast i 2021

Vi forventer at effekten av dei planlagde tiltaka fyst vil bli synlege i 2022.

Vi gir utstrekkt rettleiing til små- og mellomstore bedrifter og til kommunane gjennom tilsynsarbeidet vårt og gjennom arbeidet med utarbeiding av løyve. Vi har ikkje kontrollera årsrapportane i 2020, det ser vi no at vi skulle ha gjort. Årsaka var manglande ressurser og skifte av fagsjef. Avviket er drøfta med Miljødirektoratet og vi er enige om at ei slik prioritering ikkje skal gjerast om igjen.

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

Landbruksavdelinga legg vekt på kompetanseoppdraget vi har overfor kommunane i lov- og tilskotsforvaltninga, og meiner det bidrar sterkt til effektiv og korrekt lov- og tilskotsforvaltning. Året har gjett oss nokre utfordringar med tanke på gjennomføring av kompetansesamlingar, men vi har likevel gjennomført kompetansesamlingar med spissa tema, mellom anna om lov- og tilskotsforvaltning. Ansvaret for å rettleie blir også varetatt ved kontakt per telefon og e-post. Landbruksavdelinga er i tillegg klageinstans i slike saker.

Samarbeidsforum avgjorde hausten 2020 at det skulle utarbeidast kontraktar mellom dei lokale nettverka og UH. Alle lokale nettverk har dermed fått kvar sin kontrakt som konkretiserer og sikrar kva for tiltak som skal gjennomførast, på kva måte, i kva for eit tidsrom og med kva for nokre aktørar. I disse kontraktane er det også presisert at ein grunna korona må finne gode løysingar for gjennomføring av kompetansetiltak, til dømes frå stadleg til digitale løysingar. Tilbakemelding frå nettverka er at dette har styrka partnerskapet. Alle tiltaka er gjennomført i medhald av kontraktane.

Skole:

UH er representert i samarbeidsforum og i dei fire regionale gruppene. Vi har som eit vilkår at det skal vere ei samarbeidsavtale med UH. Mange av regionane har eit langvarig samarbeid med lokal UH. Det er litt ulikt korleis dette blir organisert og korleis dei løyer "partnerskapet". På grunn av Covid-19 har det blitt nokre endringar i planane, men skoleeigarar seier at dei trass i situasjonen har fått gjennomført dei fleste planane. Lokal UH var raske til å legge mykje til ei digital plattform.

Vi har hatt jarnlege møter med UH der mellom anna omgrepet "partnerskap" er tema, og vi kan registrere at både skoleeigarar og UH er meir samstemte

i kva som ligg i det.

System for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov (fra kapittel 3.4.1.1.2.1 i TB)**Rapportere på**

Alle kommuner i oppfølgingsordningen har systemer for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine virksomheter

Vi har følgt opp Hjartdal og Drangedal kommunar i oppfølgingsordninga. Hjartdal går ut av ordninga frå 01.01.2021. Drangedal kom med i uttrekket i 2020 og vil bli følgt opp også i 2021.

Hjartdal analyserer mellom anna resultata frå nasjonale prøvar og elevundersøkinga. Kommunane gjennomfører ståstadsanalysar. Basert på funna har rektorane oppfølgingsmøte med kvar enkelt lærar der dei tar opp utfordringar og kompetansebehov. Skoleeigarane tar funna med inn i samarbeidet med skoleeigar der ein vurderer kommunen sitt behov for kompetanse og vidareutdanning. Drøftingane har aktualitet både for arbeidet med tilstandsrapport og prioriteringar i budsjettet.

Drangedal har tatt i bruk Visma Flyt Skole for å systematisere arbeidet med kompetanse. Dei skaffar seg oversikt og analyserer kompetansebehovet gjennom resultatoppfølging og analyse av grunnskolepoeng, nasjonale prøver, GSI-data og elevundersøkinga. Kommunane utarbeider ståstadsanalysar. På bakgrunn av analysane, skolepolitiske plan og kommunale satsingsområde prioritiserer dei søknadene om vidareutdanning for lærarar og utarbeider kompetanseplanar for aktuelle utviklingsområde. Kommunen har eit godt samarbeid med det regionale nettverket Grenland+ i arbeidet med desentralisert kompetanseutvikling.

Målretta tiltak basert på analyser av utfordringer og behov (fra kapittel 3.4.1.1.2.2 i TB)**Rapportere på**

Alle kommuner i oppfølgingsordningen jobber med målretta tiltak basert på analyser av utfordringer og behov for å bedre læringsmiljøet og læringsutbyttet for barn og unge

Hjartdal har vore opptatt av strukturert utviklingsarbeid på skolane. I fyrste halvdel av oppfølgingsordninga utarbeidde dei forpliktande planar. I 2020 handla det om å gjennomføre planane. Kommunen er fornøgd med at arbeidet no er klart og at planane blir gjennomførde. Hjartdal har hatt eit godt samarbeid med Kongsbergregionen.

Drangedal har følgt eit anna løp i ordninga enn dei andre kommunane. I 2019 fekk Drangedal nasjonal merksemd då fleire tidlegare elevar stod fram med sterke historier om mobbing. Då kommunen kom inn i oppfølgingsordninga, blei det i samråd med Utdanningsdirektoratet bestemt at arbeidet med eit godt læringsmiljø måtte kome først. Kommunen gjekk inn i eit forprosjekt med Læringsmiljøsenteret våren 2020 og er no med i Læringsmiljøprosjektet. Som ein del av arbeidet har dei endra rutinane sine og fått dei forankra og behandla i dei folkevalte organa.

Mobbesakene som kom opp i 2019 var vanskelege for heile kommunen. Det var behov for å involvere store grupper i arbeidet med å få eit godt læringsmiljø. Drangedal har derfor laga ei referansegruppe for Læringsmiljøprosjektet med rådmann, kommunalsjefar, tillitsvalde, folkevalte representantar og foreldrerepresentantar. Slik vi vurderer det har kommunen sett inn store ressursar og arbeidt plannmessig med å betre læringsmiljøet.

3.1.5 Gjennomførte evalueringer

Vi har ikkje gjennomført allmenne evalueringar eller brukarundersøkingar i 2020.

3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks**3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver**

Ingen avvik meldt.

3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet

På grunn av ressurssituasjonen i helse- og omsorgsavdelinga har vi for å kunne løyse dei sakene, som ifølgje styringsdokumenta skal prioriterast først, ikkje nådd målkrava til planlagde tilsyn.

Ellers ingen vesentlege avvik.

3.2.3 Barne- og likestillingsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

På grunn av ressurssituasjonen i Helse- og omsorgsavdelinga har vi for å kunne løyse dei sakene, som ifølge styringsdokumenta skal prioriterast først, ikkje nådd målkrava til planlagde tilsyn.

Ellers ingen vesentlege avvik.

3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

Vi syner til prosatekst på verjemålsområdet. Dei utfylte rapportane syner også at det i all hovudsak er svært god kontroll. Dette gjeld også på rettshjelppområdet.

3.2.6 Klima- og miljødepartementet

Det er to avvik på miljø:

1. Vi har ikkje kontrollera eigenkontrollrapportane frå bedriftar av di vi ikkje har hatt ressursar til det. Saka er meldt frå til Miljødirektoratet, mellom anna i epost datera 3. juni 2020. Direktoratet har ikkje motsett seg det. Vi meiner difor at den prioriteringa vi måtte gjere om ikkje å handsame eigenkontrollrapportane var klárt med oppdragsgivar. Grunna at fleire sakshandsamarar i plangruppa slutta, så vi oss nøyde til å bruke ressursar frå dei andre faggruppene for å løyse oppdraget på plan. Det var ein ekstraordinær situasjon, som ikkje vil skje om att neste år.

2. Feil føring i regnskap: Koden «tilskudd» har i nokre tilfeller vore brukt i staden for «kjøp av fremmede tjenester». Årsaka var å synliggjere overføringer til kommunar og andre frå fagmidler. Vi registerer at direktoratet ikkje vil at vi skal bruke det. For 21,22 og 31 postar vil vi etter dette bruke koden «kjøp av fremmede tjenester» istadenfor «tilskudd» når vi får faktura frå kommunar o.l. Når det gjeld feil føring av driftskostnadar på tilskotsposter, så gjeld «kjøp av fremmede tjenester» som påpeke av Miljødirektoratet i realiteten tilskot, men vi har ikkje brukt rett kode i kontering. Vi vil vi sjekke kode for verksemda i Brønnøysund jf. "Miljødirektoratets instruks om tilskuddskoder". Vi vil også kjøre månadleg kontroll for å fange opp ev. feilføringar i 2021

3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Ingen avvik meldt.

3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.9 Landbruksdepartementet

Ingen avvik

3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

Kvalifiseringsprogrammet (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal beskrive:

- Hvordan kommunene i fylket ivaretar sitt ansvar for kvalifiseringsprogrammet, og om det har skjedd endringer i dette etter at lovendringene trådte i kraft 1. januar 2019
- Om NAV-kontorene har oversikt over personer som er i målgruppen for programmet
- Utfordringer knyttet til at alle personer i målgruppen for programmet blir vurdert for deltagelse og får tilbud om program hvis de fyller vilkårene loven setter
- Hva kjennetegner NAV-kontor som ivaretar sitt ansvar for kvalifiseringsprogrammet på en god måte
- Fylkesmannens arbeid for å legge til rette for at kommunene ivaretar sitt ansvar for programmet i henhold til regelverket og på en god måte

I 2019 registrerte vi ein auke i antal deltagare i Kvalifiseringsprogrammet (KVP) frå 352 i januar til 491 i desember 2019. Dei fire første månadane i 2020 registrerte vi ein auke frå 493 deltagarar i januar til 530 ved utgangen av april 2020. Frå april/mai til august 2020 har antal deltagarar gått ned til 473. Vi meiner det er svært sannsynleg at nedgangen i antal KVP-deltakarar har årsak i pandemi-situasjonen.

Etter det NAV-kontora oppgjer, er årsaken til auka i starten av året framleis knytt til regelendringane om at KVP ikkje lenger er ein rett deltagarane berre får ein gang og at programmet kan innehalde utdannings- og opplæringsaktivitetar.

På bakgrunn av tilbakemeldingar vi har fått frå NAV-kontora, ser vi at det er mange kontor som er strukturerte og systematiske i arbeidet med å skaffe oversikt over personar som er i målgruppa for programmet, mellom anna ved faste og hyppige gjennomgangar av brukarar og drøftingsmøte på tvers av dei ulike avdelingane. Enkelte kontor melder om at det er ein eigen KVP-koordinator ved kontoret som har faste møte med alle avdelingar og informerer om inngangsvilkåra for KVP, og som er med og vurderer om nokon av brukarane kan vere aktuelle for KVP. Andre kontor melder om at grundige

kartleggingar fører til at fleire blir fanga opp som moglege kandidatar til KVP.

Fleire NAV-kontor melder om at det er mange brukarar som har låg kompetanse i norsk språk og at dette fører til at det er utfordrande å finne relevante tiltak i programmet. Fleire kontor melder og at det krev mykje tid å vurdere, setje i gang og følgje tett opp eit KVP-løp og at det manglar gode system for den kommunale tenesta KVP (registrering av fråvær, timelister mv.).

NAV-kontor som arbeider med KVP på ein god måte kjenneteiknast ved at det er kunnskap og merksam om KVP i alle avdelingar og at KVP er tema på felles faglege møte og tverrfaglege møte. NAV-kontora melder og om at det er viktig å ha ein eller fleire rettleiarar ved kontoret som har ekstra god kunnskap om KVP og som held oversikt over deltakarane og dei ulike tiltaka. Videre blir det meldt at det er særleg viktig at rettleiarane følgjer tett opp, at programma er individuelt tilpassa og at det er viktig med tett og godt samarbeid med tiltaksarrangør.

Etter det NAV-kontora melder, vart fleire tiltak og aktivitetar stengde under pandemien. Dette førte til at fleire program vart førebels avbrote.

Embetet knytte til seg ei 100 % stilling frå NAV Larvik i eitt år frå februar 2020 for å kunne yte hjelp til NAV-kontora i Vestfold og Telemark i KVP-arbeidet. I februar og starten av mars 2020 hadde vi møter med alle NAV-kontora v/leiar kor vi presenterte KVP-rådgjevaren og informerte om kva KVP-rådgjevaren kunne hjelpe kontora med. Alle NAV-kontora fekk tilbod om opplæring i KVP.

Vi planla og gjennomførte rettleiings- og opplæringsaktivitetar ved 8 NAV-kontor i 2020 med tema inngangsvilkår, rutinar og malar i KVP-arbeidet, innhald i program og særleg om utdannings- og opplæringsaktivitetar som innhald i program, førebels avbrot og varig stans av program, korleis identifisere KVP-kandidatar mv. Ved nokre kontor har vi hatt fleire opplæringsrundar. Vi har merka oss at det er stort behov for opplæring på KVP-området.

Hausten 2020 etablerte vi KVP-nettverk, i alt 5 nettverk, kor alle NAV-kontora i fylket deltok. Vi har gjennomført to nettverkssamlinger i alle gruppene i 2020. Etablering av nettverk har ført til ein auke i antal førespurnader om problemstillingar på KVP-området.

Erfaringa vår frå nettverka, rettleiings- og opplæringsaktivitetar og dialog med NAV-kontora er at det er ulikt korleis dei enkelte kontora tar hand om KVP-arbeidet. Det er til dels store variasjonar på kor store dei ulike kontora er og kor god kompetansen på KVP-området er. I alle aktivitetane og kontaktene vi har hatt med NAV-kontora, har vi vore opptekne av å fokusere på at KVP er ein rett for dei som oppfyller inngangsvilkåra.

To kommunar i Vestfold og Telemark; Færder og Horten, har deltatt i prosjektet «Identifisering av deltakarar til Kvalifiseringsprogrammet» som Arbeids- og velferdsdirektoratet sette i verk i 2020. KVP-rådgjevaren vår har deltatt aktivt i dette prosjektet.

Erfaringa vår med KVP-rådgjevar er svært positiv. NAV-kontora har tatt godt imot dette tilboden. Eit av suksess-kriteriane er at KVP-rådgjevaren har svært god kunnskap om det totale tiltaksapparatet som kan tilby personar i arbeidet med å kome ut i arbeid, at ho er særleg opptatt av godt oppfølgingsarbeid og at det er fokus på tett individuell oppfølging. Til slutt er rådgjevarens kunnskap om reglane knytte til KVP og ikkje minst hennar eigne erfaringar frå arbeid med mange KVP-deltakarar av stor tyding for å lykkes i dette arbeidet.

Aktivitetsplikt (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal beskrive kommunenes erfaring med aktivitetsplikt for mottakere av økonomisk stønad under 30 år. Herunder om aktivitetsplikten bidrar til overgang til arbeid og utdanning.

Vi har i 2020 gjennomført ei undersøking av kommunane erfaring med aktivitetsplikta. 11 av 17 NAV-kontor svarte på undersøkinga. Saman med den generelle kjennskapen vi har til NAV-kontora i fylket gjer det oss eit grunnlag for å beskriva erfaringa med tenesta.

Vi har registrert at NAV-kontora stiller vilkår om aktivitet etter sosialtenestelova § 20 a, men at praktiseringa av vilkårslæra ikkje alltid er i tråd med lova. Vi har òg merka oss at innhaldet i aktivitetsplikta er lite konkret beskrive i ein del vedtak. Dette er uendra frå tidlegare år.

Rapporteringa viser at aktivitetsplikta bidrar til auka jobbfokus i tråd med arbeidslinja i NAV, og bidrar til betre kartlegging av kvar enkelt brukar. Som resultat av kartlegginga gjord for aktivitetsplikta, kjem det fram at fleire brukarar går raskare over til anna yting.

NAV-kontora erfarer at det å setja vilkår om aktivitet krev tett og individuell oppfølging, noko som er ressurskrevjande, både med omsyn til oppfølging av vilkåra og den enkelte brukaren. Nokon kontor må arbeide konkret for å finne aktivitetar, medan andre har lågterskel tilbod klare. Fleire rapporterer å ha god erfaring med å ha ein eller fleire tilsette til denne oppgåva.

Kommunar vi har hatt dialog med har erfart at det er kvaliteten og innhaldet i aktiviteten som blir tilboden som er avgjeraende for om aktivitetsplikta verkar etter hensikta si. Fleire NAV-kontor har etablert eigne tiltak til aktivitetsplikta, og nyttar seg av samarbeid med arbeidsgjevarar og tiltaksbedrifter.

Overgang til arbeid og utdanning

Fleire NAV-kontor rapporterer om brukarar som kjem i lønt arbeid som følge av

aktivitetsplikta, og at dette i stor grad er sesongarbeid eller arbeid basert på timer. Vi ser òg at enkelte NAV-kontor viser til å ha blanda resultat, at aktivitetsplikta i stor grad treffer den gruppa som står nærmast arbeidslivet. I tillegg blir det rapportert om at eit fåtal går over til utdanning.

Vi har ikkje tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å kunna vurdera om aktivitetsplikta bidrar til varig sjølvforsørging gjennom arbeid eller utdanning. Det er få opplysningar om brukarar framleis er sjølvforsørt etter døme eitt år. NAV tel i all hovudsak formidling til arbeid ved oppstart av arbeidsforholdet.

Aktivitetsplikta under pandemien

Fleire NAV-kontor opplyser om særlege utfordringar knytt til pandemien. Det har vore

vanskeleg å gjennomføre aktivitetsplikta under pandemien. Enkelte kontor stengde sine aktivitetstilbod. Nokre kontor forsøkte å følgje opp brukarar digitalt.

Ut over sommaren har dei fleste kontora hatt fungerande aktivitetstilbod.

Digitalisering av sosiale tjenester (Digisos) (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal vurdere og beskrive om og hvordan digitalisering/DIGISOS påvirker tilgjengelighet til og kvalitet på de sosiale tjenestene.

Ei spørjeundersøking til NAV-kontora viser at ikkje alle har etablert digitaliserte tenester på sosialområdet. Fleire NAV-kontor opplyser at det skal innførast i 2021.

Ut ifrå kva kontora sjølv rapporterer og vår erfaring, har ikkje digitaliseringa endra sjølve saksbehandlingsrutinane i vesentleg grad. Effekten av digitalisering ser ut til å vera raskare og meir effektiv saksbehandling, og at brukarane får brev og vedtak frå NAV-kontoret utan at det går med tid til postgang.

Landsomfattande undersøking om tilgjengeleghet til sosiale tenester i NAV-kontora gjennomført i to kontor i 2020, viser at fleire brukarar opplever digitaliseringa på sosialområdet positivt. Høve til å senda søknader elektronisk og lasta opp dokument bidrar for mange til ein forenkla søknadsprosess.

Enkelte NAV-kontor rapporterer at digitale søknader gir meir arbeid, ved at søknader i større grad er därlegare dokumentert og utfylt enn ordinære søknader der tenestemottakar har fått rettleiing i forkant av innleveringa.

Vi har ikkje eit klart bilde av om digitalisering fører til betre eller endra oppfølging av tenestemottakarar. Ingen av kontora som har svart i vår undersøking har rapportert at det er frigjort tid til oppfølging.

Få kontor har rapportert om betre kvalitet i tenesta som følge av digitalisering. Vi kan gjennom vår behandling av klager heller ikkje sjå noko om dette. Vi ser teikn på lite kommunikasjon direkte med tenestemottakar når digitale søknader blir behandla. Behovet til søker er i flere tilfeller ikkje tilstrekkeleg kartlagt før det fattast vedtak. Det er vanskeleg å seie om dette kjem av auka digitalisering, eller andre organisatoriske forhold ved kontora.

NAV-kontora i fylket opplyser at digitaliseringa har bidratt til at tilgjengelegheten til dei sosiale tenestene i stor grad har vorte ivaretatt gjennom pandemien. Ei auka mengde brukarar vart rettleia over til digitale flater. Dette bidrog igjen til at færre var i behov av fysisk oppmøte ved kontora. Den digitale funksjonen «Skriv til oss» bidrog under pandemien til at tenestetilboden var tilgjengeleg for personar som ikkje ønskte å oppsøka NAV. Fleire NAV-kontor ønskjer denne tenesta i dagleg drift, som ei fellesløysing med dei statlege systema då brukarar av NAV ikkje skil mellom statlege og kommunale tenester og ytingar. Vi vurderar at det er ein fordel at også brukarar av dei sosiale tenestene har ein slik digital kanal inn til NAV-kontora.

Digitale tiltak, som elektroniske søknadar, er eit positivt supplement og som gjer søknadsprosessen enklare for dei som kan nyttiggjere seg av tiltaka. Samstundes kan det vere vanskelegare å avdekke andre behov som søker kan ha når kommunikasjonen hovudsakleg er digital. Digitale løysingar må ikkje stå i vegen for god kartlegging, kommunikasjon og oppfølging av dei som er i behov av tenesta.

Gevinstrealisering (fra kapittel 7.3.1.5 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen bes redegjøre kort for status på gevinstrealiseringssplanen for oppgavene på Statens helsetilsyns områder i årsrapport for 2020.

Det overordna målet er betre kvalitet i sakshandsaming, informasjon og rettleiing. Oppgåvene er fordelt med sikte på best mogeleg disponering av tilgjengelege ressursar, og det må takast omsyn til at omlag 10 % av våre ressurser har vore knytta til oppgåver med pandemien.

Gevinstrealisering (fra kapittel 7.3.1.6 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen bes redegjøre kort for status på gevinstrealiseringssplanen for oppgavene på Arbeids- og sosialdepartementets områder i årsrapport for 2020.

Vi har etter samanslåing fått eit godt fagmiljø med få, men erfarene saksbehandlarar som jobbar på tvers av arbeidsoppgåvene på Arbeids- og sosialdepartementet sitt område. Vi har arbeidd med malar for behandling av klagesaker, og har etablert rutinar for behandling og oppfølging av tilskot.

Vi har gjennom eit år med pandemi lært å jobba meir effektivt med opplæring ut mot NAV-kontora, noko vi vil ta med oss i planlegginga av aktivitetar for 2021. Samla ressursar på sosialområdet har ikkje vore tilstrekkeleg til å utføra all tilsynsaktivitet. Vi har prioritert handsaming av klagesaker.

Fylkesmannen skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av kriesenterloven, informasjonsarbeid overfor kommunene om faglig veileder for innhold og kvalitet i tilbuddet, samt gi en kort vurdering av tilgjengelighet og kvalitet på tilbudet i fylket.

Vi viser til årsrapport 2019 der vi rapporterte på ei kartlegging av tilbodet kommuner i «gamle» Telemark gir innbyggjarane sine. Kartlegginga er nå avslutta. Innbyggjarane har god tilgang i disse kommunene, medrekna gruppa psykisk sjuke og/eller rusmisbrukarar. Fem av kommunene fikk lovbrudd da plikta til å ha eit system for internkontroll av kriesentertilbodet ikkje var oppfylt, jf. kriesenterlova § 9 og kommuneloven kap. 30noAlle lovbrudda er no lukka.

Fylkesmannen har i 2020 foretatt ei tilsvarende kartlegging av kriesentertilbodet som Larvik, Holmestrand, Horten, Færder, Tønsberg og Sandefjord gir til sine innbyggjarar. Fire av dei seks kommunene mangla eit tilbod til brukarar med aktivt rusmisbruk og/eller psykisk sjukdom. Det pågår no eit prosjektarbeid for å skaffe denne gruppa eit tilbod som er pårekna å vere på plass medio 2021. Tilgjengelegheta er god for dei andre innbyggjarane.

Tilsyn med kommunenes oppfølging av kriesenterloven

Totalt antall kommuner i fylket	23
Antall kriesentertilbud i fylket	2
Antall tilsyn med kommuner som har et kriesentertilbud lokalisert i sin kommune 2018	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et kriesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2018	13
Antall tilsyn med kommuner som har et kriesentertilbud lokalisert i sin kommune 2019	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et kriesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2019	0
Antall tilsyn med kommuner som har et kriesentertilbud lokalisert i sin kommune 2020	1
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et kriesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2020	6

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser... (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser av eventuelle nedleggelse av kriesentrene eller reduksjon i tilbuddet.

Det er ikkje vurdert å leggje ned kriesentertilbodet i nokon av kommunene i Vestfold og Telemark.

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader... (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader, og fattede vedtak inndelt i innvilgelser, avslag og avisninger knyttet til hver sakstype, etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova i årsrapporten. Når det gjelder ekteskapslova § 18a andre ledd, bes fylkesmannen differensiere rapporteringen for saker ut ifra sakstype, dvs. etter om sakene gjelder bokstav a), b) eller c).

Fylkesmannen skal rapportere på andelen separasjons- og skilsmisssøknader som er mottatt digitalt.

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark har handsama 1819 saker etter ekteskapslova i 2020. Det er gjeve 929 separasjonsløyve og 815 skilsmisseløyver.

Talet på saker til handsaming etter ekteskapslova er stabilt.

I 2020 har ein handsama 61 saker etter annerkjennelseslova. Talet på saker er stabilt

Antall søknader som vert sendt inn elektronisk har minka. Vi registrerer at om lag 59 % av skilsmisser og 54 % av separasjonar er motteken digitalt. Skilsmisser etter § 22 er bare 15 %. I fjor var prosenten motteken digitalt 63 % for både skilsmisser og separasjonar.

Ekteskapssaker

Lov	Sakstype	Sum	Innvilgelser	Avgang	Avvisninger	Andel mottatt digitalt
Ektskapsloven	Separasjon, jf. § 20	929	929	0	0	54 %
Ektskapsloven	Skilsmissesak, jf. § 21	802	795	7	0	59 %
Ektskapsloven	Skilsmissesak, jf. § 22	21	20	1	0	15 %
Ektskapsloven	Tillatelse til å inngå ekteskap selv om vergen har nektet, jf. § 2	0	0	0	0	0 %
Ektskapsloven	Samtykke til ekteskap mellom adoptivbarn og tidligere adoptivfamiliemedlem, jf. § 3 andre ledd	0	0	0	0	0 %
Ektskapsloven	Fritak fra krav om forlovere, jf. § 7	0	0	0	0	0 %
Ektskapsloven	Fritak fra dokumentasjon av skifte, jf. § 8 siste ledd	6	5	1	0	0 %
Ektskapsloven	Klage på at prøvingsattest ikke er utstedt, jf. § 10 andre ledd	0	0	0	0	0 %
Ektskapsloven	Klage på at vigsel er nektet, jf. § 14 tredje ledd	0	0	0	0	0 %
Ektskapsloven	Godkjennning av ugyldige ekteskap, jf. § 16 andre ledd	0	0	0	0	0 %
Ektskapsloven	Reise sak om et ekteskap består eller ikke, jf. § 16a	0	0	0	0	0 %
Ektskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav a	0	0	0	0	0 %
Ektskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav b	0	0	0	0	0 %
Ektskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav c	0	0	0	0	0 %
Ektskapsloven	Reise sak for å opplyse ekteskap som er inngått i strid med § 3 eller § 4, jf. § 24 andre ledd	0	0	0	0	0 %
Anerkennelsesloven	Anerkjennelse av utenlandske skilsmissesaker eller separasjoner, jf. § 4 første ledd	61	60	0	1	0 %
Brudvigjingslova	Godkjennning av ugyldige ekteskap, jf. § 11 tredje ledd	0	0	0	0	0 %

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak... (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten. Fylkesmannen bes om å spesifisere sakstype etter hjemlene i barneloven.

Det er fatta eitt vedtak etter barnelova § 55 i 2020. Vi har også gitt skriftleg informasjon i to saker.

Det har ikke vore fatta vedtak verken etter barnelova § 44 eller § 47 i 2020.

Det har vore gitt noe rettleiing på dei tre områda etter førespurnad på telefon og e-post.

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid... (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på familielrettens område, herunder om mekling. Dette kan for eksempel være hvilke typer saker som dominerer, utviklingstrekk og utfordringer. Det er også av interesse å få opplyst hvem som kontakter Fylkesmannen.

Fylkesmannen har ikke hatt saker til mekling i 2020.

Vi har gitt rettleiing på telefon i saker der partane har tatt kontakt ved usemjø. Ofte er det ein av partane i ein konflikt som tar kontakt med oss.

Det har vore ein reduksjon i antall personar som ber om rettleiing om reiseutgifter ved samvær. Vi har hatt nokon spørsmål på telefon frå den eine parten i saker som skal opp for retten, og der parten ikke har lav nok inntekt til å få fri rettshjelp.

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker... (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker hvor det er gitt ut opplysninger om den adoptertes opprinnelige foreldre i saker hvor fylkesmannen har gitt adopsjonsbevilling.

Vi har fått 36 førespurnader frå personar som ønsker opplysningar om det biologiske opphavet sitt i saker der Statsforvalteren har gitt adopsjonsløyve. I 17 av desse sakene er førespurnaden frå etterkommarane til adoptivbarn. Talet på førespurnader har gått noko ned samanlikna med 2019.

Fylkesmannen skal rapportere på antall tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.7 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall tilsyn med familieverkontorene.

Se tabell

Tilsyn med familievernkontorene

Totalt antall familievernkontor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2020	Antall gjennomførte tilsyn i 2019	Antall gjennomførte tilsyn i 2018
4	0	2	2

Det har ikke vore gjennomført tilsyn i 2020. Det er beslutta å føre tilsyn med dei fire kontora i 2021.

Fylkesmannen skal redegjøre for implementeringstiltak... (fra kapittel 7.3.2.10 i TB)

Rapportere på _____

Utgår.

Fylkesmannen skal utarbeide en årsrapport... (fra kapittel 7.3.2.11 i TB)

Rapportere på _____

Oppgaven er flyttet til VØI 5.3.8.24.

Årsrapport 2020 for Fylkesmannens tilsyn med barneverninstitasjoner, omsorgssenter og senter for foreldre og barn i Vestfold og Telemark blir sendt i tråd med tidsfrist.

Akuttberedskap i kommunene (fra kapittel 7.3.2.12 i TB)

Rapportere på _____

Fylkesmennene skal redegjøre for embetenes vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket.

Bufdir vil oversende utfylte skjemaer med data på utvalgte indikatorer fra kommunenes halvårsrapportering og SSB. Disse skjemaene skal benyttes som underlag i fylkesmannens vurdering av risikobildet i kommunal barnevernstjeneste.

Akuttberedskap

I Vestfold og Telemark er det Barnevernvakta i Vestfold og Barnevernvakta i Telemark som har ansvaret for akuttberedskapen. Barnevernvaktene gir akutt hjelp til barn og ungdom i alderen 0-18 år og familiene deira/føresette på kveld, helg og natt når barnevernenestene er stengt.

Samlinger

For å sikre at barnevernenestane i fylket får informasjon og opplæring på relevante område, har vi arrangert ulike samlinger i samråd med barnevernleiarane AU.

Covid-19 førte til nødvendige endringer når det gjeld aktivitetane våre ut mot barnevernenestene. Vi har hatt tett kontakt med barnevernenestene for å holde oss oppdatert på status for sårbare barn og unge. I periodar har vi, i tillegg til anna rapportering, hatt månadlege digitale møte med fokus på covid-19. Kommunane har rapportert om tilnærma normal drift, men har sjølv sagt hatt nokre utfordringar.

Vi har også gjennomført samlingar for barneversleiarane og teamleiarane i barnevernenestene i fylket. Tema på samlingane har blant anna vore Covid-19, barneversreforma, læringsnettverk, oppsummering av tilsynsrapportar frå Helsestilsynet, barn på institusjon og Norsk barneværn vurdert i forhold til systema i andre land. Vidare har Bufetat og Bufdir deltatt for å presentere aktuelle tema, som til dømes Nasjonale retningslinjer for samhandling mellom politi og barnevern og informasjon om menneskehandel. I tillegg til dette arrangerte vi dagssamling for alle tilsette i barnevernenestene med tema dokumentasjon i barnevernet.

Alle barnevernenestene (med unntak av ein) har deltatt på «jusskurs» i regi av Bufdir i 2021. Dei tilsette på barnevernområdet i embetet, har og deltatt på desse samlingane.

Tilsyn

I 2020 har vi gjennomført seks landsomfattande tilsyn med undersøkingar i barnevernet. Det vart påpeika lovbro i alle dei seks kommunane. Lovbroa er knytt til manglande dokumentasjon og medverknaden til barn. Erfaringa vår så langt er at tilsyna har hatt ønskt effekt. I 2021 er det planlagt å gjennomføra tre stadlege tilsyn, og eigentilsyn med resten av kommunane i fylket, med temaet undersøkingar i barnevernet. Det betyr at vi ved å gjera det på denne måten skaffar oss ei oversikt over korleis barnevernenestene jobbar med undersøkingar, i alle kommunane våre

Embetet har også gjennomført felles tilsyn med reglane om meldeplikt i ein kommune. Kommunen som skoleigar, kommunen som barnehagemynde og barnevernenesta var ein del av tilsynet. Vi konkluderte med eitt lovbro; barnehagemynda tar ikkje gjort plikta som mynde ved å sjå til at barnehagane overheldt meldeplikta. Tilsynet blei godt mottatt av kommunen, og prosessar for samarbeid og samhandling mellom ulike tenester i kommunen blei starta opp i etterkant av tilsynet.

I 2020 har vi hatt merksemdu retta mot oppfølging av biologiske foreldre etter omsorgsovertaking, og opna fleire tilsyn med bakgrunn i konkrete klager. Det er utarbeidd ein plan for korleis vi skal kartlegga og skaffa oversikt over korleis alle tenestene følgjer opp dette tema i 2021.

Det ble også gjennomført et regionalt tilsyn med Bufetat region sør. Tema var Bufetats ivaretaking av bistandsplikten i akuttsaker. Statsforvalteren som er koordinerende statsforvalter i region sør ledet dette tilsynet.

Kompetansesatsing og barnevernreform

I Vestfold og Telemark er det etablert fem læringsnettverk på tvers av kommunane. Det er berre ei av tenestane i fylket som ikkje deltar i eit av nettverka. Tre av nettverka har utviklingsprosjekt både i forhold til tiltaksutvikling og styrking av kommunanes oppfølging og rettleiing av kommunale fosterheim. For dei to andre nettverka har eit av dei eit prosjekt i forhold til tiltaksutvikling og den andre eit prosjekt i forhold til fosterheimsarbeid.

Fleire av tenestane gir tilbakemelding om at det er krevjande og utfordrande å jobba utviklingsarbeid og dei ulike delane av kompetansesatsinga, samtidig som den daglege drifta skal takast vara på, og attpå til i ei pandemtid med høgare fravær enn vanleg. Vi ser at ein viktig suksessfaktor har vore dei nettverka som har oppretta prosjektleiarstilling frå oppstart av prosjekta. Fleire av prosjekta har, eller er i oppstart av, samarbeid med kompetansesentera.

Vi har formidla informasjon om barnevernreforma ut til kommunane og samarbeidspartnalar. Her viser vi til at resultatet frå Bufdirs spørjeundersøking vart presentert på møte med ordførarar, kommunedirektørar og oppvekstsjefar til stades.

Vi har laga ein plan for det vidare arbeidet med barnevernreforma for 2021. I tillegg til månadlege digitale møte med fokus på covid-19 og barnevernreforma, skal det gjennomførast tre digitale seminar med tema hjelpe tiltak, fosterheim og tidleg innsats. Vidare skal det haldast dialogmøte (digitalt) i klynger med kommunaleiing, Bufetat, KS og Bufdir der forankring av barnevernreforma er eit tema.

Færder kommune, som har vore med i forsøket med ny ansvarsfordeling mellom stat og kommune på barnevernområdet, har fått løyve om å fortsette forsøket frem til reforma trer i kraft.

Alle små og mellomstore kommunar i fylket har deltatt i Tenestestøtteprogrammet. To store kommunar skulle delta i programmet i 2020, men på grunn av covid-19 har tidspunktet for oppstart vore endra. Vi ser, gjennom tilsynsaktiviteten vår, at kommunane som har deltatt i tenestestøtteprogrammet har gjort relevante endringar i undersøkingsarbeidet sitt.

Vi har ein kommune som deltar i rettleiingsteam og som gir gode tilbakemeldingar på nytteverdien av dette.

Embetet har gjennomført dialogmøte med barnevernstenestene i fylket med fokus på barnevernsreforma i 2020.

Risikovurdering

Kommunane si kvartals- og halvårsrapportering på lovpålagte fristar på meldingar og undersøkingar blir nøyne gjennomgått og vurdert. Frå 2020 får kommunane tilbakemelding på om utvida frist har vore godkjent eller ikkje, og med vår grunngjeving om utvidinga ikkje har vore godkjent. Dette som eit tiltak for auka bevisstheit rundt grunnlag for fristutvidingane, dokumentasjonskrav og grunningar. Vi vil òg i byrjinga av 2021 sende ut informasjonsskriv til kommunane om rutinar for kvartalsrapportering og dokumentasjonskrav ved fristutviding for å sikra lik forståing i kommunane.

Rapporteringane for 2020 viser at nokon av tenestene ikkje klarer å oppfylla kravet til oppfølgings- og tilsynsbesøk av fosterbarna. Korona og smittevernensyn blir gitt som grunning for avvika i enkelte av tenestane. Tala er per i dag ikkje alarmerande, men vil bli følgjt tett vidare.

Kommunane si rapportering gir saman med annan kunnskap om kommunane, grunnlag for risikovurderinga vår av barnevernstenestene. Vi bruker mellom anna tala frå kommunemonitoren aktivt i overvakkinga vår av kommunane. I tillegg til talmaterialet har vi hyppig kontakt med barnevernstenestene på ulike område, noko som gjer at vi meiner vi har ei god samla oversikt over kommunane i fylket.

Embetet hadde i 2019-2020 særskild oppfølging av ein kommune. Dette er no avslutta, men kommunen har fått tilbod om å delta i rettleiingsteam. Kommunen det gjeld er no godt i gang med vidare utvikling av tenesta i tett samarbeid med rettleiarane sine.

Rapportering på tiltak i gevinstrealiseringssplanen (fra kapittel 7.3.2.13 i TB)

Rapportere på

Rapporteringskrav på tiltak i gevinstrealiseringssplanen

- *Søknadsbehandling separasjon og skilsmisesaker*

Fylkesmannen skal redegjøre kort for status på arbeidet med å sentralisere saksbehandlingen av søknader om separasjon og skilsmisse etter ekteskapsloven innenfor de nye sammenslårte embetene. Embetene skal gjennomføre en kartlegging av ressursbruk og kvalitet i siste kvartal 2022 og dette skal rapporteres i årsrapporten for 2022.

- *Tilsyn etter barnevernloven med forskrifter*

Fylkesmennene bes redegjøre kort for status på arbeidet i årsrapporten for 2020.

I tillegg til de landsomfattande tilsyna har vi gjennomført fleire eigeninitierte tilsyn etter barnevernlova. Gjennom kontinuerleg forbettingsarbeid har vi utvikla tilsyn etter barnevernlova. Vi har også hatt fokus på andre verkemidlar for å følge opp ein tilsynsklage. Kunnskap om tenesta er relevant, og sees i samanheng med de ulike alternative verkemidlane vi har for å sikre rett lovforståelse og lovoppfyllelse. Lokale avklaringar og veiledning i tenesta benyttes i økanda grad, der vi vurderer at det best oppnår formålet med tryggleik for tenestemottakaren og varig forbetring i tenesta. Tilsyn med tenesta gjennomførar vi når vi vurderar at det foreligg eit lovbro, og at tilsyn er det beste virkemiddelet for å følge opp tjenesta i å rette lovbroet. Det gjerast kontinuerleg ROS vurdering og lovbrudd blir fulgt nøye opp. Vi har erfart at enkelte tenestar benytter høvet til å foreta en eigen internkontroll og benytter tilsynet til å vurdera egen tenesta. Vi brukar ulike virkemiddel for å spre kunnskap om funna frå tilsyna til det beste for andre virksomheter i fylket. Vi har bedt om og fått tilbakemeldingar fra tenesta vi har ført tilsyn med, om korleis dei har opplevd vårt tilsyn. Slike tilbakemeldingar er nyttige for oss i vårt forbettingsarbeid. Oppfølging av lovbro etter tilsyn har vi gitt mer fokus og prioritert. Ein konsekvens av det er at vi følger opp tenesta lengre i tid nå enn tidligare. Det har vist seg å være nyttig og sikrar i større grad varige endringar i tenesta.

Helsenetsynet igangsatte i 2020 et tilsynsutveklingsarbeid som vi bidrar i, ved å være deltaker i ein arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa består av saksbehandlare som jobbar på barnevern og sosialområdet. Utveklingsarbeidet har ledelsesforankring. Deltakelse i dette utveklingsarbeide bidrar til forkus på eget arbeide, og hvordan vi sjølv kan bli betre i å sikre rett lovoppfyllelse i tenestane.

Tros- og livssynssamfunn (fra kapittel 7.3.2.14.1 i TB)

Rapportere på

Oversikt over:

- Nye registrerte/uregistrerte trossamfunn og nye livssynssamfunn
- Trossamfunn som er slettet hos fylkesmannen
- Ev. tilsyn med trossamfunn og forstander.

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark fekk inn åtte søknader om registrering som trus- eller livssynssamfunn i 2020. Ein av søknadane vart ikkje ferdig handsama i 2020, og er sendt til Statsforvaltaren i Agder for vidare oppfølgjing etter den nye trussamfunnslova som tok til å gjelde frå 1.januar 2021.

Vi har dermed godkjent sju nye registrerte/uregistrerte trus- eller livssynssamfunn i 2020.

Det er ikkje ført tilsyn med trussamfunn og forstandarar i 2020. Vi har heller ikkje sletta trussamfunn hos oss i 2020.

Oversikt over antall saker... (fra kapittel 7.3.2.15.1 i TB)

Rapportere på

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

Vi fekk 261 søknader om oskespreiing i 2020. I alt 253 søknadar vart innvilga, medan ingen søknadar vart avslagne. Dei siste åtte søknadane vart handsama i 2021. Vi fekk ingen søknadar om privat gravstad, men fekk ein klage på kommunalt enkeltvedtak etter gravferdslova. Denne vart avvist.

Oversikt over antall saker i hver kategori... (fra kapittel 7.3.2.16.1 i TB)

Rapportere på

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark har handsama 11 søknader om dispensasjon frå lov om helgedagar og helgedagsfred etter paragraf 5 første ledd, om at faste utsalsstader skal halde stengt på helgedagar. Seks av søknadane er innvilga, medan fem er avslagne. Vi har handsama to søknader om godkjenning som typisk turiststad i 2020.

I tillegg er det ein del butikkar og bransjar som i løpet av året har vore i kontakt med oss for spørsmål og rettleiing om utviding av opningstider og sondagsope på grunn av korona-situasjonen.

Langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalitet (fra kapittel 7.3.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Antall kommuner som integrerer planlegging av de kommunale helse- og omsorgstjenestene i det ordinære økonomi- og planarbeidet i kommunen

Vi viser til rapporteringa vår under punktet "Rekruttering og kompetanseplanlegging på helse- og omsorgsområdet (frå kapittel 3.1.1.1.6.1 i TB)"

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale helse- og omsorgstilbuet i fylket ut (fra kapittel 7.3.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Samlet vurdering av hvorvidt retninger og målsetninger i kvalitetsreformen for eldre – Leve hele livet utvikles i fylket.

Leve heile livet-reforma er om lag 6 månader forseinka ut frå opphaveleg fremdriftsplan på grunn av pandemien. Det inneber at ein del av planarbeida til kommunane er utsette. Som ein konsekvens av dette har fleire kommunar ikkje tatt stilling til reform-løysingane. Som vi skriv i punkt 3.1.3.3.1.1 er planarbeidet til kommunane under arbeid og altså ikkje ferdigstilt i alle kommunar. Det regionale støtteapparatet opplever stor tilslutning til reformarbeidet, og dei største kommunane i fylket har komme langt i å planleggje og setja i verk konkrete tiltak. Dei mindre kommunane har i større grad vore belasta med meirarbeid for nøkkelpersonell som følgje av pandemien, og det har ført med seg lågare deltaking i nettverk og andre aktivitetar i reformarbeidet. Det har vore arrangert digitale nettverkssamlingar i dei etablerte fagnettverka som Utviklingssenter for sykeheim og hjemmetjenester både i Vestfold og i Telemark (USHT) har gitt tilbod om. Det har også vorte starta opp nye nettverk, mellom anna "Opplæring i klinisk observasjonskompetanse for kommunene i Vestfold", eit 3-årig prosjekt med mål å hjelpe kommunane til å få ein systematisk og standardisert opplæring i klinisk observasjonskompetanse ved å implementera ein felles opplæringsmodell. Også fagdag i rehabilitering vart gjennomført med stor deltaking frå både kommune og sjukehusa i fylket. Sjå elles årsrapporter frå USHT for nærmare skildring av nettverk og kommunedeltaking.

Digitale løysingar har bidratt til å halda arbeidet i gang, og det har vore gjennomført fysiske samlingar når situasjonen har tillate det. Både samling for kontaktpersonar i kommunane og informasjonsmøte om tilskot til sårbare eldre gav stor deltaking. Av andre konkrete aktivitetar gjennomført av det regionale støtteapparatet, kan vi nevne at uteMiljø ved sjukeheim, aldersvennlig nærmiljø og sentrumsnære turvegar/universell utforming, har vore tema på fleire samlingar.

Eit viktig tema i arbeidet til kommunane med reforma er «Digital prosessplanlegging». Dette er eit initiativ frå det regionale støtteapparatet for å bidra med rettleiing for korleis kommunane kan jobba med prosessar i eigen kommune. Sju kommunar (Tinn, Notodden, Holmestrand, Porsgrunn, Skien, Larvik og Tønsberg) deltek i nettverket som hadde den fylste felles samlinga si 16.11.20. Sidan har dei fått individuell rettleiing. Arbeidet fortset i 2021. Vi viser elles til rapportering om Leve heile livet-reforma til Helsedirektoratet per 15.6 og 1.11.2020.

Rapportere på resultatoppnåelse... (fra kapittel 7.3.3.3.1 i TB)**Rapportere på**

Rapportere på måloppnåelse for tilskuddsordning til kommunene 0765.62

Det blei innvilga ca. 16 mill. i tilskot til 24 årsverk. 11 av 23 kommunar i fylket mottok tilskot. Det blei kun søkt om 3,5 nye årsverk. Vi benytta vesentleg mindre enn opprinnelig fullmakt. Tilsvarende var situasjonen i 2019. Vi forventer ikkje at kommunenes interesse for å søkje tilskot vil øke.

Samlet vurdering av hvorvidt... (fra kapittel 7.3.3.3.2 i TB)**Rapportere på**

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale rusarbeidet i fylket er utviklet i henhold til retnin og målsettinger i Opptrapningsplanen for rusfeltet (2016-2020).

Utsatt frist til 1. april 2021, jf. e-post fra Helsedirektoratet 18. januar 2021.

Rapportere på resultatoppnåelse... (fra kapittel 7.3.3.4.1 i TB)**Rapportere på**

Rapportere på resultatoppnåelse for tilskuddsordningen til kommunene 0762.64.

I 2019 var det 19 av 27 kommunar som søkte og fekk tildelt tilskot. Om lag halvparten av dei fekk overført tilskot til 2020, og rapportering på dette skjer først i april 2021. Ein god del har satt sine prosjekt på vent enda eit år, grunna Covid-19, og søkt om overføring til 2021.

Dei aller fleste kommunane i Vestfold og Telemark har fått utarbeidd planar for habilitering og rehabilitering, eller komme godt i gang med planprosessar. Embetet har samla inn, og lest planane. Fleire kommunar har sett i verk betrings- og utviklingsprosjekt på ulike område av tenestane. I nesten alle kommunar har det skjedd ein positiv utvekling av koordinerande eining, og arbeidet med IP og koordinering har vorte styrkt i ei eller anna form. Fleire kommunar har valt å ta i bruk nettbaserte IP-løysingar, og har etablert betre system for opplæring og oppfølging av koordinatorar. Det har vorte eit auka medvitt omkring kva kompetanse kommunen må ha tilgjengeleg for innbyggjarane sine for å kunne gje eit heilskapleg tilbod om habilitering og rehabilitering, og i nokre kommunar har breiddskompetansen auka i perioden. Framleis er det utfordringar med nok tilgang på spesielle faggrupper som til dømes ergoterapeut, logoped og audiopedagog i einskilde distriktskommunar i fylket.

Vi har merka oss at det har vore ein låg del av søknader om tilskot til prosjekt som rettar seg mot barn og unge med behov for habilitering (utover IP/koordinator-arbeid). Det har også vore få kommunar som har hatt fokus på tiltak retta mot voksne personar som skal rehabiliterast tilbake til arbeid,

personar med behov for psykososial rehabilitering, og mot vaksne personar med utviklingshemming.

Kommunane gir uttrykk for at opptrappingsperioden, med tilhøyrande tilskot, har bidratt til auka fokus og ny motivasjon til å ta fatt på betringsarbeid innan dette tenesteområdet. Det er eit stort gap mellom dei summane kommunene søker om, og det vi har å dele ut. Gjennomsnittleg sum har vore 200.000 - 300.000 per kommune.

Det er førebels uvisst i kva grad tilskotsordninga har medverka til varig styrking av dei kommunale habiliterings- og rehabiliteringstenestene.

Samlet vurdering av hvorvidt tilbuddet... (fra kapittel 7.3.3.4.2 i TB)

Rapportere på

Samlet vurdering av hvorvidt tilbuddet innen rehabilitering og rehabilitering i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i opptrappingsplanen.

Året 2020 har også på dette området vore prega både av pandemien og ressurssituasjonen i avdelinga vår.

Det har vore gjennomført samlingar i fagnettverk for koordinerande enining og i nettverk for kvardagsrehabilitering gjennom året.

KOSTRA-tala på tenesteproduksjon kan vera misvisande, då kommunane registrerer aktivitet innan rehabilitering og rehabilitering svært ulikt. Kva som inngår i rehabilitering og rehabilitering er ikkje alltid like målbart. Som nemnt i førre punkt i rapporten, så har også mykje av den planlagde aktiviteten for 2020 vorte overført til 2021.

Det er uvisst i kva grad det totale tilbodet om rehabilitering og rehabilitering har vorte påverka av pandemien. I samarbeid med USHT Telemark har vi gjennomført ei kartlegging av korleis tilbodet om kvardagsrehabilitering har vorte påverka av pandemien frå mars og fram til november 2020 (eigen rapport finst).

Ni av kommunane (i Telemark) svarte på undersøkinga. Fleire rapporterte om at tilbodet om kvardagsrehabilitering nærmast stoppa heilt opp i mars, og fram til mai. Noko aktivitet vart tatt opp att over sommaren, men i mindre omfang enn normalt.

Det totale tilbodet om rehabilitering vart påverka, mellom anna fordi rehabiliteringspersonell, som til dømes fysioterapeutar og ergoterapeutar, mange stader vart omdisponerte til andre oppgåver innan helse i denne perioden. Terskelen for tildeiling av tenesta vart heva. Gruppertilbod vart stengde. Fysikalske institutt stengde dørene. Redsel for smitte blant personellet til kommunen førte til uvisse, og verka avgrensande for det tverrfaglege samarbeidet. Også pasientane, på si side, kunne avlysa avtalar av same grunn.

Vi vurderer det som sannsynleg at det totale tilbodet om rehabilitering og rehabilitering til tider har vore svekt og underdimensjonert i 2020, som følgje av pandemien, og at dette, mellom anna, har ført til auka belastning på pårørande og andre deler av tenestene.

Rapportering på Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019 (fra kapittel 7.3.3.4.3 i TB)

Rapportere på

Rapportering på Etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og mestringstilbud 2019.

Vi har eit godt samarbeid med fylkeskommunen om tilskotsordninga for frisklivssentraler. Vi gir informasjon om frisklivssentralane i fylket. Det har vore samarbeid om sakshandsaming, utlysning og vurdering av søknadar.

I november 2019 og januar 2020 arrangerte vi faglege samlingar for netverket i kommunane. Neste samling blei planlagt i mai 2020, men den blei avlyst pga korona.

Alle kommunane i tidlegare Vestfold har etablert frisklivssentralar.

I tidlegare Telemark har 12 av 17 kommunar etablert frisklivssentraler. Nokon av kommunane som ikkje har frikslivssentral har likevel ulike typer frisklivs-, lærings- og mestringstilbod.

Sidan våren 2020 har vi kun hatt kontakt med ein skilde frisklivssentralar, mellom anna har vi informert om webinar halde av Helsedirektoratet.

Rapportering på Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019 (fra kapittel 7.3.3.4.4 i TB)

Rapportere på

Rapportere på resultatoppnåelse for tilskuddordning til kommunene 0762.60

Tilskotsordninga har bidratt til at kommunane har vidareutvikla tilboda sine ved å tilby stadig fleire aktivitetar til fleire målgrupper. Eksempelvis kurs om ernæring og fysisk aktivitet for foreldre og barn, prosjektet «Kvardagsglede» og søvnkurs med meir.

Rapportering på Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019 (fra kapittel 7.3.3.4.5 i TB)

Rapportere på

Samlet vurdering av i hvilken grad tilbuddet utvikles i henhold til målsetting i regelverk for tilskuddsordning.

Tilskotsordninga for frisklvs-, lærings-, og meistringstilbod har i perioden 2017 – 2019 bidratt til at alle kommunane i Vestfold og i dei fleste Telemarkskommunane har fått etablert eit tilbod. Omfanget og innhaldet i aktivitetane/prosjekta varierer frå dei minste til dei største kommunane. Tilskotsordninga har vore viktig for etablering og utvikling av tenestetilbodet, spesielt i dei minste kommunane.

Rapportering på Omsorg 2020, herunder Demensplan 2020 (fra kapittel 7.3.3.5.1 i TB)**Rapportere på**

Samlet vurdering av i hvilken grad det kommunale helse- og omsorgstilbuddet i fylket planlegges og utvikles i henhold til retning og målsettinger i Omsorg 2020, samt en vurdering av hvordan utviklingssentrene for sykehjem og hjemmetjenester ivaretar sin rolle overfor kommunene i fylket.


Alle kommunar i fylket er med i utviklingsarbeid for innovasjon av velferdsteknologi. Kommunane får god røynsle med ulike typer teknologi, både for heim og institusjonar. Kommunane er med i faglege nettverk. Utviklingssentra for sjukeheim og heimetjenester (USHT) er viktige for å skipe gode møteplassar. Det same gjeld Skien kommune og Kongsberg kommune (for Tinn, Notodden og Hjartdal), som leiar fleirårige utviklingsprosjekt for kommunane.

Omsorg 2020 har gjennom dei siste 5 år vore den overordna strategien som kommunane har utvikla tenestene sine i forhold til. Det har vore viktig for helse- og omsorgstilbodet at arbeidet har vore langsiktig og heilskapleg. I tidlegare Vestfold var Forum for Omsorg 2020 ein svært viktig arena, der dei som tek avgjerder i kommunar, sjukehus, NAV, fagforeiningane, Universitetet, fylkeskommunen, opplæringskontor, KS, utviklingssentra og embetet, møttest på strategisk nivå. Dette forumet har ikkje vorte vidareført i same form etter samanslåinga med Telemark, og i 2020 har det grunna pandemien ikkje vore mogleg å halda møte om vidare aktivitet i forumet. Det vil vera naturleg å sjå på framtidig organisering av samarbeidsarenaene i lys av Leve heile livet-reforma. Arbeidet med satsingene i Omsorg 2020 er likevel godt etablerte og blir følgt opp gjennom nettverk og prosjekt som er i drift, til dømes på velferdsteknologi-området.

Når det gjeld korleis Utviklingssentrene tar vare på rolla si overfor kommunane i fylket, er det vurderinga vår at Utviklingssentrene gjer ein god jobb ut frå ressursane dei har tilgjengeleg. Det er eit tett samarbeid med begge USHTene i fylket vårt, og desse har noko ulikt utgangspunkt med Sandefjord og Porsgrunn som vertskommunar for høvesvis tidlegare Vestfold og tidlegare Telemark. Geografiske forskjellar og ulike kompetanse- og kapasitetsutfordringar mellom dei tidlegare fylka gjer at arbeidsmetodar er tidvis ulike. For embetet er USHT ein viktig samarbeidspartner i utviklingsarbeidet i helse- og omsorgssektoren, og særlig tydeleg er dette i Leve heile livet-arbeidet der USHT er ein likeverdig partner, men med mindre ressurs enn KS og oss. I 2020 der fokuset i hovudsak har vore på kommunal planlegging, har USHTene ikkje vore like aktiv som KS og embetet, men i neste fase der implementering av løysingane er på dagsorden, vil kompetansen deira bli endå viktigare.

Rapportering på Omsorg 2020, herunder Demensplan 2020 (fra kapittel 7.3.3.5.2 i TB)**Rapportere på**


Vurdering av i hvilken grad kommunene i fylket planlegger og utvikler sine helse- og omsorgstjenester til personer med demens og deres pårørende i tråd med mål, strategier og tiltak i Demensplan 2020, samt den demografiske utviklingen og utfordringsbildet for øvrig.



Demenskart fra ressursportal.no viser at andelen med demens er 2,15 % av innbyggjarane. Vi ligg høgare enn gjennomsnittet for landet som er 1,88 %. Dette har si bakgrunn i at innbyggjarane i Vestfold og Telemark er eldre enn gjennomsnittet for Noreg. I åra som kjem vil talet på personar med demens auke. Vi finn større andel innbyggjarar med demens i distriktskommunar i område Telemark.

Demensplan 2020 har vært en viktig del av Omsorg 2020, jf. rapportering på punkt 7.3.3.5.1.

Det har vore stor aktivitet på demensområdet gjennom heile perioden frå 2015, og også ved tidlegare satsingar. Demensplanarbeidet har vore ein del av det andre arbeidet til kommunane med utvikling og planleggjring for helse- og omsorgstenestene i Omsorg 2020. Det har vore fokus i mange kommunar på å jobba systematisk med pårørandestøtte og ordningar med avlastning for å auka livskvalitet og å utsetja behovet for sjukeheim. Dagaktivitetsplasser har fått ein sjølvsgd plass i kommunane, og det er gode døme på ulike løysingar på aktivitet som rettar seg særskilt mot behova som personar med demens har. Døme på slike aktiviteter er Inn på tunet/Grøn omsorg. Nyare forsking viser at førekomensten av demens er høgare enn kva som tidlegare har vore antatt. Det fører med seg at kommunane må sjå på eigne prognosar når dei skal revidere planane sine. Eit hjelpemiddel er til dømes "Demenskart" frå Aldring og helse, sjå over. Kompetanseheving har vore eit viktig satsingsområde i arbeidet med Demensplan 2020, og USHTane si rolle har vore svært viktig mellom anna knytt til ABC-opplæringa. I 2020 har USHT følgt opp ein kommune om gongen på grunn av restriksjonar knytt til pandemien.



Tabellen viser talet på personar med demens i Vestfold og Telemark som har vedtak om dagaktivitetstilbod. Talet har auka dei siste fire åra, men det er fortsatt eit lågt tall sammenlikna med andre fylke.

Rapportering på Kompetanseløft 2020 (fra kapittel 7.3.3.6.1 i TB)

Rapportere på

Rapportering på tilskuddsmidler mellom tiltak som inngår i kap 761, post 68 Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskudd pr. 01.05.

Samlet vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen innen helse- og omsorgstjenestene i kommunen, herunder gi en vurdering av tilgangen på utdanningstilbod i fylket, herunder tilgangen på desentraliserte og deltidsutdanninger innen helse- og sosialfagutdanninger.

Kompetanseutfordringar

Helse- og omsorgstenesta i fylket vårt har eit generelt aukande behov for kompetanse innan somatisk vurdering, palliasjon, teknologi, kvalitetsutvikling, pasientsikkerheit, brukarmedverknad, ernæring med vidare. Evnetrening innan praktiske prosedyrar er òg eit aukande behov. Kompetanse i handtering av vald og utagerande åfferd er det òg behov for, i tillegg til meir kompetanse i interkulturell kommunikasjon, integrering og funksjonelt språk både for tilsette i tenesta og for brukarar med ulik kulturell bakgrunn. Kommunane peikar på samhandlingsreforma og overføring av sjukare pasientar og meir komplekse oppgåver som årsak til aukande kompetanseutfordringar.

Embetet har i lengre tid ønskt at kommunane i tidlegare Telemark skulle hatt eit meir systematisk arbeid med smittevernrutinar, noko som vart særleg aktualisert våren 2020. I samband med søknadsbehandling av kompetanse- og innovasjonstilskotet la embedet til rette for at kommunane kunne søka og få innvilga tilskot til ulike opplæringsstiltak knytt til smittevern og covid-19 i 2020.

Samarbeid med utdanningsinstitusjonar i fylket/samarbeid om desentralisert utdanning

Embetet har ei viss bekymring for kompetansesituasjonen i dei kommunane i tidlegare Telemark fylke med lågast innbyggartal, dvs. midtre og vestre delar av området. Desse har samtidig størst geografisk avstand til studiestad, og av utrekningar på demografisk utvikling framover dei som får den største delen aldrande befolkning, og dermed behov for kvalifisert personell.

Våren 2020 deltok embedet saman med Senter for omsorgsforskning og USN i ein dialogrunde med kommunane i tidlegare Telemark for å kartlegga

behov for desentraliserte tilbod og deltidsutdanning. Fleire kommunar understreka viktigheita av å få studietilbod både i Bø, Notodden og Porsgrunn. Særleg i dei små kommunane med lange avstandar, er det viktig for studentane å kunna kombinera studiar med arbeid. Mange av dei det er aktuelt å rekruttera for høgare utdanning, er avhengig av å kunna bu heime for å gjennomføra studie. Etter vurderinga vår er det ønskeleg at USN etablerer fleire studietilbod i Porsgrunn/Notodden/Bø, og at det blir lagt til rette både for deltidsutdanning i bachelor sjukepleie og vernepleie, og at fleire vidareutdanninger òg blir lagt til desse distrikta.

Både deltid sjukepleie og vidareutdanning i aldring og helse vart nedlagt ved USN campus Porsgrunn i 2019. Embetet har derfor understreka overfor USN, behovet for å etablere tilboden på ny. USN har seinare vedtatt å etablira ei desentralisert sjukepleiarutdanning for distrikta med oppstart i 2022, sjå omtale på USN sin nettstad <https://www.usn.no/aktuelt/nyhetsarkiv/starter-sykepleierutdanning-for-distrikten>

Frå dialogmøta signaliserer distriktskommunane i tidlegare Telemark ønske om kortare kurs, men med studiepoeng, som seinare kan inngå i master eller vidareutdanning. Følgjande emne er særleg aktuelle; helserett, geriatrisk vurderingskompetanse, rus og vald, utfordrande åtferd – makt og tvang, og demens. Representantar for USN noterte seg ønske om slike kortare kurs.

Vi har også jamleg kontakt med Fagskolen der vi diskuterer aktuelle opplæringsprogram som vi ser behov for. Våren 2020 har vi hatt ei eiga kartlegging ut mot kommunane, og med førespurnad både til USN og til fagskulen med eit spesielt ønske om å legga til rette kompetanseheving innan palliativ/lindrande behandling og smittevern knytt til covid-19 pandemien.

ABC opplæring

Utviklingssentera (USHT Vestfold og Telemark) bidrar godt i ABC-opplæringa, og tala for dei som har fullført utdanning og dei som er under utdanning viser at dette framleis er eit ønskt og eit godt tilbod om kompetanseheving. Dei fleste er spreidde mellom demensomsorgas ABC, mitt livs ABC og Velferdsteknologiens ABC. Det er også ein del deltakarar på ABC musikkbasert miljøbehandling og nokon på eldreomsorgens ABC.

Vurderinga vår er at dette er eit viktig tilbod innan kompetanseheving i tenestene. Sett i forhold til innbyggartal har Telemark hatt høgare deltaking, noko som stadfestar at denne opplæringsforma er mogleg å gjennomføra òg i distrikta. Det har likevel vore utfordringar i 2020; USHT Telemark rapporterte hausten 2020 at det på grunn av pandemien ikkje har vore mogleg å halda oppe den høge aktiviteten, heller ikkje på dette området. Ei bekymring som har komme fram, er at helse- og omsorgstenesta i mange kommunar er därleg rigga med tanke på utstyr til digitale møte og webinar. Det er også rapportert at tilsette og leiarar på lågare nivå er sliine av alt ekstra arbeid med korona. Vi har meldt bekymringa til Helsedirektoratet og fått signal om at delar av kompetanse- og innovasjonstilskotet som kommunane har fått i 2020 kan nyttast til innkjøp av digitalt utstyr.

Kvalifisering av ufaglærte

I tråd med tildelingskriteria for kompetanse- og innovasjonstilskotet prioriterte vi ikkje å gi støtte til kortare kurs og opplæring i 2020. Det er likevel eit dilemma, då mange av distriktskommunane uttrykker at det er mykje lettare å få gjennomført korte kurs/opplæring enn meir omfattande studietilbod. Dei siste åra har vi derfor gitt noko «distriktstilskot» som dei sjølv har kunna nytta til slike formål.

Akuttkjedeprosjektet i Telemark

I Telemark har det gjennom fleire år vore eit viktig samarbeidsprosjekt mellom kommunane og Sjukehuset Telemark HF. I prosjektet «Akuttkjedeprosjektet i Telemark» er det utvikla enkle verktøy for kartlegging og observasjon av pasientar som er aktuelle for innlegging i sjukehus, noko som har heva kompetanse hos tilsette i fleire ledd av tenesta. Vi har vurdert det som svært viktig kompetanseheving, og derfor bidratt med noko av kompetanse- og innovasjonsmidla til dette.

Menn i helse

Menn i Helse har tilsett felles koordinator for Vestfold og Telemark frå 1. januar 2020. Prosjektet får no overføring til drift på eigen post på statsbudsjettet.

Tilskotet "Sårbare eldre"

I revidert statsbudsjett i juni 2020 vart tilskotsordninga "Sårbare eldre" oppretta. Målet med ordninga var å motverke einsemd hjå eldre som følge av pandemien. Vestfold og Telemark fekk drøye 25 millionar kroner til utdeling. Vi bevilga ca 11 millionar kroner til 80 tiltak for heimebuande eldre og ca 14 millionar kroner til tiltak for bebuarar i sjukeheim og omsorgsbustader. Verksemder i alle kommunar fekk tilskot.

Tilskota ble delt ut seint på året 2020. Restriksjonar grunna smittevern ved årsskiftet 2020-2021 har ført med seg at mange tiltak er forseinka. Midlane skal nyttas i løpet av 2021.

Anna rapportering

Etter at kommunane har sendt inn sine rapportar pr. 1.4.2021 til oss, vil vi kunne gje meir detaljerte opplysninger om kompetanse- og rekrutteringssituasjonen i helse- og omsorgstenestene i kommunane. Eigen rapportering knytt til kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskot vert sendt til Helsedirektoratet innan 1. mai 2021.

Vi viser elles til rapport her under punktet "Rekruttering og kompetanseplanlegging på helse- og omsorgsområdet (frå kapittel 3.1.1.6.1 i TB)"

Innovering av brukere og pårørende i tilsyn med tvungen somatisk helsehjelp (fra kapittel 7.3.3.7.1 i TB)

Rapportere på

Vi ber fylkesmennene evaluere involveringen av brukere og pårørende i tilsynet med praktiseringen av tvungen somatisk helsehjelp i den kommunal helse- og omsorgstjenesten, jf. oppdrag 3.3.1.3.11 En samlet vurdering sendes til Statens helsetilsyn, og fristen utvides til våren 2021. Statens helsetilsyn vil utarbeide en rapportmal.

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark har på grunn av dels pandemien og dels ressurssituasjonen i avdelinga, ikke gjennomført nokon tilsyn med praktiseringa av tvungen somatisk helsehjelp i 2020 (LOT). Det er derfor vanskeleg å evaluere involveringa av brukarar og pårørande.

Evaluerer hvordan samtaler med brukere i tilsyn med bruk av tvang fungerer (fra kapittel 7.3.3.7.2 i TB)**Rapportere på**

Vi ber om at fylkesmannen evaluerer hvordan samtaler med brukere i tilsyn med bruk av tvang fungerer, jf. oppgave 5.3.8.12 i VØI. En samlet vurdering sendes Statens helsetilsyn innen 31.12.2020. Statens helsetilsyn vil utarbeide en rapportmal.

Fylkesmannen rapporterte den 18.12.20 til Helsetilsynet. Fra rapporten sitarast følgjande:

"Fylkesmannen i Vestfold og Telemark har i 2020 ikke gjennomført noen stedlige tilsyn med tvang overfor personer med utviklingshemming. Dette skyldes både coronasituasjonen og ressurssituasjonen i avdelingen.

Generelt kan vi imidlertid tilføye at vi hos Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, når vi tidligere har vært ute på stedlige tilsyn med bruk av tvang overfor personer med psykisk utviklingshemming, alltid ønsker å samtale med brukeren. Vi ber rutinemessig kommunen/tjenestestedet å undersøke med brukeren om vedkommende ønsker å samtale med oss når vi kommer. Vi setter unsett av tid til en samtale, dersom bruker skulle ønske samtale når vi er på besøk. Ofte har vi da en prat med brukeren om hans/hennes situasjon. Dette er nyttig for oss i tilsynet. Andre ganger kan det være at bruker ikke ønsker å snakke med oss; vedkommende kan bli stresset og ønsker snarere å ikke være hjemme når vi er på besøk. Dette er også helt greit, etter vår oppfatning."

Rapportering på gevinstrealiseringssplanen S (fra kapittel 7.3.3.8.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmennene bes redegjøre kort for status på gevinstrealiseringssplanen for oppgavene på Statens helsetilsyns områder i årsrapport for 2020.

I 2020 har arbeidet med auka kvalitet og effektivitet og samordning kome i skuggen av Covid-19 pandemien.

Hovedutfordringa i Helse- og omsorgsavdelinga er nedtrekket avdelinga har fått, og såleis ikke har ressursar som samsvarar med den store tilgangen av saker.

Rapportering på gevinstrealiseringssplanen Helsedirektoratet (fra kapittel 7.3.3.8.2 i TB)**Rapportere på**

Helsedirektoratet viser til gevinstrealiseringssplan i forbindelse med sammenslåing av embeter, som er utarbeidet av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Fylkesmannen skal i tråd med dette gjennomføre en kompetansekartlegging, for å sikre god ressursutnyttelse. Rapportering på kompetansekartleggingen, og endringer foretatt på bakgrunn av denne, meldes i årsrapport for 2020.

Rapportering på gevinst skjer først i forbindelse med årsrapportering for 2022.

Det overordna målet er betre kvalitet i sakshandsaming, informasjon og rettleiing. Oppgåvene er fordelt med sikte på best mogeleg disponering av tilgjengelege ressursar, og det må takast omsyn til at omlag 10 % av våre ressurser har vore knytta til oppgåver med pandemien.

Tilsyn av verger (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i årsrapporten rapportere på totalt antall kontrollerte vergeregnskap i 2020. Det skal oppgis hvor mange av disse vergeregnskapene embetet har plukket ut og kontrollert basert på egne risikovurderinger.

Fylkesmannen skal også rapportere på antall vergemål som det er ført tilsyn med i 2020 utover regnskapskontroll, både planlagte og hendelsesbaserte. Fylkesmannen skal i tillegg kort beskrive hva tilsynene har avdekket og hvordan avvik er fulgt opp.

Det er gjennomført 675 rekneskapskontollar i 2020. 662 av sakene er fra det sentrale uttrekket, 13 saker er tatt ut til kontroll basert på eigne risikovurderinger. I tillegg til dette er rekneskapet for 2019 kontrollert i samband med kontroll av avsluttande verjerekneskap i 2020. Av omsyn til kapasitet på sakhandsaminga, oppretter vi ikke aktiviteten rekneskapskontroll i avsluttande saker.

Det er gjennomført 76 tilsyn, 75 verjebaserte, 1 aktivitetsbasert. Av desse tilsyna, er 31 tilsyn for verjer med meir enn 20 oppdrag. Vi har gjennomført eit grundig tilsynsarbeid for verjer med fleir enn 20 oppdrag. Alle sakene er grundig gjennomgått av oss på førehand. Det er avholdt tilsynsmøter med verjene. Verjerapportar er skrive og journalført på verjene. Sjå og 7.3.4.1.3.

Antall kontrollerte vergeregnskap og antall kontrollert på bakgrunn av egne risikovurderinger

Antall totalt kontrollerte vergeregnskap	Totalt antall leverte vergeregnskap	Antall verger under oppfølging	Antall verger som er fratatt oppdrag
675	3 851	9	9

Fratakelse av vergeoppdrag (fra kapittel 7.3.4.1.3 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal i årsrapporten rapportere på hvor mange verger som er fratatt sitt oppdrag i 2020 som en konsekvens av funn i regnskapskontrollen.

Fylkesmannen skal også rapportere på antall verger som har blitt fratatt vergeoppdrag i løpet av 2020 på bakgrunn av andre tilsyn og en kort redegjørelse for årsaker til fratakelsene.

Av dei om lag 56 rekneskap som ikke ble godkjend, er det bytta verje i 9 saker. Alle dei ikke godkjente sakene er kontrollerte og sjekka ut, etter at manglar ved innleveringa er henta inn.

Vi har, etter å ha motteke fleire klager og bekymringsmeldingar frå verjehavar eller andre, hatt samtaler og oppfølging med to faste verjer. Det blei då også gått igjennom deira verjeporfølje. Etter gjennomgang av meldingane og bekymringene med verjene, har dei sjølv sagt frå seg alle sine oppdrag. Det var omlag 56 saker. Det blei då bytta verje i sakene etter vergemålsloven § 29 første ledd.

Enkelte andre verjer er bytta ut med heimel i vergemålsloven § 29 annet ledd av ulike grunnar, slik som dårlig samarbeid, kjemi eller andre høve, i alt omlag 39 saker.

Årsrapportering rettshjelp (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal i årsrapportløsningen rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslåtte søknader for perioden, fordelt på henholdsvis fritt rettsråd og fri sakførsel. Fylkesmannen skal også rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid og på antall restanser. Hva gjelder de innvilgede sakene, skal rapporteringen gi en oversikt over forekomsten av økonomisk dispensasjon, samt totale advokatutgifter og evt. andre utgifter som er innvilget i aktuelle periode, fordelt på saksområde. Av rapporteringen skal det videre fremgå hvorvidt det er gitt avslag som følge av økonomisk overskridelse eller av andre grunner i henhold til skjema over rettshjelpsstatistikk fra Statens sivilrettsforvaltning.

Fylkesmannen skal rapportere på forbruk for året samt forventet forbruk på kap. 470, post 01 for påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes. Fylkesmannen skal umiddelbart informere SRF dersom det er andre vesentlige risikoer eller avvik på området.

I 2020 har vi utbetalt til saman kr. 9 260 809 etter lov om fri rettshjelp. Av dette utgjer kr. 7 741 895 fritt rettsråd og kr. 1 518 914 er utbetaling i saker som er handsama av kontrollkommisjonen for psykisk helsevern. Totalforbruket på kapittel 470, post 01 er såleis kr. 9 260 809.

Det er utbetalt advokatsalær i 1261 saker. Dette er saker som anten er godkjende av advokaten sjølv, eller av oss. Vi har utbetalt salær i saker for kontrollkomisjonen i tillegg.

Vi har i 2020 godkjent økonomisk dispensasjon i 15 fritt rettsråd-saker. Dette gjaldt tre saker om skifte av fellesejige, ein barnefordelingssak, ein familesak, seks klagesaker etter folketryggdlova, ei sak om arbeid, ein om gjeld og to prioriterte saker. Vi har avsleger 97 saker. 23 søknader er avsleger på grunn av at søkeren ikkje oppfylte dei økonomiske vilkåra, 69 søknader er avsleger av andre grunnar og fem søknader er avsleger etter ein kombinasjon av økonomi og andre grunnar.

I 2020 fekk vi 21 søknader om fri sakførsel. Vi har avsleger ni søknader, medan åtte søknader om fri sakførsel vart innvilga. Ingen av søknadane vart

avslege på grunn av økonomi, åtte av andre grunnar og ein sak vart avslege etter ein kombinasjon av økonomi og andre grunnar.

Gjennomsnittleg sakhandsamingstid i 2020 har vore tre til åtte veker for søknader om fritt rettsråd og fri sakførsel. For utbetaling av eigeninnvilga styrkprissaker og saker frå kontrollkommisjonen har gjennomsnittleg handsamingstid vore på om lag éin til to veker.

Rettshjelp

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Innkommne søknader	1 282	1 261	21
Innvilgede søknader	1 083	1 075	8
Avslalte søknader	106	97	9

Fylkesmannen skal rapportere på forventet forbruk... (fra kapittel 7.3.4.2.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på forventet forbruk på kap. 470, post 01 inneværende og påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes.

Forbruket på kapittel 470, post 01 har vore på kr. 9 317 584.

Forbruket totalt sett har vore som forventa i 2021, og vi vurderer at forventa forbruk for 2022 vil ligge på om lag same nivå, det vil seie kring 9 500 000 millionar kroner per år. Når det likevel har vorte en stor auke i forventet forbruk fra 2019 til 2020 er årsaka at rapporteringa for 2019 var på om lag 1,8 millioner for lite. Dette skuldast ein feil som var gjort ved innsetting av formel i Excel-skjema.

Rapportering på resultater på brukerundersøkelsen (fra kapittel 7.3.4.2.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i årsrapporten kort redegjøre for resultatene i brukerundersøkelsen blant brukerne av rettshjelpsordningen, jf. oppdrag 3.3.1.4.2 i supplerende tildelingsbrev 1.

Vi har motteke tre svar på brukarundersøkinga blant brukarane av rettshjelpsordninga. Alle svara er frå advokatar. Ingen privatperson har svart.

Alle svara frå advokatane byggjer på heilt eller delvis innvilging, og gir uttrykk for at dei er godt nøgde med vår handsaming. Vi vurderer at det er kome for få svar på brukarundersøkinga, til at denne gir eit lett bilet av kor nøgde brukarane på fri rettshjelpsområdet er når det gjeld handsaming av saker på fagområdet hos oss.

Status øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene (fra kapittel 7.3.4.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre for status på gjennomførte øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene.

Grunna korona er ikkje kriseleinga i kommunane øvd direkte. Hendinga har i seg sjølv øvd beredskap og kriseleiing. Situasjonsforståelse, rapportering og samordning er øvd i heile 2020. Vi har øvd Nødnett kvar månad for fylkesberedskapsrådet og kommunane, det vil sei for dei som er brukarar.

Kompetanseheving om totalforsvaret i kommunene (fra kapittel 7.3.4.4 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal kort redegjøre for tiltak som er gjennomført for å heve kompetansen i kommunene.

Vi har delt informasjon om totalforsvaret, men i redusert grad. Me er opptatt av at kommunanen skal ha ei grunnleggjande evne til å ta i mot, og behandla gradert informasjon slik som tryggleiksvurderinger, rapportar og tiltak som er gradert etter sikkerheitslova.

FylkesROS (fra kapittel 7.3.4.5 i TB)

Rapportere på

Redegjør for status på fylkesROS og tilhørende oppfølgingsplan

FylkesROS var ferdig i januar 2020. Den vart delt i og gjennomgått med kommunane. Det er vår røynsle at den tener som eit grunnlag for dei kommunale heilskaplege ROS-analysane. I 2021 vil me ha en prosess med oppfølgingsplan for fylkesberedskapsråd og kommunanen. I praksis, se på status for tiltak etter analysen. Samstundes vil me gjera departementet merksam på at vi ikkje har mynde til å gjera anna enn å synleggjera tiltaka. Det vil ofte vera den einskilde kommune eller sektor som treffer dei naudsynte tiltak.

FylkesROS 2020 har eit eige kapittel om barn og unges perspektiv på samfunnstryggleiken. Erfaringa frå dette er særskilt gode.

Status scenario fylkesROS (fra kapittel 7.3.4.6 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre for status av scenario sikkerhetspolitisk krise/krig i fylkesROS.

I vår ROS er temaet dekket i eit eige kapittel.

Regionale tiltak gjennomført i arbeidet med forebygging og beredskap (fra kapittel 7.3.4.7 i TB)

Rapportere på

Hvilke tiltak vurderer embetet har vært viktigst for å ivareta fylkesmannens ansvar for samordning i arbeidet med forebygging og beredskap?

Statsforvaltaren tok tidleg i koronahandteringen principielle valg. Me skal utgjera ein skilnad og meirverdi for kommunane. Døme på dette er at me leia etablering av eit regionalt lager for smittevernmaterial, me laga råd og veiledarar og me sikra og samla infomrasjon til og frå kommunane. I fall det vart spurd om vi då kunne ble uhilda i seinare tilsyn eller kontrolloppgåve var svaret vårt at då ville vi nyttja settestatsforvaltar. Behovet for veiledning er stort, ikkje minst heilsakpleie tiltak for innbyggjarar til dømes langs ei kollektivakse. Der må det vera like råd for pendlarar anten dei tek tog frå Holmestrand eller Skien. Deling av fylket i to sonar er eit døme på samordning.

Vidare hyppige møter og tett dialog med kommunane, rolla som veiledar, rådgjevar og samordnar. Til dømes skipa me eit prosjekt som munna ut i eit regionalt lager for smittevernmaterial for kommunane og me leia utvikling av ein regional veglei for gjestehamner og campingplasser..

Gevinstrealisering: helhetlig og systematisk tilnærming i oppfølging av kommuner (fra kapittel 7.3.4.8 i TB)

Rapportere på

Rapportering på tiltak i gevinstrealiseringssplanen: Redegjør kort for status på arbeidet med å tilrettelegge for enhetlig og systematisk tilnærming til samfunnssikkerhets - og beredskapsarbeidet i oppfølging av kommunene.

I 2020 samla vi beredskapskoordinatorer i fylket som et tiltak for enhetlig og systematisk beredskapsarbeid. Bruk av sjølvmeldinga er ein rapporteringsrutine som skal gje einskapeleg arbeid. Dei vektlige møtene med standard rapportering gjennom koronahandteringen er og bidrag til einskapeleg beredskapsarbeid.

Gevinstrealisering: styrke samordningsrollen innen samfunnssikkerhetsarbeidet (fra kapittel 7.3.4.9 i TB)

Rapportere på

Rapportering på tiltak i gevinstrealiseringssplanen: Redegjør kort for status på arbeidet med å tilrettelegge for felles tilnærming og systematisk oppfølging av regionale aktører.

Vi har hatt møte i fylkesberedskapsrådet annakvar veke i 2020. Standard rapportering, sams situasjonsbilete på digitale verktøy har vært sentrale bidrag.

Gevinstrealiseringssplanen: Tilsyn (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)

Rapportere på

I henhold til gevinstrealiseringssplanen, rapportere på hvilke tiltak som er gjort for å øke kvaliteten og sikre lik praksis på tvers av embetene og hvilke grep som er tatt for å øke tilsynsaktiviteten

Miljø og plan

Vi har utarbeida ny rettleiar i handsaming av dispensasjonar etter plan- og bygningslova, for å gjere handsaminga i kommunen betre, og sikre at vi gjer dei same råda til alle. Vi har og hatt fleire møter i enkeltaker med nabo-embeteter, som Oslo/Viken og Agder for å sikre lik handsaming. Vi brukar dei digitale plattformane som Teams og Skype for deling av aktuelle saker.

Gevinstrealiseringssplanen: Veiledning av kommunene (fra kapittel 7.3.5.2 i TB)

Rapportere på

I henhold til gevinstrealiseringssplanen, rapportere på hvilke tiltak som er innført for å bedre veiledningen av kommunene og hvilke resultater tiltakene har ført til.

Miljø og plan:

Dispensasjonrettleiar er laga for handsaming av slike saker etter plan- og bygningslova, og vi har halde eit webinar for kommunane om dette. Vi trur det vi gje betre handsaming og betre utgreing av saker. Vi har og halde webinar om fremmede artar og korleis kommunane kan handtere det. Det er særskilt mange deltagarar på desse "samlingane", og vi får gode tilbakemeldingar.

Fremmede organismer (fra kapittel 7.3.5.3 i TB)**Rapportere på**

Status på gjennomførte tiltak mot fremmede organismer (referanse i tildelingsbrevet: 3.1.4.1.4).

Ei lang rekke tiltak er gjort, sjå tabell,

Fremmede organismer

Beskrivelse av tiltak (som meldt inn i ESS)	Oppfølging av kriteriesett	Art/artsgruppe	Type tiltak	Vurdering av gjennomført tiltak	Sum
Tiltak mot rynkerose på Fynsletta, Færder kommune. Utført av kommunen.	Tiltaket følger opp kriteriet om å utføre tiltak mot framande artar i trua naturtypar og naturtypar som er viktige for trua artar.	Rynkerose	Bekjempelse	Arbeidet er godt i gang og mange forekomster er fjerna. Nokon få forekomstar gjenstår og tiltaket må følges opp.	21 000
Bekjempelse av kjempespringfrø i Virirkassdraget. I Sandefjord kommune - utført av kommune og grunneierlag.	Tiltaket følger opp kriteriet: tiltak mot forekomstar der det er stort sannsyn for å fjerna arten i eit område/region	Kjempespringfrø	Bekjempelse	Arbeidet er i gang - Sandefjord kommune har byrja med tiltak øvst i vassdraget. Grunneigarlaget har fått utarbeidd ein tiltaksplan og er i gang med planlegginga av tiltaka	100 000
Tiltak mot parkslirekne på Ørsnes. Færder kommune. Utført av Statsforvaltaren.	Tiltaket følger opp kriteriet om tiltak som vil bidra til å redusera spreieing inn i verneområde	Parkslirekne	Bekjempelse	Tiltaket er i gang - må følgjast opp over fleire år	19 325
Tiltak mot rynkerose Jomfruland. Kragerø kommune. Tiltaket blir utført av Statsforvaltaren	Tiltaket følger opp kriteria om å redusera spreieing inn i verneområde, og tiltak mot framande organismar i område med trua naturtypar og naturtypar som er viktige for trua artar	Rynkerose	Bekjempelse	Arbeidet er godt i gang og mange forekomstar er fjerna. Nokre få forekomstar står att og tiltaket må følgjast opp vidare. Vi hadde uteslåande midler frå ifjor som finansierer arbeidet i år.	0
Tiltak mot framande artar i Larvik kommune. Utført av kommunen	Prosjektet følger opp kriteriet om tiltak i trua naturtypar og i naturtypar som er viktige for trua artar	Kjempebjørnekjeks/tromsøpalme, kjempespringfrø, parkslirekne, kanadagullins, hagelupin og rynkerose	Bekjempelse	Larvik kommune jobbar aktivt med fremmedartsproblematikken i kommunen sin. Pga. koronasituasjonen og fordi kommunen ikkje fekk vita innvila sum for i mars vart ikkje heile tilskotsbeløpet nytta. Kommunen har sett i gang mange prosjekt og tiltaka må blir følgde opp framover	165 000
Tiltak mot framande artar i Skien kommune. Utført av kommunen.	Tiltaket følger opp kriteriet om tiltak mot framande organismar i område med trua naturtypar og naturtypar som er viktige for trua artar	Høyrisikoarter, som for eksempel parkslirekne	Bekjempelse	Skien kommune er godt i gang med tiltak mot framande artar i kommunen. Dei fokuserar blandt anna på parkslirekne og kjempesbjørnekjeks. Prosjekter er i gang og vil måtte følges opp i komande år. Kommunen fekk ikkje bruk alle pengane i år pga. koronasituasjonen.	74 000
Kartlegging og bekjempelse Seljord kommune. Utført av kommunen.	Tiltaket følger opp kriteriet om tidleg innsats mot nye forekomstar i regionen	Parkslirekne, (kjempespringfrø, lupin - kartlegging)	Bekjempelse	Seljord søkte om utsetjing av prosjektet til 2021 då dei ikkje hadde fått gjennomført tiltaka i år pga. koronasituasjonen.	30 000
Tiltak mot framande artar i Tønsberg kommune. Utført av kommunen.	Tiltaket følger opp kriteriet om å redusere spreieing inn i verneområdar.	Parkslirekne og tromsøpalme (kjempesbjørnekjeks)	Bekjempelse	Kommunen har utført tiltak mot desse artane som planlagt. Tiltaka må følgjas opp.	22 500
Tiltak mot lupin i artsrik slåttemark Hjarddal. Utført av kommunen i samarbeid med soknerådet	Tiltaket følger opp kriteriet om tiltak mot framande organismar i område med trua naturtypar og naturtypar som er viktige for trua artar.	Lupin	Bekjempelse	Tiltaket er godt i gang, og lupinen blei slått fleire gonger i 2020. Tiltaket må følgjas opp vidare.	15 500
Kartlegging av spansk kjørvel i Tokke og Kviteseid. Utført av Statsforvaltaren	Følger opp kriteriet om tiltak mot framande organismar i område med trua artar og naturtypar og naturtypar som er viktige for trua artar. Også kriteriet om tidleg innsats blir fulgt opp.	Spansk kjørvel	Kartlegging	Tiltaket vart ikkje utført i år pga. ressurssituasjonen	0
Tiltak mot kjempespringfrø Sauherad kommune. Utført at Statsforvaltaren/kommunen	Tiltaket følger opp kriteriet om å hindre spreieing av framande organismar inn i verneområda	Kjempespringfrø	Bekjempelse	Tiltaket vart ikkje utført i år pga. ressurssituasjonen.	0
Kartlegging av framande fiskeslag. Samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen.	Prosjektet følger opp kriteriet om samarbeid mellom ulike etatar, i tillegg til kriteriet om tidleg innsats,	Framande fiskeslag	Kartlegging	Prosjektet er i gang, prøvetaking har vore utført i 2020 og vil fortsetje i 2021.	100 000

Kompetansesamling for kommunane. Utført av Statsforvaltaren.	Dette tiltaket følger opp kriteriet om samkøyde tiltak og samarbeid mellom ulike etatar	Framande artar generelt	Informasjonstiltak	Den årlege kompetansesamlingen på framande artar for kommunane vart i år gjennomført som eit webinar, noko som fungerte godt. Det var ca. 50 deltagarar på samlinga. Samlinga vart utført digitalt og det var dermed lite kostnader involvert.	0
Oppfølging av handlingsplanen for stillehavssøsters. Utført av Statsforvaltaren og Fylkeskommunen	Prosjektet følger opp kriteriet for samkøyde tiltak og samarbeid mellom ulike etatar, i tillegg til å følge opp kriteriet for bekjempelse av framande organismar i område med trua naturtyper	Stillehavssøsters	Bekjempelse	Samarbeidsprosjektet med Fylkeskommunen på Østersdugnaden fungerar godt, og det vart samla inn ca. 30 tonn østers i år. Prosjektet vil bli vidareført neste år og vi vil ha fokus på verneområde og område med høge naturverdier	350 000
Tiltak mot mort i Notodden. Utført av statsforvalteren.	Prosjektet følger opp kriteriet med tiltak som har fokus på tidleg innsats, mot nye forekomstar i regionen og tiltak mot forekomstar der det er eit stort sannsyn for å fjerna arten i eit område	Mort	Bekjempelse	Prosjektmiddel tatt frå budsjettet for 2019, så desse midla vart ikkje brukte i år	0
Tiltak mot utanlandske treslag Bjerkøy. Utført av Statsforvaltaren i samarbeid med Færder nasjonalpark	Tiltaket følger opp kriteria der det er stort sannsyn for å fjerna arten i eit område, samarbeid mellom ulike etatar, tiltak i naturtyper som er viktige for trua artar, og kriteriet med reduksjon av spreiling inn i verneområde	Utanlandske treslag	Bekjempelse	Dessverre vart dette prosjektet ikkje gjennomført etter planen pga. usemjø med grunneigar. Vi prøvde vidare å bruka pengane på eit liknande prosjekt ved Adalstjern naturreservat der det skal fjernast framande treslag inne i verneområdet, men dette vart òg stoppa pga. grunneigar.	0
Kartlegging av framande artar langs vassdrag Sande. Utført av kommunen	Prosjektet følger opp kriteriet med tiltak som vil bidra til å redusera spreiling inn i verneområda	Kjempespringfrø	Kartlegging	Tiltaket vart opphavleg avslått, men då det var løyd fleire middel (100 000kr) i tildelingsbrevet enn i søknadsbehandlinga i ESS så hadde vi midlar til å støtte dette prosjektet. 50 000 vart brukte på dette prosjektet og 50 000 vart brukte til drift. Kartlegginga vart utført og tiltak mot kjempespringfrø vart sett i gang. Tiltaket bør følgjast opp i kommande år	50 000
Tiltak mot kjempebjørnekjeks i gamle Vestfold (ikkje innmeldt som behov) Utført av Statsforvaltaren	Følger opp kriteriet om tidlig innsats mot ein art	Kjempebjørnekjeks	Bekjempelse	Lei inn ein entreprenør som har gjort tiltak mot kjende forekomstar av kjempebjørnekjeks i fylket. Tiltaket har vore vellykkja så langt og vi har fått fjerna mange av forekomstane. Har i forbindelelse med arbeidet funne to store forekomstar av kjempebjørnekjeks. Arbeidet må følgjast opp vidare	80 000
Prøvetaking og felling av tre infiserte med phytophthora (ikkje innmeldt behov) Utført av Statsforvaltaren	Tiltaket følger opp kriteriet med tidlig innsats mot ein art	Phytophthora	Bekjempelse	Det vart stadfesta at treet hadde phytophthora og treet vart felt.	18 240
Fjerning av høstberberis i beite utenfor verneområde (Pirane) (ikkje innmeldt behov) Utført av Statsforvaltaren	Tiltaket følger opp kriteriet om å hindre spreiling av framande organismar inn i verneområda	Høstberberis	Bekjempelse	Statsforvaltaren har satt i gang eit arbeid for å fjerne høstberberis i eit område utanfor Pirane naturreservat. Arbeidet vil bli utført vinteren 2021.	33 750
Tilskot til Bø og Sauherad hagelag for å halde foredrag om framande artar. Ikkje innmeldt behov. Kostnadsinndeckning	Føljer opp kriteriet om samarbeid mellom ulike etatar	Framande artar generelt	Informasjonstiltak	Gav tilskot til bø og sauherad hagelag for at dei kunne leiga inn foredragshaldar frå USN (David Mundal) om framande artar	4 500
			Annet	Kostnadsinndeckning på avdelinga	816 685
					1 900 500

Truede arter (fra kapittel 7.3.5.4 i TB)**Rapportere på**

Status på gjennomførte tiltak for å ta vare på eller innhente kunnskap om truede arter og naturtyper (referanse i VØI: 5.1.5.11).

Gjennom tilskuddsforvaltningen har det blitt fordelt 1,2 mill. kr til tiltak for trua arter, og 3,0 mill. kr til trua naturtyper.

Driftsmidler over 21-posten til trua naturtyper er benyttet til kartlegging av kalklineskog, slåttemark og høstingsskog, samt til utarbeiding av skjøtselsplaner for slåtteenger og eikemiljø, og til regional fagrådgiving for slåttemarker og høstingsskoger.

Truede arter og naturtyper

Art/naturtype	Ref. nr.	Type tiltak	Omfang av tiltaket	Navn på område	Utdyping og vurdering av gjennomført tiltak	Sum
Kalklineskog		Kartlegging		Hoppestadvegen Skien; Tåmfjellvegen Skien; Åsstranda Porsgrunn; Steinvika Bamble	Utsjekk av kalklineskog i eldre naturtyperegistreringar (Hoppestadvegen); nykartlegging utanfor verneområde (øvrige). Leveransen av naturtypedata våren 2022 (DN13).	50 000
Slåtteeng		Kartlegging	18 slåtteenger som manglar Naturbase	Kommunane Hjarddal, Seljord, Tokke, Fyresdal, Larvik, Tinn, Porsgrunn, Vinje, Horten	Leveranse av naturtypedata (DN13) våren 2022	100 000
Slåtteeng		Skjøtselsplan		Helleåsvegen, øst for, Porsgrunn; Herlandsetra Larvik	BN00091290. Vurdert på nyt i 2020 og gjeve verdi "B" (BioFokus, på oppdrag fra grunneigar). Fylgjast opp av Telemark botaniske forening. Herlandsetra BN00122090 er i aktiv skjøtsel i regi av grunneier.	53 512
Slåtteeng, haustingsskog		Administrative tenester / oppfølging av handlingsplan ovafor grunneigarar	Ca 100 aktive lokalitetar totalt. Har i 2020 omfatta lokalitetar i tiolagre Telemarks-kommunar		Oppfølging av grunneigarar ift søknad, skjøtsel, rapportering, skjøtselsplan mm. Inkludert kontakt med "nye" grunneigarar for å informere og motivere til å skjøtte slåtteenger og haustingsskogar.	120 000
Haustingsskog		Kartlegging	8 lokalitetar som manglar i Naturbase	Kommunane Skien, Drangedal, Hjarddal, Seljord, Tokke	Leveranse av naturtypedata (DN13) våren 2022	60 000
Hul eik		Skjøtselsplan			Utarbeidning av skjøtselsplanar for eit utval eikemiljø i fleire kommunar i Vestfold og Telemark. To kontraktar til omsynsvis AsplanViak og BioFokus.	200 000
						583 512

Deponier og finansiell sikkerhet (fra kapittel 7.3.5.5 i TB)**Rapportere på**

Deponier og finansiell sikkerhet: Rapportere på status med arbeidet med kravstilling om finansiell sikkerhet i tillatelsene (referanse i tildelingsbrevet: 3.14.4.11).

Seks av dei åtte aktive deponia i fylket har krav om finansiell sikkerheit i løyva. Eit av deponia har godkjent finansiell sikkerheit og eit deponi har oversendt forslag som ligg til godkjenning hos oss. For eit av deponia er vi i dialog og ventar vi på eit forslag frå verksemda til finansiell sikkerheit. Tre av deponia er kommunalt eigde og skal likevel ikkje stilla garanti.

Deponi og PFAS (fra kapittel 7.3.5.6 i TB)**Rapportere på**

Deponi og PFAS: Rapportere på status med arbeidet med reviderte tillatelser for deponier som trenger det (referanse i tildelingsbrevet: 3.1.4.4.9).

Eit deponi i fylket, Tønsberg fyllplass, fekk 26.2.2019 løye til å deponera PFAS-forurensende massar som ikkje er farleg avfall i ein eigen, tilpassa celle. Løyvet gjeld 150 000 tonn totalt, over ein periode på tre år. I kva grad det er aktuelt for deponiet å få massar for oljeplattformer (borekaks og slopp) er usikkert pga. avstandar.

Ingen andre deponi i fylket treng eit slikt reviderte løyve.

Skjønnsmidler (fra kapittel 7.3.6.1.1 i TB)**Rapportere på**

Omtale av prosess med kommunene i tildelingen av skjønnsmidler for 2021.

Fordeling av skjønnsmidler for 2020

Av den samla skjønnsmiddelramma på 65 mill. kroner vart 44 mill. kroner fordelt som ordinære skjønnsmidler i statsbudsjettet i oktober 2019, medan høvesvis 11 og 10 mill. kroner vart brukte til innovasjons- og fornyingsprosjekt og haldne tilbake til å dekka utgifter som følgje av uventa økonomiske utfordringar i løpet av året.

For skjønnsmidler til innovasjons- og fornyingsprosjekt viser vi til omtala under overskrifta "Spesifikk omtale av arbeid med omstilling".

Heile ramma til uventa utgifter vart fordelt etter søker fra kommunane. Sjå og brev til departementet med oppfordring om utbetaling av skjønnsmidler av 24. september.

Skjønnsmidler i samband med utbrotet av koronaviruset

Vi viser til dei ulike oppdraga vi fekk for å kartlegge meirutgifter for kommunane som følgje av koronapandemien, og fordeling av skjønnsmidler til dei ulike formåla.

Det første oppdraget med skjønnsmiddeltildeling i samband med pandemien, frå 19. mars, ble fordelt 25. mars. Fordelinga ble gjort raskt etter dialog med kommunane i fylket. Midlane ble fordelt etter innbyggartal, men med eit minimumsbeløp per kommune, grunngjeve i at alle kommunane hadde hatt ekstraordinære utgifter ved etablering av beredskap osb. Uavhengig av kor hardt ramma dei har vore i den første fasen av virusutbrotet.

Vi venta så med fordeling av resten av skjønnsmidlane embetet fekk til fordeling, så nært opp til fristen som mogleg. Dette gjorde vi for å få best mogleg oversikt over behovet i kommunane, slik at tildelte midlar i størst mogleg grad skulle gjenspeile dei faktiske økonomiske konsekvensane av pandemien for kommunane.

Skjønnsmidlane embetet hadde til fordeling var ikkje tilstrekkeleg til å dekke det samla meirbehovet til kommunane i fylket. Det er openbart at fleire kommunar hadde meirbehov som var større enn dei tildelte midlane.

I fordelinga av koronaskjønnsmidlane la vi vekt på føremåla til dei ulike løyingane, samtidig som vi forsøkte å ha eit heilskapleg blikk på situasjonen til kommunane. Vi la vidare vekt på meirutgiftene og mindreinntektene som kommunane rapporterte til oss, talet på smittetilfelle, andre koronarelaterte kompensasjoner og innsparinger, og til slutt fylkesmannens skjønnsvurdering.

Embetet fekk hovudsakleg tre oppdrag frå departementet med å kartlegge situasjonen i kommunane som følgje av pandemien. 27. mars ba departementet om «grove anslag for kommunenes direkte merutgifter knyttet til koronautbruddet». 28. september kom oppdraget om å spille inn «behov for skjønnsmidler i eget fylke til TISK-arbeidet i kommuner med store utbrudd». Og til slutt ba departementet oss 29. oktober om å «supplere den informasjonen dere allerede har sendt departementet, med nye anslag» og om å «spesifisere om det er enkelte, og i tilfelle hvilke, kommuner der det er behov for ytterligere kompensasjon».

Vi forstår at pandemisituasjonen var krevjande for departementet å handtere. Vi vil likevel understreke betydninga av at oppdraga vi får er tydelege. Slik vi opplevde desse oppdraga i 2020, la dei opp til ulike tolkingar både frå embeta og kommunane, med den konsekvens at fordelinga av skjønnsmidlar mellom embeta og dermed mellom kommunane i mindre grad gjenspeila dei faktiske økonomiske konsekvensane i kommunane.

Ved fleire høve, mellom anna i pressemeldinga 16. oktober etter at delrapporten om dei økonomiske konsekvensane av pandemien for kommunesektoren, ble det stadfestat at «staten skal stille opp» for kommunane. Våre kartleggingar viste at utgifter til mellom anna smittevernustyr varierte monaleg mellom kommunane, utan at det nødvendigvis kunne forklarast med smittetrykket. Forklaringa er truleg ulikt innkjøpte volum, men ikkje minst at prisen på smittevernustyr varierte monaleg gjennom året. Det ble aldri klargjort overfor embeta, i vårt oppdrag med å fordele skjønnsmidlar, i kva grad skjønnsmidlane skulle nyttast til å avlaste prisrisikoene for kommunane i sine innkjøp av smittevernustyr.

Generelt vil kommunar med høge inntekter kunne bruke meir midlar enn kommunar med låge inntekter òg i slike situasjonar med krisehandtering. Det ble heller ikkje klargjort i kva grad embeta skulle ta omsyn til dette i si fordeling av skjønnsmidlane - om vi skulle "premiere" dei som dreiv meir effektivt eller om vi i større grad skulle kompensere høge utgifter utan at dette kunne forklarast med smittetrykket.

Den nemnde delrapporten stadfestat at det til då var godt samsvar mellom kostnadane kommunane hadde hatt samla og kompensasjonen dei hadde fått, men at det var store variasjonar mellom kommunane.

I pressemeldinga om delrapporten stod det at «For å identifisere kommunar som har hatt spesielt store kostnadar under virusutbrotet, har statsråden bedt fylkesmennene kartleggje situasjonen i kommunane i sine fylke.» I ein nyheitssak på departementets heimeside 22. oktober, i samband med fylkesvis fordeling av skjønnsmidlar til TISK-utgifter, stod det at «Fylkesmennene fikk tidligere denne måneden derfor i oppdrag å kartlegge situasjonen i kommunene i sine fylker, for å identifisere kommunene som har hatt spesielt store kostnader som følgje av koronakrisen.»

Slike oppdrag hadde vi ikkje fått, men vi forstod det slik at skjønnsmidlane skulle nyttast for at den samla kompensasjonen skulle bli meir treffsikker.

I oppdraget vi fekk 29. oktober skulle vi «supplere den informasjonen dere allerede har sendt departementet, med nye anslag». I epost 3. november ble det utvidet til å gjøre «anslag på et samlet merbehov i embetet».

Oppdraget hadde altså ikkje same ordlyd som nemnde pressemelding og nyheitssak.

Vi så det likevel som naturleg, mellom anna på bakgrunn av pressemeldinga i samband med delrapporten, og formuleringa «samlet merbehov» i eposten 3. november, å legge til grunn ei tilnærming til denne kartlegginga lik den som låg til grunn i nemnde delrapport.

Vi er usikre på om dei andre embeta har lagt til grunn tilsvarande tilnærming. Vi er bekymra for at ulik metodisk tilnærming kan ha medverka til at grunnlaget departementet hadde for å fordele skjønnsmidlane mellom embeta, ikkje gjenspeila den faktiske situasjonen i kommunane.

Skjønnsmidlar til flaumførebyggjande tiltak

Skjønnsmidlane til flauvern ble i store trekk nytta til å styrke dei interkommunale utvala mot akutt forureining. Det vart skaffa mobilt flauvern, pumper og anna materiell med opplæring og slik at beredskapen også kan nyttast til andre føremål enn flau. Til dømes vil det også gje ein auka skogbrannberedskap eller auka beredskap mot akutt forureining. Vi vil understreke at ein slik tilnærming styrkar beredskapen totalt i fylket og den heilskaplege beredskapen, for alle kommunane. Beredskapen blir plassert og vurdert for heile fylket. I tillegg vart ein del av midlane nytta til direkte investeringar som styrkar infrastruktur i kommunane der det var kjend sårbaritet, eksempelvis flauvollar og auka kapasitet på kulvertar.

Vi vil understreke at statlege insentiv slik som tildelinga av skjønnsmidlar til flaumførebyggjande tiltak har ein vesentleg effekt, når dei vert nytta for å styrke samarbeid og heilskapleg beredskap.

Fordeling av ordinære skjønnsmidlar for 2021

Skjønnsmiddelramma til embetet for 2021 er 59 mill. kroner. Det er 6 mill. kroner lågare enn i 2020 og blant dei lågaste tildelingane i landet per innbygger. Som tidlegare år er det ikkje tilstrekkeleg til å korrigere for dei skjønnsmessige utfordringane som kommunane i fylket har, mellom anna som følge av det låge inntektsnivået hos mange av kommunane. Med unntak av Færder har alle kommunane med innbyggartal over 12 000 inntektskorrigerte frie inntekter under landsgjennomsnittet.

Av skjønnsramma vart 42 mill. kroner fordelt som ordinære skjønnsmidlar i statsbudsjettet, medan hhv. 9 og 8 mill. kroner er sett av til innovasjons- og fornyingsprosjekt og tilbakehaldne skjønnsmidlar.

Alle kommunane vart inviterte til å spele inn forhold dei meinte Fylkesmannen burde ta omsyn til ved fordelinga av dei ordinære skjønnsmidlane for 2021. Vi fekk innspeil frå dei fleste kommunane.

Ved fordelinga av dei ordinære skjønnsmidlane tok vi, som gjort greie for i brev til KMD av 4. september, utgangspunkt i inntektssituasjonen for kommunane, innspelet kommunane hadde til oss og vurderinga vår av kommunanes «skjønnsmessige utfordringar». Til grunn for den endelege tildelinga ligg såleis ei heilhetleg vurdering av kvar kommune sitt behov. Retningslinjene frå departementet låg heile vegen til grunn for fordelinga av midla mellom kommunane.

Erfaringane våre tilseier at skjønnsmessige utfordringar ofte er størst i små kommunar. Det har samanheng med at ekstraordinære utgifter gjerne lettare blir handtert av større kommunar. Kostnaden per innbygger er mindre. Generelt vil derfor tildelinga per innbygger vere større i små enn i store kommunar. På den andre sida vil lavinntektskommunar naturlegvis ha svakare grunnlag for å handtere slike utgifter enn kommunar med høgare inntekter. Derfor bør også slike kommunar tildelast skjønnsmidlar, uavhengig av storleik.

Fylkesmannen fekk også for 2021 i oppdrag å vurdere bruk av skjønnsmidlar til kommunar som slår seg saman og som opplever utilsikta økonomiske verknader av samanslåinga.

Fylkesmannen kjenner ikkje til nokon slike særskilde tilfelle der ein kommune kjem uehdig ut som direkte følgje av ei samanslåing. Nye Midt-Telemark kommune argumenterer for at dei taper eit betydeleg beløp (til Notodden) på grensejusteringa mellom gamle Sauherad og Notodden, og at grensejusteringa er ei følge av samanslåinga mellom Sauherad og Bø. Vi deler langt på veg denne vurderinga.

Midt-Telemark nådde likevel ikke fram med krav om erstatning frå Notodden etter inndelingslova § 21. For 2020 tildelte vi ein del av dei tilbakehaldne skjønnsmidlane til Midt-Telemark. Vi vil vurdere å gjøre det same i 2021. Dette må likevel vurderast opp mot behovet til andre kommunar for tilbakehaldne skjønnsmidlar. Ei betydeleg tildeling til Midt-Telemark, som kompensasjon for tapet knytt til grensejusteringa, vil gå på kostnad av resten av kommunane i fylket, slik at den tilgjengelege skjønnsramma deira blir redusert ytterlegare.

Spesifikk omtale av arbeid med omstilling (fra kapittel 7.3.6.2.1 i TB)

Rapportere på

Spesifikk omtale av arbeid med innovasjons- og fornyingsprosjekter i kommunene. Kort om fordeling av skjønnsmidler til formålet, herunder rapportering i ISORD, og formidling av resultatene.

Omtale av virkninger og resultater av prosjektene.

Arbeidet til embetet med omstilling og modernisering i kommunane har to viktige utgangspunkt, utover retningslinjene til departementet:

1. Skjønnsmidlane er ein del av dei samla inntektene til kommunane, og derfor skal kommunane ha betydeleg innverkanad på bruken.
2. Kommunane driv den løpende tenesteproduksjonen med større eller mindre innslag av utvikling og omstilling som ein del av dagleg drift, både etter eige initiativ, men også stimulert av statlege handlingsplanar eller KS-program. Vi prøver å kopla moderniseringsarbeidet til denne kontinuerlege verksemda.

Prosjektskjønnsmidiane, skjønnsmidlar til innovasjons og fornyingsprosjekt, skal medverke til at kommunane gjennom innovasjon betre kan løysa oppgåvene sine; hovudsakleg tenesteproduksjonen. Det betyr ikkje at desse skjønnsmidlane finansierer dagleg drift, men at vi må ta utgangspunktet i problemforståinga til kommunane og avgjerds- og moglegitheitshorisont.

Som nemnt vart 11 mill. kroner av skjønnsmiddelpotten for 2020 tildelt som prosjektskjønnsmidlar.

I søknadsinvitasjonen til kommunane om prosjektskjønnsmidlar for 2020, viste vi til KMDs retningslinjer på vanleg måte, og dessutan krav til kva ein søknad bør innehalde.

Dei gamle embeta i Vestfold og Telemark har hatt ulike prosesser for tildeling av skjønnsmidlar til slike prosjekt. I Vestfold har det blitt kunngjort ein ordinær søknadsrunde, der kommunane har sendt inn prosjektsøknader i Isord. I Telemark har ein sum blitt tildelt kvart av fire regionråd – Grenland, Midt-Telemark, Vest-Telemark og Kongsbergregionen – som så har levert inn søknader for prosjekta sine. Denne modellen vidareførte vi i 2020.

Det var sett av 4,2 mill. kroner til Vestfold-kommunane. Det kom inn søknader på til saman 15,0 mill. kroner til 19 prosjekt. Åtte prosjekt i Vestfold fekk støtte i 2020. To av desse var fellesprosjekt som alle kommunane i Vestfold stod bak.

For regionråda i Telemark var det sett av 6,8 mill. kroner. Kommunane prioriterte sjølv, gjennom regionråda, mellom aktuelle prosjekt innanfor den avsette ramma til kvart regionråd. Fylkesmannen godkjener søknadene i Isord. I 2020 fekk 11 prosjekt i Telemark prosjektskjønnsmidlar. Progresjonen av

desse prosjekta har blitt følgde gjennom jamnlege møte med sekretærane for dei respektive regionråda. Det blir lagt stor vekt på erfaringsoverføring og fylkesoverbyggjande prosjekt. Sjå mellom anna omtala av Responsenteret i Kongsberg og prosjektet «Orden i eige hus» i årsrapporten for 2019.

Frå og med 2022 vil heile ramma til prosjektskjønnsmidlar bli tildelt etter ein felles søknadsrunde for alle kommunane i fylket.

Vi viser til Isord for ei uttømmende liste over prosjekt som fekk tildelt støtte i 2020. Eit avgjerende moment i tildelinga er at prosjekta har potensial for gevinst og verdi for eigen og andre kommuner gjennom overføring av kunnskapen som blir tileigna.

Tildelinga gjennom Isord fungerer bra, utan at den gir noko innsparing i arbeidet for oss. Vi må uansett saksbehandle som vanleg i saksbehandlingssystemet vårt.

Rapporteringa av prosjekta i Isord blir innretta etter prosjektas antatte ferdigstilling. Typisk er likevel at prosjekta bruker lenger tid til ferdigstilling enn planlagt. Så lenge prosjekta likevel har tilfredsstilande framdrift ser vi på det å vere uproblematisk. Koronasituasjonen med medverka til større forseinking enn vanleg i denne framdrifta.

Erfaringane frå moderniseringsprosjekta blir spreidde og blir mellom anna formidla i fagnettverk og leiarforum. Det har vore færre møtepunkt utanom koronamøta mellom embeta og kommunane i 2020. Men så seint som i desember 2019 arrangerte Holmestrand kommune seminar om prosjektet «Mot kommune 3.0 i 2019 – Samskaping for tillitsbaserte og berekriftige tenester til barn, unge og familiar». Det har også vore vidareformidling mellom regionråda i Telemark. I januar 2021 arrangerte embetet digitalt seminar med vidareformidling av fleire prosjekt, og med moglegheit for kommunane å legge fram nye prosjektidear dei kan samarbeide om.

Resultat og verknadar av prosjekt som har fått tildelt prosjektskjønnsmidlar

Vi viser til departementets krav om å rapportere på resultat og verknadar av prosjekt som har fått prosjektskjønnsmidlar.

Vi vil først generelt trekke fram det betydelege arbeidet innan digitalisering som er gjort og som går seg føre i fylket. Kongsbergregionen, som i denne sammenheng er overbygninga for Tinn, Hjartdal og Notodden kommuner, er og har vore i førarsete med omsyn til digitaliseringsarbeidet i fleire år. Vi viser her til prosjekta som vart omtalt i årsrapporten for 2019.

I 2020 starta eit felleskommunalt digitaliseringsprosjekt, DigiTV, opp. Prosjektet skal bidra til å avdekke kommunane sine behov for digitale løysingar og tenester, mellom anna gjennom å kartlegge eksistertende løysingar og kompetanse. På sikt er målet å implementere felles løysingar på tvers av kommunegrensane. Videre vil et slikt prosjekt også vere nyttig med tanke på erfarsutveksling og overføring av kompetanse.

Vi opplever at kommunane i aukande grad legg vekt på kva for behov digitaliseringsprosjekts skal løyse, og at dei må realisere gevinstane prosjekta legg opp til.

Vi vil også trekke fram to konkrete digitaliseringsprosjekt, eitt som er ferdigstilt og eit starta opp i 2020.

Tønsberg kommune fekk i 2017 tilskot til prosjektet «Pilotprosjekt – innbyggerdialog». Av ulike grunner, mellom anna bytte av leverandør, ble gjennomføringa av prosjektet noko forseinka.

Ein av kommunane sine store utfordringar og tidstyver er informasjon til og frå innbyggjarane. Gjennom prosjektet har Tønsberg tatt i bruk eit elektronisk verktøy – ein app til smarttelefonar. I appen kan lar innbyggjarane melde frå om sine observasjonar og sakar, sende bildar osb. Innbyggjarane kan abonnere på informasjon frå kommunen og få «push-meldingar». Appen blir no nytta i ordinær drift i kommunen.

Moglegheita for å sende informasjon direkte til innbyggjarane har vist seg særleg nyttig i koronapandemien. I ei spørjeundersøking før sommarferien 2020, rapporterte over 60 % av dei spurde at dei hadde fått informasjon om korona via appen.

Eit anna området der løysinga har fungert bra og gitt ein klar gevinst er tilbakemeldingsverktøyet «Borgermelding», som er ein del av appen. Systemet er direkte kopla opp mot fagsystemet til Teknisk drift i kommunen. Det betyr at meldingar frå innbyggjarar som tidlegare vart tatt imot via telefon, skrive ned og sendt pr. e-post, for så manuelt å bli lagt inn i fagsystemet, no går automatiskt frå innbyggjar til fagsystem og rett saksbehandlar. Løysinga gir også ei unik moglegheit for å rapportere tilbake status i saka til innbyggjar, også det direkte frå fagsystemet. Ein slik automatisering gir openbart effektiviseringsevinst både for brukar og kommunen.

Kommunen minna i si rapportering til oss om viktigheita av å tidleg sikre same forståing for behova hos dei aktørane som er involverte i eit slikt prosjekt. Eit døme på dette som kommunen trekk fram er at det var krevjande å sørge for at leverandør forstod viktigheita av at meldingar inn til teknisk drift ble avlevert på ein god måte, direkte i deira fagsystem. Leverandør hadde nok mest erfaringar med samarbeid med mindre kommunar, der det var tilstrekkeleg med meldingar levert til e-post eller liknande. Ei anna erfaring er at det kan vere utfordrande dersom fleire ulike leverandørar må nyttast for å få til tekniske løysingar. Å sikre gode koplinger mellom to eller fleire system kan vere krevjande, men er viktig for å sikra best mogleg effekt og utnytte gevinstpotensialet.

Dette prosjektet er ikkje bland dei prosjekta som har fått mest tilskot, men vi trekk det frem her fordi gevinstane ved prosjektet, både gjennom effektivisering og betre dialog med innbyggjarane, er så openbare.

Eit samarbeidsprosjekt mellom Sandefjord, Porsgrunn, Larvik og Horten kommune om automatisering av handsaminga av søkerne om økonomisk sosialhjelpe fekk tilskot i 2020. Her er målet å forenkla dei fasane i sakshandsaminga som ikkje krev nærmere vurdering av sakshandsamarane, slik at handsaminga blir meir effektiv og at sakshandsamarane kan bruke ein større del av tida på dei sakane som krev nærmere vurderingar. På den måten kan prosjektet både føre til innsparing gjennom meir effektiv sakshandsaming, men også betre kvalitet i sakshandsaminga.

Det skal gis rapportering i tabell... (fra kapittel 7.3.6.3.1 i TB)**Rapportere på**

Det skal gis rapportering i tabell som viser:

- Antall saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Antall lovlighetskontroller som er foretatt etter initiativ av fylkesmannen, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.

1 sak etter klage fra tre medlemmer av kommunestyret. Vedtaket vart opprettholdt.

1 lovlighetskontroll etter eget initiativ. Vedtaket vart oppheva.

Kommunalrettslig lovlighetskontroll etter klage og eget initiativ

Type lovlighetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	1	0	1
På eget initiativ	0	1	1

Kortfattet omtale av... (fra kapittel 7.3.6.3.2 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmennene skal gi en kortfattet omtale av hvilke særlige kommunalrettslige tema de veileder kommunene om, og om eventuelle kommunalrettslige saker som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet i embetet.

Den kommunalrettslege rettleiinga vart i 2020 sterkt påverka av pandemien. Moglegheita for å gjennomføra tradisjonell folkevaltopplæring vart avgrensa og dialogen med kommunen konsestrerte seg i stor grad om forhold som var relaterte til pandemien og det mellombelslo lovverket som vart vedtatt. På området til kommunalretten var det spesielt reglane om opne/lukka møte og offentleggjering av dokument.

I mange saker om møteoffentligheit har det vore uklart i kva grad utvalet er eit folkevalt organ etter kommunelova § 5-1, og om reglane om møteoffentligheit gjeld.

Førespurnader rundt habilitet etter forvalningslova §6, både frå politikarar og kommuneadministrasjonar var det òg mange av i 2020. Særleg den skjønnsmessige vurderinga etter andre ledd, der dei ønsker vurderinga vår av konkrete tilfelle. Vi held fram med å rettleia dei til kva moment som vekter den eine eller andre vegen, men sidan vedtaket kan bli gjenstand for kontroll av lovgrunnlaget, er vi veldig varsame.

I samband med lokale vedtak i kommunane som følgje av pandemien, fekk vi ei rekke førespurnader frå publikum, der vi vart bedne om å kontrollera lovgrunnlaget av vedtak på eige tiltak etter kommunelova § 27-1 andre ledd. Vi fokuserte på rettleiing av kommunane gjennom dialog, ved skipinga av ei Teams-gruppe med deltakarar frå alle kommunane i fylket, og dessutan opplæring på Teams i samband med det faste vekentlege beredskapsmøtet med kommunane. Vi oppretta òg ei gruppe med juristar frå alle embeta i landet, slik at vi kunne hjelpe kvarandre og slik at kommunen i landet fekk lik rettleiing når dei tok kontakt med embeta med spørsmål rundt korona-regelverket. Vi gjorde kontroll av lovgrunnlaget på eige tiltak av ei lokal forskrift i Vinje kommune.

Vi fekk òg i 2020 ei rekke førespurnader rundt lokale VA- og renovasjonsforskrifter. Klageorganet etter forskriftene er ulike, ut frå i kva grad forureiningslova § 85, jf. forvalningslova § 28 eller forureiningsforskrifta § 41-5 er bruk som heimel for klaga på vedtak i den lokale forskriftena. Ut frå at gebyr etter forskriftene ikkje er å sjå på som enkeltvedtak, jf. m.a Justisdepartementets fråsegn JDLOV-2002-4149, stadfesta i brev av 15. april 2019, blir vi i desse tilfellene ofte bedt om å gjøre kontroll av lovgrunnlaget av eige tiltak. Vi har ikkje gjort nokon kontroll av lovgrunnlaget på eige initiativ i slike saker i 2020, men følgjer med stor interesse debatten rundt rettstryggleiken ved avskoren klagemøglegheit på gebyrfastsetjinga i lokale forskrifter.

Før landet stengde i mars 2020 fekk vi gjennomført to tradisjonelle dagar med opplæring i Tinn kommune, der tema var forvalningslova, offentleglova og eigarstyring, og to ettermiddagar med opplæring av kontrollutvalet i Sandefjord innan kommunelov og forvalningsrett.

Kortfattet omtale i årsrapporten av bruken av interkommunalt samarbeid i fylket (fra kapittel 7.3.6.3.3 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmennene skal, på bakgrunn av egne erfaringer etter kontakt med kommunene, gi en kort omtale av omfanget av interkommunalt samarbeid i fylket, i hvilke former kommunene samarbeider, og hvilke tjenester det samarbeides om.

Kommunane i tidlegare Vestfold fylke har dei seinare åra slått seg saman til større kommunar. Den minste kommunen i innbyggartal har nærare 25.000 innbyggjarar. Opprydding og endring i interkommunalt samarbeid har vore ein del av samanslåingsprosessen. Det interkommunale samarbeidet i dei tidlegare Vestfold-kommunane dreier seg i dag i stor grad om interkommunale løysingar for brann, akutt forureining, vassforsyning, avfallsanlegg, renseanlegg, legevakt o.l. I tidlegare Telemark har berre éi samanslåing har funne stad; Bø og Sauherad vart til Midt-Telemark kommune 1. januar 2020.

11 kommunar i tidlegare Telemark har under 10.000 innbyggjarar, av desse har 9 under 5000 innbyggjarar og 5 har færre enn 2000 innbyggjarar. Kommunane i tidlegare Telemark fylke har ein utstekt bruk av interkommunale samarbeid. Dei tidlegare Telemark-kommunane er deltarar i fire regionråd; Vest-Telemarkrådet, Grenlandsrådet, Midt-Telemarkrådet (Nome og Midt-Telemark) og Kongsbergregionen, sistnemnde saman med fire kommunar i tidlegare Buskerud fylke.

I dag er revisjon, kontrollutvalsssekretariat og bortsettingsarkiv for Vestfold og Telemark fylke organisert som interkommunale selskap (IKS). Forutan to kommunar som ikkje deltar i det felles kontrollutvalsssekretariatet, deltar alle kommunen i fylket i desse selskapa. Grenland Havn, Vestfoldmuseene og Vest-Telemark PPT er døme på andre IKS i fylket. Ei rekke samarbeidsavtalar om å nytta tenester i nabokommunen har uklar organisering, medan andre samarbeid er organiserte etter kommunelova § 20-2, t.d. miljøretta helsetilsyn, legevakt, fysioterapi, 110-sentral, feiling, IKT, akutt forureining, velferdsteknologi, barnevern, PPT, voksenopplæring osb.

Vi er i ferd med å utarbeida ei oversikt over formaliserte samarbeid mellom kommunane i det nye fylket. Denne vil om kort tid bli oversendt departementet.

Når det gjeld prosjektsamarbeid har vi oversikt over dei samarbeida vi gir skjønnsmiddel til, og elles kjem samarbeidsprosjekta i tidlegare Telemark fylke fram av regionrådas årsmeldinger

Fylkesmennene skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.6.4.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmennene skal i årsrapporten oppgi hvor mange klager på avslag om begjæringer om innsyn de har behandlet, jf. offentleglova § 32 og forvaltningsloven § 28 annet ledd, samt hvor mange tilfeller klager har fått helt eller delvis medhold i klager etter offentleglova § 32.

Vi har behandla 43 klager på avslag på innsyn. I 34 saker vart vedtaket til underinstansen stadfestet og i 9 saker fekk den som klaga, helt eller delvis medhald i klaga.

Fylkesmannsembeter som samordner statlig innsigelser (fra kapittel 7.3.6.5.1 i TB)

Rapportere på

Det skal rapporteres på fylkesmannens arbeid med samordning av statlige innsigelser, herunder i hvilken grad innsigelser blir løst gjennom dialog.

Fylkesmannen har samordna statlege motsegn i 28 plansaker i 2020. Det blei totalt fremma 59 motsegn til desse planene. 7 av motsegnene blei avskjera. 51 av dei 59 motsegnene blei fremma av Fylkesmannen sine fagavdelingar. Dei resterande motsegnene blei fremma av NVE, Bane NOR og Statens vegvesen. Dei 7 motsegnene som blei avskjera blei fremma av Fylkesmannen sine fagavdelingar. Motsegnene blir i hovudsak løyst gjennom dialog.

Samordning av statlige innsigelser

Etat	1. Antall planer der andre statlige etater har oversendt innsigelse til fylkesmannen	2. Antall planer der innsigelser fra andre statlige etater er løst før de er fremmet for kommunen	3. Antall planer der innsigelser fra andre statlige etater er avskåret av fylkesmannen	4. Antall planer med innsigelse fra fylkesmannen og andre statlige etater fremmet for kommunen
Antall planer totalt	7	0	0	28
Fylkesmannen	0	0	0	23
Avinor				
Biskopene				
Direktoratet for mineralforvaltning				
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap				
Fiskeridirektoratet				
Forsvarsbygg				
BaneNor	1	0	0	1
Kystverket				
Luftfartstilsynet				
Mattilsynet				
NVE	5	0	0	5
Oljedirektoratet				
Politiet				
Riksantikvaren				
Statens vegvesen	1	0	0	1
Statsbygg				

Fylkesmannen gjennomfører samordningsmøte med innsigelsesmyndigheten før innsigelserne fremmes for kommunen. Vi har ikke oversikt over ev. innsigelser fra andre statlige etater som er løst før samordningsmøtet.

Fra og med 01.01.2017... (fra kapittel 7.3.6.6.1 i TB)

Rapportere på

Fra og med 01.01.2017 rapporterer alle embetene byggesaker i SYSAM- ny rapporteringsløsning for fylkesmennene.

- Av årsrapporten for 2020 skal det fremgå totalt antall behandlede byggesaker.
- Av årsrapporten for 2020 skal det fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.
- Av årsrapporten for 2020 skal det i tillegg fremgå antall saker som ikke ble avgjort innen 12 uker. Det skal vises hvor lang gjennomsnittlig overskridelse var i disse sakene. Overskridelse skal føres i antall dager.
- Av årsrapporten for 2020 skal det i tillegg fremgå hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i saksbehandlingsforskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd, hvor mange "særlige tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Rapportering om byggesaker etter plan- og bygningsloven

Totalt antall behandlede saker	Antall saker gitt medhold	Antall saker ikke avgjort innen 12 uker	Gjennomsnitt dager ikke avgjort innen 12 uker	Antall saker gitt lengre frist	Antall særlige tilfeller klageinstansen selv forlenget	Antall saker fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse
351	37	212	57	0	0	0

Rapportering av plansaker i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.7.1 i TB)**Rapportere på**

Fra og med 01.01.2017 skal alle embetene rapportere plansaker i SYSAM- ny rapporteringsløsning for fylkesmennene.

- Av årsrapporten for 2020 skal det fremgå totalt antall behandlede klager på reguleringsplaner og gjennomsnittlig saksbehandlingstid i antall dager. Det skal i tillegg fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.

Vi har behandla 51 % av plansakene innan 12 veker, mot 46 % i 2019. Vi har totalt sett behandla plansaker raskare i 2020 enn i 2019. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid gjekk ned fra 112 dagar i 2019 til 92 dagar i 2020. Gjennomsnittleg overskridelse av fristen på 12 veker gjekk øg ned fra 81 dagar til 59 dagar. Det har vore ein positiv trend gjennom året som vi forventar at vil halda fram i 2021. Vi har fokus på å prioritera desse sakene og har sett i verk tiltak for at fleire saksbeandlerar skal kunna behandla plansaker raskt og effektivt.

Rapportering om plansaker etter plan- og bygningsloven

Betegnelse på rapporteringskrav	
Antall behandlede klagesaker reguleringsplaner	45
Gjennomsnittlig behandlingstid i dager for klager på reguleringsplaner	92
Antall klagesaker om reguleringsplan som ikke er behandlet innen 12 uker	22
Antall klagesaker om reguleringsplan der klagen er gitt medhold helt eller delvis	1

Det skal rapporteres om lærlinger... (fra kapittel 7.3.6.8.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall lærlinger i 2020. Det skal også framgå innenfor hvilke fag.

Vi har 1 lærling i kontor- og administrasjonsfaget. Lærlingen starta hos oss i august 2020 og er ferdig med læretida i august 2022.

Rapportering på fellesføring 2019 (fra kapittel 7.3.6.9.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal i årsrapporten redegjøre for hvordan rekrutteringsarbeidet har vært innrettet for å nå 5 %- målet og de øvrige målene for inkluderingsdugnaden, jf. Rundskriv H-3/18.

Sjå punkt 4.2 i årsrapporten

Fellesføring 2019 - motvirke arbeidslivskriminalitet (fra kapittel 7.3.6.10.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal i årsrapporten redegjøre for resultater fra oppfølging av inngåtte kontrakter og hvordan virksomhetenes anskaffelser er innrettet for å gjennomføre dette hensynet, jf. rundskriv H-8/17.

Vi har ein innkjøpsstrategi, innkjøpspolitikk og ein innkjøpsvegleiar

Vi nyttar Statens innkjøppscenter og FMFA sine rammeavtalar når dette er mogleg. I Skien så nyttar vi oss av innkjøpsavtalane til Statens vegvesen.

FMFA skal hjelpe til med kjøp over teskelverdi. Vi rådfører oss med FMFA også ved kjøp under terskelverdi.

I samband nye kontorlokale og i samarbeid med Statsbygg, så vart det bedt om pris både nye kontorlokale både med og utan møblar. Vi aksepterte ein pris med møblar. Innkjøp og val av leverandør vart var gjort i tett samarbeid med ny gardseigar.

Vi deler nytt kontorbygg i Tønsberg med ei rekke andre bedrifter. Gardseigar ønsker på grunn av pris-, miljø-, estetiske- og av tryggingsmessige årsaker å bruka felles leverandør for alle leigetakarane på renhold, kaffi, foliering, gardiner, kantine, vaktmestertenester, overvakingstenester og avfallshandtering. Gardseigar har derfor sørgd for innkjøpa av desse tenestene på vegne av alle leigetakarane. Vi har vore med i prosessen og har godkjent leverandørane og pris for tenestene.

Gevinstrealisering på planområdet (fra kapittel 7.3.6.11.1 i TB)

Rapportere på

Embetene skal gi en kort, årlig samlet vurdering og rapportering i årsrapporten på egen ressursbruk knyttet til arbeid med og medvirkning i planprosesser (som formidling, høringsuttalelser, dialog og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser). I tilknytning til rapporteringen på ressursbruk skal det også gis en vurdering av kvaliteten på arbeidet.

Før samanslåing av embeta vart det brukt inntil 10 årsverk på planbehandling i Vestfold og Telemark. I 2020 har det vært nytt omlag 7 årsverk. Her er og arbeidet med samordning av statlege motsegner med. I tillegg drar vi på noko ressursar frå andre faggrupper og fagavdelingar. Arbeidsmåten er samordna, noko som har gitt ein effektiviseringsgevinst. Vi meiner at potensialet for gevinstar ved samanslåing langt på veg er tekne ut no.

I løpet av siste året har det vore stor utskifting i plangruppa, med i alt 4 nye medarbeidarar. Det har ført til stort behov for opplæring, stor ekstra belastning på dei andre medarbeidarane, og utfordringar med å følgje opp medverkinga i planbehandlinga på det nivået vi kunne ønskt. Vi meiner likevel at vi har klart å ivareta dei viktigaste nasjonale og regionale interessene i planarbeidet, og har god dialog med kommunane.

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid...(2) (fra kapittel 7.3.7.4 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming.

Fylkesmannen var leiar i arbeidsgruppa for utvikling av universelt utforma turvegar i tettstadar i Telemark 2012-2019. Arbeidsgruppa har og hatt representantar for Telemark fylkeskommune, Vegvesenet og DNT-Telemark. Vi har kontaktpersonar i alle 17 kommunar i Telemark.

Frå 1.1.2020 har nye Vestfold og Telemark fylkeskommune leiinga av arbeidsgruppa. Da dei to fylkeskommunene slo seg saman, auka dei fokus på universelt utforma turvegar. Fylkesmannen og vegvesenet bidrar i arbeidet.

Nytt i 2020 var at alle dei tidligare Vestfoldkommunane og deltar i nettverket. Arbeidsgruppa i fylket har engasjert konsulent til å kartlegge ein "turveg for alle" i alle kommunane. Dette held fram i 2021 med direkte vegleing til kommunane.

Fokus på etterbruk av nedlagte jernbanar er svært aktuelt. Gamle jernbaneanlegg er svært egna til universelt utforma turvegar. Det er her stort potensiale for viktige nyanlegg for å auke friluftsliv og fysisk aktivitet for alle. Dette er i tråd med regjeringas Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020-2027.

I tillegg har vi fulgt opp universell utforming ved handsaming av arealplanar.

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling... (fra kapittel 7.3.7.5 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling knyttet til ulike diskrimineringsgrunnlag i aktuell lovgivning.

Når det gjeld likestillingsarbeid jobbar embetet vårt ut frå eit breitt likestillingsperspektiv, og søker å ta vare på oppgåva gjennom dei faste oppdragene våre i klagesaker, tilsyn, informasjon og rettleiing. Likestilling og inkludering er eit eige punkt i dialogen vår med kommunane og fylkeskommunen.

I tillegg har embetet ei eiga gruppe som tar vare på både det interne og eksterne likestillingsarbeidet i embetet. I 2020 er oppdraget at vi skal arbeide for likestilling, mangfald og mot diskriminering i eiga verksemnd og at vi skal fremje likestilling på område Fylkesmannen har lovpålagt ansvar for.

Den interne gruppa bestilte i 2019 rapport frå Likestillingssenteret. Rapporten vi fikk i desember 2019, ga eit heilskapleg bilde av korleis kommunane og fylkeskommunen arbeider med likestilling i det nye samanslåtte fylket. Rapporten bidrog til å identifisere område som embetet kunne arbeide med framover når det gjeld likestillingsarbeid. Blant anna viste rapporten store svakheiter i kommunane og hos fylkeskommunane når det gjeld rapporteringskrav på området. Særleg så vi svikt med omsyn til tiltak.

Embetsleiinga bestemde på bakgrunn av rapporten at kommunane og fylkeskommunen skulle rettleiast i 2020 på korleis dei kunne bli betre på likestillingsarbeid/tiltak.

I tillegg til å rettleie kommunar og fylkeskommunen på dei lovendringane som tredde i kraft i 2020, inviterte vi også til en konferansen i september 2020. På konferansen gjekk Likestillingssenteret og Likestillingsombudet gjennom funna i rapporten i tillegg til å rettleie på området.

Rapportering saksbehandlingstid i skolemiljøsaker (fra kapittel 7.3.8.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid i håndhevingssakene per 31.12. Dere skal kun rapportere på saker som gjelder brutt/ikke brutt aktivitetsplikt.

Vi har i 2020 hatt 45 saker med broten/ikkje broten aktivitetsplikt (3 oppfylt og 42 brote).

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid på dei 45 ferdige vedtaka er 91,6 dagar.

Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven (fra kapittel 7.3.8.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal beskrive de vurderingene som var avgjørende for valg av:

- a) tilsynstema
- b) omfang
- c) skriftlig eller stedlig tilsyn
- d) tilsynsobjekt

a) tilsynstema

På tilsyn prioriterer vi område der lovbrot har store konsekvensar for barn og unge. I 2020 har vi valt tema der vi veit det er stort sannsynlighet for å finna sårbare barn og unge og høg sannsynlighet for brot på regelverket. Vi har derfor valt skolemiljø som tema for dei fleste av tilsyna. For å auka treffsikkerheit for lovbrot, har vi i tillegg spissa tilsyna og gjennom ein risiko- og sårbarhetsanalyse av dei kjeldene vi har tilgjengeleg, valt deltema skolens aktivitetsplikt. Vi har i tillegg igangsett eit skriftleg tilsyn på tema ordensreglement og bortvisning på fleire skolar i ein kommune, utan å ha ferdigstild rapporten i 2020. Vi vurderer òg for dette tema at det er stort sannsynlighet for å finne sårbare barn og unge, høg sannsynlighet for å finne brot, og at lovbrot kan få store konsekvensar for dei det gjeld. Vi har òg gjennomført tilsyn med manglande gjennomføring av elevundersøkinga og nasjonale prøvar.

Når det gjeld barnehageområdet har vi også i 2020 sett behov for å føre tilsyn med barnehagemyndas bruk av verkmiddlane rettleiing, tilsyn og godkjening av barnehagar. Når vi har tilsyn med barnehagemyndas "påsjå"-rolle, vurderer vi at det omfattar eit breitt risikofelt. I tillegg har vi valt temaa spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging av barnehagetilbodet fordi disse tema tar vare på sårbare barn. På bakgrunn av klager og førespurnadar har vi vurdert at det er høg sannsyn for å finne lovbrot når det gjeld disse tema. Vi har også ført tilsyn med pedagogisk bemanning, grunnbemanning og styrarressurs fordi vi har sett gjennom Basil-rapporteringa at fleire av barnehagane ikkje oppfyller lovkrava. Vi har derfor også her vurdert at det er høg sannsyn for å finne lovbrot.

b) omfang

På trass av koronasituasjonen har vi i hovudsak gjennomført alle dei tilsyna vi hadde planlagt for i 2020. Vi har ikkje utsett nokon tilsyn på grunn av koronasituasjonen. Fordi vi har prioritert å gjennomføre dei planlagde tilsyna, har vi gjort andre vurderinger enn tidlegare når det gjeld hendingar som oppstår uventa gjennom året. Dette betyr at terskelen for å opna hendelsesbaserte tilsyn har vore høgare enn tidlegare år.

c) skriftlig eller stedlig tilsyn

I utgangspunktet skulle alle tilsyn på skolemiljø vera stadlege. Koronasituasjonen medførte at enkelte tilsynsmøte og tilsynsintervju vart gjennomført digitalt via Teams. For å få til ei best mogleg gjennomføring vart den praktiske organiseringa av det enkelte tilsynet, enten det enda opp med fysisk oppmøte, digitalt eller ein blanding av dei to, vorte drøfta og vedtatt i tett dialog med skoleigar og skoleleiar. Sjølv om digital gjennomføring ikkje opplevast optimalt, har det i all hovudsak fungert bra, og vi har gjort oss nyttegjort med bruk av ulike digitale verktøy som vi kjem til å ta med oss vidare òg etter pandemien. Det opplevast framleis slik at stadleg oppmøte tilfører tilsyn noko særskilt som eit digitalt tilsyn ikkje klarer fanga opp.

Også på barnehageområdet skulle alle tilsyn vore stadleg, men eit av tilsyna ble gjennomført digitalt pga. koronasituasjon.

d) tilsynsobjekt

Tilsynsobjekta er valde på bakgrunn av ein risiko- og sårbarhetsanalyse. Vi har mellom anna vurdert resultat frå elevundersøkinga, førespurnader frå elevar og føresette, saker i handhevingsordninga og andre område som t.d. spesialundervisning. Vi har òg hatt med i vurderinga skolar og kommunar vi ikkje har stor kjennskap til.

På barnehageområdet har vi valt tilsynsobjekta på bakgrunn av risikovurderingar. Vi har henta informasjon frå registreringar i områdeovervaking, oppslag i media, bekymringsmeldingar, statistikk i BASIL, klagesaker, barnehagemyndas deltaking på møteforsa og barnehagemyndas kontakt med Fylkesmannen.

Vi har ei plikt til å samordne oss med andre tilsyn foretatt av til dømes kommunane si eige tilsynsorgan (kommunerevisjonen). Det har hendt at vi har endra objekt av denne årsak.

Oppfølging av restrisiko (fra kapittel 7.3.8.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre for hvordan de følger opp avdekket risiko som ikke er fulgt opp med tilsyn.

Opplysninger vi får, enten det er medieoppslag, saks- eller klagebehandling, frå føresette, elevar, sektor eller andre aktørar, som vi vurderer som kritikkverdige forhold, blir registrerte i eit risikovurderingsskjema. Statistisk materiale blir òg løpende vurdert.

Dersom ikkje opplysningane er av ein slik karakter at vi meiner det er viktig og nødvendig å opna eit hendingsbasera tilsyn, blir desse opplysningane likevel aktivt vurdert når vi vel tilsynstema og tilsynsobjekt for kommande år.

Vi vel ofte rettleiing når vi avdekker risiko, noko vi meiner er eit verkemiddel som er fungerer godt i mange situasjoner.

På barnehageområdet har vi eit døme på dette. Vi fekk sendt inn ei sak til oss som gjaldt meldeplikt til barnevernet. Saken var feilsendt og skulle vore sendt til den aktuelle barnehagemynda. Vi leste saksdokumenta og oppdaga at det var behov for å rettleie på regelverket om meldeplikta. Etter rettleiing frå oss opna barnehagemynda tilsyn i den aktuelle barnehagen og ga pålegg om retting. I etterkant ble det ei sak i media.

Rapportering av antall klager på barnehage- og opplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.4 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall klager, type klager og resultatet av behandlingen på barnehage- og opplæringsområdet.

Generelt ser vi at talet på klager har gått ned i 2020, samanlikna med året før. Vi ser dette i samanheng med koronasituasjonen. Utover dette er det ikkje store endringar i forholdet mellom dei ulike klagetypane, utover naturlege svingningar. Det er vanskeleg å peika på konkrete årsakar i dei einskilde tilfellene.

I tillegg til mengde klagar som kjem fram av dei ulike tabellane, har vi behandla 44 søknader om dispensasjon frå kravet om vurdering med karakter i 2. fremmedspråk. Av desse vart 38 søknader innvilga og 6 avslått.

Klagebehandling - Barnehage (barnehageloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevæt	Avvist
Barnehageloven § 10	2	1	0	1	0
Barnehageloven § 16	7	6	0	1	
Forskrift om familiebarnehager § 7	0				
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0				
Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager	3	1	0	2	0
Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager § 4	0				
Barnehageloven § 16 a	0				
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0				
Barnehageloven § 19 e	0				
Barnehageloven § 19 g	4	0	0	4	0
Barnehageloven § 19 h	0				
	16	8	0	8	0

Klagebehandling - Frittstående grunnskoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevæt	Avvist
Inntak, § 3-1	1	0	1	0	0
Skyss, § 3-7	1	0	1	0	0
Spesialundervisning, § 3-6	1	0	0	1	0
Standpunkt i fag	1	0	0	1	0
	4	0	2	2	0

Klagebehandling - Frittstående videregående skoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevæt	Avvist
	0	0	0	0	0

Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Bortvisning, § 2-10	5	0	1	4	0
Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd	2	0	2	0	0
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	2	0	1	1	0
Skoleplassering, § 8-1	22	0	22	0	0
Skyss, § 7-1	11	2	6	3	0
Spesialundervisning, § 5-1	4	0	1	3	0
Utsatt skolestart, § 2-1 tredje ledd	1	0	1	0	0
Standpunkt i fag	47	0	9	38	0
Standpunkt i orden og oppførsel	5	0	0	5	0
Sum	99	2	43	54	0

Andre klagar som ikkje passar inn i tabellen over: En klage på punktskriftoppplæring, jf. § 2-14 med resultat ikkje medhald. Det er ei lita endring i skoleskyssakar frå 16 i 2019 til 11 i 2020. Vi har inga anna forklaring på dette utover naturlege svingningar. Det er framleis få klagar på spesialundervisning, og klagar på skoleplassering er på same nivå som 2019. Skildnaden frå 2019 når det gjeld skoleplassering er at i 2020 har ingen vorte oppheva.

Klagebehandling - Vidaregående skoler (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Rett til eit/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	2	0	2	0	0
Vidaregående opplæring for voksne, § 4A-3	3	0	3	0	0
	5	0	5	0	0

Det har vore ein nedgang i sakar om rett til ekstra år frå 8 i 2019 til 2 i 2020. Vi har ikkje forklaring på dette, annet enn at det er ein del av ein naturleg svingning.

Kompetansestiltak på fagopplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.5 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre for hvilke kompetansestiltak dere har gjennomført på fagopplæringsområdet, og hva dere har gjort for å øke regelverksetterlevelsen i sektor.

Eit par sakhandsamarar på feltet har gjennomført "Kompetansepakke fag- og yrkesopplæring" der Udir er arrangør. Fleire sakhandsamarar skal gjennomføra denne våren.

Vi har generelt ikkje nok kunnskap om Vestfold og Telemark fylkeskommune sin praksis på dette området, utover opplysningar frå tidlegare tilsyn og informasjon frå eit par enkelsaker om fagopplæring som har vore feilsendt Fylkesmannen. Tema har vore tatt opp i kontaktmøte med fylkeskommunen, og det står på planen for 2021 at vi skal invitera fylkeskommunen til eit møte for å få meir informasjon om korleis dei sjølv vurderar eigen regelkompetanse og praksis.

Denne aktiviteten har ikkje vore prioritert og delvis falt ut/vorte utsett som følgje av pandemien for 2020.

Alle som jobbar med fagopplæringa har fått egna faglitteratur på området som dei har lest.

Kompetanseutvikling for barnehager og skoler (fra kapittel 7.3.8.6 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre kort for status på arbeidet med kompetanseutvikling for barnehager og skoler i fylket, herunder vurdere hvordan samarbeidsforum sikrer systemer for at tiltakene møter lokale behov og gjennomføres i partnerskap med UH. Fylkesmannen skal også rapportere i egne tabeller på deltagelse i kompetansestiltak i regional ordning for barnehage og desentralisert ordning for skole.

Fylkesmannen skal gi sin vurdering av hvordan kompetansemodellen på sikt kan bidra til å utjevne kvalitetsforskjeller mellom barnehager og skoler.

Barnehage: Når det gjeld regional ordning så deltar alle kommunale eigalarar og mange private eigalarar. To nettverk er først kommen med i regional ordning i løpet av barnehageåret 2019-2020. For å nytte ressursar betre har to nettverk slått seg saman. Dermed er det 14 lokale nettverk i Vestfold og Telemark med til saman 23 kommunale eigalarar og 160 private eigalarar. Felles tematisk satsingsområde er: "Inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning".

Samarbeidsforum sendte sin innstilling til Fylkesmannen hausten 2020. Statsforvaltaren har utbetalet middel til Universitetet i Sørøst-Norge (90% middel) og til kommunale og private barnehageeigalarar (10% middel). Alle tiltaka er i gang.

Samarbeidsforum bad Fylkesmannen undersøke behovet for andre lokale tiltak i fylket. Vi gjennomførte ved starten av året ein kartlegging av behovet for barnehagefagleg grunnkompetanse, KOMPASS og barne- og ungdomsarbeidarutdanninga. Kartlegginga viste at det i 2020 var interesse og behov for alle tiltak utanom KOMPASS.

Barnehagefagleg grunnkompetanse: Kartlegginga viste at det var to behov hos barnehageeigalarar. Det eine var manglande grunnkompetanse på det pedagogiske arbeidet i barnehagen, observasjon; praksisfortellingar og tilbakemeldingskultur. Det andre behovet var lovendringar på barnehageområdet irekna psykososialt barnehagemiljø. På grunn av corona-pandemien ønska barnehageeigalarane at opplæringa skulle vere digital. Filmane var særleg

tiltenkt assistent-/fagarbeidargruppa, men kunne gjerne nyttast i heile personalgruppa. Det blei bestilt 7 filmar a 30 minuttar som passer godt for rettleiing og personalmøte. Etter kvar film var det lagt opp til mellomarbeid. Filmane er levert til alle barnehagane med digital tilgang ut juni 2021.

Fagarbeidarutdanning: Fylket vårt er langstrakt og kartlegginga viste at Fylkesmannen måtte tenke mytt når det gjeld tilbod til assistenter. For å kunne ivareta dei lange avstandane bestilte vi ei utdanning som kombinerar nettundervisning og 2 fysiske samlingar totalt gjennom året. Fylkesmannen i Vestfold og Telemark følger opp med statistikk over antal kandidatar med bestått eksamen og gjennomført fagprøve. Vi ønsker å framheva at dette studiet motiver for at fleire assistenter søker formell utdanning. Samarbeidsforum ønsker å videreføre dette tilboden også i 2021.

Tilretteleggingsmiddel: Målet med tilretteleggingsmiddel er å stimulere til at tilsette i barnehagane utviklar sin kompetanse. Samarbeidsforum ønska i år at tilretteleggingsmiddel skulle sjåast i samanheng med den heilsakaplege kompetanseplanen. Det var og viktig for Samarbeidsforum at dei som allereie var i eit studieløp blei prioritert i søknadsprosessen. Fylkesmannen lyste ut tilretteleggingsmiddel og fekk søknader ifrå 130 tilsette. 111 av disse har fått tildelt tilretteleggingsmiddel etter lokale prioriteringar. Søknadane kom ifrå 12 ulike kommunar og frå både kommunale og private barnehagar. Dei retta seg mot studie innan ABLU, barnehagelærarutdanning deltid, spesialpedagogikk, styrarutdanning, fagskoleutdanning og rettleiing. Vi vurderer at tiltaket er godt mottatt i sektor og er eit godt supplement til den nasjonale ordninga.

Implementering av ny Rammeplan: Fylkesmannen har sidan høringskonferansen hausten 2016 arbeidet målretta med informasjon og kompetansehevingstiltak til alle aktørane i barnehagesektoren om innhald og implementering av ny rammeplan. Dette har og vore tema på alle møter med barnehagemyndene og andre aktørar. Fylkesmannen har tidlegare år hatt plan for implementering av ny rammeplan.

Når det gjeld 2020 har prioriteringane vært todelte. Lokale nettverk i regional ordning har søkt middel til å jobbe med tema barnehagens psykososiale miljø og vi har tildelt middel til dette. Når det gjeld den andre prioriteringa så har det vist seg at enkelte barnehagar har behov for kompetanseutviklingstiltak som går over to år, der dei får tett oppfølging frå kompetansemiljø. Fylkesmannen har på bakgrunn av dette tatt kontakt med Høgskolen i Innlandet og inngått ei avtale for 30 barnehagar i fylket. Studiet disse 30 barnehagane skal være en del av strekker seg over to år og heiter «Barnehagemiljø og krenkingar»

Elles deltek kommunale og private barnehageeigarar og i andre statlege satsingar. I inkluderande barnehage- og skolemiljø er det 7 kommunar i pulje 3, 3 kommunar i pulje 4 og 2 kommunar i pulje 5. Fylkesmannen følgjer opp disse kommunane.

Arbeid i Samarbeidsforum

Samarbeidsforum er tydelege på at det er barnehagebaserte tiltak som får støtte. Som hjelp til å gjennomføre barnehagebasert kompetanseutvikling har samarbeidsforum gitt ressursar til å utvikle ein nettbaseret ressurs for å støtte nettverka. Nettressursen er levert av lokal

UH: <https://usn.instructure.com/courses/19793>

Nettressursen er bygd slik at barnehagen kan sjå film, jobbe med spørsmål, lese aktuell litteratur og nytte andre ressursar. Alle eigarar i Vestfold og Telemark har tilgang til ressursen.

Dei tiltaka som er sett i gang held fast ved dei kartlagde behova i dei lokale nettverka. Vi ser dette igjen i dei langsiktige planane og at innsatsen held fast ved lokale behov. Vi vurderer at dette er med på å utjamne kvalitetsforskjeller.

Fylkesmannen har faste møter med UH kor bl.a. status på arbeidet i dei lokale nettverka er tema. På tross av et annleis år med pandemi, har både lokale nettverk og UH omstilt seg, og mange av tiltaka er gjort nettbaserete. Det rapporterast om stort arbeidspress og stadig omorganiseringar i barnehagane, men dei lokale kompetansenettverka har vore gode støttespelarar og pådrivarar i arbeidet med den barnehagebaserte kompetanseutviklinga. Jamlege møter i samarbeidsforum har understreka at tiltaka har grunnlag i dei lokale behova og at forståinga av partnarskapet gjeld alle parter.

Skole:

I Vestfold og Telemark har vi to samarbeidsforum, eitt for barnehage og eitt for skole. Ei viktig grunngjeving for dette er at det gjer det mogleg å drøfte seg fram til endelege prioriteringar. Desse drøftingane er viktige. Det er ein pågåande diskusjon om dei to foruma kan samordnast for det vidare arbeidet, nå som det er blitt ein Tilskotsmodell der Kompetanseløftet er ein del av ordningane. På skolesida vil det vere føremålsteneleg å sjå desentralisert ordning i samanheng med Kompetanseløftet.

I Vestfold og Telemark er det eigne nettverk (tre i gamle Telemark + kommunane i gamle Vestfold) for dei offentlege skolane og eitt for friskolane. Vi inviterer til eigne nettverk der dei får spele inn korleis dei kan ta del i den desentraliserte ordninga, mellom anna tildeling av midlar.

Kompetansebehovet blir kartlagt gjennom ulike prosessar av skoleeigar. Leiarforum, der regionane er representert, har blitt samde om korleis midla skal fordelast. I dette leiarforumet sit lokal UH, lærarorganisasjonane, KS, fylkeskommunen og vi. "Leiarforum" er ny etter samaslåinga av fylka. Forumet har ikkje funne si endelege form. Å fordele midla etter behov er lagt til den enkelte region.

Nokre av kommunane i Vestfold og Telemark har avtalar med andre UH den den lokale. Tre av kommunane i region Midt/Øst samarbeider med både HiNN og USN. Færder kommune samarbeider med både Fiks/Oslo Met og USN dette skoleåret. Dei avtalane har ført til at lokal UH har satt inn fleire ressursar på å handtere ordningane. Dei har også vore aktive med digitale løysingar.

Det er store forskjellar på kvalitetene elevar i skolane. Vi har tru på at kompetansemodellen med stor grad av kollektive prosessar for profesjonsutvikling, skal bidra til utjamning av uønskte forskjellar. Det er derfor eit av krava vi set til ordningane, at det skal vere arbeidsplassbasera tiltak etter lokale behov. Det er med glede at vi ser at til at ein av regionane også involverar elevane. Sektor må heile tida vurdere eigen praksis og kva dei treng, på både kort og lang sikt. For å sikre at arbeidet og tiltaka er tufta på forskning, må arbeidet vere godt forankra i eit partnerskap med UH.

Vi ser at det er utfordrande å få alle til å delta i ordningane og at det kan vere mange oppgåver som tek merksemda over på drift. For dei små kommunane kan det vere få ressurspersonar å spele på. I dei store kommunane kan det vere andre vanskar.

Skolane er ikkje i mål med fagfornyinga. Det er eit arbeid som leiinga held fram med å prioritere inn i den desentraliserte ordninga. Målet i sektor er å sjå samanhengar og sjå korleis ein kan få meining i utviklingsarbeidet, og utvikle ein praksis til det beste for elevane. Vi skal støtte sektor i dette viktige arbeidet.

For at kompetansemodellen på sikt skal bidra til å utjamne kvalitetsforskellar, er det viktig at ein kontinuerleg sikrar at skoleutviklingsarbeidet er forankra lokalt hjå lærarane og elevane. Lærarar må involverast i de lokale utviklingsarbeidet. På den måten blir tiltaka tilpassa dei som står i praksisfeltet. Det må jobbast systematisk over tid, og leiinga på skolane må kople utviklingsarbeidet til klasserommet.

Det må leggjast vekt på å styrke det kollektive arbeidsfellesskapet på skolane slik at skolens profesjonsfellesskap blir utvikla.

Kompetanseutvikling i skole - fordeling av midler til UH-institusjoner

Navn på UH som er tildelt midler på prosjekt 21000	Beløp tildelt (kr)	% av totalt beløp som FM er tildelt på prosjekt 62525
Universitetet i Sørøst-Norge	8 438 420	48
Totalt	8 438 420	48

Kompetanseutvikling i skole - fordeling av midler til skoleeiere

Skoleeiere	Antall skoleeiere som er tildelt midler på prosjekt 62525	Beløp tildelt (kr)	% av totalt beløp som FM er tildelt på prosjekt 62525
Kommuner	23	6 754 080	38
Fylkeskommuner	1	1 306 000	7
Friskoler	13	396 500	2
Totalt	37	8 456 580	47

Kompetanseutvikling i skole - deltagelse og gjennomføring

	Antall offentlige skoler	Antall private skoler	% av det totale antallet skoler som finnes i embedet
Hvor mange grunnskoler har gjennomført kompetansetiltak?	171	8	93 %
Hvor mange videregående skoler har gjennomført kompetansetiltak?	23	0	100 %
Totalt	194	8	

Det er 21 videregående skoler i fylket. I tillegg har to skoler ; SMI og Kompetansebyggeren deltatt. Av antall kommunale grunnskoler har 93% av skolene deltatt. Av antall friskoler grunnskole har 26,7% deltatt. Kompetanseutviklingen har i stor grad vært knyttet til ulike tema innen fagfornyelsen, læreplanarbeid, utvikle forskningsbasert kunnskap i et partnerskap, triangulær analyse, profesjonsfellesskap og inkluderende læringsmiljø.

Kompetanseutvikling i barnehage - kompetansetiltak (hovedtildeling)

	Beløp tildelt FM (kr)	% av totalt beløp som FM er tildelt på prosjekt 21000
Barnehagebasert kompetansetiltak	9 276 376	70
Andre kompetansetiltak	4 317 624	30
Midler tildelt prosjekt 21000 i første supplerende tildelingsbrev (hovedtildeling)	13 594 000	100

I tillegg fekk vi overført 577 000 kroner frå 2019, som vi har brukt til å utbetala til den enkelte barnehageeigaren.

Kompetanseutvikling i barnehage - fordeling av midler til UH-institusjoner

Navn på UH som er tildelt midler på prosjekt 21000	Beløp tildelt (kr)	% av beløp som er tildelt barnehagebasert kompetansetiltak
Universitetet i Sørøst-Norge (USN)	9 276 376	100
Totalt	9 276 376	100

Kompetanseutvikling i barnehage - fordeling av midler til barnehageeiere

Barnehageeiere	Antall barnehageeiere som er tildelt midler på prosjekt 21000	Beløp tildelt (kr)	% av beløp som er tildelt barnehagebasert kompetansetiltak
Kommunale eiere	23	297 000	0
Private eiere	160	280 000	0
Totalt	183	577 000	0

Kompetanseutvikling i barnehage - deltagelse og gjennomføring av barnehagebasert kompetansetiltak

Barnehagebasert kompetansetiltak	Antall kommunale barnehager	Antall private barnehager	% av barnehager i embedet
Hvor mange barnehager har totalt gjennomført barnehagebasert kompetansetiltak i 2020?	155	129	77 %
Hvor mange barnehager har gjennomført barnehagebasert kompetansetiltak knyttet til tema: Barnehagen som pedagogisk virksomhet?			
Hvor mange barnehager har gjennomført barnehagebasert kompetansetiltak knyttet til tema: Kommunikasjon og språk?			
Hvor mange barnehager har gjennomført barnehagebasert kompetansetiltak knyttet til tema: Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning?	155	129	77 %
Hvor mange barnehager har gjennomført barnehagebasert kompetansetiltak knyttet til tema: Barnehagens verdigrunnlag?			

Kompetanseutvikling i barnehage - fordeling av midler til andre kompetansetiltak

	Beløp tildelt (kr)	% av beløp som er tildelt andre kompetansetiltak
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	231 000	9
Kompetansehevingsstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere		
Barnehagefaglig grunnkompetanse	261 624	11
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	3 825 000	80
Totalt	4 317 624	100

Kompetanseutvikling i barnehage - deltagelse på andre kompetansetiltak

	Antall deltagere fra kommunale barnehager	Antall deltagere fra private barnehager	Antall deltagere totalt
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	15	15	30
Kompetansehevingsstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere			0
Barnehagefaglig grunnkompetanse	201	195	396
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	78	33	111
Totalt	294	243	537

Oppfølgingsordningen (fra kapittel 7.3.8.7 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal vurdere om tiltakene som er iverksatt i oppfølgingsordningen har bidratt til bedret læringsmiljø og læringsutbytte.

Sjå også punkt 3.4.1.1.2.1 og 3.4.1.1.2.2.

Vi kan stadfeste at både Hjartdal og Drangedal har gjennomført analysar og har sett i gong tiltak for å betre læringsmiljøet og læringsutbytte. Tiltaka har likevel verka i så kort tid at ein ikkje kan forvente ei vesentleg endring. All erfaring tilseier likevel at der ein fokuserer og legg ned arbeid kjem resultata på sikt.

I Drangedal har kommunen avdekt alvorlege saker som tidlegare gjekk under radaren. Det er ei stadfesting på at tydeleg fokus, gode planar, kompetanseheving og brei forankring gir eit betre læringsmiljø. Kommunen har følgt opp avtalen med Utdanningsdirektoratet om å fokusere på læringsmiljøet først. Dei har likevel jobba med læringsutbyttet gjennom fagformynginga og språkkommuneearbeidet. Kommunen planlegg å arbeide enda meir med læringsutbyttet frå hausten 2021.

Rapportering på forvaltning av tilskuddsordningene (fra kapittel 7.3.8.8 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en egenvurdering av hvordan embetet forvalter tilskuddsordningene i henhold til retningslinjene og gjeldende regelverk.

Fylkesmannen skal redegjøre for eventuelle avvik i utføringen av forvaltningen og gi en omtale av iverksatte tiltak.

Fylkesmannen behandler søknader frå eigarar, kommunar og fylkeskommune når dei kjem inn i samsvar med fristar sett av oss. Søknadene blir journalførte i arkivsystemet, ePhorte. Saksbehandlar gjennomgår søknadene og gjer ein formalia- og rimelighetskontroll.

Ved eventuelt mangelfulle opplysningar, blir søkeren kontakta per e-post (e-post og svar frå søkeren blir journalført på saka), og manglande dokumentasjon, eventuelt korrigert søknad, blir sendt inn før søknadene blir behandla og blir utbetalta til kommunen/fylkeskommunen.

Saksbehandlar fører ei oversikt over søknadene for kvar enkelt tilskotsordning i eige rekneark.

Informasjon om retningslinjer og gjeldande satsar for tilskotsordningane er formidla i forum der dette har vore naturleg.

Vi gjennomfører tilskotskontrollar på både barnehage- og skoleområdet. Ved avvik blir dette rapportert til UDIR. Bland anna var det i 2020 avdekt i ein av våre kommunar at ein av barnehagane som har fått investeringstilskot ikkje har drive med same kapasitet som i tildelingsåret. Desse midla er tilbakebetalte frå kommunen og vidaresendt til Kunnskapsdepartementet.

I tillegg rapportera vi på økonomi og tilskot i UDIRs tertialportal – tal per 30.04, 31.08 og 31.12.

Gevinstrealisering på barnehage- og grunnopplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.9 i TB)**Rapportere på**

I henhold til gevinstrealiséringsplanen skal fylkesmannen redegjøre for realiseringen av gevinst på oppgavene informasjon- og veiledning, klagesaksbehandling og tilsyn. Fylkesmannen skal i tillegg tabellrapportere på ressursbruk og kvalitet for nevnte oppgaver.

Vi opplever ei gevinstrealisering ved at vi etter embetssamanslåinga har fått eit større fagmiljø med auka profesjonalisering.

Vi har utarbeida og revidert felles malar for fleire klagesaksområde. Vi har etablert ei juristgruppe, og andre grupper innanfor ulike fagfelt, som utarbeider

utkast til malar. Desse blir godkjende av leiargruppa, og blir så lagt i saksbehandlingsprogrammet ePhorte.

Mengda skolemiljøsaker er stor, og krev mykje ressursar. Dette er ei utfordring, då fleire av dei tilsette i tillegg til å behandle handhevingssaker også behandler andre klagesaker og deltek på tilsyn.

Vi har satt i gang eit arbeid for at tilsynsgruppene, som jobbar med det same tema, skal drøfte funn og kva som kan føre til brot/ikkje brot på regelverket. Vi skal jobb vidare med dette i 2021, og har i tillegg ei forventing om auka profesjonalisering gjennom tilsynsutvikling i avdelinga. Statistikk og analysegruppa bidrar til ROS, som blir brukt inn i tilsynsplanlegginga.

I 2020 har vi prioritert klagesaksbehandling og tilsyn. Den kontakten vi har hatt med skoleeigarar og barnehagemyndar har i stor grad vore digital, og i stor grad handla om ulike problemstillingar knytt til covid-19 situasjonen. For å sikre forståinga av trafikklysmodellen og andre avklaringar knytte til pandemisituasjonen har vi valt å følgje kommunane tett under pandemien. Frå sektoren har vi fått gode tilbakemeldingar på dette.

Denne prioriteringa kan til ein viss grad ha gått ut over rettleiing og informasjon på einskilde andre saksfelt. Likevel har moglegheita for digitale samlingar og møte gitt ei innsparing i tidsbruk og reiseveg.

I samband med samanslåinga av embeta gjorde vi ei vurdering av kompetansen, slik at vi fekk ei fordeling av arbeidsoppgåver som i større grad var føresieielege for den einskilde medarbeidar. Vi har gått i retning av meir spesialiserte medarbeidrarar, med f.eks. ansvar for færre klagesakstypar. Det er likevel alltid minst to saksbehandlarar på eit felt, slik at saksbehandlinga blir kvalitetssikra, og for å unngå sårbarheit.

I forbindelse med introduksjonsordning... (fra kapittel 7.3.8.10.1 i TB)

Rapportere på

I forbindelse med introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven) skal fylkesmannen rapportere på antall klagesaker, hva klagan gjelder og utfallet av klagan.

Vi behandla 14 klager i 2020.13 klager blei stadfesta og ei sak blei endra.

Fire saker gjaldt rett og plikt til deltaking i introduksjonsprogram. Tre saker gjaldt forlenging av introduksjonsprogram. Tre saker gjaldt stans av introduksjonsprogram. To saker gjaldt endring av individuell plan. To saker gjaldt delvis rett og plikt til deltaking og delvis forlenging av program.

På området opplæring i norsk... (fra kapittel 7.3.8.10.2 i TB)

Rapportere på

På området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (introduksjonsloven) skal Fylkesmannen oppgi antall klagesaker, hva klagan gjelder og utfallet av klagan.

Vi har behandla 5 klagesaker på området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrarar. Alle dei fem klagene blei stadfesta.

Tre av sakene gjeldt rett til opplæring og to av dei gjeldt fritak frå opplæringa.

Fylkesmannen skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.8.10.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gjennomføre statsborgerseremonier for alle nye statsborgere i fylket som har fylt 12 år, samt medvirke til at andelen av nye statsborgere som deltar på seremoniene øker.

Fylkesmannen skal i årsrapporten rapportere på antall statsborgerseremonier som er avholdt, totalt antall utsendte invitasjonar til nye norske statsborgere og totalt antall nye statsborgere som har deltatt i statsborgerseremoniene i fylket.

I 2020 var det registrert 994 nye norske statsborgarar i Vestfold og Telemark. På grunn av Covid-19-pandemien vart det ikkje halde nokon seremoniar i 2020. Seremoniar for 2020 vart avlyst. Alle dei 994 nye norske statsborgarar har i januar 2021 fått tilbod om å få tilsendt statsborgar-boka i posten.

Fylkesmannen skal også rapportere på.... (fra kapittel 7.3.8.10.4 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal også rapportere på antall deltakere i opplæring norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (også personer som ikke er omfattet av introduksjonsloven). I tillegg skal fylkesmannen rapportere på antall årsverk i kommunene som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap iht. introduksjonsloven.

1. halvår: 1598 deltakarar- 135,69 årsverk

2. halvår: 1520 deltagarar- 129,63 årsverk

Bosetting av nyankomne flyktninger (fra kapittel 7.3.8.10.5 i TB)

Rapportere på

Det vises til styringsparameter 3.3.3.2.1. Fylkesmannen skal kort redegjøre for samarbeid mellom stat, kommune og fylkeskommune om rask og treffsikker bosetting samt gi en vurdering av samarbeidet.

Det blir meldt om få nyankomne fra kommunane i Vestfold og Telemark.

Fylkeskommunen har gjennom regionreforma og ny integreringslov fått auka ansvar for det regionale busetningsarbeidet. Vi samarbeider med fylkeskommunen på området. Blant anna er vi allereie i gang med samarbeid om implementering av ny integreringslov. I dette samarbeidet inngår også NAV Vestfold og Telemark.

Vi har merka oss at det er eit mål med ny lov å få ei meir treffsikker buseting, basert på kartlegging av deltagarane sine behov for kompetanse. Derfor skal vi i 2021 ha fokus på informasjon om ny integreringslov til kommunane, og kva forventningar kommunen må innfri til relevante tiltak for å kvalifisera nyankomne.

Rapporter på antall årsverk mm (fra kapittel 7.3.9.1 i TB)

Rapportere på

- Antall årsverk i landbruksforvaltningen i kommunene samlet per 31.12.2020, samt antall enheter/landbrukskontor i kommunene i embetet.
- Antall årsverk i landbruksavdelingen og antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindriftsforvaltning per 31.12.2020.
- Ressurser benyttet til planlegging og gjennomføring av kontrollplanen på landbruks- og reindriftsområdet.

Tal tilsette på landbrukskontora er omlag på same nivå som eit år tidlegare. I kor stor grad årsverka blir utført innan landbruks-forvaltninga er meir usikkert. Mange av dei kommunetilsette har andre oppgåver, størsteparten av viltforvaltninga, vassdrags-forvaltninga og sektorleiarressursar er lagt til området.

Landbruksavdelinga er redusert med 1 årsverk mot slutten av 2020 og ytterlegare eit årsverk frå 01.02.21. Desse årsverka blir ikkje erstatta, både med grunnlag i ny fordelingsmodell mellom embeta, effektivitetsnorm og sett i høve til departemental tildeling.

Arbeidet med kontroll er oppgradert siste året og ressursbruken vesentleg større enn tidlegare. Harmonisering av opplegg og gjennomføring frå dei tidlegare to fylka har halde fram. I tillegg er kontroll på driftsfellesskap auka, og krev betydelege ressursar. Effekten av arbeidet er god.

Årsverk mm

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk i landbruksavdelingen hos FM per 31.12.2020	21,2
Antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift hos FM per 31.12.2020	0,0
Antall årsverk brukt til kontroll hos FM i 2020 på landbruksområdet, jf. resultatmål pkt 3.3.1.2.1	2,8
Antall årsverk brukt til kontroll hos FM i 2020 på reindriftsområdet, jf. resultatmål pkt 3.3.1.2.2	0,0
Antall personer hos FM som har arbeidet med kontroll i 2020 på landbruksområdet, jf. resultatmål pkt 3.3.1.2.1	12,0
Antall personer hos FM som har arbeidet med kontroll i 2020 på reindriftsområdet, jf. resultatmål pkt 3.3.1.2.2	0,0
Antall enheter/landbrukskontor i fylket per 31.12.2020	18,0
Antall samlede årsverk i landbruksforvaltninga i kommunene per 31.12.2020	55,5

10 i risikobasert kontroll + 2 i kontrollarbeid saman med revisor, skogfond.

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart. (fra kapittel 7.3.9.2 i TB)

Rapportere på

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart (AR5) skal det rapporteres i henhold til tabell:

- Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5.
- Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodatoplan.

Av 23 kommunar i Vestfold og Telemark er det 5 som har rutineskildring for ajourhold av AR5 (ikkje alle kommunane svarte på førespurnaden). Fleire av dei andre kommunane har gode rutinar, men manglar skrifteleg rutineskildring. Ein kommune har ikkje hatt periodisk ajourhold dei siste 5 åra (Fyresdal). Fyresdal er satt opp med periodisk ajourhold i 2021. Gjennom fylkesgeodatoplanen er det eit mål for 2021 og få oversikt over rutineskildringar for løpende ajourhold og følje opp at rutineskildringar blir implementert. Det var ikkje gjort nokre tiltak for dette i 2020.

Kartsamarbeid og arealressurskart

	Kommuner uten ajourføring/oppdatering	Antall kommuner som ikke har ajourført/oppdatert	Antall kommuner i fylket
AR5 tilstand	9 %	2	23

Hjartdal hadde periodisk ajourhold i 2018, Fyresdal skal ha i 2021. Tabellen er forresten ikkje oppdatert etter kva det skal rapporterast på - status rutineskildring og ajourhold siste 5 år. Tabellen gjer då heller ikkje eit godt svar på korleis status er i fylket.

Gi en overordna vurdering av kontrollresultatene i forbindelse med forvaltning... (fra kapittel 7.3.9.3 i TB)**Rapportere på**

Gi en overordna vurdering av kontrollresultatene i forbindelse med forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak.

På tross av pandemien, har vi hatt ein utstrakt forvaltningskontroll med kommunane i Vestfold og Telemark i 2020. Vi har innan fleire ordningar gjennomført stadleg feltkontroll saman med kommunen i samband med kontrollarbeidet. Mange oppstartsmøter og sluttmøter er gjennomført som teamsmøter. Vi har også gjennomført dokumentgjennomgang på teams for ei av ordningane vi har kontrollert. Vi har erfart at bruk av teams har fungert godt. Møtene har vore effektive, og overordna leiar har funne tid til å delta på sluttmøtet. Bruk av teams fordrar imidlertid god saksførebuing av sakshandsamar for at møtet skal bli godt og effektivt. Vi vil fortsette bruken av teams særleg i sluttmøter der det opplevast formålstjenleg også etter pandemien.

Vårt inntrykk frå kontrollarbeidet er at kommunane jobbar godt med forvaltning av tilskotsordningane/velferdsordningane som vi har kontrollert. Vi ser samstundes at landbrukskontora har ulik ressurstilgang, og for enkelte kontor kan omfang og kvalitet av kontrollarbeidet lide noko av for lite ressursar. Vi har etterspurt skriftelege rutinar/internkontroll for ordningane i samband med forvaltningskontrollen. Mange kommunar har interne, skriftelege rutiner på plass, men det står att ein del arbeid med å få eit gjennomgående system for internkontroll på plass i kommunane for dei einskilde ordningane. Vi vil i 2021 jobbe aktivt med opplæring av kommunane om internkontroll, og vi har varsla at internkontroll kjem til å vere eit viktig punkt i våre forvaltningskontroller i 2021.

Innføring av nye elektroniske sakshandsamingsverktøy, som til dømes Agros, gjer at ein får på plass ei rekke automatiske kontrollar under sakshandsamlinga. Dette bidreg til å sikre lik handsaming av søknadene og redusere feilføringar. Elektronisk kontroll av opplysningane og dokumentasjon i søknadene, krav om at sakshandsamar må kommentere avvik og elektroniske maler for vedtaksbrev, bidreg til å heve kvaliteten på sakshandsaminga og til lik handsaming. Det er eit ønske om å få på plass eit kontrollskjema også for regionale miljøtilskot, tilsvarende det som finnast for produksjonstilskot.

Skogkulturtiltak er ikkje definerte i forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket eller i tilhøyrande regelverk. Det gjer at vi skriv merknader der avvik blir opplevd som mest korrekt, t.d. for tilskott til "ungskogpleie" i h.kl. 3 og 4. Dette kan gi eit skeivt bilet av den reelle tilstanden.

Anmeldelse (fra kapittel 7.3.9.4 i TB)**Rapportere på**

Rapportere om antall saker hvor anmeldelse er vurdert og antall saker som er anmeldt.

Vi hadde ikkje vurdert anmeldelse i saker i 2020, korkje i saker vi har hatt til handsaming som fyrste instans eller saker kor kommunen er fyrste instans.

Avkortinger produksjonstilskudd (fra kapittel 7.3.9.5 i TB)**Rapportere på**

Gi en kort analyse/vurdering av kommunenes arbeid med avkorting ved feilopplysninger, herunder:

- Vurdering av om kommunen følger opp og avkorter i tilfeller der det er godkjent en lavere verdi enn det søker selv har oppgitt i søknad om produksjonstilskudd, og hva som er årsaken til at det ev. ikke avkortes.
- Vurdering av om kommunenes avkortingsbeløp ligg på et nivå som anses i tråd med retningslinjene gitt i rundskriv, og om det er store forskjeller mellom kommuner i hvordan avkorting vurderes.
- Vurdering av om kommunenes skriftlige begrunnelse for avkorting er tilstrekkelig og i tråd med [saksbehandlingsrundskrivets](#) beskrivelse av hva som må vurderes (kap. 6.15.3).

Gjennom eigne analyser i fagsystemet eStil PT, forvaltningskontollar og informasjon gitt av kommunane i kompetancesamlingar, har vi god informasjon om kva for vurderingar kommunane gjer av avviket når dei godkjener ein lågare verdi enn føretaket har søkt om og kva for avkortingsvurderingar kommunane gjer. Dei aller fleste kommunane gjer nødvendige og relevante vurderingar, men det varierer kor godt kommunane kan dokumentere desse vurderingane. Endringane som er gjort i fagsystemet i 2020, der kommunane vert tvinga til å skrive avkortingsvurderingar òg når dei ikkje avkortar, er difor nytte. Sjølv om kommunane i stadig større grad vert tvunge til å gjøre skriftelege vurderingar, må vi likevel følge tett opp at dei skriftelege kommentarane er fullstendige og gir god nok informasjon.

Dei vanlegaste årsakene til at kommunane det ikkje avkortar når dei godkjener lågare verdi enn det er søkt om er at arealet i Gårdskart er endra med 1-2 dekar sidan førre søknad, at søker har kome med korrigeringar pr. tlf. eller e-post før fristen for å gjøre endringar i søknaden og at kommunen oppfattar avviket som ei feilføring (som regel med rette). I nokre tilfelle er godkjend verdi 0 fordi søkeren er delvis avslejt. I slike tilfelle kan avviksrapporten vere misvisande, for det kjem fram at det ikkje er avkorta, men ikkje at avviket skuldast eit delvis avslag.

Vi har ved kontroll funne at éin kommune ikkje har avkorta for brot på forskrift om gjødslingsplanlegging. Denne kommunen er følgd opp i forvaltningskontroll. Elles følgjer kommunane opp avkorting etter § 11. Kommunane sitt avkortingsnivå, både etter § 11 og § 12 ligg på det som er i tråd med retningslinjene gitt i rundskriv. Det er ikkje store skilnader mellom kommunane i avkortingsnivå. Det er skilnader mellom kommunane når det gjeld å

avkorte eller ikke avkorte ved feilopplysningsar. Desse skilnadene som kan føre til ulik handsaming av like feil hjå føretaka har vore tema på mange kompetansesamlingar, og vi erfarer at skilnadene vert mindre.

I forvaltingskontroll av produksjonstilskot vektlegg vi spesielt kommunane si avvikshandtering. Kommunane som har manglande/mangefulle skriftlege avviksvurderinger i fagsystemet og kommunane som ikke, eller i mindre grad enn forventa, fattar vedtak om avkortning vert høgast prioritert ved utplukk til kontroll.

Kommunane sine grunngjevingar for avkorting er ofte ikke tilstrekkelege. Kommunane er flinke til å synne til kravet i forskrifter og riktig paragraf, men vurderinga av om vilkåra for å avkorte er oppfylte, kjem i mange kommunar ikke fram. Gode, fullstendige grunngjevingar har vore tema på kompetansesamlingar.

Utveksling av informasjon - dyrevelferdssaker (fra kapittel 7.3.9.6 i TB)

Rapportere på

Gi en kort vurdering av hvordan rutiner for utveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen i saker om dyrevelferd fungerer. Herunder:

- Er sakene som sendes fra Mattilsynet til landbruksforvaltningen i tråd med beskrivelsen av hvilke saker som skal sendes over (punkt 3 i rutinen)?
- Får både kommunen og fylkesmannen kopi av vedtak samt oversendelsesbrev i saker som er omfattet av rutinen (punkt 3 og 5 i rutinen)?
- Gjennomføres det jevnlige møter mellom landbruksforvaltningen og Mattilsynet i tråd med rutinen punkt 6 og saksbehandlerrundskrivet kap. 2?

I saker omfattet av avtalen "[Rutineutveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen i saker om dyrevelferd](#)", skal landbruksforvaltningen vurdere om grunnvilkåret «vanlig jordbruksproduksjon» er oppfylt, jf. forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2. Som hovedregel skal ikke forskriftens § 11 om avkorting grunnet brudd på annet regelverk brukes. Vi ber Fylkesmannen gi en kort vurdering av hvordan kommunene har fulgt opp denne praksisendringen og hvordan den har fungert i 2020.

Sakene som vert sendt fra Mattilsynet til landbruksforvaltinga er i tråd med rutinen. Vi fekk oversendt berre to saker i 2020, og Mattilsynet har i samarbeidsmøte bekrefta at det er riktig tal på aktuelle saker, i medhald av rutinen.

I dei sakene vi har hatt i 2020, har både kommunen og Fylkesmannen fått kopi av vedtak. Forklarande oversendelsesbrev følgjer ikke alltid med kopiane, men ved første oversending av kopi for ein dyrehaldar har oversendelsesbrev vore med, og landbruksforvaltinga får dimed informasjon frå Mattilsynet ved første gongs kjennskap til saka.

Det har i fleire år vorte gjennomført to årlege møter mellom landbruksforvaltinga (oss) og Mattilsynet. I 2020 vart det gjennomført slike møter på Teams 15. juni og 4. desember. Ved begge møta vart det brukt mykje tid på oppfølging av samarbeidsavtalen. Bruk av Teams tilførte møta mykje ekstra verdi, ved at fleire deltakrar frå Mattilsynet kunne vere med. Mellom anna deltok ein person frå ei anna avdeling enn Vestfold/Telemark i Mattilsynet Region Øst med spesialkompetanse om dyrevelferd og samarbeidsavtalen. Gjennom samarbeidsmøta, og særleg det siste året, er har begge partar fått auka kunnskap om den andre sitt arbeid på området. Til dømes har Mattilsynet fått auka forståing for årshjulet i forvaltinga av produksjonstilskot og når det skal fastast vedtak om produksjons- og avløysartilskot.

Praksisendringa frå å vurdere avkorting til å vurdere om vilkåret for vanleg jordbruksproduksjon er oppfylt har vore tatt opp i kompetansesamlingar for kommunane. Dei to kommunane som har hatt aktuelle saker, har vore bevisst denne praksisendringa og handtert ho på ein god måte. Det er likevel ikke mindre krevjande for kommunane å handtere slike saker etter den nye praksisen. Ordlyden i oversendelsesbrevet frå Mattilsynet og Mattilsynet si oppfølging av dyrehaldar etter eige særlovsregelverk er av stor tyding for kommunen sin konklusjon. Spesielt i saker som vert oversendt etter punkt 3 bokstav c og d i rutinen, er vurderinga av om produksjonen er vanleg eller ikke, krevjande.

Utveksling av informasjon i saker om dyrevelferd

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker oversendt fra Mattilsynet	Antall saker der foretaket ikke oppfyller grunnvilkårene	Antall saker kommunen har avkortet, § 11 første ledd	Antall saker kommunen har utbetalt tilskudd som omsøkt
Saker som gjelder avtalens punkt 3 a (forbud mot hold av dyr)	1	1	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 b (hel/delvis avvikling)	0	0	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 c (kronisk dårlige dyrehold)	1	1	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 d (alvorlig vanskjøsel av dyr)	0	0	0	0

Avvikling av pelsdyrproduksjon (fra kapittel 7.3.9.7 i TB)

Rapportere på

Rapportering på vedtak knyttet til avvikling av pelsdyrproduksjon.

Vi hadde eit vedtak på avvikling av pelsdyrhald i desember 2019. I 2020 har det ikke vore gjeve løye i høve til ordninga.

Pelsdyrhaldarene i Vestfold og Telemark yngste å halde fram så lenge som råd. Det var difor ikke venta at me skulle få inn søknadar i 2020. Åtgången på

før vart særers vanskeleg, og alle produsentane slutta seit i 2020. Det er nå 5 søknadar til handsaming. Kun ein av desse er mogeleg å handsame no. Dei fleste har ikkje levert alle skinna frå farmen og reknes difor ikkje som avslutta. Ein fyljer ikkje grunnvilkåra, da farmen vart uteigd og dei av den årsak ikkje hadde dyr i januar 2018. To har førebels ikkje søkt om kompensasjon.

Alle som har sent inn søknader søker på alternativ kompensasjon for mink.

Det er vanleg å behalde skinna innfrys og vente på betre skinnprisar. Dette er komplisert med noverande reglar. At Kopenhagen Furs skal avviklast kompliserar dette endå meir.

Kompensasjon etter avvikling av pelsdyrholt

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Ubehandlede saker	Saker under behandling	Ferdig behandlet
Kompensasjon etter avvikling	5	4	1	0
Kompensasjon for kostnader til riving og opprydding	0	0	0	0
Kompensasjon for lavere årlig alderspensjon	0	0	0	0
Sum 1142.77 - Tilskudd til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrholt	0			

Gevinstrealiseringssplan (fra kapittel 7.3.9.9 i TB)

Rapportere på

I gevinstrealiseringssplanen for LMD forventes det at sammenslåing av embeter skal gi økt kvalitet gjennom mer ensartet rådgivning, veiledning og forvaltningspraksis, og økt profesjonalisering og likebehandling innenfor områdene:

- Reindriftsloven
- Eiendomslovgivningen
- Husdyrkonsesjonsregelverket
- Kontroll og oppfølging av kommunenes forvaltning av produksjonstilskudd og avløsning til ferie og fritid, og regionale miljøtilskudd

Fylkesmannen bes redegjøre kort for status for hvordan gevinstrealiseringssplanen følges opp på LMDs område, herunder ev. utfordringer og risiko knyttet til realisering av gevinst innen fastsatt tidspunkt.

Det er krevande å realisere forventa gevinstar på kort sikt fordi tildelt ramme frå LMD blir redusert etter sammenslåing, og ny fordelingsmodell har slått tydeleg negativt ut for Vestfold og Telemark. Utskifting av erfarte medarbeidarar gjer også sitt. I tillegg har vi fått eit nytt fylke med svært stort "strekk i laget", der lokalkunnskap og erfaring frå dei ulike kommunane krev tid. Vi har i perioden etter samanslåing av embeta mista nokre medarbeidarar med lang fartstid og god kommunekunnskap. På grunn av budsjettituasjonen kan ikkje alle erstattast, og dei nye medarbeidarane som kjem inn, må læra opp.

Eigedomslovgjeving

På dette området hadde vi 2 juristar i tilnærma full stilling før samanslåing og i 2020 omlag 1,4 årsverk. I tillegg er ein av dei nytisett. Eit forsterka krav om auka respekt for kommunalt sjølvstyre gjer at vårt innslagspunkt er under justering, og handlingsrommet for politiske avgjerder i kommunane blir utfordra. Mange kommunar er sårbar med 1 til 1,5 årsverk på landbruksforvaltninga. Dette gjer at vi har utfordringar både i opplæring på det administrative nivået og det politiske. Omfattande kursaktivitet på teams har fungert bra for nivellering og kunnskapsheving for administrasjon og forvaltning. Kontakt mot politisk nivå har vore tilfeldig og situasjonsbestemt. Dette ikkje minst pga Covid-19 situasjonen. Å fylge med på lovforvaltning i kommunane er tidkrevende og fordrar auka ressursar. Vi vurderer å ta i bruk §3 i jordlova i løpet av dette året. Sakshandsamingstida vår er no på akseptabelt nivå. Vi har eit godt stykke veg å gå på dette saksfeltet.

Husdyrkonsesjonsregelverket

Husdyrkonsesjonsregelverket er svært krevande å forvalte. Så krevande at det i enkelsaker bind om store delar av arbeidskrafta til enkeltmedarbeidarar i delar av året. På fleire område er det også eit spørsmål om vi har den kompetanse som er nødvendig for å avdekke kritikk- eller straffbare tilhøve. Innføring av ny grense for utrangera purker vil gje mykje arbeid kommande år med krevjande regelverk for kombinertprodusentar. Avdelinga er i gang med ei stor og komplisert sak for tida. Nabofylke er kontakta for råd og hjelp i denne type saker. Innsatsen på området er aukande, men kan neppe sei at vi har hatt gevinstrealisering så langt.

Kontroll og oppfølging av kommunenes forvaltning av produksjonstilskudd og avløsning til ferie og fritid, og regionale miljøtilskudd

Generelt er det ei positiv utvikling i kvaliteten i tilskotsforvaltninga dei seinare åra gjennom heile lina frå Landbruksdirektoratet til Fylkesmannen og kommunane. Både på jord- og skogbrukssida er det gjort betydeleg innsats for harmonisering og likehandsaming frå kommune til kommune. Kontrollaktiviteten er systematisert, risikobasert og gjennomført med god kvalitet.

Generelt er gevinsrealiseringa krevande i ein periode prega av samanslåing, budsjettredusjon i same treårsperioden og Covid-19. Risiko får å ikkje nå så langt som ynskjeleg.

Arbeidet for utsatte barn og unge (0-24) (fra kapittel 7.3.10.1.1 i TB)

Rapportere på

Vi viser til oppgave 5.2.2.1 Koordinert innsats for utsatte barn og unge og deres familiær (0-24 samarbeidet) i VØI. Fylkesmannen skal redegjøre for sitt strategiske og langsiktige arbeid for utsatte barn og unge og deres familiær, inkludert hvilke tiltak som er gjennomført for å samordne regionale innsatser og for å styrke samarbeidet mellom sektorer og tjenester i kommunen. Fylkesmannen skal videre vurdere hva som har lykkes godt og hva som er mer utfordrende i arbeidet.

Internt samordning om målgruppa:

Vi har også i 2020 organisert oppdraget som eit tverrfagleg samarbeid. Dette tverrfaglege samarbeidet har vore godt forankra i embetsledelsen, som prioriterte tre målsetjingar. Barn og unge-gruppa som er samansett av fire representantar frå helse- og omsorgsavdelinga og fire representantar frå oppvekstavdelinga har møtttest ein gong i månaden og følgt opp dei tre definerte målsetjingane.

Embets definerte strategiske og langsiktige målsetjingar i arbeidet med 0-24- oppdraget:

- Være pådrivar for tverrfagleg samarbeid for utsette barn og unge og familiene deira i kommunane og fylkeskommunane.
- Bidra til at kommunane fangar opp og følgjer opp barn og unge som silit psykisk, med spesiell merksemd mot barnevernsbarn.
- Hjelpe kommunane med å implementera Barnekonvensjonen i arbeidet sitt på alle områda.

Regional samordning om målgruppa:

Det blei i 2020 etablert eit regionalt Veiferdsråd for Agder og Vestfold og Telemark. Regional arena skal koordinere sektorovergripande oppgåver og verkmiddel og bidra til at ulike satsingar sjåast i samanheng med strategien: Alle skal ha ein trygg heim. Arbeidet er organisert med ei styringsgruppe, eit arbeidsutval og fire arbeidsgrupper, kor ei av dei er utsette barnefamiliær. I tillegg til statsforvaltaren og Husbanken deltek Bufetat sør og to kommunar i arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa møttast for første gong i desember 2020 og skal innan utgangen av mars 2021 ha laga ein plan for arbeidet ut mot kommunane.

I 2020 har vi saman med Fylkesmannen i Agder utarbeidd samarbeidsavtale med dei regionale kompetansesentera KoRus, RVTS Sør, R-Bup og KS. Her har vi informert kvarandre om kva dei ulike kan bidra med og korleis vi kan formidle kompetanse til dei mest sårbarre kommunane. Denne gruppa har også i 2020 gitt sekretariatet i 0-24 innspel på kva og korleis arbeidet og programmet kan innrettast for å lykkast best mogleg.

Som eit ledd i dette samarbeidet har vi saman med RVTS arrangert ein to- dagars konferanse, «Tenk Tanken – frå plan til handling». Mål for konferansen var å inspirera kommunar til å utarbeide eigne verksame handlingsplanar i samsvar med Regjeringas «Opprappingsplan mot vald og overgrep».

Den 22. september 2020 arrangerte vi konferansen "SAMAN OM BARNA". Målet med konferansen var å sjå på samordning av helsetilbodet til barn i kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Korleis skal PPT og BUPA gjera det? Resultatet av denne konferansen vart ein intensjonsavtale mellom PPT og BUP. Overordna mål for denne avtalen er at BUPAs og PPTs samarbeid skal opplevast som ein heilskapleg og samanhengande tiltakskjede av pasientar/elever og foreldre. Delmål er å laga ein føreseieleg og forståeleg samarbeidsmodell mellom BUPA og alle kommunane som fell geografisk under Sjukehuset i Vestfold.

Implementering av Barnekonvensjonen internt og eksternt

Oppvekstavdelinga og Helse- og omsorgsavdelinga arrangerte ei felles VP/VØI dag i februar 2020 der mellom anna implementering av Barnekonvensjon var tema. Etter dette seminaret vart det nedsett ei intern gruppe som skal arbeide med intern, men også ekstern, opplæring og rettleiing. Internopplæring handlar om å ta vare på barn- og ungeperspektivet forløpende i sakhandsaming på begge avdelingar, og dessutan i plansakhandsaming. Eit døme er i klagesaker på sosialtenesteområdet. Der har vi hatt fokus på barneperspektivet og vore opptatt av at behova knytt til barn og unge skal vere tilstrekkeleg kartlagt og tatt vare på ved utrekning av sosialhjelp, som til dømes klede, utstyr, pc og internett, fritidsaktivitetar, helsesituasjon mv.

Arbeidet med Barnekonvensjonen har vore tema på fleire møte i barn- og ungegruppa, og har vore løfta som deltema i fagsamlingar med kommunane. Blant anna i dialogen vår med kommunane, og i opplæringsaktivitetar vi har hatt med Nav-kontora, har vi vore opptatt av at Nav-kontora skal ha merksemd retta mot barna i saker der det er barn i familien.

Fra 2020 har vi og deltatt med ein representant i «Sjumilssteg-gruppa». Her er det mellom anna arbeidd med nytt opplæringsmatriell.

Tilskot:

Helse- og omsorgsavdelinga forvaltar tilskot til utvikling av dei sosiale tenestene i NAV-kontora. Tilskotet skal gå til stillingar. Utviklingsområde som rettar seg mot oppfølging av barnefamiliær, ungdom og innvandrarar vart særleg prioriterte i 2020. Fem av utviklingsprosjekta som fekk tilskot i 2020 retta seg direkte mot barn og unge. Dei etablerte prosjekta har som mål å støtte låginntektsfamiliær med tiltak som til dømes tilpassa økonomisk rådgjeving, tilgang til ein familiekonsulent og hjelpe til samhandling med andre instansar. Det er også etablert eit tiltak for å få unge som har falle ut av skulegang tilbake til vidaregåande skule. For å bidra til kompetanseoverføring mellom kommunar, arrangerte vi hausten 2020 ein erfaringkonferanse der alle som får tilskot presenterte prosjekta sine.

I tillegg har vi i 2020 tildelt skjønnsmiddel til ulike prosjekt som er relaterte til målsetjingane i 0-24 satsinga.

Pilot for programfinansiering

I Vestfold og Telemark er fire kommunar med i Pilot for programfinansiering: Bamble, Horten, Larvik og Siljan.

Vi har organisert oss med ressursgruppe og ei intern arbeidsgruppe. Ressursgruppen er motoren i piloten og har representantar frå kvar kommune, KS, kompetanse- og evalueringssmiljøa og frå oss. I møta i gruppa har vi mellom anna status for arbeidet, erfaringsdeling, kompetanse og evaluering, og rapportering på dagsorden.

Både i ressursgruppen og i den interne arbeidsgruppen er oppvekstavdelinga og helse- og omsorgsavdelinga representert.

Kommunane har fått organiseringa si av piloten på plass i 2020. To av kommunane har endra strukturen i heile kommunen i 2020, men har no ny organisering på plass frå 1.januar 2021. Dei to kommunane bruker dette som eit høve til å organisere det tverrfaglege arbeidt på nyt og plassere piloten i den nye organisasjonen.

Midlane som vi har fått til kompetansestønad og evaluering er fordelt til kommunane og kompetanse/evalueringsmiljøa.

Kommunane hadde dei førebelse planane sine klare då piloten starta opp i januar 2020. Nullpunktanalysane skulle vere ferdige i juni. Kommunane si framdrift blei sjøvsagt sterkt prega av utbrotet av covid-19. Kommunane måtte, som samfunnet elles, handtere pandemien. Drifta av tenestetilbodet og arbeidet med beredskap blei sett øvst på dagsorden. Tempoet i piloten gjekk ned. Det førte til at nullpunktanalysane var klare først i september/oktober. På bakgrunn av analysene har kommunane laga planar for det vidare arbeidet. To av kommunane er godt i gong. Dei to kommunane som har endra organisasjonen er kome noko kortare, men har no rammene for det vidare arbeidet på plass.

Piloten utfordrar kommunane på fleire nivå. Piloten må forankrast slik at organisasjonen forpliktar seg på intensjon og målsetjingar. Dei må undersøkje om dei har kultur for tverrfagleg arbeid og samhandling. Leiring, strukturar og budsjett må innrettast slik at dei byggjer opp under arbeidet. Så må tiltaka utviklast for å sørge for at utsette barn og unge 0-24 år får tilboden sitt. Kommunane i fylket har teke fatt i utfordringane og stadfestar at kompetansestønaden dei får i piloten fører til framdrift og utvikling.

I arbeidet med nullpunktanalysane fekk kommunane hjelp frå Korus Sør. Etter ein tilbodsprosess har vi inngått avtale om kompetansestønad med KS-K for resten av pilotperioden. Samarbeidet mellom kommunane og KS-K på den ein sida og KS-K og oss på den andre sida er i gong og fungerar godt.

Nordlandsforskning skal evaluere piloten. Kommunane var klare på at dei både ville bli evaluert, og i tillegg lære evaluering, sånn at dei har ein metode dei kan bruke i anna utviklingsarbeid. Leveransen frå Nordlandsforskning skal bringe resultata frå piloten ut i kommunane i ein brukarvennleg rettleiar. Rettleiaen skal vise korleis ein kan oppnå godt samarbeid og ha ein trinnvis rettleiing for korleis kommunane kan måle resultat, verknad og effekt.

Kartlegging:

